



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 15.03.2016
Tid: 12:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.

Jørgen Amdam
ordfører



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 43/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 44/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 45/16	Planid 2012007- Detaljregulering- B58 Bustadområde Bratteberg/Heltne
PS 46/16	Vedtak om høyring og offentleg ettersyn av Volda kommune sitt framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel
PS 47/16	Lerkane - Godkjenning av avtale
PS 48/16	Gbr 20/89 - kjøp av tilleggsareal til gbr 20/82
PS 49/16	Næringsfondet(kraft) - Årsrapport 2015
PS 50/16	Kommunal garanti - lån til kyrkjelege investeringar 2015
PS 51/16	VTI fotball - Samanslåing av 2 garantiar
PS 52/16	Klage på vedtak - avslag om fritak frå eigedomsskatt, Studentsamskipnaden
PS 53/16	STYRK arbeid - ny bil
PS 54/16	Finansrapport 2015 (passiva)
PS 55/16	Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar
PS 57/16	Prioritering av investeringsmidlar til ny gravemaskin til vatn og avløps arbeid – saka vert ettersendt
PS 56/16	Orienteringssaker
OS 32/16	Kommunereform
OS 33/16	Krav om betre reservemateriell på strekninga Volda-Folkestad



VOLDA KOMMUNE

- OS 34/16 **Pressemelding arbeidsmarknaden februar 2016**
- OS 35/16 **Presentasjon frå KomUt-samling - samhandlingsreform og pasientjournalssystem**
- OS 36/16 **Oversending av signert fullmakt knytta til nytt felles pasientjournalssystem mellom sjukehus, kommunar og fastlegar**
- OS 37/16 **Kulturtilskot 2016 - treårig driftstilskot til regionale kulturorganisasjonar og -institusjonar - Dei Nynorske Festspela**
- OS 38/16 **Tilskot til veg, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommuner som skal slå seg saman**

PS 43/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 44/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Elisabeth Busengdal/Heidi Istad	Arkivsak nr.:	2012/2280
		Arkivkode:	2012007

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
45/16	Formannskapet Kommunestyret	15.03.2016

PLANID 2012007- DETALJREGULERING BUSTADOMRÅDE B58- ØVRE HELTNE

Administrasjonen si tilråding:

Detaljregulering for område "B58 – Øvre Heltne", slik det går fram av planomtale og føresegner datert 18.02.2016 og plankart datert 22.02.2016, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-12.

Vedleggsliste:

Planomtale datert 10.04.2015, justert 18.02.2016
Reguleringsføresegner datert 18.12.2013, revidert 18.02.2016
Plankart datert 22.02.2016
Merknader ved offentleg ettersyn

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Volda sentrum, Mork-Furene og Vikebygda
Planframlegg utlagt til offentleg ettersyn, datert 18.12.2013
Formannskapssak PS 6/14, den 21.01.2014 med vedlegg

Samandrag av saka:

Volda kommune har utarbeidd reguleringsplan for området til bustadformål på øvre Heltne. Området er avsett til bustadformål i kommunedelplan Volda sentrum og har der nemninga B58.

Planforslaget vart utarbeidd av firma Per Mulvik AS, på vegne av Volda kommune. Etter høyring og offentleg ettersyn er det gjort nokre endringar i planforslaget.

Planprosessen er gjennomført i samsvar med reglane i plan og bygningslova kap 12, og planframlegget vert no, etter gjennomført offentleg ettersyn, fremja for godkjenning.

Saksopplysningar:

Det er utarbeidd detaljreguleringsplan for eit bustadområde som i kommunedelplan for Volda sentrum er kalla B58. Området ligg nord for Heltne/Bratteberg feltet ovanfor Bjørnevegen. Planforslaget vart utarbeidd av firma Per Mulvik AS, på vegne av Volda kommune.

Planområdet si utstrekning og arealbruk er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan for Volda sentrum, Mork/Furene og Vikebygda, godkjent 18.06.2009. I forhold til arealet som var avsett til bustadføremål(B58) i kommunedelplanen er planområdet utvida noko mot nord for å kunne sikre areal til nødvendig avskjeringsgrøft for overvatn m.v.

Planprosessen er gjennomført i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar etter pbl. Kap. 12 i PBL2008 og reguleringsframlegget er utarbeidd i samsvar med reglane i § 12-3.

Oppstartsmøte med plankonsulent vart gjennomført 19.10.2012.

Varsel av planoppstart og tilskrivning av partar/høyringsinstansar i brev av 23.11.2012.

Planframlegg vart fremja for handsaming i Formannskapet som sak PS 6/14 den 21.01.2014, der det vart gjort slikt vedtak:

Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10

Planframlegget er etter det lagt ut til offentleg ettersyn den 24.01.2014, ved kunngjering i avisa Møre og på kommunen si heimeside. Varsel til aktuelle fagorgan, lag og organisasjonar og partar i området er sendt med brev datert 24.01.2014. Frist for merknader var sett til 11.03.2014 og vi har motteke 13 merknader, som alle tatt inn og kommentert under.

Ved offentleg ettersyn har ein motteke fylgjande merknader/ innspel:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 10.03.2014:

”Etter å ha sett på vegnettet som fører opp til Bratteberg, er vi av den oppfatning at bustadområdet er uheldig plassert både ut frå topografi, mangel på samanhengande gang og sykkelveggar og moglegheit for tilkomst for ringbuss.

Natur- og miljøvern

Det er ikkje registrert spesielle naturfaglege interesser innan planområdet av regional- og nasjonal verdi. Når det gjeld landskapsverknader etterlyste vi ei synleggjering av dette i vårt innspel til planarbeidet i brev av 04.01.2013. Dette er vist på forsida av planomtalen og som figur 14 side18. Det er sjølvsagt ikkje enkelt å vise ei tenkt utbygging, men på illustrasjonen er det berre vist ein bustader, og ikkje dei areala som er regulert for konsentrerte småhus. Det vi elles ser i utbygde område høgt oppe i lia i Volda, er at landskapsverknadane i stor grad er avhengig av korleis tomtene blir utnytta og tilpassa i form av store arkitektheikna hus med store glasfasadar, høge murar m.v.

Samfunnstryggleik

Flomfare er omtala i ROS analysen som eit problem det må gjerast noko med. I fellesføresegnene § 4.1 er det sett rekkefølgekrav til sikringstiltak langs Heltneelva. I tillegg er det lagt ein plan for å flytte ein avskjerande overvasskanal. I føresegnene er det lagt opp til at denne skal opparbeidast samstundes med bustadfeltet. Vi meiner denne bør vere på plass før utbygginga tek til. Vi tilrår at ein tek omsyn til at prognoser viser auka

nedbørmengder generelt og at store mengder kan kome på kort tid i framtida. Feltet er tenkt utbygd i eit område vi meiner kan vere tungt tilgjengeleg i snøvintrar for t.d større brannbilar ved ei utrykking.

Barn og unge

Dei fysiske oppvekstvilkåra for barn og unge er ikkje fullt ut tilfredstillande. Årsaka til dette er den lange avstanden til Volda sentrum med sine fritidsaktivitetar, og skular utan busstilbod. Å sykle til og frå Bratteberg byr på utfordringar med bratte bakkar med smale og trafikkerte vegar delvis utan fortau/gang og sykkelveg. Sjølv om det på reguleringskartet ser greit ut med tanke på grøntkorridorar og friområde, vil det bli ei utfordring å få til flate og funksjonelle leikeplassar som er store nok i høve til behovet.

Føresegner

Det er positivt at fortau langs Bjørnevegen skal etablerast for utbygging av feltet tar til. Det same gjeld støytak som er føreslege i rapporten frå Sweco. Å stille krav om korleis husa skal plasserast på tomte og plassering av soverom i høve støy, kan bli vanskeleg for kommunen å følgje opp i kvar byggesak.

Konklusjon

Fylkesmannen er skeptisk til meir bygging i bratt terreng med særleg lange tilførsleveggar der nokon av dei er for smale til at det er mogleg for ringbussen å komme seg fram. Vi meiner spesielt barn- og unge får lide ved utbyggingar som dette, der det er lite attraktivt å sykle til og frå skule/fritidsaktivitetar, og ein heller ikkje har busstilbod til bustadområda. Sjølv om det er mykje som talar imot den ønska utbygginga, meiner vi det ikkje er grunnlag for å reise motsegn til planen. Det er Volda kommune som er ansvarleg for å vurdere om det er grunnlag for ei forsvarleg utbygging innan B58 Bratteberg.”

Kommentar:

Lokalisering av bustadfeltet (og avklaring sett i høve til natur, miljø og landskap) er avklara gjennom godkjent kommunedelplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing (knytt til nye utbyggingsområde). Dei topografiske forholda og etablert vegsystem gjer det vanskeleg å oppnå tilfredstillande tilgang på ringbuss i mange av bustadområda. Det går ringbuss frå Vikebygdvegen, opp Bakkeliidvegen, vidare opp Hjellbakkane og over til Uravegen. Frå nedre del av B58 til næraste busstopp(ved Uravegen) er det om lag 500 m, målt langs etablert/planlagt fortau. Dette er nærare ringbussrute enn t.d. bustadfeltet Bratteberg aust.

Synleggjering av landskapsverknadane er vist i illustrasjonar i planomtalen. I illustrasjonane er det vist volum for typiske einebustader og volum for typiske 2 eller 4 mannsbustader. Den faktisk bygde situasjonen vil sjølvsagt ikkje vere muleg å illustrere fullt ut når det er lagt til rette for fritt sal av dei einskilde tomtene til private tomtekjøparar utan binding til val av bestemte hustypar. Det er elles sett krav i reguleringsføresegnene om at det i søknad om byggloyve skal ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.

Behova for avskjerande overvasskanal og tiltak i /langs Heltne-elva er teke inn som føresetnader i plan, jf planføresegner med rekkefylgjekrav.

Ordlyden her er justert i planomtale og føresegner i samsvar med fylkesmannen sitt innspel.

Fylkesmannen meiner oppvekstvilkåra for barn og unge ikkje er fullt ut tilfredstillande på grunn av avstanden til fritidsaktivitetar og skular utan busstilbod. Bustadområdet vil tilhøyre Øyra skulekrins og elevane vil truleg gå på Bratteberg og Vikebygda skule. Her er lagt opp til etablering av gangveg langs Bjørnevegen som ein føresetnad for utbygginga, noko som vil gjere skulevegen sikrare. Her er elles lagt til rette med snarveggar og gangtraséar i området som gjer at avstand til skule og barnehage ikkje er så stor som Fylkesmannen gir uttrykk for. Avstanden til fritidsaktivitetar i Volda sentrum vil for mange bli oppfatta for lang til at borna

kan gå/sykle dit, men her er grønkorridorar, stiar, gang- og sykkelveggar som gjer at mange likevel vel å sykle/gå til t.d. Årneset og stadionområdet.



Avsette område til leik i planområdet er valt ut i samråd med kommunen sin barnerepresentant og vil kunne gje eit godt og variert tilbod for barn og unge i området. Området o_L1 er elles relativt flatt og har stort potensiale for ulike bruksformål til leik. Ballplass er vist i område o_Fr5, og er allereie delvis planert. Dei andre leikeplassane ligg i brattare terreng og dei er derfor lagt inntil grønsone der det kan etablerast stinett som kan gi betre tilkomst til leikeområda. I desse leikeområda kan ein på delar av areala planerast for å oppnå flatare og meir funksjonelle areal. I føresegnene er det knytt krav til innhald på dei aktuelle areala og rekkefylgjekrav knytt til ferdigstilling. Det er elles gode aktivitetsareal tilgjengeleg ved skuleområdet for Bratteberg skule, ved barnehagen i same området og ein etablert ballplass ved Bøgardsvegen.

Det aktuelle feltet ligg med øvre veg på ca kote 225. Dette er lågare enn øvre bustadrekke i Bratteberg aust som ligg om lag på kote 240. Ut frå erfaringa her, der området no er mest ferdig utbygd, finn ein at både driftsmessige og beredskapsmessige tilhøva vil bli tilfredsstillande.

Planframlegget tek i stor grad omsyn til dei problemstillingar som fylkesmannen tek opp. Ut over endringa nemnt ovanfor vedkomande overvassgrøft og behov for sikringstiltak langs Heltneelva, finn ein ikkje at merknaden gir grunn til endringar i plan. Det er gjort fleire grep i planen når det gjeld tilhøva for barn og unge, og bustadfeltet har ikkje dårlegare busstilbod eller gang-/sykkelmogelegheiter til og frå fritidsaktivitetar enn det som elles er situasjonen for bustadområda i dalsidene i Volda sentrum.

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 12.03.2014:

”Vi har ikkje merknader til kart og føresegner utover at føresegnene må vere tydelege dersom leikeareal og anna friareal skal vere offentleg eller felles. Dette har betydning for kven som har ansvar for opparbeiding og vedlikehald, og dermed kven som skal innfri rekkjefylgjekrava. I følge planomtalen skal fleire av friområda vere offentlege. Føresegner og planomtale må vere konsistente her.

Planomtalen er elles grundig og gjer greie for alle dei tilhøve som det kan stillast krav om. Vi har berre ein redaksjonell kommentarar. Kapittel 6 bør gå ut, ettersom det er gjort greie for innhaldet i 2.5. I innhaldsoversikta kan det sjå ut som om det er kapittel 6 som er konsekvensutgreinga.

Sidan området generelt er bratt, kunne vi gjerne også tenkt oss at det var synleggjort korleis leikeareal (O_L1-3) kan opparbeidast. Dette er likevel ikkje ei innvending stor nok til at vi vil gjere motsegn gjeldande.

Planen kan etter eit par mindre presiseringar eigengodkjennast. Vi viser til detaljar ovanfor.”

Kommentar:

Inndeling av friområde og leikeplassar i området er gjennomtenkt og avklara gjennom prosessen i samråd med m.a. barnerepresentanten og kommunalteknisk avdeling. Vi meiner elles at grunnlaget for opparbeiding av leikeområda er godt sikra gjennom reguleringsføresegnene pkt 2.1.3 og rekkefylgjebestemmelsar gitt i føresegnene pkt 4.1. Føresegnene er foreslått justert for å få klarare avgrensing mellom offentlege områder og fellesareal. Jf. Justert planomtale og føresegner. Kapittel 6 Konsekvensutgreiing er tatt ut jf. merknaden.

Merknaden gir ut over dette ikkje grunn til endringar i plan.

NVE, brev av 25.02.2014:

”Langs Heltneelva er det sett av ei sone på 20 meter med grøntområde. Det er i planomtalen synt til at det har vore tilfelle med overfløyning av område langs Heltneelva nedanfor planområdet, og at flaumproblema kan forventast å auke som følgje av utbygging innanfor planområdet.

I rekkefølgjeføresegnene er det sett krav om at nødvendige sikringstiltak i område som er utsett for overfløyning må vere gjennomført før utbygging i planområdet kan ta til. Ved sikring av flaumutsette område bør det takast omsyn til at ein sikrar mot ein 200 års flaum med klimaframskriving.”

Kommentar:

Dei omsyn som er vist til er vurderte i plan og teke omsyn i planen, jf. rekkjefylgjeføresegner. Det er gjort presiseringar i føresegnene.

Kommunalt råd for funksjonshemma , sak 5/14 den24.02.2014:

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om at 20 % av byggingsmassen blir universelt utformet.*
- 3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarest.*

Kommentar:

Dei punkt som her vert teke opp er vurderte i plan og teke omsyn til i utforming av vegsystem, og i føresegner knytt til plan. Krav om universell utforming følgjer av TEK10. Sidan planområdet ligg i eit temmelig bratt område og planen først og fremst legg til rette for ein bustadtomter er det lite aktuelt med krav om at ein gitt del skal vere universelt utforma. Slike krav vil vere vanskeleg å innfri og er mest aktuelt i meir sentrumsnært areal der topografien ligg meir til rette for at universelt utforma bustad kan realiserast. Det er sett rekkjefølgjekrav om at fortau langs Bjørnevegen må vere gjennomført før ein kan ta til med utbygging innanfor planområdet. Merknaden gir ikkje grunn til endring av planen.

Eldrerådet, sak 4/14 den24.02.2014:

- 1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særst viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.*
- 2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.*

Kommentar:

Bustader for eldre i sentrum ligg utafor det planen skal løyse og vert å ta med som innspel til arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Det er sett rekkjefølgjekrav om at fortau langs Bjørnevegen må vere gjennomført før ein kan ta til med utbygging innanfor planområdet. Merknaden gir ikkje grunn til endring av planen.

Heltne-Bratteberg Grendalag, brev av 28.03.2014:

Positivt med stor grad av einebustadar og presisering av at frittliggande småhus er definert som einebustader.

Ein bør ha ein overordna plan for bustadbygging i Volda som seier noko om fordelinga av konsentrert busetnad og frittliggjande bustadar. Vi meiner at det i Heltne-Brattebergfeltet ligg til rette for større tomter og frittliggjande einebustadar og at denne type bustad bør dominere i feltet. Utbygginga siste åra viser at det framleis er både behov og interesse for å byggje einebustadar. Vår erfaring viser også at det er viktig å ha klart definerte områder for konsentrert busetnad. Vi meiner at framlegget til reguleringsplan tek dette i vare på ein god måte.

Tursti gjennom feltet.

Det går i dag ein sti/ traktorveg gjennom det planlagde feltet til «vasshuset». Denne er mykje nytta og bør ivaretakast slik det er lagt opp til i framlegget til reguleringsplan. Denne turstien må opparbeidast som ein del av klargjeringa av bustadfeltet og det må vere samanheng mellom gangstien i feltet og den vidare stien opp til vasshuset.

Støy.

Brattebergfeltet tek til å bli stort og trafikken aukar tilsvarande. Det er ein tilførselsveg i feltet som skal ta unna all trafikk. I tillegg til det som er foreslått i reguleringsplanen bør det settast i verk støyskjermande tiltak for dei eksisterande husa i Bjørnevegen, Plassevegen og Bøgardsvegen som ligg nærast planområdet og tilførselsvegen.

Traffikktrygging.

Viser til tidlegare innspel om trafikktrygging rundt Bratteberg skule. Med auka utbygging og auka trafikkbelastning, er dette viktig å utbetre i samband med reguleringsplan B58 for ny utbygging:

1. Gangveg langs Bjørnevegen

Det må vere samanhengande gangveg langs heile Bjørnevegen med overgangsfelt til gangvegen som går frå Plassevegen langs Hjellbakkane. Gangfeltet må grunna trafikkikkerheit ligge ved Plassevegen.

2. Fotgjengarovergangar i Hjellbakkane / Sikker skuleveg.

Det må kome tre opphøya fotgjengarovergangar i Hjellbakkane for å sikre skulevegen til Bratteberg skule.

A. Kryssing Hjellbakane/Bergsvegen/Bratteberg skule

Gangfelt: Gangfeltet går i dag frå midten av ei buslomme. Det er laga nytt tilknytningspunkt mellom Bergsvegen og Hjellbakkane og gangfeltet bør vere her.

Gangveg: Flytting av gangfelt vil medføre behov for forlenging av gangveg langs skulen sin parkeringsplass fram til det nye gangfeltet. Gangfeltet kan med fordel vere opphøya.

Ny innkøyring til parkeringsplassen: Innkøyringa til parkeringsplassen bør flyttast til austsida av plassen.

B. Etablering av fotgjengarovergang ved gangveg som kjem frå Bratteberg skule v/Ballbingen.

Det er opparbeidd ei grusa rås over skuleområdet. Denne råsa kjem usikra opp på den trafikkerte vegen Hjellbakkane rett nedanfor Frikyrkja. For bilistar er det ikkje synleg at her kan skje kryssing av veg. Her må merkast med overgangsfelt og skilting.

Stenging er lite hensiktsmessig då både born og vaksne frå denne sida av feltet uansett vil finne ei kryssing her når dei skal til skule eller til ballbingen på fritida. C. Etablering av gangveg i forlenging av gangveg frå Bakkelidvegen til Hjellbakkane/Nylenda (Kriken).

Vegen er asfaltert og trafikkert og bør sikrast med merka overgangsfelt.

Desse tiltaka vil etter vårt syn kunne gjere trafikksituasjonen på staden langt tryggare og meir oversiktleg. Overgangfelta bør vere opphøga for å redusere farta i Hjellbakkane. Vegen er lang og rett og det vert ofte brukt mykje høgare fart enn tillat. Dette er skummelt ettersom den ligg langs skuleområdet og alle skuleborna som bur i Brattebergfeltet må krysse veggen til og frå skulen.

3. Gangfelt i krysset Vikebygdvegen/Bakkelidvegen

Det må merkast opp gangfelt nedst i Bakkelidvegen i forlenginga av gangveg, samt over Vikebygdvegen -helst aust for krysset.

Dette er skuleveg til born både til Vikebygda og Bratteberg skular, samt ein svært mykje nytta turveg rundt Rotevatnet.

Bakkelidvegen er den einaste tilkomsten til Brattebergfeltet og er svært trafikkbelasta.

Regulering av nye bustadområde i feltet, medfører auka trafikk.

4. Uravegen

Uravegen er framleis skulevegen til omlag $\frac{3}{4}$ av elevane på Bratteberg skule. Denne må sikrast med gangveg åtskild frå køyrebane snarast. Viser til kommunestyret sitt vedtak av 18.06.2009: «Kommunestyret vil ikkje ta standpunkt til endra status for Uravegen før dette er nærare utgreidd gjennom ein reguleringsprosess, eller gjennom rullering av Trafikkplanen for Volda sentrum der konsekvensar knytt til tilstøytande vegnett er betre belyst.

Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei sak om oppstart av slik prosess.»

Kommentar:

Planlagt utbygging med stor grad av einebustadtomter er i samsvar med tidlegare innspel frå m.a. grendalaget. I det justerte planframlegget er det sett av noko meir areal til konsentrert busetnad, då nokre av einebustadtomtene vert sett på som lite eigna for einebustader. Ein kombinasjon med innslag av konsentrert busetnad i eit einebustadområde vil vere positiv med omsyn til å kunne tilby ulike typar butilbod i området.

Turstien gjennom feltet er ivareteke gjennom planløysinga. Det er sett rekkjefølgjekrav om opparbeiding av sti/turveg gjennom feltet, før bustader kan takast i bruk i området.

Støvvurdering er gjennomført sett i høve til planlagt byggeområde og det er sett krav om tiltak innanfor planområdet. I støvvurderinga er det konkludert med at bustadfeltet sør for planområdet(Bjørnevegen) ikkje får eit auka støyproblem på grunn av utbygginga, då auken er mindre enn 3dB. Elles vert det i støvvurderinga vist til at reduksjon av fart vil redusere støynivået. Utgreiing av støysituasjon knytt til eksisterande bumiljø langs Plassevegen og Bøgardsvegen grunna generell trafikkauke, fell utanfor denne planoppgåva og må eventuelt gjerast gjennom eiga sak. Ev. som del av t.d trafikktryggingssplan/-generell vegplan for kommunen.

Trafikktryggingsspørsmåla rundt Bratteberg skule fell også utanfor det denne planen skal avklare. Dei aktuelle tiltakspunkta bør få si vurdering og eventuell prioritering i kommunen sin trafikktryggingssplan. Det er høve til å knyte krav om trafikktryggingstiltak utafør planområdet i form av rekkefylgjebestemmelsar i denne planen. Kostnader kan ut frå reglane i PBL ikkje leggjast på tomtene her og vi vil derfor ikkje tilrå ei slik binding. Det same gjeld dei spørsmål som er nemnt vedkomande gangveg i forlenging av gangveg frå Bakkelidvegen til Hjellbakkane/Nylenda (Kriken), og gangfelt i krysset Vikebygdvegen/-Bakkelidvegen som

også bør takast inn i Trafikktryggingssplanen. Spørsmålet om avklaring av Uravegen sin status fell utanfor dette planarbeidet og bør heller vurderast ved gjennomgang av det overordna samlevegssystemet i området, som del av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel som skal startast opp i 2016.

Vilkår om opparbeiding av gangveg langs Bjørnevegen er med i planen, jf. Rekkefølgekav.

Merknaden gir ikkje grunn til å tilrå endringar av planen. Dei øvrige innspela vedkomande ulike trafikktryggingstiltak i tilgrensande området vert å sjå som innspel til trafikktryggingssplan for kommunen.

Tømmer Service AS, brev av 10.03.2014

"I forbindelse med offentlig ettersyn for ny reguleringsplan bratteberg så har vi et par innspill.

1) Vi ber kommuna ta ei lita vurdering av beskrivelse mønehøgde og gesimshøgde i reguleringsføresegnene . Vi viser til veileder H- 2300 grad av utnytting side 46 . Vi viser spesielt til at slik gesims og mønehøgde er beskrevet i føresegnene så vil eit tradisjonelt hus med loft takark være for høgt til at det skal kunne byggast i feltet. Dette på grunn av at gesimshøgde på slike hus etter ny veileder skal måles frå møne på takarka.

2) Slik som feltet no er regulert så er det regulert svært mange enebolig tomter i feltet. I høve behov så er det faktisk slik at det er en mindre del av befolkninga som har god nok økonomi til å kunne bygge seg enebolig. Vi viser til at kommunen har en god del ledige eneboligtomter i felt bratteberg 2 (mens areal for konsentrert utnytting er utbygt for lengst) samt i ny regulert byggefelt K10 på klepp. Vi ber kommunen vurdere om der bør legges opp til flere tomter for konsentrert bebyggelse samt en del enkelt tomter som det også kan bygges 2 manns bolig på.

Slik en, ser det så bør eit kommunalt byggefelt være tilrettelagt for alle. Der bør en kunne bygge konsentrert bebyggelse (rimlege leilighete) en bør kunne bygge 2 manns boliger på en del tomter, og en bør kunne få bygge eneboliger på en del tomter for dei som har økonomi til å gjere det."

Kommentar:

Det er tatt ein gjennomgang av føresegner om møne- og gesimshøgde og har gjort nokre endringar i første rekke ut frå omsynet til landskapstilpassing av ny bustadbygging i det bratte området. Det er gjort endringar i §2.1.1.b) og d) der det er foreslått at maksimal gesims og mønehøgde vert målt frå opphavleg terreng sitt gjennomsnittsnivå og ikkje frå planert terreng. Ein vil då kunne unngå at bygg vert plassert på høge fyllingar med dominerande murar. Det er også gitt høve til auka gesimshøgde til 9 m for bygg med pulttak, flatt tak, ark og takopplett, dette punktet er ei imøtekomning av merknaden. §2.1.2 b) og e) er også endra slik at maksimal gesims- og mønehøgde skal målast ut frå opphavleg terreng sitt gjennomsnittsnivå.

I feltet er det lagt opp til at ein i hovudsak skal ha frittliggande einebustader, men og noko areal til konsentrert utbygging. I justert plan er no ytterlegare to områder teke inn som areal for konsentrert utbygging. Vidare er områda BK2, BK3 og BK4 litt utvida. Dette ut frå ny vurdering av terrengmessige tilhøve, og dels ut frå innspel i saka. Jf. Nye område Bk5 og Bk6.

Sigbjørn Raknes og Dag Bratteberg, brev av 09.03.2014

"Velteplass for tømmer.

Det skal byggast ny velteplass for tømmer som erstatning for eksisterande velteplass.

Den nye velteplassen må vere ferdigstilt før oppstart av byggefeltet. Plasering av den nye

Velteplassen bør planleggast i lag med grunneigarane slik at den blir best teneleg for alle partar.

Viser til skjønnsføresetnadene punkt 4 og tilleggsføresetnadene punkt B og C."

Kommentar:

Det vert her vist til Skjønn i S.S.Herredsrett, den 11.juli 1978 - oreigningsskjøn i samband med kommunal overtaking av areal til bustadområde Heltne /Bratteberg til utbygging.

Det heiter her om vegar og areal til lunneplassar:

"De eksisterende utskiftingsveger og/eller driftsveger til areal som ligger ovenfor oreigningsområdet, forutsettes ikke nedlagt eller omlagt før i tilknytning til samtidig anlegg av offentlige veger, som gir adgang til fremtidig atkomst. Fremtidig adkomst til ovenforliggende områder forutsettes til en hver tid å være like tjenlig for drifts og adkomstbehov, som grunneierne og bruksberettigede tidligere har hatt. Kommunen planlegger ved senest fullført utbygging av veg og tekniske anlegg i selve oreigningsområdet, å legge en avskjæringsgrøft langs oreigningsområdets øvre kant. Den nedre grøftkant vil etter oppkasting bli planert, slik at den samtidig kan gi brukbar traktoradkomst på vinterføre, med nødvendig tilknytning til de opparbeidete veger. Dersom eierne av de ovenforliggende tilstøtende teiger senere måtte ønske det, har de rett til i et inntil 5 meter bredt område på nedsiden av avskjæringsgrøften å forsterke vegen, for helårstransport for jord- og skogformål.

I samråd med grunneierne vil kommunen for hver ovenforliggende teig bygge avkjørsel for driftsformål over avskjæringsgrøften, slik at man får tjenlig adkomst til teigen. Dersom terrengforhold tilsier dette, forbeholder kommunen seg rett til å legge avkjørsel felles for to teiger, i bytet mellom teigene."

C. Areal til lunneplassar skal visast på reguleringsplan når denne vert utarbeidd for det øverste området. Lunneplassane skal vere omlag 50 m lange og strekke seg frå tilknytingspunktet til driftsvegen/turvegen ved overvassgrøfta. Slike lunneplassar skal anleggast øvst i feltet i tilknytning til ein eller fleire av stikkvegane i utbyggingsområdet."

Slik lunneplass er opparbeidd vest for krysset mellom Bjørnevegen og vegen til høgdebassenget. Denne er i planforslaget regulert til friområde/leikeplass, men det er sett rekkjefølgjekrav om ny velteplass før opparbeiding av denne kan gjennomførast. Velteplassen vil derfor ikkje bli fjerna før det ligg føre avtale om ein ny.

I rekkefølgebestemmelsane er det sagt fylgjande:

k) O_Fr5 skal opparbeidast før bustader innanfor BF6 og BK1 kan takast i bruk.

l) Før opparbeiding av o_Fr5 skal det vere gjort avtale om ny velteplass for tømmer til erstatning for eksisterande velteplass for tømmer som ligg innanfor o_Fr5.

Også skogetaten har peika på behovet for lunneplassen og at denne bør oppretthaldast inntil eventuell erstatningsområde er på plass. Då den eksisterande lunneplassen(o_Fr5) er tenkt som ein kvartalleikeplass for heile området, ikkje berre for B58, (området skal også dekke behovet for ball/leikeplass ved utbygging i området Ottagarden), synest det ikkje vere rett at opparbeidingskravet skal leggest som føresetnad for utbygging av så stor del av byggeområdet i B58. Vi foreslår difor at pkt 4.1. j) i rekkefølgjekrav vert endra til å omfatte berre den austlegaste del av feltet, BF6 og BK1, jf justerte føresegner.

Rasmus Heltne, brev av 04.03.2014

"1. Når det gjeld førebygging av Heltneelva, meiner vi at det er så omfattande at det må utarbeidast ein eigen plan på dette arbeidet.

-Det har tidlegare vore utarbeid plan på dette arbeidet, som ikkje har vore gjort noko med. Vedlagt kopi av dette.

-Kapasiteten på elva er i dag sprengt, og ho toler ikkje at det vert sett meir vatn på ho. Slik vi forstår det skal alt overflatevatn førast til elva, og tidlegare forbyggingsplanar må oppgraderast med ny plan for heile elva.

-Området rundt det verna kvernhuset som står på bruk 4 må forebyggast på ein slik måte at vassveita ned til kvernakallen kan restaurerast. Det må vere kommuna sitt ansvar å reparere skader elva har gjort her, då tidlegare forebyggingsplanar ikkje har blitt utført.

-Når elva har blitt så stor som ho no blir, foreslår vi at elva blir flytta litt mot vest i dette området. -Fylkesantikvaren bør komme med forslag til løysing her.

-Det må settast rekkefølgekrav om at heile elva skal vere førebygd før oppstart av omtalt bustadområde.

2. Når det gjeld tilkomst til skogsteig bruk 4.

-Det må skrivast bruksrett på vegen opp til pumpehuset

-Det må sikrast tilkomst over elva ved pumpehuset.

-Bruk 4 må ha tilkomst til skogsteig vest for elva mellom Kolda og pumpehuset via vegnettet/dreneringsgrøft over det nye byggefeltet.

-Det må planleggast ny lunneplass for tømmer .”

Kommentar:

Spørsmål om avleiing av vatn frå utbyggingsområdet i Heltne /Bratteberg var tema i skjøn i regi av Volda kommune i 1978. Det vart allereie der sett vilkår for slike avskjerande tiltak og utbetringar/sikring i/langs Heltneelva.

I dei generelle skjønsetnadane heiter det her:

”3. Vatn fra oreigningsfeltet og arealet overfor forutsettes avledet etter planer, slik disse i hovedsaken er skissert under rettsforhandlingene ved kommuens avdelingsingeniør.

Kommunen tar på seg ansvar for disse vassføringer, og sørger for at de tiltak i elver og bekker utføres, som statens ved vassdragsstell finner nødvendig i tilknytning til fremlegging og godkjenning av planene, og etter at de saksøkte har fått høve til å uttale seg spesielt om disse problem ved den videre formelle og reelle behandling av vassproblemene.

Kommunen planlegger ved senest fullført utbygging av veg og tekniske anlegg i selve oreigningsområdet, å legge en avskjæringsgrøft langs oreigningsområdets øvre kant. Den nedre grøftkant vil etter oppkasting bli planert, slik at den samtidig kan gi brukbar traktoradkomst på vinterføre, med nødvendig tilknytning til de opparbeidete veger. Dersom eierne av de ovenforliggende tilstøtende teiger senere måtte ønske det, har de rett til i et inntil 5 meter bredt område på nedsiden av avskjæringsgrøften å forsterke vegen, for helårstransport for jord- og skogformål.”

Tiltaksplan vart i samband med oppstart av utbygging av byggefelta Heltne/Bratteberg utarbeidd i samråd med NVE, men berre ein liten del av sikringa er gjennomført.

Krav om full gjennomføring er sett som føresetnad for utbygging av B58-området.

Når det gjeld spørsmåla i pkt 2 er dette dels av privatrettsleg karakter og dels tiltak som fell utanfor denne planen.

Momenta i merknaden er i stor grad teke omsyn til i reguleringsføresegnene for planframlegget, og merknaden gir ikkje grunn til endringar i planforslaget.

Roy Inge Heltne, brev av 06.03.2014

1. *Det er feil å kalle dette "bustadområde Bratteberg". Stort sett alt arealet ligg på gnr.20 som er Heltne.*

2. *Sikringstiltak i Heltneelva.*

Dette er tiltak som kommunen skulle ha utført når utbygginga Heltne / Bratteberg starta på slutten av 70 talet. At kommunen har utelatt å gjennomføre sikringstiltaka i

- over 30 år kan ikkje føre til at kostnadane med sikringa no vert belasta utbygginga av B 58, og at dette vert brukt som argument for lågare grunnpris.
3. *Fartsgrenser / trafikktryggingstiltak.*
I §4, fellesføresegner står det at fartsgrensa skal reduserast til 40 km/t frå krysset til Plassevegen. Dette finn eg noko lite gjennomtenkt. Til lenger opp i feltet ein kjem til lågare vert trafikkettleiken. Behovet for trafikktryggingstiltak, mellom anna redusert fartsgrense, vil vere større lenger nede i feltet der trafikken er mange gongar så høg. Etter mitt syn burde ei 40 km/t sone gjelde heilt frå krysset Vikebygdvegen — Bakkelidvegen, men i det minste forbi Bratteberg skule. Som ein del av føresegnene burde fartsgrensa på Vikebygdvegen vere nedsett til 50 km/t minst forbi krysset til Bakkelidvegen. I dette krysset har det vore fleire trafikkulukker også med personskadar, og er eit kryssingspunkt for mange skuleborn. Innkøyringa frå dei private vegane er til dels uoversiktlege, særskilt vinterstid, noko som også talar for lågare fartsgrense. Utbygginga i feltet dei siste åra har ført til betydelig trafikkauke og denne kjem til å bli enno større no. Kommunen må då sjå heile trafikkbiletet i samanheng, ikkje berre bit for bit. Ein øvre sambindingsveg mellom byggefelta, noko ein no har muligheit til å få til, ville fordelt trafikken mykje betre og ikkje minst gitt ein vesentlig miljøvinst etter som at transportavstanden mellom bustadområda og skule / barnehage ville blitt vesentlig kortare.
 4. *Tilkomst til skogsteigane.*
Det må sikrast at vi får tilkomst til dei skogsteigane som vert liggande att mellom byggefeltet og vegen til vassmagasinet. Firmaet Mulvik hevdar at ein har dette frå vegen til vassverket. Dette vil ikkje bli ei tilfredsstillande løysing og ein må sikre tilgong frå veg langs avskjeringsgrøfta slik vi har i dag.
 5. *Gjerdeplikt.*
Kommunen er i dom i samband med utbygginga i -70 /-80 pålagt gjerdeplikt mot utmark. Dette vil ikkje bli endra men må presiserast i føresegnene.
 6. *Parkering for turgåarar.*
Det bør etablerast ein parkeringsplass ved krysset mellom Bjørnevegen og vegen til vassmagasinet. Vassmagasinet er blant Volda sine mest nytta utgangspunkt for turmål. Særskilt no når det er kome veg mellom vassmagasinet og Reset. Ein mykje nytta veg som ligg flott til i Volda si solside. Vegen til vassmagasinet er ein privat veg som tidvis vert nytta i samband med skogsarbeid. Det er såleis inga sjølvfylgje at denne er open og at bilar kan parkerast ved vassmagasinet. Ein parkeringsplass i nemnte område vil vere eit godt tiltak for å legge til rette for friluftsliv og fysisk fostring.”

Kommentar:

Det er rett at det meste av feltet ligg på gnr 20 Heltne og ein er samd i at dette også burde avspegle namnet på området dersom ein skal ha eit namn med grunnlag i lokalisering-/avgivareigedom. Vi forslår difor å endre namnet til ”Øvre Heltne – B58”

I skjønnsføresetnader har kommunen i tilknytning til innløyning av grunn til Heltne /Brattebergområdet i 1978 påtatt seg ansvar for sikring mot overvatn/avrenning frå området, inkl naudsynt sikring av Heltneelva.

At dette ikkje enno er tilfredsstillande løyst er beklageleg og vert av teknisk sektor vurdert som ein eksisterande stor risiko. Det er registrert svært mange nesten-situasjonar i området etter tidlegare utbygging, men ein har heldigvis, dels ved særleg tilsyn, unngått større

skader/uhell. Kostnader med sikring av elva kan såleis ikkje påleggast utbygginga av B58 åleine. Det er difor sett av midlar til dette sikringsarbeidet i økonomiplan.

Etablering av p-plass ved enden av Vassverkvegen er eit viktig tiltak og er lagt inn som del av vilkår knytt til opparbeiding av område o_Fr5 i føresegner/planbeskrivelse.

Dei aktuelle innspela vedkomande fartsgrenser og behov for tiltak på/langs eksisterande vegnett, og behov for nye vegløyningar er dels vurderte i plan, og fell dels utanfor dette planarbeidet.

Spørsmål knytt til tilkomst til attverande areal og gjerdehald er naturlege spørsmål å ta med i høve grunnavtalar og gjennomføring av utbygging av området.

Roar Driveklepp, brev av 06.03.2014

” Byggefeltet B58 ligg på Heltnane sin grunn og bør heite Øvre Heltne. Bratteberg som det no blir kalla, ligg aust for dette planlagte feltet og avstår derfor ikkje grunn. ”

Etter orkanen for ca 20 år sidan, bygde eg vegen, som blir kalla «Roarvegen», for å få ned tømmeret. Frå vegen har eg laga fleire sidelommer, som blir nytta til lager av bl.a.

gardsreidskap, båtvoan, gravemaskinreidskap og store natursteiner til muring. Alt dette må flyttast til ein anna eigna lagringsplass når byggefeltet blir påbegynt.

Eg vil forslå at Volda kommune/utbyggjar lagar ein lagringsplass til meg ovenfor byggefeltet på min skogsteig, som erstatning for vegen og noverande lagringsplasser. Ei god løysing vil f.eks. vere å bruke Roy Inge Heltne (naboeigedom) sin vegavkøyrsløse frå vatnreanseanleggvegen og forlengje den vegen til min eigedom der eg vil forslå at det blir laga denne nye lagringsplassen ”.

Kommentar:

Viser til forslag om namneendring for området i kommentar til merknaden over.

Spørsmål om tiltak knytt til alternative lagringsbehov etter innløyning av grunn/utbygging i området er naturleg å ta opp som del av grunnavtale/ev. skjøn knytt til slik overtaking av grunn.

Monika Pøhlmann-Kairies, brev av 12.01.2012

”Dersom det er mulig, uten at vi blir forplikta til å bygge der innan kort tid eller har ekstra kostnader i samanheng med regulering av området til bustadområde, ønsker eg at familien min og eg får muligheten til å behalde ein del av området som hører til GNR 20/BNR22 og som ligger lengst opp i terrenget.

Hovudgrunnen til dette ønsket er at resten av familien (bl. a. broren min og søskenbarnet mit) - som også har sine røter i Volda - ikkje har hatt noko høve til å bygge på egen grunn/grunn som ligger på vår opprinnelig eigedom.

I tillegg er det av praktiske grunnar viktig at det arealet vi eventuelt kan få behalde ligger så nært som mulig inntil skogsarealet som høyrer til gnr 20/bnr 22.

Dessuten vil eg gjerne få meir opplysning om kva det eventuell vil medføre for meg når det gjeld frister, kostnader og andre relaterte punkt.

På den andre siden ønsker eg å få meir informasjon om kva eg kan reikne med som erstatning for tap av grunn og eventuelle skader som oppstår i samanheng med arbeidet der.”

Kommentar:

Spørsmål om eventuelle grunneigartomter er det lang tradisjon for i kommunen. Både i tilknytning til utbygging av Heltne/Bratteberg og Engeset/Klepp er det gitt høve til uttak av grunneigartomter for dei som avstår grunn. Vi legg til grunn at dette kan imøtekomast også her som del av avtale om kjøp av grunn.

Vilkår vil då som regel vere at kostnadane med opparbeiding av tekniske anlegg skal vere som for alle andre tomter i feltet og at desse kostnadane forfell til betaling innan 1 år etter at tomtene er tildelte. Spørsmål om byggefrist for tomtene må/bør også avklarast i slike avtalar. Dersom det ikkje ved avtale vert semje om semje om pris/grunnlag for avståing, vil kommunen i slike saker tilby å nytte rettsleg skjøn for fastsetting av rett grunnpris for området.

Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.

Kay Ove Johansen, brev av 02.07.2014

"Jeg har et ønske om å kjøpe/slå sammen dem to nederste tomtene ved B58-Bratteberg

Ønsker å bygge et hus på tomtene,

Legger ved en plantekning (se vedlegg)


NB. dette er bare et utkast når/viss jeg får tillslag på kjøpet blir jeg sammen med dere og utbygger lage til en best mulig løsning for alle parter, Jeg tror snuplassen vil bli etisk best Viss den er på enden av gaten IKKE slik den er tegnet inn på min tegning."

Kommentar:


Bustadområdet skal utbyggast i kommunal regi og tomtene verte lyst ut for sal med reglar for tomtetildeling. Det vert utarbeidd eiga sak for fastsetting av tomtepris/tomtetiltingskriteriar når utbyggingskostnadane gjennom anbudsprisar og anleggsrekneskap er kjend.

Tomtene i Brattebeg B58 er i utgangspunktet relativt store, og ligg på omlag 1000 m² og ut frå behov for fordeling av opparbeidingskostnader for feltet er det ikkje ønskjeleg med særleg større tomter. Ein kan derfor ikkje tilrå einebustadtomt på 2100 m² og ut frå ynskje om å rasjonalisere med tilgjengeleg areal, og forventeleg pris/kostnad sett i høve til utbygging av tekniske anlegg.

Plassering av snuhammaren i gata her er også vurdert tidlegare og ut frå innspelet her, utan at ein har funne grunn til endring då terrenget i området er relativt flatt utan så store skråningsutslag ved snuhammaren.



Frå Kay Ove Johansen



Frå reguleringsplanen

Merknaden gir ikkje grunn til endring av planforslaget.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ivareteke gjennom planprosess og i utforming av planbeskrivelse-, plankart- og føresegner.

Økonomiske konsekvensar:

Reguleringsplanarbeidet er tidlegare finansiert.

I økonomiplan er det sett av midlar til grunnkjøp/opparbeiding av tekniske anlegg i perioden 2016-18. Kostnader til grunnkjøp og tekniske anlegg innanfor området vil normalt verte belasta tomtene gjennom fastsett tomtepris. Det vert utarbeidd eiga sak for fastsetting av tomtepris/tomtetildelingskriteriar når utbyggingskostnadane gjennom anbudsprisar og anleggsrekneskap er kjend.

Vilkåra knytt til opparbeiding av tekniske anlegg og infrastruktur utanfor området vil gje kostnader for kommunen som til dels ikkje kan belastast tomtene i feltet. Dette gjeld m.a del av gangveg/fortau langs Bjørnevegen, sikring av Heltneelva i samsvar med skjønnsvilkår 1978, og eventuelle andre trafikktryggingstiltak utanfor feltet som vert sett som vilkår for utbygginga.

Føresetnader om sikring av Heltneelva og etablering av ordning for overvatn ligg inne i økonomiplan for perioden 2016-18, slik at dette kan gjennomførast før utbygging av feltet, slik rekkefølgebestemmelsar i planføresegnene legg opp til.

Fortau langs Bjørnevegen og kryssing mot Hjellbakkane/Plassevegen er trafikktryggingssjunkt som saman med eventuelle andre tiltak i samlevegssystemet må finansierast utafor utbyggingsprosjektet for B58 og ev. prioriterast i trafikktryggingssplanen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Er vurdert og ivareteke gjennom planprosess og i utforming av planbeskrivelse-, plankart- og føresegner.

Vurdering og konklusjon:

Gjennomgang og vurdering av innkomne merknader viser behov for nokre mindre endringar av planforslaget.

Det skisserte opplegg for planområdet og føresetnader lagt til grunn for utbygging gjennom rekkefølgeføresegner gir eit godt grunnlag for utbygging av området.

Tekniske løysingar og vilkår knytt til tilrettelegging av areal for leik og naturoppleving synest tilfredstillande løyst.

Endringar i planomtalen:

For å sikre konsistens mellom reguleringsføresegnene, plankartet og planomtalen er det gjort nokre mindre endringar og presiseringar i planomtalen.

Endringar i plankartet:

Ut frå ny vurdering av terrengmessige tilhøve for nokre av einebustadtomtene, og dels ut frå merknad i saka er areal til konsentrerte småhus foreslått auka frå 10,1 daa til 17,4 daa, ved at to nye område er teke inn(BK5 og BK6)og ved utviding av områda BK2, BK3 og BK4.

Etter nærare vurderingar av det bratte terrenget, som gir stor fyllingshøgde på utsida av snuhammarane i dei to øvste bustadgatene, er det gjort framlegg om endra plassering og utforming av snuhammarane. Området er snørikt og det er difor sett av noko meir areal omkring snuhammar til anna trafikkformål -snøopplag m.m for å førebygge driftsmessige konflikter knytt til m.a. snørydding.

Desse endringane gjer at talet på tomter for einebustader er redusert frå 44 til 36, medan arealet til konsentrerte bustader er auka frå 10,1 daa til 17,4 daa.

Endring av reguleringsføresegnene:

Det er gjort endringar i §2.1.1.b) og d) når det gjeld føresegn om byggehøgde. For å sikre at bygg får ei så god terrengtilpassing som mogeleg foreslår ein at maksimal gesims og mønehøgde vert målt frå opphavleg terreng sitt gjennomsnittsnivå og ikkje frå planert terreng.

Ein vil då kunne unngå at bygg vert plassert på høge fyllingar med dominerande murar. Det er også gitt høve til auka gesimshøgde til 8 m for bygg med pulttak, ark og takopplett. §2.1.2 b) og e) er også endra slik at maksimal gesims- og mønehøgde skal målast ut frå opphavleg terreng. Dette vil vere med på å redusere uheldige landskapsverknader som Fylkesmannen viser til i si fråsegn.

Under §2.1.3 er det sett inn eit nytt pkt. f) om at o_L1 - o_L3 skal vere offentlege leikeplassar. På same vis er det lagt til punkt under §§2.3.1 og 2.3.2 med føresegn om at friområda skal vere offentlege. I føresegn §2.3.2 a) er det lagt til eit tillegg om at ballbanen skal gjerdast inne mot aust, sør og vest. Etablering av p-plass ved enden av Vassverkvegen er eit viktig tiltak og er lagt inn som del av vilkår knytt til opparbeiding av område o_Fr5 i justerte føresegner, og i §2.3.2. b) er det derfor tatt inn føresegn om at det skal tilretteleggast for parkering i/ved området.

Føresegn §2.2.7 er endra slik at det no vert krav om at overvasskanalen skal opparbeidast før utbygging tar til jf. merknad frå Fylkesmannen.

Fleire av føresegnene under §4.1 om rekkjefølgje er justert.

Ordlyden i §4.1. b) er justert i samsvar med fylkesmannen sitt innspel, slik at det no er krav om at avskjeringskanalen vert etablert før utbygging innanfor planområdet kan ta til.

Rekkjefølgjekravet om tiltak i samlevegssystemet gjennom bustadområda nedanfor er vurdert på nytt og ein har kome til at dette er tiltak som bør gjennomførast uavhengig av utbygging i B58, Ein har derfor tatt vekk dette rekkjefølgjekravet. Tiltak i samlevegssystemet må prioriterast i Trafikktryggingssplanen.

Ein foreslår å endre namnet på planen til B58 Øvre Heltne jf. merknader.

Med dei endringar som er lagt inn i planomtale og føresegner revidert 18.02.2016 og plankart justert sist 1.11.2015 er det grunnlag for at planen kan eigengodkjennast av kommunen.

Eg rår til at planframlegget planomtale-, plankart og føresegner datert 1.11.2015, vert fremja for slutthandsaming i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

.....
Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Til planseksjonen for kunngjering av planvedtak etter kommunestyret sitt vedtak.




VOLDA KOMMUNE

FORSLAGSSTILLAR:
VOLDA KOMMUNE

PLANOMTALE - FORSLAG TIL DETALJREGULERING FOR :
B58 ØVRE HELTNE. PLANID: 2012007

DATO: 18.12.2013
REVIDERT: 18.02.2016




mulvik
www.mulvik.no

1	SAMANDRAG	4
2	BAKGRUNN.....	4
2.1	Målet med planen	4
2.2	Forslagsstillar, plankonsulent, eigartilhøve	4
2.3	Tidlegare vedtak i saka	4
2.4	Utbyggingsavtalar	5
2.5	Krav om konsekvensutgreiing.....	5
3	PLANPROSESSEN.....	5
3.1	Medverknadsprosess, varsel om oppstart, evt. Planprogram	5
4	PLANSTATUS OG RAMMEBETINGEL SAR	6
4.1	Overordna planar	6
4.1.1	Regionale planar	6
4.1.2	Kommuneplanens arealdel evt. kommunedelplanar	6
4.2	Gjeldande reguleringsplanar	6
4.3	Tilgrensande planar	6
4.4	Temaplanar	7
4.5	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	8
5	BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE.....	9
5.1	Beliggenheit	9
5.1.1	Beliggenheit.....	9
5.1.2	Avgrensing og størrelse på planområdet.....	9
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk.....	10
5.3	Landskap og stadens karakter	10
5.3.1	Eksisterande bebyggelse.....	10
5.3.2	Topografi og landskap	10
5.3.3	Estetisk og kulturell verdi	11
5.3.4	Solforhold	11
5.3.5	Lokalklima.....	11
5.4	Kulturminne og kulturmiljø.....	11
5.5	Naturverdiar	12
5.6	Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde, barn og unge sine interesser	13
5.7	Trafikktilhøve	13
5.7.1	Vegsystem	13

5.7.2	Køyretilkomst	13
5.7.3	Ulukkessituasjon	14
5.7.4	Trafikktryggleik for mjuke trafikantar	14
5.7.5	Kollektivtilbod	14
5.8	Sosial infrastruktur	14
5.8.1	Skulekapasitet	14
5.8.2	Barnehagedekning	14
5.8.3	Anna	14
5.9	Universell tilgjengelegheit	14
5.10	Teknisk infrastruktur	14
5.10.1	Vatn og avløp	14
5.10.2	Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m	14
5.10.3	Renovasjon	14
5.11	Grunnforhold	15
5.11.1	Stabilitetsforhold	15
5.11.2	Leidningar	15
5.12	Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)	15
5.12.1	Radon	15
5.12.2	Flomfare	15
5.12.3	Sabotasje-/terrormål	15
5.13	Privatrettslege bindingar	16
5.14	Analyser/utgreiingar	16
6	KONSEKVENSGREIING	16
7	BESKRIVELSE AV PLANFRAMLEGGET	16
7.1	Reguleringsformål	17
7.2	Frittliggande småhus(BF1-9)	17
7.3	Konsentrerte småhus(BK1-BK6)	18
7.4	Friområde og uteoppfallsareal	19
7.4.1	Privat og felles uteoppfallsareal	19
7.4.2	Offentlege friområde	19
7.4.3	Turvegar	19
7.5	Barn og unge	20
7.6	Bomiljø/bokvalitet	22
7.6.1	Fordeling av leiligheiter og hustyper	22
7.6.2	Universell utforming av bygg	22

7.6.3	Kvalitet på og utforming av uterom.....	22
7.6.4	Støytiltak.....	22
7.6.5	Krav om utomhusplan og rekkefølgebestemmelsar	22
7.6.6	Energiløysing.....	23
7.7	Parkering.....	23
7.8	Trafikkløysing.....	23
7.8.1	Køyretilkomst/tilknytning til overordna vegnett	23
7.8.2	Utforming av vegar/bredde og stigningsforhold	23
7.8.3	Beskrivelse av evt. avvik frå vegnormalane	25
7.8.4	Tilgjengelegheit for gåande og syklende	25
7.8.5	Felles tilkomstvegar, eigedomstilhøve	25
7.8.6	Kollektivtilbod.....	25
7.8.7	Krav til samtidig opparbeiding.....	25
7.9	Overvatn og tilknytning til infrastruktur	25
7.9.1	Plan for vatn, overvatn og avløp samt tilknytning til offentleg nett	25
7.9.2	Tilknytning til fjernvarmeanlegg	26
7.9.3	Avfallshandtering/miljøstasjon.....	26
7.10	Planlagde offentlege anlegg	26
7.11	Gjennomføring, miljøoppfølging	26
7.12	Universell utforming.....	26
7.12.1	Beskrivelse av krav.....	26
7.12.2	Beskrivelse av korleis universell tilgjengelegheit skal løysast.....	27
7.13	Skog- og landbruksaktivitet	27
7.14	Kulturminne	27
7.15	Sosial infrastruktur.....	27
7.16	Avbøtande tiltak/løysingar ROS.....	27
7.17	Rekkefølgebestemmelsar	27
8	Verknader/konsekvensar av planframlegget	29
8.1	Overordna planar.....	29
8.2	Landskap, stadens sin karakter og estetikk	29
8.3	Konsekvensar for naboar.....	30
8.4	Kulturminne og kulturmiljø.....	31
8.5	Naturverdi og naturmangfald.....	31
8.6	Uteområde, rekreasjonsinteresser og barn og unge sine interesser.....	31

8.7	Trafikktilhøve	31
8.7.1	Vegtilhøve.....	31
8.7.2	Trafikkauke/-reduksjon.....	32
8.7.3	Kollektivtilbod.....	32
8.8	Sosial infrastruktur.....	32
8.8.1	Skulekapasitet.....	32
8.8.2	Barnehagekapasitet.....	32
8.9	Universell tilgjengelighet	32
8.10	Energibehov – energiforbruk.....	32
8.11	ROS	32
8.12	Teknisk infrastruktur.....	32
8.12.1	Vatn og avløp.....	32
8.12.2	Trafo	32
8.13	Jordressursar/landbruk.....	33
8.14	Konsekvensar for næringsinteresser	33
8.15	Økonomiske konsekvensar for kommunen	33
8.16	Interessemotsetnader	33
8.17	Avveging av verknader.....	33
9	Innkomne innspel	33

1 SAMANDRAG

På vegne av Volda kommune er det utarbeidd detaljregulering for B58 Øvre Heltne. Gjennom planen er det lagt til rette for utbygging av eit nytt bustadfelt ovanfor eksisterande busetnad i Heltne/Brattebergområdet. Byggefeltet vil få 36 einebustadtomtar for frittliggande småhus og 17,4 daa er sett av til konsentrerte småhus delt på seks avgrensa område.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Planarbeidet er ei oppfølging av kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Furene og Vikebygda, der det vart tatt inn eit nytt bustadområde B58 med krav om reguleringsplan før utbygging.

Målsettinga med planarbeidet er å legge til rette for å kunne tilby eit tilstrekkeleg tal attraktive kommunale einebustadtomter til å møte etterspurnaden i tida framover. Det er vidare ei målsetting å sikre overordna grønstruktur, friluftssinteressene og å kunne tilby gode areal for leik og opphald for barn og unge i området.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigartilhøve

Forslagsstillar for planarbeidet er Volda kommune, som også er eigar av delar av området. Per Mulvik AS er plankonsulent.

Det er følgjande eigarar innanfor planområdet:

Grunneigarar	Eigedom
Johan Elias Heltne v/Adv. Jørund Stig Knardal	20/3
Rasmus Heltne	20/4
Roy Inge Heltne	20/6
Per Heltne og Torild Skrede Heltne	20/7
Roar Driveklepp	20/13
Norunn Bjørke	20/18
Monika Pølmann	20/22
Hallgeir Heltne	20/28
Volda kommune	20/190, 20/326, 21/7, 21/113, 20/498, 20/499

2.3 Tidlegare vedtak i saka

Planområdet er lagt ut til bustadformål i kommunedelplan for Volda sentrum, plan godkjent 18.06.2009.

Planarbeidet er starta opp etter vedtak i formannskapet den 11.06.12, sak PS 111/12, der det vart gjort slikt vedtak, pkt 2:

2. Med heimel i pbl § 12.1 2. ledd vil Volda kommune utvide reguleringsområdet til også å omfatte område B 58. Kommunen vil tinge med grunneigarane om overtaking av arealet. Skulle ikkje friviljug avtale kome på plass, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova.

2.4 Utbyggingsavtaler

Det kan vere behov for utbyggingsavtaler der private firma opparbeider tiltak og anlegg som kommunen seinare skal overta driftsansvaret for.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Kommunen har vurdert at det ikkje vil vere behov for konsekvensutgreiing då planarbeidet i hovudsak vil vere i samsvar med overordna plan og heller ikkje vil ha vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknadsprosess, varsel om oppstart, evt. Planprogram

Formell saksgang jf. reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det vart halde oppstartmøte med kommunen 19.10.2012 før oppstart av planarbeidet. Referat frå oppstartmøtet er vedlagt. Planoppstart vart varsla med annonse i avisa Møre og på kommunen si heimeside. Det vart sendt brev til berørte partar og høyringsinstansar med informasjon om oppstart av planarbeidet med frist for merknader sett til 12.01.2013. Det vart motteke 9 merknader som er vurdert og kommentert i planomtalen. Alle merknader til planoppstart er vedlagt.

Etter handsaming i kommunen har planframlegget vore sendt ut til berørte partar og høyringsinstansar for uttale. Planen har og samtidig vore lagt ut til offentleg ettersyn med ein frist på 6 veker.

Etter høyringsfristen har innspel blitt gjennomgått og planframlegget er justert ihht. innkomne merknader, før planframlegget vert fremja for endeleg handsama i kommunen. Under er oversikt over planprosess med framdrift.

Framdrifta etter offentleg ettersyn har blitt skipla pga vakanse i stilling ved planseksjonen.

Planfase	Medverknad	Tid
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varselbrev til berørte partar.		Varslingsbrev datert 23.11.2012 Kunngjeringsannonse den 24.11.2012
Høyringsperiode	Innspel/merknad til planoppstart.	Høyringsfrist 12.01.2013
Utarbeiding av planforslag		Januar – november 2013
Oversending av planforslag til kommunen		Desember 2013
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/høyring. (frist 12 veker)	Volda formannskap	21.01.2014
Offentleg ettersyn/høyring(6 veker)	Merknad til planforslag	24.01.2014 – 11.03.2014
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.	Administrasjonen i kommunen	Februar - mai 2014
(stopp i vidare handsaming grunna vakanse i stilling i planseksjonen		Fram til aug.2015
Ny gjennomgang av merknader og planinnhald etter off ettersyn.	Administrasjonen i kommunen	Sept – oktober 2015
Fremjing av justert plan datert 1.11.2015 for 2. gongs handsaming - tilråding til Formannskapet	Administrasjonen i kommunen	Februar 2016

Godkjenning av planforslag	kommunestyret	Februar 2016
Kunngjøring av godkjent plan		Februar 2016


4 PLANSTATUS OG RAMMEBETINGELSER

4.1 Overordna planar

4.1.1 Regionale planar

4.1.2 Kommuneplanens arealdel - kommunedelplan

Kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Furene og Vikebygda er gjeldande for planområdet. B58 er sett av til bustadområde, medan andre delar av planområdet er friområde og LNF-område.



Figur 1 Utsnitt av KDP for Volda sentrum inkl. Mork/Furene og Vikebygda


4.2 Gjeldande reguleringsplanar

Det er ingen gjeldande reguleringsplanar innanfor planområdet.

4.3 Tilgrensande planar

Planområdet grensar til fleire gjeldande planar og ein plan som er under arbeid.


PlanID	Plannamn	Godkjent/ikraftdato
1973002	Felt K130 RH-II	23.03.1976
1985001	Heltne/Bratteberg 2	17.01.1985
1988003	Bratteberg 1	30.06.1988
2011012	Bratteberg Aust	03.10.2011
	Ottagarden	Under arbeid



Figur 2 Tilgrensande reguleringsplanar

4.4 Temaplanar

Det er utarbeidd tettstadanalyse for området som skal leggst til grunn for planarbeidet.



Figur 3 Illustrasjon frå Tettstadanalyse for Volda sentrum

I tettstadanalysen vert det skissert visjonar for grønstrukturen som vil vere aktuelt å ta omsyn til ved utarbeiding av planforslaget.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Det er hovudsakleg følgjande rikspolitiske retningslinjer som er aktuelle for planarbeidet:

- RPR for barn og unge i planlegginga
- RPR for areal og transportplanlegging


I tillegg vil planarbeidet vere basert på PBL med forskrifter og rettleiingar, samt andre aktuelle lover med tilhøyrande forskrifter.

5 BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Beliggenheit

5.1.1 Beliggenheit

Planområdet ligg i Heltne/Brattebergområdet, nordaust for Volda sentrum.



Figur 4 Planområdet si plassering

5.1.2 Avgrensing og størrelse på planområdet

Planområdet er på om lag 107 daa. Ved varsling av oppstart av planarbeidet vart det lagt til grunn eit areal på om lag 135,5 daa. På bakgrunn av innspel til planoppstart er planområdet redusert ved at eit areal mot nord vart tatt ut. Første bilde viser varsla planområde og neste er planområdet slik det no ligg til grunn for planforslaget.



Figur 5 Planområde ved varsling av planoppstart



Figur 6 Justert plangrense

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Planområdet er i dag i bruk til skogsdrift og beite. Planområdet ligg mellom to vegar. Den eine, nord for feltet, er ein skogsveg som også er tilkomstveg til kommunen sitt vassverk. Vegen er mykje nytta som del av friluftsområde, som turveg og tilkomst til fjellområda ovanfor. Den andre vegen er Bjørnevegen, ein samleveg som går gjennom og fram til eksisterande bustadområde.

5.3 Landskap og stadens karakter

5.3.1 Eksisterande bebyggelse

Det er ingen eksisterande busetnad innanfor planområdet. Sør-, aust- og vest for planområdet finn vi derimot etablerte bustadfelt med stor grad av einebustader med innslag av konsentrert busetnad i form av tomanns- og firmansbustader.




Figur 7 Ortofoto av planområdet


5.3.2 Topografi og landskap

Terrenget er bratt og ligg i lidsida ovanfor eksisterande busetnad. Planområdet er synleg frå dalbotnen og motsett dalside. Med den bratte lidsida som bakgrunn vil ikkje silhuettverknad vere noko aktuell problemstilling. I utbyggingsfasen vil skjeringar ved utbygging av vegar og overvasskanal ligge eksponert til. Ved ferdig utbygging av feltet med tilplanting av skjeringar vil desse verte mindre eksponert.

Skråningskartet, som vist på neste side, viser at store delar av planområdet har skråning mellom 1:3 og 1:4. Berre ein mindre del sørvest i planområdet har terreng med skråning under 1:4.



Figur 8 Illustrasjon av terrenget i planområdet



Figur 9 Skråningskart

5.3.3 Estetisk og kulturell verdi

Området var tidlegare eit tettvakse granskogbelte med tilplanta granskog, og ein del areal nytta til beite. Pr. i dag er området prega av uthogst på grunn av skadar på granfeltet etter orkanen vinteren 2011.

5.3.4 Solforhold

Planområdet ligg sørvendt og har gode soltilhøve.

5.3.5 Lokalklima


Planområdet ligg mellom kote 166 og kote 216 og her vert følgjeleg mykje snø vinterstid, som kan ligge noko lengre utover våren enn andre stader nærare Volda sentrum.

5.4 Kulturminne og kulturmiljø

Planområdet består av fleire teigar og det er registrert nokre steingardar i området. Her er også spor etter oppbygde stiar og driftsvegar. Det er gjort oppslag i <http://www.kulturminnesok.no/> utan funn av kulturminne. Kulturminnemynde har heller ikkje meldt om nyare eller automatisk freda kulturminne eller potensiale for slike funn.

5.5 Naturverdier

Planområdet er ei tidlegare skogkledt liseide ovanfor eksisterande bustadfelt. Området hadde produktiv barskog med svært høg bonitet. Det meste av skogen er no hogd ut som følge av skadar etter orkanen Dagmar i 2011. Det er gjort oppslag i Artskart og Naturbase utan funn av verdifulle artar. Ein må likevel kunne anta at her er fugle-, dyre og plantearter som er vanlege i slike område og i randsona langs elva. Uthogsten har truleg medført endringar i artsmangfaldet.



Figur 10 Utsnitt frå skog og landskap



Figur 11 Foto frå planområdet etter uthogst



Figur 12 Foto med vindfelt tømmer etter orkan

5.6 Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde, barn og unge sine interesser

Planområdet ligg inntil mykje brukte friluftsområde i dalsidene og fjellområda kring Volda sentrum. Gjennom planområdet går det ein enkel traktorveg som er mykje brukt som tursti. Også langs elva finn vi spor etter ein eldre sti. Sørøst i planområdet ved Heltneelva ligg eit område som er mykje brukt av barnehagar og som aktivitetsområde for barn og unge. Elles har området tett granskog og liten verdi som friluftsområde. Næraste ballplass ligg inne i tilgrensande byggefelt sør for planområde. Under er bilde av eldre sti og gangbru over Heltneelva.



5.7 Trafikktilhøve

5.7.1 Vegsystem

Tilkomst til planområdet vil vere via Bakkeliidvegen, Hjellbakkane og Bjørnevegen som er samlevegen gjennom bustadfeltet sør for planområdet. Denne samlevegen har avkøyrsløse frå Vikebygdvegen/FV 45.

Hjellbakkane og Bjørnevegen har 6 m breidde inkl. skulder og 1,5 m på kvar side til grøft og snøopplag. Hjellbakkane og Bakkeliidvegen har ein-sidig gang/sykkelvegløysing. Ein-sidig fortausløysing er også under utbygging langs Bjørnevegen. Dette samsvarer med breiddekrav i gjeldande vegnormal for samleveggar med ÅDT på meir enn 1500 bilar. Fv 45 har ÅDT på 3650 (henta frå NVDB- nasjonal vegdatabank) fram til krysset til Bakkeliidvegen. Etter dette punktet har FV45 ÅDT på 500. Ein må derfor anta at det er betydeleg trafikk opp Bakkeliidvegen. Mykje av denne trafikken er knytt til skule og barnehagar i området og trafikkmengda vidare forbi Plassevegen er truleg betydeleg mindre.

5.7.2 Køyretilkomst

Planområdet har i dag fleire driftsavkøyrsløse frå tilgrensande skogsveg.

5.7.3 Ulukkessituasjon

Det kan vere ein tendens til for høg fart på delar av samlevegssystemet. Det er registrert trafikkulykke med personskade i krysset mellom Bakkelidvegen og Hjellbakkane.

5.7.4 Trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Det er fortau langs samlevegane i bustadområdet. Det er etablert ei gangbru over Heltneelva med gangtilkomst til Røysli/Heltneområdet. På same måte er det etablert gangsti over Rotevasselva til Vikebygd skule. Situasjonen for mjuke trafikantar synes godt ivareteke gjennom etablerte løysingar.

Fortau manglar langs Hjellbakkane og Bjørnevegen frå Plassevegen og oppover. Dette gir trafikkfarlege tilhøve for mjuke trafikantar.

5.7.5 Kollektivtilbod

Det går buss frå sentrum og opp til Hjellbakkane og nedatt Uravegen. Det er i dag ikkje aktuelt å vidareføre ringbussruta opp Bjørnevegen.

5.8 Sosial infrastruktur

I Brattebergområdet finn ein barneskule, fleire barnehagar, kyrkje(Frikyrkja) og tennishall.

5.8.1 Skulekapasitet

Det er gangavstand til to barneskular frå planområdet. Vikebygd skule som har 1.-4. klassetrinn og Bratteberg skule som har 1.-7. klassetrinn. Det er praktisert flytande kringsgrenser mellom skulane.

5.8.2 Barnehagedekning

Det ligg fleire barnehagar nær planområde. Ein er kjent med at fleire av desse har kapasitet til auka barnetal.

5.8.3 Anna

Næraste daglegvarebutikk finn ein på Myrane, elles må ein til Volda sentrum for å finn offentleg og privat tenesteyting.

5.9 Universell tilgjengelegheit

Området er ei skogkledt skråning utan tilrettelegging i forhold til prinsipp for universell utforming. Det bratte terrenget kan vere utfordrande i forhold til å oppnå universelt utforma tilkomst og uterom innan planområdet.

5.10 Teknisk infrastruktur

5.10.1 Vatn og avløp

Kommunen kan levere vatn opp til kote 240 m utan bruk av pumping. Avløp kan koplast til eksisterande nett i etablert bustadområde nedanfor planområdet. Overvatn førast til Heltneelva.

5.10.2 Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m

Det ligg høgspenkabel i vegen opp til vassverket. Det må etablerast ny trafo for levering inn til planområdet.

5.10.3 Renovasjon

Det er etablert henting av avfalldunk langs veg i området.

5.11 Grunnforhold

5.11.1 Stabilitetsforhold

Ein er ikkje kjent med spesielle utfordringar når det gjeld stabilitet i området. Området består av morenemassar som er tjukkast i dei nedre delane av planområdet.



Figur 13 Lausmassekart frå NGU

5.11.2 Leidningar

I nedre del av planområdet ligg ei avskjeringsgrøft som leier overvatn til Heltneelva.

5.12 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit er gått gjennom og ligg vedlagt. Ein finn at det kan vere knytt uakseptabel risiko når det gjeld fare for overfløyming av lågareliggande område. Elles har ein valt å kommentere tilhøva når det gjeld radon og potensielle sabotasje-/terrormål.

5.12.1 Radon

Ein har ikkje kunnskap om tilhøva når det gjeld radon innan planområdet, då det ikkje har vore gjennomført undersøkingar. Det vil uansett vere krav om radonførebyggande tiltak jfr. TEK § 13-5.

5.12.2 Flomfare

Ein er kjent med at det har vore tilfelle med overfløyming av område langs Heltneelva nedanfor planområdet. Ein må også kunne forvente at omfanget vil kunne auke som følge av utbygging innanfor planområdet. Det eksisterer eldre planar for førebygging av utsette strekningar langs Heltneelva. Det må settast rekkjefølgjekrav om gjennomføring av nødvendig førebygging før tiltak kan settast i verk innanfor planområdet.

5.12.3 Sabotasje-/terrormål

Volda vassverk har anlegg nord for planområdet. Dette kan vere eit potensielt sabotasjemål. Det

er lite sannsynleg at dette vil skje og at busetnaden innanfor planområdet vert meir råka av ein ev. sabotasjehandling enn andre abonnentar til vassverket. Ein vurderer at det er akseptabel risiko og at det ikkje vil vere hensiktsmessig eller aktuelt med tiltak innanfor planområdet.

5.13 Privatrettslege bindingar

Planområdet er eit landbruksområde nytta til beite og skogsdrift men er delt til full eigedom. Det er såleis ikkje grunn til å tru at det er knytt andre andre bruksrettar/klausular som ligg på eigedomane. Typiske rettgar og klausular ville kunne vere beite-, jakt- og ferdselsrettar.

5.14 Analyser/utgreiingar

Det er ikkje gjort andre analyser eller utgreiingar enn det som kjem fram i planomtalen.

6 KONSEKVENSGREIING

Det er ikkje krav om konsekvensutgreiing jf. Pkt. 2.5.

7 BESKRIVELSE AV PLANFRAMLEGGET

Det er sett av nokre avgrensa areal til konsentrert småhusbusetnad medan resten av bustadområdet er sett av til einebustader, leikeareal, friområde, overvasskanal og vegar.



Figur 14 Illustrasjon av muleg utbygging innanfor planområdet

7.1 Reguleringsformål

Arealtabell

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Bustader-frittliggjande-småhus (9)	36,9
Bustader-konsentrert-småhus (6)	17,4
Leikeplass (3)	1,6
Sum areal denne kategori:	57,4

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

	Areal (daa)
Annan veggrunn - grøntareal (5)	0,2
Annan veggrunn – teknisk anlegg (7)	4,3
Fortau (3)	1,2
Gang-/sykkelveg	0,3
Køyreveg (5)	6,1
Overvassnett	10,8
Sum areal denne kategori:	31,1

§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur

	Areal (daa)
Angitt grøntstruktur kombinert med andre angitte hovudformål	5,9
Friområde (4)	10,9
Sum areal denne kategori:	18,4

Totalt alle kategorier: 106,9


7.2 Frittliggjande småhus(BF1-9)

Det er sett av 9 område på til saman 36,9 daa til frittliggjande småhus i form av einebustader innanfor planområdet. Det er 36 tomter for einebustader innafor desse områda. Utnyttingsgraden er sett til 30% BYA. Gesimshøgde skal ikkje vere over 6 m og mønehøgde skal ikkje vere over 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. For bygning med pulttak, flatt tak, ark og takopplett skal gesimshøgde i flukt med yttervegg ikkje overstige 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå.

Det vil vere høve til oppføring av garasje på inntil 50 m². Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 2,5 m og mønehøgde ikkje over 4,0 m og då berre i ei høgde. Det er ikkje tillete med ark på garasje. Der terrenget gjer det naudsynt, kan garasje førast opp med maksimal gesimshøgde 4,5m og maksimal mønehøgde på 6,0m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. Garasje som vert oppført vinkelrett på veg skal ha ein avstand på 5 m til vegkant og garasje oppført parallelt med veg skal ha ein avstand på 3 m frå vegkant.

Det skal settast av areal til 2 biloppstillingsplassar pr. husvere. Minimum ein av desse skal visast som plass i garasje.

Ein har valt tosidig utnytting av tilkomstvegane med tomter som er om lag 30 m breie. Dette vil gi mulegheit for utbyggingsprinsipp som vist i figuren under.



7.3 Konsentrerte småhus(BK1-BK6)

Det er sett av 17,4 daa til konsentrerte småhus. Dette er tomter som på grunn av terreng og tilkomst frå veg gjer det nødvendig med samla utbygging. Det vil derfor vere lite hensiktsmessig å nytte desse areala til frittliggande småhus. Her kan det oppførast to-mannsbustader, rekke- eller kjedehus, og fleirmannsbustader i inntil 2 etasjar.

Utnyttingsgraden kan vere på maksimalt 40 %BYA. Maksimal gesimshøgde kan vere inntil 8 m og maksimal mønehøgde inntil 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. For bygning med pulttak, flatt tak, ark og takopplett skal gesimshøgde i flukt med yttervegg ikkje overstige 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. Kvar av utbyggingsområda BK1 – BK6 skal opparbeidast under eitt og det skal utarbeidast situasjonsplan for heile utbyggingsområdet som skal følgje søknad om byggeløyve.

Det skal settast av minimum 2 biloppstillingsplassar pr. husvere og ein av desse skal vere overdekt. Overdekte biloppstillingsplassar kan vere i form av frittliggande garasje-/carportar, felles garasje-/carportanlegg eller i garasjekjeller. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 2,5 m og mønehøgde ikkje over 4 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. Det er ikkje tillete med ark eller takglas på garasje.

Innanfor BK1 – BK6 skal det settast av eigna uteopphaldsareal til leik og opphald for barn. Alle bueiningar skal innan ein gangavstand på 50 m ha ein småbarnsleikeplass på minimum 200 m². Maks 20 bueiningar kan vere felles om ein slik småbarnsleikeplass som minimum skal vere utstyrt med sandkasse, huske-/klatrestativ og sittebenk. Småbarnsleikeplassen skal vere opparbeidd før bustadane innanfor området kan takast i bruk.

7.4 Friområde og uteopphaldsareal

7.4.1 Privat og felles uteopphaldsareal

Planområdet vil hovudsakleg vere eit einbustadområde med private uteopphaldsareal på eiga tomt. Med tomtestørrelser på 900 – 1000 m² og utnyttingsgrad opp mot 30 %BYA vil ein kunne legge til rette for gode private uteopphaldsareal som kan ligge usjenert til i forhold til naboen. Tomtene vil vere bratte og det vil vere utfordrande å oppnå universelt utforma uterom.

Det er ikkje lagt til grunn at det skal leggest til rette for felles uteopphaldsareal innafor areal sett av til frittliggande småhus. Det er derimot sett av store offentlege friområde som vil kunne fungere som felles uteopphaldsareal.

Innanfor BK1 – BK6, som er sett av til konsentrert småhusområde med mulegheit for oppføring av to-mannsbustader, rekke- eller kjedehus, og fleirmannsbustader i inntil 2 etasjar, skal det vere felles uteopphaldsareal kring bygningane. Private uteopphaldsareal vil hovudsakleg vere på private uteplassar, terrasser og balkongar.

7.4.2 Offentlege friområde

Det er sett av 10,9 daa til offentlege friområde, delt på fire område o_Fr1 - Fr4. I tillegg er det eit større offentlig friområde(o_Fr5) kombinert med areal til leik på 5,9 daa. Totalt er det sett av 18,4 daa til offentlege friområde.

O_FR1

O_Fr1 er ein del av den overordna grønstrukturen frå fjorden, via Elvadalen til Årneset og vidare langs Heltneelva opp til fjellområda ovanfor busetnaden i Volda sentrum. Her er det eit stinett som er mykje brukt og som skal vidareførast med enkel tilrettelegging. Det vil vere viktig å oppretthalde naturmiljøet langs elva, og det vil derfor ikkje vere høve til andre tiltak enn enkel opparbeiding av nytt stinett på strekinga mellom o_V1, o_V2, o_V4 og o_L1 som skal tene som alternativ tilkomst til o_L1. Det vil kunne tillatast nødvendig skjøtsel av skog og førebygging av elva for å sikre busetnad og infrastruktur langs Heltneelva.

O_Fr2 – o_Fr4

Desse tre friområda er ein gjennomgåande grønkorridor gjennom bustadområdet. I denne korridoren skal det opparbeidast sti som skal bindast saman med eksisterande, og som kan nyttast som snarveg gjennom bustadområdet eller som turveg til friluftsområda ovanfor. Tverrgåande sti/turveg skal opparbeidast med breidde på inntil 3 m, fast dekke og lys. Stien må leggest skånsamt i terrenget for i størst muleg grad å unngå uheldige terrenginngrep. Skjering og fyllingar må tilsåast og beplantast med stadegen vegetasjon. Det skal opparbeidast tverrgåande sti gjennom o_Fr2 før bustader innanfor BF4,5,7 og 8 kan takast i bruk. Før det kan takast i bruk bustader innanfor BF1, 2, 3 og 4 skal det vere opparbeid sti/turveg gjennom o_Fr3 og o_Fr 4.

O_Fr5

Dette er eit større friområde der det skal etablerast ballbane/ballbinge og anna utstyr for leik, aktivitet og fellesopphald for både barn og unge og bebruarar elles innanfor planområdet og tilgrensande bustadområde. Leik og opphald for barn og unge skal prioriterast. Området skal tilretteleggast med parkering.

7.4.3 Turvegar

Det er ikkje sett av eige areal til turvegar. Det er derimot opna for etablering av turveg i

grønkorridoren gjennom bustadområdet (o_Fr2-o_Fr4). Dette vil erstatte og forbedre den stien som er der i dag. Turvegen skal opparbeidast med breidde på inntil 3 m, med fast dekke og belysning. Turvegen vil vere bratt og vil ikkje tilfredstille stigningskrav i forhold til prinsippet om universell utforming. Dei fleste vil nok nytte seg av vegsystemet i området, men det vil likevel vere eit visst behov for ein tverrgående snarveg gjennom området. Turvegen vil vere ein god erstatning for den råsa som er der i dag. Ein kan godt sjå for seg at ein slik turveg vil vere attraktiv for spreke turgåarar som ønskjer å nytte dei gode turområda ovanfor busetnaden. For å sikre nødvendig opparbeiding av det tverrgående gangsambandet er det knytt rekkjefølgjekrav til opparbeidinga slik at opparbeidinga skjer i takt med utbygginga av bustadfeltet (sjå pkt. 7.4.2)




Figur 15 Illustrasjon som viser grønkorridor med turveg/sti gjennom bustadfeltet

7.5 Barn og unge

Det er lagt til rette for 37 nye einebustadtomter i tillegg til areal for konsentrerte småhus. Dette vil gi eit betydeleg tal barn og unge i området. Det er sett av 1,6 daa til leikeplass i tillegg til 5,9 daa kombinert friområde og leik og 10,9 daa til andre friområde. Terrenget i området er bratt og ein har prøvd å plassere leikeareal på best muleg eigna område, slik at ein kan oppnå leikeareal med gode kvalitetar som ikkje er for bratte. To av leikeplassane ligg i bratt område som kan gjere det vanskeleg med opparbeiding. O_L3 har ei skråning på 1:2,8 og o_L2 har ei skråning på 1:4,2, begge har breidde på 20m. Ein har derfor lagt dei inn til grønkorridoren gjennom bustadområdet, slik at leikeplassane får tilkomst frå turveg/sti gjennom grønkorridoren, som skissert i bildet under.

O_L2 og 3 vil ha funksjon som nærleikeplass for store delar av bustadfeltet. Nokre av eigedomane vil få såpass stor avstand til sin nærleikeplass at dei minste borna ikkje vil kunne ta seg fram dit på eiga hand. I eit slikt typisk einebustadområde med romslige tomter vil dei fleste ha areal nok til småbarnsleik i eigen hage. Nærleikeplassen vil likevel vere eit viktig supplement og ein møteplass for småbarn i følgje med vaksne. Innanfor BK-områda skal det settast av eige

område for småbarnsleik. Etter kvart som barna veks til vert det meir naturleg at dei tek seg fram til leikeplassen på eiga hand. Det er sett av til dels store areal til fri- og leikeområde. Dei terrengmessige utfordringane gjer at det er lite hensiktsmessig med opparbeiding av heile leikeareala. Spesielt i dei mest bratte områda vil opparbeiding av leikeplassar kunne medføre store terrenginngrep. Det meste av leikearealet vil likevel framstå som attraktive i eigenskap av å vere naturleikeområde som det dei opparbeidde leikeareala gjer, kanskje spesielt for dei litt større barna som søker andre utfordringar enn det dei opparbeidde leikeplassane kan tilby.



O_L1

O_L1 er eit mykje nytta skogsområde for både barn på eiga hand og av fleire barnehagar. Området ligg nær elva og er eit noko flatare areal enn elles i området. Arealet er på 1.4 daa og er stort nok til å romme mange ulike aktivitetar i alle årstider. O_L1 skal ha tilgjengeleg hovudtilkomst frå fortauet langs Bjørnevegen. Enkel sti gjennom o_FR1 skal opparbeidast og knytast på allereie etablert sti i området, som alternativ tilkomst frå o_V1, o_V2 og o_V4. Delar av arealet med hovudtilkomsten frå Bjørnevegen skal opparbeidast med aktuelt leikeplassutstyr, medan resten vert verande som eit naturleikeområde som i dag. Det tilrettelagte arealet kan gjerdast inne. Det er krav om at delar av leikearealet skal opparbeidast og utstyrast med minimum sandkasse, sklie, huske-/klatrestativ og sittebenk før bustader innanfor o_BF7, o_BF9 og BK4 kan takast i bruk. Leikeplassen vil vere utsett for støy frå Bjørnevegen og det er eit krav at det vert etablert støyskjerm langs fortauet forbi leikeplassen.

O_L2

O_L2 er eit leikeareal på 0.87 daa og ligg i skrånande terreng på nedsida av o_V2. Leikearealet ligg inntil friområdet o_Fr2 noko som gjer det muleg å sjå områda i samanheng. I o_Fr2 skal det opparbeidast sti/turveg og leikeplassen skal ha tilkomst frå denne. Med ei slik løysing vil ein enklare kunne utnytte delar av arealet innanfor o_L2 til ein opparbeidd leikeplass med tilhøyrande utstyr. O_L2 vil ha funksjon som nærleikeplass for husstandar med tilkomst frå o_V2 innanfor BF 4,5,7,8 og BK 2,4,6. Det er krav om at o_L2 skal opparbeidast før bustader innanfor dette området kan takast i bruk. Ein tilstrekkeleg del av leikeplassen skal opparbeidast og utstyrast med minimum sandkasse, huskestativ og sittebenk. Resten av leikearealet vil ha funksjon som

naturleikeområde.

O_L3

O_L3 er eit leikeareal på 0,6 daa på nedsida av o_V1. Terrenget er skrånande og øvre del av leikeplassen vil vere prega av fylling frå vegen. Her vil likevel vere gode mulegheiter for opparbeiding av delar av leikearealet for plassering av leikeplassutstyr, medan øvrig areal vil ha funksjon som naturleikeområde. For å få god tilkomst til opparbeidd leikeareal innanfor o_L3 må denne samordnast med opparbeiding av sti gjennom o_Fr3. Leikeplassen vil ha funksjon som nærleikeplass for husstandar med tilkomst frå o_V1 og husstandar langs o_V3. Det er krav om at O_L3 skal opparbeidast og utstyrt med minimum sandkasse, huskestativ og sittebenk før bustader innanfor dette området kan takast i bruk.

7.6 Bomiljø/bokvalitet

7.6.1 Fordeling av leiligheiter og hustyper

Det er ønskjeleg å prioritere einebustadtomter framfor areal til konsentrert busetnad i dette området, då det i tilgrensande område (Ottagarden) vil vere stor grad av konsentrert busetnad. Det er derfor lagt til rette for 36 einebustadtomter med størrelse på mellom 800-1000 m². Seks areal på til saman 17.4 daa er sett av til konsentrert småhus i form av to-mannsbustader, rekke- eller kjedehus, og fleirmannsbustader i inntil 2 etasjar.

7.6.2 Universell utforming av bygg

Universell utforming er krevjande i bratt terreng. Val av hustype vil vere avgjerande for om det vert krav om universelt utforma bygg. Det er ikkje lagt føringar for val av hustype eller krav om universelt utfoma bygg ut over gjeldande regelverk.

7.6.3 Kvalitet på og utforming av uterom

Det er i stor grad einebustadområde innanfor planområdet og det er ikkje sett av felles uteareal bortsett frå friområda og leikeplassane. Innanfor områda sett av til konsentrerte småhus vil det verte stilt krav om felles uterom/opparbeidd uteareal/friområde.

På grunn av det bratte terrenget vil det kunne vere nødvendig med støttemurar på dei einskilde tomtene for å kunne ta opp noko av høgdeskilnadene.

7.6.4 Støytiltak

Det er gjennomført ei støyfagleg vurdering som konkluderer med at områda nærast Bjørnevegen vil vere støyutsett. Det vil vere behov for støyskjerming av leikeplassen L1, som bør ha støyskjerm med 1,2 m høgd over lokalt terreng plassert ved ytterkant av fortau langs Bjørnevegen. På plankartet er det vist gul støysone med omsynsone H220. For å sikre tilfredstillande støytilhøve for bustadområda som kjem innanfor gul støysone, bør bustadhusa plasserast nord på tomta, dei fleste av soveromma bør ha vindauge mot nord og terrassar bør ha tett rekkverk på 1 m.

7.6.5 Krav om utomhusplan og rekkefølgebestemmelsar

Det er knytt rekkefølgebestemmelsar til opparbeiding av leikeplassar og turvegar. Ved søknad om byggeløyve innanfor område sett av til frittliggande småhus skal det ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.

Innanfor areal sett av til konsentrerte småhus skal det ved søknad om byggeløyve ligge føre

situasjonsplan og teikningar og ev. anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggende bygningar, samt plan for opparbeiding av uteareal/friområde.

7.6.6 Energiløysing

Det vil bli nytta tradisjonelle energiløysingar i planområdet.

7.7 Parkering

Innanfor områda BF1-9 er det krav om 2 parkeringsplassar pr. husvere. Minimum ein av desse skal visast som plass i garasje. I område BK1 – BK6 er det også krav om 2 parkeringsplassar pr. husvere og ein av desse skal vere overdekt. Overdekte biloppstillingsplassar kan i desse områda vere i form av frittliggende garasje-/carportar, felles garasje-/carportanlegg eller i garasjekjeller.

7.8 Trafikkløysing


7.8.1 Køyretilkomst/tilknyting til overordna vegnett

Tilkomst frå overordna vegnett FV45(Vikebygdvegen) vil vere via Bakkelidvegen, Hjellbakkane og vidare langs Bjørnevegen. Bustadfeltet vil bli betjent via to nye avkøyrslar frå Bjørnevegen.

7.8.2 Utforming av vegar/bredde og stigningsforhold

O_V1

O_V1 er hovudavkøyrsla til bustadfeltet. Frå avkøyrsla til Bjørnevegen og fram til pel 200 skal det vere fortau. Følgjande normalprofil er nytta for o_V1 fram til pel 200:




Regulert vegbreidde er 4,25 m inkl. skulder/kantstein, 3 m til fortau og 2 m på kvar side til sideareal. Vegen er dimensjonert for lastebil og har snuhammar i enden.

Frå pel 200 til enden vil det ikkje vere fortau. Vegen er totalt 437,9 m lang med maksimal stigning på maksimalt 1/12(7,89%) fram mot pel 280 der vegen går over i svakt fall til vegen.

O_V2 – o_V4

Saman med o_V1 er dette bustadgater innad i feltet. Det er nytta følgjande normalprofil for o_V2 – o_V4 og o_V1 frå pel 200 til enden:



Regulert vegbreidde er 4,25 m inkl. skulder med 2 m på kvar side til sideareal. Vegane er dimensjonert for lastebil og har snuhammar i enden.

O_V2 har fall på heile strekninga med størst maksimalt fall på 7,95 % på ei kort strekning frå om lag pel 20 til pel 68. Derifrå har vegen eit fall på 2,5% fram til pel 180 før den flatar ut mot enden med eit fall på om lag 0,8%.

O_V3 har maksimal stigning på 8% på ei strekning frå om lag pel 9 til pel 112 og derifrå og til enden ei svak stigning på i underkant av 1%.

O_V4 har maksimal stigning på 9% mellom pel 12 og pel 60 før den slakkar av og går med fall på 2,3% til enden.

O_V5

Dette er del av eksisterande veg. Det er planlagt fortau langs denne vegen. Fortauet skal ha total breidde på 3m inkl. kantstein.

Lysanlegg vil inngå i vegutbygginga.

Hjellbakkane/Bjørnevegen (nedre del av veg O_V5) er som eige trafikktryggingstiltak planlagt utvida gjennom den skarpe svingen ved Heltneelva, og skal her også få fortau og fotgjengarkryssing. Vegbreidda skal også utvidast frå krysset mot Plassevegen.

Dette området ligg utanfor planområdet, men er i føresegnene til plan føresett gjennomført før utbygging i feltet vert sett i gang. Jf. Rekkefølgeføresegner.§4.1.

SVT1 og 2

Snuhammarane i enden på o_V1 og o_V2 har et utvida areal sett av til annan vegggrunn, som er tilrettelagt for snøopplagring.

7.8.3 Beskrivelse av evnt. avvik frå vegnormalane

Alle vegane som er dimensjonert som tilkomstveg vil ligge innanfor krav i gjeldande vegnormal for vegtype A1.

7.8.4 Tilgjengelegheit for gåande og syklende

Det er lagt opp til fortau langs Bjørnevegen(o_V5) og den mest trafikkerte delen av o_V1. Det er elles lagt opp til blanda trafikk i bustadgatene. Med det lave talet på bueingar som kvar bustadgate skal betjene oppfattast dette som ei tilfredsstillande løysing. I det bratte terrenget vil store skjeringar og fyllingar langs vegnettet vere ein kritisk faktor for utnytting av bustadtomtene. Ved å auke vegkorridorane med 3 m vil ein få betydelege inngrep i bustadtomtene. I tillegg til vegsystemet er det også lagt inn ein grønkorridoren gjennom feltet der det skal opparbeidast ein tverrgående turveg.

7.8.5 Felles tilkomstvegar, eigedomstilhøve

Alle vegane innanfor planområdet vil vere offentlege vegar.

7.8.6 Kollektivtilbod

Det er ikkje kollektivtilbod inn til planområdet. Samlevegane i området har tilfredsstillande standard også til dette, om det skulle bli aktuelt seinare.

7.8.7 Krav til samtidig opparbeiding


Vegane i området må byggast ut samtidig med utbygging av bustader i området. Utbygginga av bustadfeltet kan skje i fleire trinn.

7.9 Overvatn og tilknytning til infrastruktur

7.9.1 Plan for vatn, overvatn og avløp samt tilknytning til offentleg nett

Det er anlegg både for vatn og avløp nær planområdet som ein kan knyte seg på. Vatn kan leverast opp til cote +240 m. utan behov for pumpestasjon. Det er utarbeidd ein illustrasjon som viser muleg prinsipp for VA-løysing. Overvatn frå feltet vil bli ført til Heltneelva. Vegar og grøntkorridorar vil vere trasè for overvass-systemet og anna VA-anlegg.

Det må etablerast ny avskjeringskanal ovanfor dei nye bustadområda. Avskjeringskanalen vil leide overvatn frå overliggande terreng til Heltneelva. Det er tatt utgangspunkt i følgjande normalprofil for avskjeringskanal med vedlikehaldsveg. Vedlikehaldsvegen vil ha bredde på 3,5 m. Grøfta må dimensjonerast/prosjekterast.



7.9.2 Tilknytning til fjernvarmeanlegg

Det er ikkje krav om tilknytning til fjernvarmeanlegg.

7.9.3 Avfallshandtering/miljøstasjon

Det er lagt opp til avfallshenting langs dei interne vegane i feltet. Alle vegar har snehammar i enden og er dimensjonert for lastebil. Innanfor områda for konsentrerte småhus skal det etablerast felles oppsamlingspunkt. Areal til dette må visast på situasjonsplan i samband med byggesak.

7.10 Planlagde offentlege anlegg

Det er lagt til grunn at kommunen skal opparbeide byggefeltet og tildele byggeklare tomter. Vegane, friområda, leikeplassane og all infrastruktur i feltet vil derfor vere offentlege anlegg.

7.11 Gjennomføring, miljøoppfølging

Bustadfeltet kan byggast ut stegvis og det er sett krav om rekkjefølgje for opparbeiding av leikeplassar og turvegar.

7.12 Universell utforming

7.12.1 Beskrivelse av krav

Det er krav om trinnfri tilkomst til alle bygningar med bustader. Gangtilkomst mellom parkering og inngangspartiet skal i utgangspunkt ikkje ha større stigning enn 1:20, på kortare strekningar på inntil 3 m kan stigning vere maksimum 1:12. I bratt terreng der dette ikkje kan oppnåast vil ikkje dette kravet gjelde for bustad utan krav om heis. Dei same krava er gjeldande også for sekundærhusvere som hybel m.v.

Leikeplassane i bustadfeltet vil vere uteareal med krav om universell utforming. Dette vil m.a. medføre at det skal settast av eit horisontalt felt med fast dekke på minimum 1,6 m x 1,6 m som mulegjer deltaking og likestilt bruk, i tillegg til at nivåskilnader skal vere sikra.

7.12.2 Beskrivelse av korleis universell tilgjengelegheit skal løysast

Bustadfeltet ligg i bratt terreng noko som gjer det utfordrande å oppnå universell tilgjengelegheit. Plassering av garasje/parkering og bustad samt val av hustype vil vere avgjerande for om ein kan oppnå universelt utforma tilkomst etter reglane i TEK 10. Bustadane på nedsida av veg vil lettare kunne oppnå tilgjengelegheit, og brukbar tilkomst.

For dei to leikeplassane som ligg i det mest krevjande og bratte terrenget vil det vere utfordrande å oppnå universelt utforma tilkomst. Ein har derfor valt ei løysing der det kan vere muleg å oppnå universelt utforma tilkomst etter reglane i TEK10 § 8-7 frå turveg i tilgrensande grønkorridor. Dette krev også at den delen av turvegen som blir ein del av tilkomsten til leikearealet også vert universelt utforma og at det horisontale feltet inne på leikeplassen ligg i forlenging av tilkomsten.

7.13 Skog- og landbruksaktivitet

Med full utbygging av bustadfeltet vert det ikkje skogdrift i området. Ved trinnvis utbygging kan ein vere i ein situasjon der skogeigarane framleis kan drive skogen i området, ein føreset i så fall at tilkomst vert frå eksisterande skogsveg.

7.14 Kulturminne

Det er ikkje funn av bevaringsverdig kulturminne innanfor planområdet.

7.15 Sosial infrastruktur

Bustadfeltet ligg i gangavstand til både skule og fleire barnehagar.

7.16 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Det må gjennomførast tiltak langs Heltneleva i dei område som er utsett for overfløyning.

7.17 Rekkefølgebestemmelsar

Nødvendig sikringstiltak langs Heltneelva, i område som er utsett for overfløyning, må vere gjennomført før utbygging innanfor planområdet kan ta til.

Eksisterande avskjeringskanal vil måtte flyttast før utbygging innan planområdet. Det er derfor sett krav om at ny avskjeringskanal må vere etablert før tiltak som vil påverke eksisterande avskjeringskanal vert sett i gang.

Etablering av fortau langs Bjørnevegen, utviding av svingen ved Heltneelva og fortau/breiddeutviding av vegen frå Plassevegen må vere gjennomført før utbygging innanfor planområdet kan ta til.

Leikeplassane må opparbeidast i takt med utbygginga innanfor feltet. O_L1 skal opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V4 innanfor BF7 og 9 samt BK4 kan takast i bruk. O_L2 må opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V2 innanfor BF4,5,7 og 8 samt BK2, 4 og 6 kan takast i bruk. På same måte må o_L3 opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V1 innanfor BF1, 2, 4 og 5 vert tatt i bruk. O_Fr5 og o_GS1 skal opparbeidast før bustader innanfor BK1,2,3,5 og 6, BF3 og BF6 kan takast i bruk.

Før leikeplassen o_L1 kan takast i bruk skal det vere etablert nødvendig støyskjerming langs Bjørnevegen(o_V5) slik at leikeplassen o_L1 får tilfredstillande støyforhold jfr. Støyrapport frå Sweco datert 05.11.2013.

Det skal opparbeidast tverrgående sti/turveg gjennom o_Fr2 før bustader med tilkomst frå o_V2 innanfor BF4,5,7 og 8 samt BK4 og BK3 kan takast i bruk. Før det kan takast i bruk bustader med tilkomst frå o_V1 innanfor BF 1,2,4 og 5 samt BK3, skal det vere opparbeid sti/turveg gjennom o_Fr3 og o_Fr 4.

Før opparbeiding av o_Fr5 skal det vere gjort avtale om ny velteplass for tømmer til erstatning for eksisterande velteplass for tømmer som ligg innanfor o_Fr5.
Ny velteplass skal opparbeidast i samråd med aktuelle skogeigarar før o_Fr5 får endra bruk.

8 Verknader/konsekvensar av planframlegget

8.1 Overordna planar

Området for bustader er utvida i forhold til overordna plan. Det er først og fremst BF1, BF3 og BF6 som utgjør utvidinga av bustadområdet i forhold til B58 i overordna plan. I tillegg er eit langsgående grøntbelte som går gjennom planområdet tatt ut. Det er behov for fleire einebustadtomter i Volda og det er derfor ønskeleg å kunne utvide bustadfeltet vestover mot Heltneelva i forhold til avsett bustadområde i overordna plan. Arealet her er eit granskogsfelt som det vil vere lite hensiktsmessig å la stå igjen når B58 i overordna plan vert bygd ut. Utviding av bustadarealet vil gi 22 ekstra tomter ved å forlengje to av bustadgatene i byggefeltet. Dette vil vere ein meir økonomisk fordelaktig måte å auke tilgangen på fleire bustadtomter på, enn å opparbeide heilt nye bustadfelt.

Den gjennomgåande grøntsona som ligg i overordna plan var meint som trasè for ein tursti. Denne vil vere erstatta av bustadgatene som går gjennom bustadfeltet og fortau langs Bjørnevegen. Skogsvegen ovanfor utbyggingsområdet er allereie i dag ein av dei mest nytta turvegane i området. Her er det tilknytingar til turvegssystema både vestover mot Røyslida og Klepp og austover mot Reset/Driveklepp.


8.2 Landskap, stadens sin karakter og estetikk

Utbygginga av bustadfeltet vil medføre store endringar i området sin karakter ved at eit til no tettvokst granskogområde vert erstatta av eit einebustadfelt. Ein har lagt vekt på å legge vegane best muleg i terrenget, ved å følgje dei langsgående terrengekotene, og dermed redusere fyllings- og skjeringsutslaga i størst muleg grad. I byggeperioden vil området framstå som sår i landskapet som vil vere godt synleg frå motsett side av dalen. Når utbygginga er gjennomført og skjering/fylling er tilplanta vil området framstå som ei naturleg utviding av eksisterande bustadområder.

Bustadfeltet består stort sett av romslege einebustadtomter med innslag av fleirmannsbustader på avgrensa område, noko som vil vere i same skala som eksisterande bustadmasse i Brattebergområdet. Skogsvegen til vasshuset og skogsområdet ned mot avskjeringskanalen vil framstå som ei naturleg avgrensing mot markaområda ovanfor busetnaden. Under er vist nokre enkle illustrasjonar av slik utbygginga kan framstå når feltet er utbygd:



Figur 16 Illustrasjon av muleg utbygging av bustadfeltet, sett frå aust



Figur 17 Illustrasjon av muleg utbygging av bustadfeltet sett frå vest v/Bjørnevegen



Figur 18 Oversiktsbilde frå muleg utbygging sett frå sør

8.3 Konsekvensar for naboar

Naboane til det nye bustadfeltet vil vere husrekka på nedsida av Bjørnevegen. Med Bjørnevegen, fortau og vegetasjonsbelte vil ein få ein god avstand til nabobusetnaden. Naboane vil derimot oppleve at Bjørnevegen vert meir trafikkert, med både meir støy og innsyn. Auken i trafikk på

Bjørnevegen vil i følge støyvurderinga ikkje medføre eit auka støyproblem. Med utgangspunkt i fartsgrense på 50 km/t vil auka støy vere på mindre enn 3 dB og med reduksjon av farta til 30 km/t vil støynivået verte redusert med 2dB. Dei har også i dag innsyn frå forbiusserande på Bjørnevegen og ny busetnad vil derfor ikkje medføre særleg forverring av denne situasjonen.

8.4 Kulturminne og kulturmiljø

Ein er ikkje kjent med at område har verdifulle kulturminne og kulturmiljø og planen vil derfor ikkje medføre særlege verknader for dette.

8.5 Naturverdi og naturmangfald

Det er ikkje registrert verdifulle artar i området. Ein må likevel legge til grunn at området har eit naturmangfald typisk for barskog og nærleik til elv. Det er lagt inn ei grøntsone langs elva som vil sikre naturverdiar og naturmangfald i dette området.

8.6 Uteområde, rekreasjonsinteresser og barn og unge sine interesser

Det har vore ei målsetting å ivareta omsynet til gjennomgåande grønstruktur og barn og unge sine interesser på best muleg måte gjennom heile planarbeidet. Barnerepresentanten har vore aktivt med i utvikling av planløyising og har hatt gode innspel når det gjeld grønstrukturen.

Leikearealet o_L1 er eit område som barnehagar nyttar til tur og aktivitetsområde og er også nytta av barn elles. Langt på veg har dette området funksjon som ein 100-metersskog. Dette området er sett av til leikeplass. Arealet går over i grøntdraget langs Heltneelva, som er ein del av den overordna grøntstrukturen i Volda sentrum. Dette arealet er sikra gjennom planen som offentleg friområde med allmenn tilgjenge.

Markaområda ovanfor busetnaden og ovanfor skogsvegen som går opp til vasshuset er mykje brukt av befolkninga i heile Volda sentrum. Det er hovudsakleg Skogsvegane som er nytta som tilkomst til desse områda, men ein kan også sjå at tverrgåande trakk gjennom planområdet opp til skogsvegen er nytta som tilkomst. Ved å sette av ein 30 m brei grøntkorridor gjennom bustadfeltet, med høve til etablering av turveg, vil dette framleis kunne ha funksjon som tilkomst til markområdet. Samtidig vil også turvegen ha funksjon som snarveg for dei som er busett i området.

Det er sett av to leikeareal langs grøntkorridoren. Grøntpartiet blir utvida og tydeleggjort og vi får ei oppdeling av eit elles monotont bustadfelt med lange einsformige bustadgater med hus på rekke på kvar side av vegen. Med breie sentrale og tverrgåande grøntområde med leikeareal, kan ein få attraktive område for leik, opphald og ferdsel for både barn, unge og vaksne.

I dette bratte området er det gjerne ei utfordring å finne egna område for ballplass. Lengst mot aust i planområdet er det sett av eit større areal til kombinert friområde og leik. Her er det eit flatare område som lett kan vidareutviklast slik at det vert eigna som ballplass eller for plassering av ein mindre ballbinge. Området har variert topografi med til dels bratte skråningar, men her kan også vere rom for opparbeiding av både leikeareal og anna felles uteoppfallsareal. Området ligg slik til at det vil kunne nyttast også av tilgrensande bustadområde.

8.7 Trafikktilhøve

8.7.1 Vegtilhøve

Tilkomst til bustadfeltet vil vere via etablert samleveg gjennom etablert bustadområde. Vegen her har ei regulert breidde på 6 m med gang-/sykkelveg eller fortau. Bjørnevegen har ei krapp kurve ved Heltneelva som kan vere utfordrande ved auka grad av trafikk. Her er det føresett breiddeutviding, etablering av fortau og kryssingsfelt for fotgjengarar. Dette ligg inne som aktuelt

trafikktryggingstiltak, og er føresett gjennomført før utbygging i område B58 vert sett i gang.

8.7.2 Trafikkauke/-reduksjon

Utbygginga innanfor planområdet vil medføre ein merkbar auke i trafikken gjennom etablerte bustadområde. Samlevegen har også i dag utfordringar med for høg fart. Dersom vi reknar omlag 70 nye bueiningar innanfor planområdet vil dette kunne medføre ein auke i ÅDT på 280 personbilar. Dette vil vere med på å forverre den trafikale situasjonen i området. Det bør derfor etablerast fartsreducerande tiltak på samlevegssystemet. Det er såleis lagt opp til 40 km/t fartsgrense frå kryss Hjellbakkane x Plassevegen. Det er derfor sett krav om at slike tiltak skal vere gjennomført før utbygging innanfor planområdet kan ta til.

Utbetringar i eksisterande vegnett med eventuelle nye fotgjengarfelt, fartsgrense mv vert vurdert og prioritert gjennom kommunen sin trafikktryggingssplan.

8.7.3 Kollektivtilbod

Ringbussen går i dag via Hjellbakkane-Uravegen og Røyslidvegen/Heltnevegen. Næraste haldeplass er såleis ved Bratteberg skule og ved kryss Heltnevegen x Røyslidvegen.

8.8 Sosial infrastruktur

8.8.1 Skulekapasitet

Bratteberg skule og Vikebygd skule er barneskular i gangavstand frå bustadfeltet. Det er flytande krinsgrenser i området og med utviding av Øyra skule i Volda sentrum vil det truleg vere kapasitet til å ta i mot den elevauken som realisering av planen kan medføre.

8.8.2 Barnehagekapasitet

Barnehagedekninga i området er god og har kapasitet til auke i barnetalet som vil følgje av utbygginga det vert lagt til rette for gjennom planen.

8.9 Universell tilgjengelighet

Terrengtet i planområdet er svært utfordrande når det gjeld universell tilgjengelegheit. Med rett val av hustype på nedsida av tilkomstvegane (ca. 20 tomter) vil ein kunne innfri krava i TEK10 m.o.t. tilkomst til bygning med bueining utan krav om heis. I områda for konsentrerte småhus vil det vere godt muleg å oppnå at 50 % av bustadane kan vere universelt tilgjengeleg.

8.10 Energibehov – energiforbruk

Om lag 70 nye bueiningar vil medføre auka energibruk. Det er ikkje sett ytterlegare krav om energisparande tiltak eller alternative energikjelder enn det som kjem fram av TEK10.

8.11 ROS

Utbygging innanfor planområdet vil truleg medføre raskare avrenning til Heltneelva. Dette kan auke sannsynet for overfløyming av lågareliggende område. Det er derfor sett krav om at det må gjennomførast nødvendige sikringstiltak før utbygging innanfor planområdet.

8.12 Teknisk infrastruktur

8.12.1 Vatn og avløp

Det vil ikkje vere behov for omlegging/nyanlegg av eksisterande anlegg for vatn og avlaup.

8.12.2 Trafo

Det vil vere behov for etablering av ny trafo i området, det er sett av areal til dette i tilstøytande

reguleringsplan for Ottagarden.

8.13 Jordressursar/landbruk

Skogdrifta vert avvikla innanfor planområdet og vi får ein reduksjon av produktivt skogsareal på om lag 100 daa. Dette er ein betydeleg skogsressurs og vil vere negativt for skogsnæringa. På arealet mellom overvasskanalen og skogsvegen kan det framleis drivast med skogsdrift og beite. Tilkomst vil vere via eksisterande tilkomstar frå skogsvegen.

8.14 Konsekvensar for næringsinteresser

Det er ingen andre næringsinteresser enn skogsdrift i området. Problemstillinga er drøfta i overordna planverk der det vart konkludert med at utbygging i området kan skje på trass av bortfall av skogsdrift i området.

8.15 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planen medfører behov for innløyising av private eigedomar og opparbeiding av offentlege anlegg. Før utbygging av bustadfeltet må det også gjennomførast sikringstiltak i Heltneelva, samt trafikktrykkingstiltak på samlevegnettet i området. Det er stort behov for einebustadtomter i åra framover og det er sannsynleg at sal av tomter vil finansiere kostnadane som følgjer av utbygginga.

8.16 Interesse motsetnader

Det er motteke 9 merknader til oppstart av planarbeidet og det er ikkje gjort kjent vesentlege interesse motsetnader. Ein er m.a. blitt gjort kjent med utfordringar i forhold til trafikksituasjonen i samlevegssystemet, problem med overflauming av lågareliggande område og forslag/krav om ny velteplass for tømmer. Dei to første momenta er imøtekomen ved at det er sett rekkjefølgjekrav. Når det gjeld erstatning for velteplass for tømmer er også dette avklara gjennom planføresegner.

8.17 Avveging av verknader

Planen vil ha størst negativ verknad for skogsdrifta i området. Delar av området er omdisponert frå LNF-område til bustadområde i overordna plan. Utviding av bustadarealet ut over det som er fastsett i overordna plan vil medføre ytterlegare reduksjon av produktiv skogsareal. Utvidingsarealet vil imidlertid ligge noko inneklemt noko som kan gjere det utfordrande med effektiv skogsdrift. Hovudføremålet med planarbeidet er å skaffe tilstrekkeleg tal attraktive kommunale einebustadtomter for å kunne møte framtidig bustadbehov. Med utvidinga av bustadområdet slik det er lagt opp til i planen vil ein få ein auke på 22 tomter noko som også er med på å styrke det økonomiske grunnlaget for utbygginga.

9 Innkomne innspel

1. NVE, 28.11.2012:

Ber om at føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag vert nytta til å merke vasstrengen og kantsoner. Elv med kantsoner kan regulerast til «natur og friluftsliv». Tilrådd minsteavstand frå busetnad til elv er 20 m. Elva sitt skadepotensial for reguleringsområdet bør vurderast. Området er eit potensielt utløpsområde for snøskred på skrednett sine aktsemdkart, men ligg utafor fareområde for skred i NGI sine gamle stein- og snøskredkart. Desse er meir nøyaktige. Opplyser om at mindre utløysingsområde med høgdeskilnad på mindre enn 20 m og skråningar på mellom 20 og 50 m kan falle utafor karta og derfor må sjekkast ut.

Vurdering:

Planområdet går inntil elva og det er sett av ein grøntkorridor langs elva. Grøntkorridoren langs

elva er med på å sikre minsteavstand frå busetnad til elv på 20 m.

Elva sitt skadepotensial er vurdert som del av ROS-analyse. ROS-analyse konkluderer med at risiko for overflauming av lågareliggande område er sannsynleg. Det er sett rekkjefølgjekrav med krav om at det ikkje vert sett i gong utbygging innafor planområdet før nødvendige tiltak i Heltneelva er gjennomført.

2. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 04.01.2013:

Natur- og miljøverninteresser

Er skeptisk til landskapsverknaden av ei utbygging høgare oppe i lia enn dagens byggelinje og krev at planarbeidet må synleggjere dette. Om nødvendig bør ikkje dei høgareliggande områda byggast ut. Viser til at dei også var skeptiske til område B58 i høyringane til kommunedelplanen. Er positiv til at ein vil sikre grøntkorridor langs Heltneelva og det må leggast stor vekt på ferdsels- og opplevingsverdiane i turvegssystemet frå Øyraelva mot Melshornet og Reset.

Barn og unge sine interesser

Er nøgd med at ein skal legge vekt på gode interne friområde for uteopphald og leik. Planen må sikre/dokumentere tilgang på gode og funksjonelle uterom som er eigna for leik og rekreasjon, viser til rettleiar T-1513 som gir rammer for planarbeidet. Planarbeidet må vere merksam på trafikktryggleik utanfor planområdet.

Samfunnstryggleik

Det må gjennomførast ROS-analyse.

Konklusjon

Skeptisk til bygging høgare oppe i lia enn det kommunedelplanen legg til rette for. Er uroa over kva verknader utbygginga vil ha for friluftinteressene i området. Varslar motsegn om planen bryt opp og reduserer ferdsels- og opplevingsverdiane i området, og dersom barn og unge sine interesser ikkje blir tilstrekkeleg sikra.

Vurdering:

Natur- og miljøverninteresser

Ein har redusert planområdet noko og busetnaden er trekt lenger ned i lia. Det er sett av grøntkorridor langs elva og ein korridor gjennom bustadområdet. Grøntkorridorane legg til rette for at ein kan bevare ferdsels- og opplevingsverdiane i turvegssystemet frå Øyraelva mot Melshornet og Reset.

Barn og unge sine interesser

Det er sett av store areal til leik i tillegg til dei to grøntkorridorane. Trafikktryggleik utafor planområde er eige punkt i planomtalen.

Samfunnstryggleik

Med utgangspunkt i Fylkesmannen si sjekklister er det utarbeidd ROS-analyse for planarbeidet.

Konklusjon

Fråsegna er i det vesentlege imøtekomen.

3. Roy Inge Heltne, 29.11.2012

Peikar på Volda kommune si gjerdeplikt, som må flyttast til nordsida av det nye byggefeltet. Ber om at samleplass for tømmer må erstattast dersom denne vert fjerna. Meiner det må leggast til

rette for sambindingsveg frå Bjørnevegen og utover Solhøgda, Engeset og Klepp. Bør lagast veg mellom det nye byggefeltet/Bjørnevegen til Heltnevegen/Raudemyrvegen. Dersom kommunen ikkje løyser inn alt arealet sør om vegen til vassmagasinet, må det sikrast tilkomst til den delen av eigedomen som vert liggande att.

Vurdering:

Gjerdeplikt og erstatning for samle plass for tømmer vil vere tema ved ev. avtale om innløyising av eigedomar.

Spørsmål om ev. sambindingsveger ikkje ein del av planarbeidet.

Planområdet er noko redusert og dei øvste delane er ikkje med. Det vil vere tilgang til eigedomane frå vegen opp til vasshuset.

4. Statens vegvesen, 13.12.2012:

Ber om at tilkomst til hovudveg vert nærare informert om i planprosessen. Har elles ingen merknader.

Vurdering:

Planområdet vil ha tilkomst frå etablert samleveg, som har etablert avkøyrsløse frå Vikebygdvegen/FV

5. Tussa, 21.12.2012:

Viser til at Tussa Nett har ein høgspenkabel som ligg i vegen til Volda vassverk. Det må settast av plass for nettstasjon til å forsyne Ottagarden byggefelt og B58. Aktuelt areal for nettstasjon er ca. 2,5 * 2,0m og avstand til bygning må vere min. 5 m. Minner om reglar for anleggsbidrag for utbygging av straumnettet.

Vurdering:

Det vert sett av eige areal til nettstasjon innanfor reguleringsplanen for Ottagarden, som skal forsyne begge byggefelta.

6. Møre og Romsdal fylkeskommune, 08.01.2013:

Barn og unge

Må legge til rette for tilstrekkeleg areal til leik, og barn og unge skal vere eige kapittel i planomtalen.

Universell utforming

Peikar på at området er bratt og at det vert utfordrande å møte krav til universell utforming av uteareal. Dette må synleggjerast særskilt i planomtalen.

Planfagleg vurdering

Vonar at planomtalen vert utarbeidd og strukturert i samsvar med plan- og bygningslova §4-2 og at den vert godt illustrert. Viktig å vise korleis byggetomtene vert liggande i landskapet og særleg verknadane av konsentrert busetnad. Utfordringar kring parkeringsdekning og tilkomst må omtalast. For den delen av planområdet som vert i strid med gjeldande plan må dagens bruk omtalast.

Konklusjon

Ingen særlege merknader, men manglande ivaretaking av interessane til barn og unge kan vere grunnlag for motsegn.

Vurdering:

Barn og unge er eige kapittel i planomtalen. Planomtalen tek også for seg utfordringar i forhold til universell utforming. Merknaden er imøtekomen.

7. Rasmus Heltne:

Ber om at teigen må få same pris som for andre teigar som vert tomtepris. Foreslår ny lunneplass vest for høgdebasseng på bnr.:4. Kommunen må ta ansvar for Heltneelva nedanfor høgdebassenget. Ber om skriftleg avtale! Vedlagt er fleire brev som omhandlar situasjonen i Heltneelva.

Vurdering:

Oppgjer for eigedomar som vert omfatta av reguleringsplanen vert eit forhold mellom kommunen og den einskilde grunneigaren.

Lunneplass som foreslått kan vere eit godt alternativ så lenge ein tek omsyn til turstiane i området. Arealet ligg utafor plangrensa, men vil kanskje vere tilstrekkeleg med avtale med grunneigar.

Situasjonen i Heltneelva må takast på alvor. ROS-analyse vil mest sannsynleg påvise risiko for overflauming av lågareliggande område. Vil truleg vere behov for å sette rekkjefølgjekrav. Bør ikkje sette i gong utbygging innafør planområdet før nødvendige tiltak i Heltneelva er gjennomført.

8. Bjørg Henriksen, 11.01.2013:

Lurer på kva det betyr at plangrensa kan bli justert. Peikar på at overvasskanalen aldri er tom, at det er leirholdig jord i området som aldri blir tørr og spør kva konsekvensar det vil få at overvasskanalen vert flytta. Er bekymra for at den leirhaldige jorda vert for vasshaldig om kanalen vert flytta og er redd for jordskred. Spør om korleis ein vil sikre at bakken ikkje skal sige. Spør om kvifor planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Peikar på at det er stor trafikk i området og at det bor mange barn og unge og nyetablerte familiar i området. Meiner Bjørnevegen er dårleg dimensjonert og har ein kritisk sving ved Heltneelva. Er skeptisk til om Bjørnevegen kan takle auka trafikkmengde. Peiker også på ein turveg som går tvers gjennom området som er mykje brukt som tur og friluftsområde. Ber om at ein skal kunne nytte denne vegen også i framtida utan at området vert ødelagt av estetisk skjemmaende og prangande busetnad i svært bratt terreng. Ber om at spørsmåla vert besvart og tatt omsyn til i det vidare arbeidet.

Vurdering:

Eksisterande overvasskanal vert erstatta av nytt overvassanlegg. Dette vil betre situasjonen i området også for busetnaden nedanfor Bjørnevegen.

Bjørnevegen har fortau og er dimensjonert som samleveg og tilrettelagt for auka trafikk. Det vert etablert fortau langs Bjørnevegen. Den kritiske svingen ved Heltneelva kan få ei breiddeutviding.

Det er sett av grøntkorridor gjennom planområdet der det vert muleg å etablere turveg/sti. Grøntkorridoren vil vere 30 m brei og leikeplassar er lagt inntil grøntkorridoren. Slik vert det god avstand mellom turveg/sti og tilgrensande busetnad.

Det er hovudsakleg lagt til rette for einebustadtomter på same måte som for resten av Brattebergfeltet. Berre to avgrensa areal er sett av til konsentrert busetnad. Her kan det førast opp to-/firmannsbustader og rekkehus i inntil to etasjar med maksimal mønehøg på inntil 9 m.

9. Monika Pølmann-Kairies, 12.01.2013:

Ønsker å behalde ein del av egedomen 20/22 som ligg lengst oppe i terrenget. Viser til at ein del av familien ikkje har fått høve til å bygge på eigen grunn på opphavleg egedom. Ber om at arealet dei ev. kan behalde vert liggande så nær som muleg inntil skogsarealet som høyrer til gbnr.: 20/22. Ber om opplysningar når det gjeld frister, kostnader og andre relaterte punkt. Ønsker også informasjon om kva som kan reknast med som erstatning for tap av grunn og ev. skadar som oppstår i samanheng med arbeidet.

Vurdering:

Oppgjer for egedomar som vert omfatta av reguleringsplanen vert eit forhold mellom kommunen og den einskilde grunneigaren. Det same gjeld spørsmål om grunneigartomter.



(Plan utarbeidd av – Volda kommune ved innleige av Per Mulvik AS)

Plangodkjenning:

Volda kommunestyre sak /15, den .2015

For rådmann,

Jørgen Vestgarden Utviklingssjef
e.f.m.

PlanID: 1519 – 2012007

Utarbeidd: 18.12.2013

Arkivsaknr.: 2012/2280

Revidert: 18.02.2016

Reguleringsplan - **B58 – Øvre Heltne**

REGULERINGSFØRESEGNER:

§1. GENERELT

§1.1. Gyldighetsområde

Desse reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Føresegnene og plankart kjem i tillegg til krav i plan- og bygningslova.

§1.2. Privatrettslege avtaler

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtaler som er i strid med planen.

§1.3. Arealbruksføresmål

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med Pbl. §§ 12-5 og 12-6 til følgjande føremål:

Bebyggelse og anlegg (Pbl. § 12-5 nr. 1)

- 1111 Frittliggande småhus
- 1112 Konsentrerte småhus
- 1610 Leikeplass

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5 nr. 2)

- 2012 Fortau
- 2011 Køyreveg
- 2018 Annan veggrunn – tekniske anlegg
- 2019 Annan veggrunn – grøntanlegg
- 2143 Overvassnett

Grønstruktur (Pbl §12-5 nr. 3)

- 3040 Friområde
- 3900 Kombinert friområde/leikeplass

Omsynssoner (Pbl §12-6)

- H_140 Sikringssone for friskt
- H_220 Gul støysone



§2. AREALBRUK

§2.1. Bebyggelse og anlegg, PBL. §§12-5 NR.1 OG 12-7

2.1.1 Frittliggende småhus

- a)** Innan BF1 – BF9 skal det kunne førast opp frittliggende einebustader med mulegheit for utleigedel/sekundærhusvære i sokkeletasje, med tilhørande anlegg som garasje, bud og liknande.
- b)** Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegrensene som er vist på plankartet. Bygningar tillatast oppført med mønehøgde inntil 9 m og gesimshøgde 6 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. For bygning med pulttak, flatt tak, ark og takopplett skal gesimshøgde i flukt med yttervegg ikkje overstige 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå.
- c)** Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "tillate bebyggd areal" (BYA) slik:
Område BF1 – BF9: Max % BYA = 30%
- d)** I område merka BF1 – BF9 skal garasjar ikkje byggjast større enn 50 m² BYA og då berre i ei høgde. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 2,5 m og mønehøgde ikkje over 4,0 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. Normalt skal garasjar ha berre ein etasje, men der terrenget gjer det naudsynt kan garasje førast opp med maksimal gesimshøgde 4,5m og maksimal mønehøgde på 6,0m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå, men då med maksimal grunnflate på 42m². I slike tilfelle kan garasje ha underetasje eller loftetasje. Slike rom kan ikkje godkjennast som rom for varig opphald. Garasje oppført vinkelrett på veg skal plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal. Garasje med innkøyring parallelt med veg skal ha avstand 3 m frå regulert trafikkareal.
- e)** Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk og at bygningar i same området får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmafargar på bygningar/anlegg. Det skal leggjast vekt på å nytte/ta vare på eksisterande vegetasjon samt opparbeide gode uteareal. Ved søknad om byggjeløyve skal det ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.
- f)** På kvar einskild tomt skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar på eigen grunn. Minimum ein parkeringsplass pr. husvere skal vere i garasje/carport.
- g)** Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det tillatast oppført støttemur i eigedomsgrensa. Gjerde og mur mot veg skal godkjennast av kommunen.
- h)** Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

2.1.2 Konsentrert småhus

- a)** I område merka BK1 – BK6 kan det førast opp konsentrerte småhus i inntil 2 etasjar med tilhørande anlegg som garasje, bod og liknande.
- b)** Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegrensene som er vist på plankartet. Der byggelinje er vist skal påbygg/tilbygg plasserast innanfor desse. Bygningar tillatast oppført



med maksimal mønehøgd på 9 meter og maksimal gesimshøgd på 6,5 meter frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. For bygning med pulttak, flatt tak, ark og takopplett skal gesimshøgd i flukt med yttervegg ikkje overstige 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå.

c) Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "tillete bebygd areal" (BYA) slik:

Område BK1 – BK6 : Max % BYA = 40%

d) I område merka BK1 – BK6 bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg med inntil 6 biloppstillingsplassar i kvart garasjebygg. Unntaksvis kan frittstående garasje (til ei buening) byggast med grunnflate inntil 36 m². Parkering kan dekkjast ved felles parkeringsplass/-kjellar. Det skal settast av 2 parkeringsplassar pr. buening. Ein av desse skal vere overdekt.

e) Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 2,5 m og mønehøgd ikkje over 4 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. Det er ikkje tillete med ark eller takglas på garasje.

f) Garasje oppført vinkelrett på veg skal plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal. Garasje med innkøyring parallelt med veg skal ha avstand 3 m frå regulert trafikkareal.

g) Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk og at bygningar i same området får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg. Det skal leggjast vekt på å opparbeide gode uteareal. Ved søknad om byggjeløyve skal det ligge føre situasjonsplan og teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar, avkøyrleordning og internt vegsystem, samt plan for opparbeiding av uteareal. Utbygging innanfor kvart av områda skal skje samla.

h) Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det tillatast oppført støttemur i eigedomsgrensa. Gjerde og mur mot veg skal godkjennast av kommunen.

2.1.3 Leikeplass

a) Leikeplassane o_L1 – o_L3 skal opparbeidast slik at dei er eigna for leik og opphald, minimum med sandkasse, huske-/klatrestativ, benk og noko fast dekke. Utafor den opparbeidde delen av leikeplassane skal eksisterande vegetasjon så langt som muleg bevarast. Leikeplassane kan gjerast inne.

b) Det skal utarbeidast situasjonsplan for opparbeiding av leikeplassane.

c) Leikeplassane kan nyttast til sport, leik og tilkomst til desse areala, og skal opparbeidast i den grad det er naudsynt å legge til rette for slik bruk. Ved opparbeidinga skal det leggjast særleg vekt på god og tilgjengeleg tilkomst frå offentleg veg.

d) Nødvendig opparbeiding/arrondering og tilkomst til areala skal gjennomførast samtidig med utbygging av feltet.

e) Naudsynte bygg eller anlegg som inngår som del av området sitt bruksføremål kan oppførast etter godkjenning av kommunen.

f) O_L1 – oL3 skal vere offentlege leikeplassar.



§2.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, pbl. §§12-5 NR.2 OG 12-7

2.2.1 Offentleg køyreveg

I offentlege trafikkområde skal det byggast

- Køyreveg
- Fortau
- Gang-/sykkelveg

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som skal inngå som del av tomtearealet.

Vegskjeringar og fyllingar kan tilplantast og skal behandlast på ein tiltalende måte.

Tomteeigar kan etter søknad føre opp mur i grense mot regulert vegområde for å redusere skråningsutslag.

2.2.2 Offentleg køyreveg

a) Vegområde merka o_V1 – o_V5 er offentlege vegar.

b) Vegane skal opparbeidast med fast dekke, gatelys og breidder som vist i plankartet.

2.2.3 Gang-/sykkelveg

O_GS1 er offentlig gang-/sykkelveg og skal opparbeidast med fast dekke, lys og breidder som vist på plankartet.

2.2.4 Fortau

a. Fortau o_F1-3 er offentlig fortau langs Bjørnevegen og skal opparbeidast med fast dekke og breidder som vist på plankartet.

b. Fortau o_F4 er offentlig fortau som skal opparbeidast samtidig med veg o_V1 og opparbeidast med fast dekke og breidde som vist i plankartet.

2.2.5 Anna vegareal – teknisk anlegg

Dette er areal til grøft, skjering og fyllingsskråningar og snøopplag.

2.2.6 Anna vegareal – grøntareal

Dette arealet kan tilplantast og vil vere ein buffer mellom bustadtomtene og Bjørnevegen.

2.2.7 Overvassnett

Innan o_OV1 skal det opparbeidast avskjerande overvasskanal med vedlikehaldsveg.

Skjeringar og fyllingar skal tilplantast og skal behandlast på ein tiltalende måte.

Overvasskanalen skal opparbeidast før utbygging av bustadfeltet tar til.

§2.3. Grønstruktur, pbl. §§12-5 NR.3 OG 12-7

2.3.1 Friområde(o_Fr1 – o_Fr4)

a. Innanfor o_FR1 er det ikkje høve til anna tiltak enn enkelt vedlikehald på eksisterande stinett, etablering av enkel sti på strekninga mellom o_V1, o_V2, o_V4 og o_L1 som skal tene som alternativ tilkomst til o_L1. Det vil også kunne tillastast nødvendig skjøtsel av skog og førebygging av elva for å sikre busetnad og infrastruktur langs Heltnelva.

b. Innanfor o_Fr2 – o_Fr4 skal tverrgående sti/turveg opparbeidast med breidde på inntil 3 m, fast dekke og lys. Stien må leggjast skånsamt i terrenget for i størst muleg grad å unngå uheldige terrengingrep. Ved opparbeidinga skal ein sjå til at tilknytning mellom



tursti og vegar vert tilordna på ein bruksmessig, tilgjengeleg og estetisk god måte.

Skjering og fyllingar må tilsåast og beplantast med staden vegetasjon, og naturleg vegetasjon skal i størst muleg grad takast vare på. Tilgrensande leikeareal skal få tilkomst frå sti/turveg som vert etablert innan o_Fr2 og o_Fr3.

c. Det skal utarbeidast situasjonsplan for opparbeiding av friområda med gjennomgåande tursti.

d. O_Fr1 – o_Fr4 skal vere offentlege friområde.

2.3.2 Friområde/Leikeplass(o_Fr5)

a. Innanfor o_Fr5 kan det etablerast ballbane/ballbinge og ev. anna utstyr for leik, aktivitet og fellesopphald for både barn og unge og bebuarar elles innanfor planområdet og tilgrensande bustadområde. Ballbane skal gjerdast inne mot aust, sør og vest.

b. Nødvendig opparbeiding/arrondering og tilkomst til areala skal gjennomførast samtidig med utbygging av feltet. Det skal leggast vekt på god tilknytning til offentlege vegar. Det skal tilretteleggast for parkering i/ved området.

c. Det skal utarbeidast situasjonsplan før opparbeiding av o_Fr5.

d. Leik og opphald for barn og unge skal prioriterast.

e. Ev. skjering og fyllingar etter opparbeiding av området må tilsåast og beplantast med staden vegetasjon, og naturleg vegetasjon skal i størst muleg grad takast vare på.

f. Naudsynte bygg eller anlegg som inngår som del av området sitt bruksføremål kan oppførast etter godkjenning av kommunen.

g. O_Fr5 skal vere offentleg friområde.

§3. Hensynssoner, pbl. §12-6

§3.1. Sikringssoner

3.1.1 Frisikt

Frisiktsonene merka «H140» i vegkryssa må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innafor frisiktsonene skal planerast ned til 0,5 meter over tilgrensande vegars nivå.

§3.2. Støysoner

3.2.1 Gul støysone H220

a) For å sikre tilfredstillande støynivå i bustadområda som er omfatta av gul støysone bør bustadhusa plasserast nord på tomte, dei fleste av soveromma bør ha vindauge mot nord og terrassar bør ha tett rekkverk på 1 m.

b) O_L1 skal ha støyskjerm med høgd 1,2 m over lokalt terreng plassert ved ytterkant av fortau langs o_V5.

§4. Fellesføresegner

§4.1. Rekkefølge, Pbl. §12-7 nr.10

a) Nødvendig sikringstiltak langs Heltneelva, i område som er utsett for overfløyning, må vere gjennomført før utbygging innanfor planområdet kan ta til.



- b) Ny avskjeringskanal innanfor o_OV1 må vere etablert før utbygging innanfor planområdet kan ta til.
- c) Før utbygging av planområdet kan ta til skal det skiltast med sone 40 km/t frå krysset til Plassevegen og vidare opp Bjørnevegen.
- d) Etablering av fortau langs Bjørnevegen må vere gjennomført før utbygging innanfor planområdet kan ta til.
- e) Vegar, fortau og VA-anlegg skal utbyggast samtidig med utbygging av tomtene.
- f) O_L1 skal opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V4 innanfor BF7 og 9 samt BK4 kan takast i bruk.
- g) Før o_L1 kan takast i bruk som leikeareal må det etablerast nødvendig støyskjerming, i samsvar med tilrådd løysing i støyfagleg rapport frå Sweco datert 05.11.2013.
- h) O_L2 skal opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V2 innanfor BF4,5,7 og 8 samt BK2, 4 og 6 kan takast i bruk.
- i) O_L3 skal opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V1 innanfor BF 1,2 4 og 5 vert tatt i bruk.
- j) O_Fr5 skal opparbeidast før bustader innanfor BK1 og BF6 kan takast i bruk.
- k) Før opparbeiding av o_Fr5 og o_GS1 skal det vere gjort avtale om ny velteplass for tømmer til erstatning for eksisterande velteplass for tømmer som ligg innanfor o_Fr5.
- l) Tverrgåande sti/turveg gjennom o_Fr2 skal opparbeidast før bustader med tilkomst frå o_V2 innanfor BF4,5,7 og 8 samt BK2 og 4 kan takast i bruk.
- m) Tverrgåande sti/turveg gjennom o_Fr3 og o_Fr4 skal vere opparbeidd før bustader med tilkomst frå o_V1 innanfor BF 1,2 4 og 5 kan takast i bruk.

§4.2. Vegsystem

Vegskråningar skal setjast i stand med tilplanting/tilsåing samstundes med ferdigstilling av bustadfeltet. Terreng, gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere høgare enn 0.7m over vegnivået. Ved avkøyrsløse gjeld ovannemnde, men høgda skal ikkje vere over 0.5 m.

§4.3. Terrengbehandling

Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast. I tilfelle der det førekjem utgravne massar skal desse leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande. Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringsar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.

§4.4. Vegetasjon

Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad bevarast. I samband med anleggsarbeid bør vegetasjonen som kan bevarast, skjermast mot fysiske øydeleggingar. Byggjearbeid skal utførast med omsyn til terreng og vegetasjon.

**§4.5. Automatisk freda kulturminne**

Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvar ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

§ 5 Generelt.

Det er ikkje høve til, med private servituttar, å skipe tilhøve som er i strid med desse føresegnene. Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld vedtekter i Plan- og bygningslova og bygningsvedtektene for Volda kommune. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgjevinga og dei kommunale vedtektene.

Reguleringsplan Bratteberg B58 slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 01.11.2015 vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

For Administrasjonssjefen
Per Heltne, Planleggar
e.f.m.

Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)

- Bustader - frittgjende småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Leikeplass

Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)

- Keyreveg
- Fortau
- Gang-sykkelveg
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Annan veggrunn - grantareal
- Overvassnett

Reguleringsplan-Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)

- Frømråde
- Kombinerte grøntstrukturformål

Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-6)

- Sikringsone - Friskt
- Staysone - Gul sone etter rundskriv T-1442

Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008

- Sikringsonegrense
- Staysonegrense

Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008


- Planen si avgrensning
- Regulert tomtegrense
- Eigedoms grense som skal opphevast
- Byggj grense
- Regulert senterlinje
- Frisktslinje
- Regulert støyskjerm
- Regulert støttemur

Kartgrunnlag i M: 1:1 000


Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk 1:1000



REGULERINGSPLAN Bratteberg B58 MED TILHØRENDE REGULERINGSBESTEMMELSER	Kartblad:			
	Planid: 2012007			
	Arkivnr.: 2012/2280			
SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAKS-NR.	DATO	SIGN.	
Revisjon:				
Endra etter off. ettersyn		22.02.2016	HI	
Kommunestyrets vedtak:				
Kommunestyret - eigenpodjening				
2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker		08.04.2014	HAB	
Offentlig ettersyn fra 24.01.2014 til 11.03.2014		21.01.2014	HAB	
1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker	PS 6/14	24.11.2013	HI	
Kunngjering av oppstart av planarbeidet		19.10.2013	HI	
Oppstartsnotat				
PLANEN UTARBEIDET AV: Volda kommune	PLANNR.	TEGNNR.	SAKSBEH.	
	2012007		HI	



Roy Inge Heltne
Kolbeingarden
Vikebygdvegen 67
6104 Volda

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/2280	Avd. Utv
Løpenr.	Sfs. Hab
6 MAR 2014	
Arkivdel:	Planid
Klassering P:	2012007
Klassering S:	

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Merknader til reguleringsplan for bustadområde Bratteberg B58, sak 2012/2280

I utgangspunktet synest eg det er en fin plan som eg ikkje har vesentlige merknadar til.

Ynskjer likevel å kome med nokre kommentarar:

1. Det er feil å kalle dette "bustadområde Bratteberg". Stort sett alt arealet ligg på gnr. 20 som er Heltne.
2. Sikringstiltak i Heltneelva.
Dette er tiltak som kommunen skulle ha utført når utbygginga Heltne / Bratteberg starta på slutten av 70 talet. At kommunen har utelatt å gjennomføre sikringstiltaka i over 30 år kan ikkje føre til at kostnadane med sikringa no vert belasta utbygginga av B 58, og at dette vert brukt som argument for lågare grunnpris.
3. Fartsgrenser / trafikktryggingstiltak.
I §4, fellesføresegner står det at fartsgrensa skal reduserast til 40 km/t frå krysset til Plassevegen. Dette finn eg noko lite gjennomtenkt. Til lenger opp i feltet ein kjem til lågare vert trafikkettleiken. Behovet for trafikktryggingstiltak, mellom anna redusert fartsgrense, vil vere større lenger nede i feltet der trafikken er mange gongar så høg. Etter mitt syn burde ei 40 km/t sone gjelde heilt frå krysset Vikebygdvegen – Bakkelidvegen, men i det minste forbi Bratteberg skule. Som ein del av føresegnene burde fartsgrensa på Vikebygdvegen vere nedsett til 50 km/t minst forbi krysset til Bakkelidvegen. I dette krysset har det vore fleire trafikkulukker også med personskadar, og er eit kryssingspunkt for mange skuleborn. Innkøyringa frå dei private vegane er til dels uoversiktlige, særskilt vinterstid, noko som også talar for lågare fartsgrense. Utbygginga i feltet dei siste åra har ført til betydelig trafikkauke og denne kjem til å bli enno større no. Kommunen må då sjå heile trafikkbiletet i samanheng, ikkje berre bit for bit. Ein øvre sambindingsveg mellom byggefelt, noko ein no har mulighet til å få til, ville fordelt trafikken mykje betre og ikkje minst gitt ein vesentlig miljøvinst etter som at transportavstanden mellom bustadområda og skule / barnehage ville blitt vesentlig kortare.

4. Tilkomst til skogsteigane.

Det må sikrast at vi får tilkomst til dei skogsteigane som vert liggande att mellom byggefeltet og vegen til vassmagasinet. Firmaet Mulvik hevdar at ein har dette frå vegen til vassverket. Dette vil ikkje bli ei tilfredsstillande løysing og ein må sikre tilgong frå veg langs avskjeringsgrøfta slik vi har i dag.

5. Gjerdeplikt.

Kommunen er i dom i samband med utbygginga i -70 /-80 pålagt gjerdeplikt mot utmark. Dette vil ikkje bli endra men må presiserast i føresegnene.

6. Parkering for turgåarar.

Det bør etablerast ein parkeringsplass ved krysset mellom Bjørnevegen og vegen til vassmagasinet. Vassmagasinet er blant Volda sine mest nytta utgangspunkt for turmål. Særskilt no når det er kome veg mellom vassmagasinet og Reset. Ein mykje nytta veg som ligg flott til i Volda si solside. Vegen til vassmagasinet er ein privat veg som tidvis vert nytta i samband med skogsarbeid. Det er såleis inga sjølvfylgje at denne er open og at bilar kan parkerast ved vassmagasinet. Ein parkeringsplass i nemnte område vil vere eit godt tiltak for å legge til rette for friluftsliv og fysisk fostring.

Volda 05.03.2014


Roy Inge Heltne

Eigar av gnr 20 brnr. 6

2012/2280

Sonja Håvik

Fra: Torild Driveklepp [torild@hybelvolda.no]
Sendt: 7. mars 2014 00:15
Til: V-Postmottak
Emne: Merknad til Planid 2012007 B58 Bustadområde Bratteberg

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Til Volda Kommune.

Merknad til Planid 2012007-Detaljregulering-B58 Bustadområde Bratteberg.

Byggefeltet B58 ligg på Heltnane sin grunn og bør heite Øvre Heltne e.l. Bratteberg som det no blir kalla, ligg aust for dette planlagte feltet og avstår derfor ikkje grunn.

Etter orkanen for ca 20 år sidan, bygde eg vegen, som blir kalla «Roarvegen», for å få ned tømmeret.

Frå vegen har eg laga fleire sidelommer, som blir nytta til lager av bl.a. gardsreidskap, båtvoغن, gravemaskinreidskap og store natursteiner til muring. Alt dette må flyttast til ein anna egna lagringsplass når byggefeltet blir påbegynt.

Eg vil forslå at Volda kommune/utbyggar lagar ein lagringsplass til meg ovenfor byggefeltet på min skogsteig, som erstatning for vegen og noverande lagringsplasser. Ei god løysing vil f.eks. vere å bruke Roy Inge Heltne (naboeigedom) sin vegavkøyrsløse frå vatnrensaneanlegg-vegen og forlenge den vegen til min eigedom der eg vil forslå at det blir laga denne nye lagringsplassen.

Volda 06.03.2014

Roar Driveklepp

Gnr.20 Bnr.13

Tlf 99277660

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.

For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>

blir sent via e-post heidi@mulvik.no til

Per Mulvik AS
PB 86
6101 VOLDA

München, 12.01.2013

Merknader ang. Varsel om oppstart av planarbeid for bustadområde B58 - Bratteberg i Volda Kommune
Monika Pöhlmann-Kairies GNR20/BNR22
Dykkar ref.: Heidi Istad

Eg viser til dykkar brev av 23.11.2012

Då eg er ein av dei grunneigarane (GNR.20/BNR.22) som vil bli berørt av dette tiltaket, vil eg gjerne fremje mine merknadar i denne saka.

Dersom det er mulig, uten at vi blir forplikta til å bygge der innan kort tid eller har ekstra kostnader i samanheng med regulering av området til bustadområde, ønsker eg at familien min og eg får muligheten til å behalde ein del av området som hører til GNR 20/BNR22 og som ligger lengst opp i terrenget.

Hovudgrunnen til dette ønsket er at resten av familien (bl. a. broren min og søskenbarnet mit) - som også har sine røter i Volda - ikkje har hatt noko høve til å bygge på egen grunn/grunn som ligger på vår opprinnelig eigedom.

I tillegg er det av praktiske grunnar viktig at det arealet vi eventuelt kan få behalde ligger så nært som mulig inntil skogsarealet som høyrer til gnr 20/bnr 22.

Dessuten vil eg gjerne få meir opplysning om kva det eventuell vil medføre for meg når det gjeld frister, kostnader og andre relaterte punkt.

På den andre siden ønsker eg å få meir informasjon om kva eg kan reikne med som erstatning for tap av grunn og eventuelle skader som oppstår i samanheng med arbeidet der.

Med vennlig helsing

Monika Pöhlmann-Kairies

Fra: Henning Heltne [Henning@mesterhussunmore.no]
Sendt: 10. mars 2014 13:07
Til: V-Postmottak
Emne: Innspel reguleringsplan Bratteberg.
Vedlegg: Side 46 gesimshøgde..pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

I forbindelse med offentlig ettersyn for ny reguleringsplan bratteberg så har vi et par innspill.

1) Vi ber kommuna ta ei lita vurdering av beskrivelse mønehøgde og gesimshøgde i reguleringsføresegnene . Vi viser til veileder H- 2300 grad av utnytting side 46 . Vi viser spesielt til at slik gesims og mønehøgde er beskrevet i føresegne så vil eit tradisjonelt hus med loft takark være for høgt til at det skal kunne byggast i feltet. Dette på grunn av at gesimshøgde på slike hus etter ny veileder skal måles frå møne på takarka.

2) Slik som feltet no er regulert så er det regulert svært mange enebolig tomter i feltet. I høve behov så er det faktisk slik at det er en mindre del av befolkninga som har god nok økonomi til å kunne bygge seg enebolig. Vi viser til at kommunen har en god del ledige eneboligtomter i felt bratteberg 2 (mens areal for konsentrert utnytting er utbygt for lengst) samt i ny regulert byggefelt K10 på klepp. Vi ber kommunen vurdere om der bør legges opp til flere tomter for konsentrertbebyggelse samt en del enkelt tomter som det også kan bygges 2 manns bolig på.

Slik en, ser det så bør eit kommunalt byggefelt være tilrettelagt for alle. Der bør en kunne bygge konsentrert bebyggelse (rimlege leilighete) en bør kunne bygge 2 manns boliger på en del tomter, og en bør kunne få bygge eneboliger på en del tomter for dei som har økonomi til å gjere det.

Med venlig hilsen Henning Heltne Byggmester

Mvh

Henning Heltne

Dagleg leiar / Byggmeister

Tømrer Service AS

Tømrer Prosjekt AS

Røysbakken 5

6100 Volda

Tlf 700 55 910

Dir. 932 12 702

Fax 700 55 912

henning@mesterhussunmore.no

www.mesterhussunmore.no

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.
For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>

Fra: Kay Ove Johansen [mailto:kayove@norwegiangroup.no]

Sendt: 2. juli 2014 15:34

Til: Per Heltne

Emne: Re: VS: tomtfelt Bratteberg b58

Hei Per Heltne,

Jeg har et ønske om å kjøpe/slå sammen dem to nederste tomtene ved B58-Bratteberg
Ønsker å bygge et hus på tomtene,
Legger ved en plantekning (se vedlegg)
NB.dette er bare et utkast når/viss jeg får tillslag på kjøpet blir jeg sammen med dere og utbygger
Lage til en best mulig løsning for alle parter, Jeg tror snuplassen vil bli etisk best
Viss den er på enden av gaten IKKE slik den er tegnet inn på min tegning.

Ta kontakt viss det er noe som er uklart

Ha en fin ettermiddag



Vennlig hilsen / Best Regards

KAY OVE JOHANSEN

MARKETING & BUSINESS DEVELOPMENT

Phone +47 700 76000

Mobile +47 413 20 078

Email kayove@norwegiangroup.no

NORWEGIAN GROUP

post@norwegiangroup.no

www.norwegiangroup.no

Fra: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>

Dato: torsdag 10. april 2014 15:17

Til: Kay Ove Johansen <kayove@norwegiangroup.no>

Emne: VS: tomtfelt Bratteberg b58

Viser til telefonsamtale

Her er planbeskrivelse o plankart slik det var lagt ut til off ettersyn

Ta kontakt med Harald Berstad for eventuelle innspel

mvh

Per Heltne

Fagansvarleg - Plan



Volda kommune

Utvikling

Tlf 70 05 87 17/ 91 15 13 47

www.volda.kommune.no

Høyringsuttale, Reguleringsplan B58.

Heltne-Bratteberg Grendalag handsama reguleringsplanen i styret og på årsmøtet og vil utifrå dette kome med fylgjande merknadar:

***Positivt med stor grad av einebustadar og presisering av at frittliggjande småhus er definert som einebustader.**

Ein bør ha ein overordna plan for bustadbygging i Volda som seier noko om fordelinga av konsentrert busetnad og frittliggjande bustadar. Vi meiner at det i Heltne-Brattebergfeltet ligg til rette for større tomter og frittliggjande einebustadar og at denne type bustad bør dominere i feltet. Utbygginga siste åra viser at det framleis er både behov og interesse for å byggje einebustadar. Vår erfaring viser også at det er viktig å ha klart definerte områder for konsentrert busetnad. Vi meiner at framlegget til reguleringsplan tek dette i vare på ein god måte.

***Tursti gjennom feltet.** Det går i dag ein sti/ traktorveg gjennom det planlagde feltet til «vasshuset». Denne er mykje nytta og bør ivaretakast slik det er lagt opp til i framlegget til reguleringsplan. Denne turstien må opparbeidast som ein del av klargjeringa av bustadfeltet og det må vere samanheng mellom gangstien i feltet og den vidare stien opp til vasshuset.

***Støy.** Brattebergfeltet tek til å bli stort og trafikken aukar tilsvarande. Det er ein tilførselveg i feltet som skal ta unna all trafikk. I tillegg til det som er foreslått i reguleringsplanen bør det settast i verk støyskjermande tiltak for dei eksisterande husa i Bjørnevegen, Plassevegen og Bøgardsvegen som ligg nærast planområdet og tilførselsvegen.

***Traffikktrygging.**

Viser til tidlegare innspel om traffikktrygging rundt Bratteberg skule. Med auka utbygging og auka trafikkbelastning, er dette viktig å utbetre i samband med reguleringsplan B58 for ny utbygging:

1. Gangveg langs Bjørnevegen

Det må vere samanhengande gangveg langs heile Bjørnevegen med overgangsfelt til gangvegen som går frå Plassevegen langs Hjellbakkane. Gangfeltet må grunna trafiksikkerheit ligge ved Plassevegen.

2. Fotgjengarovergangar i Hjellbakkane / Sikker skuleveg.

Det må kome tre opphøya fotgjengarovergangar i Hjellbakkane for å sikre skulevegen til Bratteberg skule.

A. Kryssing Hjellbakkane/Bergsvegen/Bratteberg skule

Gangfelt: Gangfeltet går i dag frå midten av ei buslomme. Det er laga nytt tilknytningspunkt mellom Bergsvegen og Hjellbakkane og gangfeltet bør
Her

Gangveg: Flytting av gangfelt vil medføre behov for forlenging av gangveg langs skulen sin parkeringsplass fram til det nye gangfeltet.

Gangfeltet kan med fordel vere opphøya.

Ny innkøyring til parkeringsplassen: Innkøyringa til parkeringsplassen bør flyttast til austsida av plassen.

B. Etablering av fotgjengarovergang ved gangveg som kjem frå Bratteberg skule v/Ballbingen.

Det er opparbeidd ei grusa rås over skuleområdet. Denne råsa kjem usikra opp på den trafikkerte vegen Hjellbakkane rett nedanfor Frikyrkja. For bilistar er det ikkje synleg at her kan skje kryssing av veg. Her må merkast med overgangsfelt og skilting. Stenging er lite hensiktsmessig då både born og vaksne frå denne sida av feltet uansett vil finne ei kryssing her når dei skal til skule eller til ballbingen på fritida.

C. Etablering av gangveg i forlenging av gangveg frå Bakkelidvegen til Hjellbakkane/Nylenda (Kriken).

Vegen er asfaltert og trafikkert og bør sikrast med merka overgangsfelt.

Desse tiltaka vil etter vårt syn kunne gjere trafikksituasjon en på staden langt tryggare og meir oversiktleg. Overgangfelta bør vere opphøga for å redusere farta i Hjellbakkane. Vegen er lang og rett og det vert ofte brukt mykje høgare fart enn tillat. Dette er skummelt ettersom den ligg langs skuleområdet og alle skuleborna som bur i Brattebergfeltet må krysse vegen til og frå skulen.

3. Gangfelt i krysset Vikebygdvegen/Bakkelidvegen

Det må merkast opp gangfelt nedst i Bakkelidvegen i forlenginga av gangveg, samt over Vikebygdvegen -helst aust for krysset.

Dette er skuleveg til born både til Vikebygda og Bratteberg skular, samt ein svært mykje nytta turveg rundt Rotevatnet.

Bakkelidvegen er den einaste tilkomsten til Brattebergfeltet og er svært trafikkbelasta. Regulering av nye bustadområde i feltet, medfører auka trafikk.

4. URAVEGEN

Uravegen er framleis skulevegen til omlag $\frac{3}{4}$ av elevane på Bratteberg skule. Denne må sikrast med gangveg åtskild frå køyrebane snarast. Viser til kommunestyret sitt vedtak av 18.06.2009: «Kommunestyret vil ikkje ta standpunkt til endra status for Uravegen før dette er nærare utgreidd gjennom ein reguleringsprosess, eller gjennom rullering av Trafikkplanen for Volda sentrum der konsekvensar knytt til tilstøytande vegnett er betre belyst. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei sak om oppstart av slik prosess.»

Vi ber om at denne saka vert sett i gang no i samband med auka utbygging i feltet.

Med vennleg helsing
Heltne Bratteberg Grendalag



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	03.02.2014	7379/2014/REGULERINGSPLAN	Johnny Loen, 71 25 82 88	12.03.2014

Volda kommune - reguleringsplan - detaljregulering gbnr 20/3 m fl - Bustadområde B58 Bratteberg - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Vi har ikkje merknader til kart og føresegner utover at føresegnene må vere tydelege dersom leikeareal og anna friareal skal vere offentleg eller felles. Dette har betydning for kven som har ansvar for opparbeiding og vedlikehald, og dermed kven som skal innfri rekkjefølgjekrava. I følgje planomtalen skal fleire av friområda vere offentlege. Føresegner og planomtale må vere konsistente her.

Planomtalen er elles grundig og gjer greie for alle dei tilhøve som det kan stillast krav om. Vi har berre ein redaksjonell kommentarar. Kapittel 6 bør gå ut, ettersom det er gjort greie for innhaldet i 2.5. I innhaldsoversikta kan det sjå ut som om det er kapittel 6 som **er** konsekvensutgreiinga.

Sidan området generelt er bratt, kunne vi gjerne også tenkt oss at det var synleggjort korleis leikeareal (O_L1-3) kan opparbeidast. Dette er likevel ikkje ei innvending stor nok til at vi vil gjere motsegn gjeldande. Planen kan for vår del eigengodkjennast.

Konklusjon

Planen kan etter eit par mindre presiseringar eigengodkjennast. Vi viser til detaljar ovanfor.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Fra: Sigbjørn Raknes [sraknes@mimer.no]
Sendt: 9. mars 2014 22:43
Til: V-Postmottak
Emne: Merknader B58 Bratteberg

Merknader til detaljregulering B58 Bratteberg.
Volda 09.03.14

Velteplass for tømmer.

Det skal byggast ny velteplass for tømmer som erstatning for eksisterande velteplass. Den nye velteplassen må vere ferdigstilt før oppstart av byggefeltet. Plasering av den nye Velteplassen bør planleggast i lag med grunneigarane slik at den blir best teneleg for alle partar. Viser til skjønnsføresetnadene punkt 4 og tilleggsføresetnadene punkt B og C.

Mvh
Sigbjørn Raknes Dag Bratteberg

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.
For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/2280	Awd. UHV
Løpenr.	Shs. HAB
3 MAR 2014	
Arkivdel:	PLAN 10
Klassering P:	2012007
Klassering S:	

Vår dato: 25 FEB. 2014
Vår ref.: NVE 201207631-4 rv/tes
Arkiv: 323
Dykkar dato:
Dykkar ref.: 2012/2280

Sakshandsamar:
Terje Systad

Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljregulering B58 Brattberg - Volda kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 24.1.2014. Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for B58 Brattberg. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bustader med tilhøyrande infrastruktur.

Langs Heltneelva er det sett av ei sone på 20 meter med grøntområde. Det er i planomtalen synt til at det har vore tilfelle med overfløyning av område langs Heltneelva nedanfor planområdet, og at flaumproblema kan forventast å auke som følge av utbygging innanfor planområdet. I rekkefølgjeføresegnene er det sett krav om at nødvendige sikringstiltak i område som er utsett for overfløyning må vere gjennomført før utbygging i planområdet kan ta til.

Ved sikring av flaumutsette område bør det takast omsyn til at ein sikrar mot ein 200 års flaum med klimaframskriving.

Med helsing

for Toralf Ohnes
Brikt Samdal
regionsjef

Terje Systad
Terje Systad
overingeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Utviklingssektoren

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/2280	1742/2014	2012007	SVK/ SOH	26.02.2014

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - UTLEGGING TIL OFFENTLIGETTERSYN -
DETALJREGULERING B58 BRATTEBERG**

Vi melder med dette frå at Eldrerådet den 24.02.2014, hadde føre ovannemnde som sak PS 4/14, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særst viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.*
- 2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Harald Berstad - sakshandsamar
Per Heltne - arealplanleggar

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon:	www.volda.kommune.no Telefaks: 70058701	Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	---	-------------------------	----------------------------

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Harald Berstad	Arkivsak nr.:	2012/2280
		Arkivkode:	2012007

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/14	Formannskapet	21.01.2014
5/14	Eldrerådet	24.02.2014
	Ungdomsrådet	
5/14	Kommunalt råd for funksjonshemma	24.02.2014

UTLEGGING TIL OFFENTLIGETTERSYN - DETALJREGULERING B58 BRATTEBERG

Handsaming:

Arealplanleggar Per Heltne orienterte om saka.

Arne Torvik kom med slikt framlegg:

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om at 20 % av byggingsmassen blir universelt utformet.*
- 3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarast.*

Røysting:

Framlegget frå Arne Torvik vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunalt råd for funksjonshemma - 24.02.2014

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om at 20 % av byggingsmassen blir universelt utformet.*

3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarest.

Handsaming:

Per Heltne orienterte om saka.

Roger Nedreklepp kom med slikt fellesframlegg:

1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særst viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.
2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Eldrerådet - 24.02.2014

1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særst viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.
2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.

Handsaming:

Barnerepresentanten, Berit Koen, var til stades under handsaminga av saka.

Planleggar, Per Heltne, orienterte formannskapet om: Detaljregulering B 58 Bratteberg.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 21.01.2014

Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.

Administrasjonen si tilråding:

Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.

Vedleggsliste:

Planomtale, Føresegner, ROS-sjekkliste og Reguleringskart – datert 18.12.2013

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan Volda sentrum

Vedtak om planoppstart

Avtale om engasjement av plankonsulent

Innspel ved planoppstart

Saksopplysningar:

I kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Furene og Vikebygda er området sett av til bustadføremål, friområde og LNF-område. Planframlegget er utarbeidd av Volda kommune, ved innleigd plankonsulent, P.Mulvik as. Oppstartmøte vart halde 19.10.12. og planarbeidet vart etter det varsla igangsett i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8.

Planområdet er avgrensa slik:

Mot nord og aust fylgjer plangrensa langs kommunal veg til vassverk/reinseanlegg, i sør er plangrensa sett til senterlinja i Bjørnevegen og mot vest er planen avgrensa til Heltneelva. Arealet innanfor plangrensa utgjer om lag 107 daa. Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 - Bratteberg er no ferdig utarbeidd og vert tilrådd lagt ut til offentleg ettersyn.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege endringar i høve til gjeldande overordna plan. Vil kunne gje godt og triveleg bumiljø nær knytt opp mot fantastisk fine tur- og naturområder.

Økonomiske konsekvensar:

Planarbeidet er finansiert gjennom eige vedtak.

Opparbeiding av området i kommunal regi vil krevje at det seinare vert avsett ressursar til dette i økonomiplan/budsjett.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Jf Ros-analyse gjennom F.mannen sine retningslinjer som ligg ved.

Vurdering og konklusjon:

Planprosessen er så langt gjennomført i samsvar med reglane i PBL §12-3 og §12/8.

Dei aktuelle innspela ved varsel om planoppstart er teke omsyn til i planutforminga. Jf. planomtalen.

Leikeplassar er utpeika i samråd med kommunen sin barnerepresentant og lagt inn i planområdet slik at det også grensar opp mot eksisterande friområde med ballplass/leikeareal. Det er lagt inn grøntone som gangareal mellom tilgrensande vegar og inn mot leikeområda.

Fylkesmannen sin mal for risikoanalyse er nytta og ligg ved planomtalen. Det er ikkje påvist tilhøve som gir grunn til særlege tiltak ut frå denne gjennomgangen.

Planframlegget vert tilrådd fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med PBL §12-10.

Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Går som melding til Utviklingssektoren, planseksjonen for utlegging av plan til offentleg ettersyn jf. pbl § 12-10.



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Utviklingssektoren

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/2280	1834/2014	2012007	SVK/ SOH	27.02.2014

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - UTLEGGING TIL OFFENTLIGETTERSYN -
DETALJREGULERING B58 BRATTEBERG**

Vi melder med dette frå at Kommunalt råd for funksjonshemma den 24.02.2014, hadde føre
ovannemnde som sak PS 5/14, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i
Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del
og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om
at 20 % av byggingsmassen blir universelt utformet.*
- 3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarest.*

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Per Heltne - arealplanleggar
Harald Berstad - sakshandsamar

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon:	www.volda.kommune.no Telefaks: 70058701	Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	---	-------------------------	----------------------------

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Harald Berstad	Arkivsak nr.:	2012/2280
		Arkivkode:	2012007

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/14	Formannskapet	21.01.2014
5/14	Eldrerådet	24.02.2014
	Ungdomsrådet	
5/14	Kommunalt råd for funksjonshemma	24.02.2014

UTLEGGING TIL OFFENTLIGETTERSYN - DETALJREGULERING B58 BRATTEBERG

Handsaming:

Arealplanleggar Per Heltne orienterte om saka.

Arne Torvik kom med slikt framlegg:

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om at 20 % av byggingmassen blir universelt utformet.*
- 3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarest.*

Røysting:

Framlegget frå Arne Torvik vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunalt råd for funksjonshemma - 24.02.2014

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del*

og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om at 20 % av byggingsmassen blir universelt utformet.

3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarest.

Handsaming:

Per Heltne orienterte om saka.

Roger Nedreklepp kom med slikt fellesframlegg:

- 1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særst viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.*
- 2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.*

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Eldrerådet - 24.02.2014

- 1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særst viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.*
- 2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.*

Handsaming:

Barnerepresentanten, Berit Koen, var til stades under handsaminga av saka.

Planleggar, Per Heltne, orienterte formannskapet om: Detaljregulering B 58 Bratteberg.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 21.01.2014

Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.

Administrasjonen si tilråding:

Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.

Vedleggsliste:

Planomtale, Føresegner, ROS-sjekkliste og Reguleringskart – datert 18.12.2013

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan Volda sentrum

Vedtak om planoppstart

Avtale om engasjement av plankonsulent

Innspel ved planoppstart

Saksopplysningar:

I kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Furene og Vikebygda er området sett av til bustadføremål, friområde og LNF-område. Planframlegget er utarbeidd av Volda kommune, ved innleigd plankonsulent, P.Mulvik as. Oppstartmøte vart halde 19.10.12. og planarbeidet vart etter det varsla igangsett i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8.

Planområdet er avgrensa slik:

Mot nord og aust fylgjer plangrensa langs kommunal veg til vassverk/reinseanlegg, i sør er plangrensa sett til senterlinja i Bjørnevegen og mot vest er planen avgrensa til Heltneelva. Arealet innanfor plangrensa utgjer om lag 107 daa. Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 - Bratteberg er no ferdig utarbeidd og vert tilrådd lagt ut til offentleg ettersyn.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege endringar i høve til gjeldande overordna plan. Vil kunne gje godt og triveleg bumiljø nær knytt opp mot fantastisk fine tur- og naturområder.

Økonomiske konsekvensar:

Planarbeidet er finansiert gjennom eige vedtak.

Opparbeiding av området i kommunal regi vil krevje at det seinare vert avsett ressursar til dette i økonomiplan/budsjett.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Jf Ros-analyse gjennom F.mannen sine retningslinjer som ligg ved.

Vurdering og konklusjon:

Planprosessen er så langt gjennomført i samsvar med reglane i PBL §12-3 og §12/8.

Dei aktuelle innspela ved varsel om planoppstart er teke omsyn til i planutforminga. Jf. planomtalen.

Leikeplassar er utpeika i samråd med kommunen sin barnerepresentant og lagt inn i planområdet slik at det også grensar opp mot eksisterande friområde med ballplass/leikeareal. Det er lagt inn grøntone som gangareal mellom tilgrensande vegar og inn mot leikeområda.

Fylkesmannen sin mal for risikoanalyse er nytta og ligg ved planomtalen. Det er ikkje påvist tilhøve som gir grunn til særlege tiltak ut frå denne gjennomgangen.

Planframlegget vert tilrådd fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med PBL §12-10.

.....


Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Går som melding til Utviklingssektoren, planseksjonen for utlegging av plan til offentleg ettersyn jf. pbl § 12-10.



Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/2280	Ans. Utv
Løpenr.	Sns HAB
13 MAR 2014	
Arkivdel: Planid	
Klassering P: 2012007	
Klassering S:	

Volda kommune Detaljregulering - reguleringsplan for bustadområde B58 - Bratteberg Fråsegn ved offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

Generelt

Etter å ha sett på vegnettet som fører opp til Bratteberg, er vi av den oppfatning at bustadområdet er uheldig plassert både ut frå topografi, mangel på samanhengande gang- og sykkelveggar og moglegheit for tilkomst for ringbuss.

Natur- og miljøvern

Det er ikkje registrert spesielle naturfaglege interesser innan planområdet av regional- og nasjonal verdi. Når det gjeld landskapsverknader etterlyste vi ei synleggjering av dette i vårt innspel til planarbeidet i brev av 04.01.2013. Dette er vist på forsida av planomtalen og som figur 14 side 18. Det er sjølv sagt ikkje enkelt å vise ei tenkt utbygging, men på illustrasjonen er det berre vist ein bustader, og ikkje dei areala som er regulert for konsentrerte småhus. Det vi elles ser i utbygde område høgt oppe i lia i Volda, er at landskapsverknadane i stor grad er avhengig av korleis tomtene blir utnytta og tilpassa i form av store arkitektheikna hus med store glasfasadar, høge murar m.v.

Samfunnstryggleik

Flomfare er omtala i ROS analysen som eit problem det må gjerast noko med. I fellesføresegnene § 4.1 er det set rekkefølgekrav til sikringstiltak langs Heltnelva. I tillegg er det lagt ein plan for å flytte ein avskjerande overvasskanal. I føresegnene er det lagt opp til at denne skal opparbeidast samstundes med bustadfeltet. Vi meiner denne bør vere på plass før utbygginga tek til. Vi tilrår at ein tek omsyn til at prognoser viser auka nedbørsmengder generelt og at større mengder kan kome på kort tid i framtida. Feltet er tenkt utbygd i eit område vi meiner kan vere tungt tilgjengeleg i snøvintrar for t.d større brannbilar ved ei utrykning.

Barn og unge

Dei fysiske oppvekstvilkåra for barn og unge er ikkje fullt ut tilfredstillande. Årsaka til dette er den lange avstanden til Volda sentrum med sine fritidsaktivitetar, og skular utan

busstilbod. Å sykle til og frå Bratteberg byr på utfordringar med bratte bakkar med smale og trafikkerte vegar delvis utan fortau/gang og sykkelveg. Sjølv om det på reguleringskartet ser greitt ut med tanke på grøntkorridorar og friområde, vil det bli ei utfordring å få til flate og funksjonelle leikeplassar som er store nok i høve til behovet.

Føresegner

Det er positivt at fortau langs Bjørnevegen skal etablerast før utbygging av feltet tar til. Det same gjeld støytiltak som er føreslege i rapporten frå Sweco. Å stille krav om korleis husa skal plasserast på tomta og plassering av soverom i høve støy, kan bli vanskeleg for kommunen å følgje opp i kvar byggesak.

Konklusjon

Fylkesmannen er skeptisk til meir bygging i bratt terreng med særleg lange tilførsleveggar der nokon av dei er for smale til at det er mogleg for ringbussen å komme seg fram. Vi meiner spesielt barn- og unge får lide ved utbyggingar som dette, der det er lite attraktivt å sykle til og frå skule/fritidsaktivitetar, og ein heller ikkje har busstilbod til bustadområda. Sjølv om det er mykje som talar imot den ønska utbygginga, meiner vi det ikkje er grunnlag for å reise motsegn til planen. Det er Volda kommune som er ansvarleg for å vurdere om det er grunnlag for ei forsvarleg utbygging innan B58 Bratteberg.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar


Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Rasmus Heltne
Uravegen 3
6104 Volda
gnr.20 bnr.4

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/2280	Avd. Utv
Løpenr.	Shs. Hab
7 MAR 2014	
Arkivdel:	Planid
Klassering P:	2012/07
Klassering S:	

Volda 04.03-14

Volda kommune
postmotak
stormyra 2
6100 Volda

Merknad til Reguleringsplan bustadområde Bratteberg B58

1. Når det gjeld forebygging av Heltneelva , meiner vi at det er så omfattande at det må utarbeidast ein eigen plan på dette arbeidet.
 - Det har tidlegare vore utarbeidd plan på dette arbeidet, som ikkje har vore gjort noko med. Vedlagt kopi av dette.
 - Kapasiteten på elva er i dag sprengt, og ho toler ikkje at det vert sett meir vaten på ho. Slik vi forstår det skal alt overflatevaten først til elva, og tidlegare forbyggingsplanar må oppgraderast med ny plan for heile elva.
 - Området rundt det verna kvernhuset som står på bruk 4 må forebyggast på ein slik måte at vassveita ned til kvernakallen kan restaurerast. Det må vere kommuna sitt ansvar å reparere skader elva har gjort her, då tidlegare forebyggingsplanar ikkje har blitt utført.
 - Når elva har blitt så stor som ho no blir , foreslår vi at elva blir flytta litt mot vest i dette området.
 - Fylkesantikvaren bør komme med forslag til løysing her.
 - Det må settast rekkefølgekrav om at heile elva skal vere forebygd før oppstart av omtalt bustadområde.
2. Når det gjeld tilkomst til skogsteig bruk 4

- Det må skrivast bruksrett på vegen opp til pumpehuset
- Det må sikrast tilkomst over elva ved pumpehuset.
- Bruk 4 må ha tilkomst til skogsteig vest for elva mellom Kolda og pumpehuset via vegnettet/dreneringsgrøft over det nye byggefeltet.
- Det må planleggast ny lunneplass for tømmer .

*Me kjem ikkje til atverande skogsteig
frå nedsida lenger no.*

Heilsing

Rasmus Heltne

Rasmus Heltne

A. kassett KA/rb

Til grunneigarar ved Heltneelva

Peder R. Heltne	- gnr. 20, bnr. 4
Ingrid Johansen Heltne	- gnr. 20, bnr. 3
Lars og Reidun Heltne	- gnr. 20, bnr. 1
Lars Heltne	- gnr. 20, bnr. 24
Olaug Driveklepp	- gnr. 20, bnr. 35
Johannes Steffensen	- gnr. 20, bnr. 38
Magnus Heltne	- gnr. 20, bnr. 36
Karen R. Heltne	- gnr. 20, bnr. 27

FORBYGGING AV HELTNEELVA.

Punkt 3 i skjønnsføresetnadane har følgjande ordlyd:

„Vatn fra oreigningsfeltet og arealet ovenfor forutsettes avledet etter planer, slik disse i hovedsaken er skissert under rettsforhandlingene ved kommunens avdelingsingeniør. Kommunen tar på seg ansvar for disse vassføringer, /og sørger for at de tiltak i elver og bekker utføres, som statens vassdragsstell finner nødvendig i tilknytning til fremlegging og godkjenning av planene, og etter at de saksøkte har fått høve til å uttale seg spesielt om disse problem ved den videre formelle og reelle behandling av vassproblemene.“

Desse reglane gjeld dei som var partar i skjønet og kommunen meiner å praktisere desse reglane også for dei som er interessert i Heltneelva utan at dei var med i skjønet.

Vi forstår desse føresetnadane som dei gjeld avleiing av vatnet frå deler av feltet både før og etter at vassdragsvesenet sin plan er fullført. Vassdragsvesenet vil ikkje kunne få ferdig sine planar før ut på hausten d.å. og planane vil då bli lagt fram for alle dei interesserte.

Imidlertid må entreprenøren med det første leide noko vatn ut i Heltneelva før den kan bli forbygd. Etter vårt skjønn går dette inn under den første setninga i punkt 3 som kommunen etter 2. setning har ansvaret for.

Kommunen vil under dette arbeidet passe særleg godt på at elva ikkje gjer skade både på grunn av den naturlege vassføringa og ved det tilleggsvatn som elva blir tilført frå feltet.

Vi gjer på førehand dette klart for alle dei interesserte slik at dei er på det reine med at det er på kommunen sitt ansvar entreprenøren arbeider når

....2/

A.

han med det første ses igang arbeid med å leide vater frå feltet ut i Hellingselva. Vi rekner med at ingen av dei interesserte har noko å merke til dette og presiserer seggen at all arbeid med å fyre vater ut i Hellingselva blir gjort på kommande sitt ansvar.

Dersom De skulle ha noko å merke til dette, bed vi om å få høyre frá Dykk straks, og seinast innan 3 veker frá idag.

VOLDA FORMANESKAPSKONTOR, den 12. juni 1979


Knut Andersen
kontorsjef



John Thaulle
avd. ing.

... ..
... ..
... ..
... ..

... ..

... ..
... ..
... ..
... ..

... ..

... ..
... ..
... ..
... ..

... ..

... ..

... ..
... ..
... ..
... ..

... ..
... ..
... ..
... ..

... ..

... ..
... ..
... ..
... ..

... ..

... ..

När slua stros rullar, väntat med mig
stånar som dagar, hört till hängar. Om kinstören
kann dette före till varjens det varit ^{ikke} det en
botnen avt ulastra


Vilkar etter å ha ^{ha} kje joff var fra kommunearbeidsg
 det var ein belingelise fra vordragssesmet
 om å gjer attalar om joff ligg i ny melle seggen slik
 det er begritt fra notordrett og oppover


Rasmus Helene
 Johan Helene
 Lars Helene

Utset til plan, den 10. juli 1979. Forebygging
 av Hettengelva (400) ved Helene i Volda kommune. Det vart
 da laga plan, med arbeidstetkingar over dette
 arbeidet.
 Denne sikringa av elva skulle ver ein belingelise for at
 Volda kommune skulle få lov til å fore all
 overflatevatnet fra fjellet, og all dreneringsvatnet
 fra to store byggefelt til denne elva. Da dette
 arbeidet med forebygginga enno ikkje er utført krev vi
 grunnrekarar no at det vert gjort alvor av planen.
 Vi vil hjer merkssam på at Hettengelva har gjort
 skade fleire gongar da ho ikkje klarer å take unda det
 vatnet ho har vorte tillørt etter kvart av kommunar.
 Vi håper på ei snarleg handling.
 Vi ser det som ønskeleg at elva vert laud
 langs byie mellom Rasmus Helene og Johan Helene så
 langt som mulig. Vi ser også at kvendhuset som står
 alt i elva vort verma.

Helene, 8.2.1980.

[Faint handwritten notes or signatures]







SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Regine Solberg Aklestad	Arkivsak nr.:	2015/632
		Arkivkode:	141

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
46/16	Formannskapet	15.03.2016

VEDTAK OM HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN AV VOLDA KOMMUNE SITT FRAMLEGG TIL KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova §11-14 vert *Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028* lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

Vedleggsliste:

1. Framlegg til Kommuneplan for Volda. Samfunnsdelen 2016–2028. Dato: 8. mars 2016.
2. Planprogram. Samfunnsdelen. Kommuneplan for Volda kommune.

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Gjeldande kommuneplan for Volda kommune består av ein langsiktig del (samfunnsdel) som vart vedteken av Volda kommunestyre 24. april 1997, og ein arealdel som vart vedteken av kommunestyret 31. mai 1990.

I Kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015 vart det vedteken at rullering av samfunnsdelen skulle ha høg prioritet denne perioden. Planprogrammet for samfunnsdelen vart vedteken av Volda kommunestyre 27. august 2015. Med bakgrunn i dette vert det no lagt fram eit framlegg til Kommuneplan for Volda. Samfunnsdelen 2016–2028. Framlegg til plan skal sendast på høyring og offentlig ettersyn jf. plan- og bygningslova § 11-14. Fristen for å gje innspel skal vere minst seks veker.

Saksopplysningar:

Om kommuneplanen sin samfunnsdel i plan- og bygningslova § 11-2:

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Forarbeid

Våren 2015 vart det sett ned ein prosjektgruppe med prosjektleiar for kommuneplanarbeidet. Det vart utarbeida eit dokument "Utfordringsnotat for Volda kommune 2015" og planprogrammet for samfunnsdelen vart vedteken 27. august 2015. Planprogrammet inneheldt åtte hovudtema som skulle vere utgangspunkt for vidare planarbeid. Dei åtte hovudtema var attraktivitet (folk, næring, trivsel), busetting, Volda i regionen, Volda sentrum, folkehelse, klima og miljø, tenester og samfunnstryggleik.

Hausten 2015 og vinteren 2016 har det vore gjennomført ein rekke medverknadsprosjekt, med mål om å sikre brei deltaking i prosessen. Innspela frå dei ulike medverknadsprosjekta vart, saman med nasjonale, regionale og lokale føringar, brukt som grunnlag for utarbeiding av eit arbeidsdokument for kommuneplanen. Torsdag 25. februar vart det arrangert eit heildagsarbeidsmøte med kommunestyret, der kommunestyret arbeida med mål og strategiar i dette arbeidsdokumentet. Innspela frå arbeidsmøtet er gjennomgått av prosjektgruppa i etterkant og arbeida vidare med til eit høyringsdokument.

På arbeidsmøtet med kommunestyret kom det eit innspel om at det var ynskjeleg med eit niande hovudtema i planen; landbruk/bygdeutvikling. Hovudtema i planen vart diskutert politisk i samband med planprogrammet, og bestemt der. Det er dei åtte hovudtema som har vore utgangspunkt for medverknadsprosjekta i etterkant. Samtidig er tema landbruk og bygdeutvikling tatt med andre stader i planen, sjølv om dei er nemnd under andre hovudtema/overskriftar. Det er i samfunnsdelen ikkje lagt opp til ein sektorinndeling av planen, men dei ulike sektorinteressene skal integrerast på tvers av hovudtema. Det er difor ikkje lagt opp til eit nytt (niande) hovudtema i planframlegget.

Om høyringsutkastet

Kapittel 3 i høyringsutkastet inneheld bakgrunn for arbeidet, inkludert beskriving av planprosessen og medverknad. Folkehelse skal vere eit gjennomgåande tema i kommuneplanen.

Kapittel 4 inneheld utviklingstrekk, tal og statistikk for Volda kommune.

Kapittel 5 inneheld ei kort skildring av situasjonen i Volda innanfor dei åtte hovudtema, og definerar mål og strategiar for planperioden. Kapittelet inneheld også føringar for vidare arbeid med arealdelen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal fungere som kommunens overordna styringsverktøy. Måla og strategiane som vert vedteken i samfunnsdelen skal vere førande for kommunens prioritering av ressursar.

Om handlingsdelen til kommuneplanen

Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Handlingsprogrammet inneheld årlege prioriteringar, og skal reviderast kvart år saman med budsjett og økonomiplan, sjå figur under. Handlingsdelen skal vise kva kommunen skal gjennomføre dei neste fire åra.



Vurdering og konklusjon:

Med heimel i plan- og bygningslova §11-14 vert *Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028* lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Helse og miljøkonsekvensar:

Folkehelse er eit overordna og førande prinsipp for planen. Både "Folkehelse" og "Klima og miljø" inngår i planen som eige tema.

Økonomiske konsekvensar:

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal fungere som kommunens overordna styringsverktøy. Måla og strategiane som vert vedteken i samfunnsdelen skal vere førande for kommunens prioritering av ressursar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

"Samfunnstryggleik" inngår i planen som eige tema.

Naturmangfaldlova:

Planen inneheld føringar arealdelen, og har m.a. som mål å arbeide for ein berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald.

Rune Sjugard
Rådmann

Regine S. Aklestad
planleggar

Utskrift av endeleg vedtak:



KOMMUNEPLAN FOR VOLDA

SAMFUNNSDELEN 2016–2028

Høringsutkast

Dato: 8. mars 2016



FORORD VED ORDFØRAREN

Utarbeiding av kommuneplanar er eit viktig og utfordrande arbeid. Alle skal med i prosessen og alle interesser skal bli høyrd. I Volda starta arbeidet med denne planen i god tid før valet i 2015 og med omfattande medverkningsprosessar, der spesielt Ungdomsrådet har gjort ein framifrå innsats. Det er ungdomen vi spesielt arbeider for når tidsperspektivet er både 10 og 20 år. Folkehelse er eit overordna og førande prinsipp for planen. Korleis kan vi utvikle samfunnet vårt slik at vi skaper betre livssituasjon for alle? Dette er noko som krev aktivt samarbeid mellom kommune, næringsliv og sivil samfunn.

Samstundes med kommuneplanprosessen har Volda forhandla med Ørsta om kommunesamanslåing. Både kommuneplanen og arbeidet med intensjonsavtalar fører til prioritering og fokusering for å møte utfordringar og moglegheiter i framtida. La meg peike på nokre sentrale punkt i intensjonsavtalen med Ørsta og som også er førande for denne kommuneplanen:

- Visjonen er å bygge eit tydeleg regionsenter med større samla attraktivitet og avanserte tenester for heile regionen.
- Ivareta og utvikle arbeidsplassar.
- Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.
- Nynorsk er del av ein felles identitet.
- Volda-Ørsta kommune skal vere attraktiv for busetjing av familiar og unge.
- Vidareutvikling av tenestetilbod skal bygge på eksisterande struktur for skular, sjukeheimar og helse.

Kommuneplanlegging er prosessar for sams viljedanning og maktbygging. Om det er brei semje om mål og strategiar og desse er tydeleg prioritert, gir det grunnlag for samarbeid for handling og samfunnsutvikling. Kommuneplanen vil vere ei aktiv rettesnor for utvikling av samfunnet vårt lokalt, kommunalt og også regionalt. Kommuneplanen gir perspektiv og viser aktuelle mål og strategiar både for private og offentlege interesser. Dette er Volda kommune som samfunn sin plan!

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gi føringar og prioriteringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og for handlingsprogram/økonomiplan. Nærleiken mellom sentrale delar av Ørsta og Volda og der hovuddelen av innbyggjarane i dag bur, gir viktige utfordringar for sams arealplanlegging for å kunne bruke og verne sentrale ressursar. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gi klare signal til den meir detaljerte utviklinga av samfunnet vårt så vel som til kommunen som organisasjon.

Volda 29.2.2016

Jørgen Amdam
Ordfører

1 INNHALD

	Forord ved ordføreren	s. 2
1	INNHALD	s. 3
2	BAKGRUNN	s. 4
2.1	Om kommuneplanen sin samfunnsdel	s. 4
2.2	Nasjonale og regionale føringar og forventningar	s. 4
2.3	Hovudtema og visjon for prosessen	s. 5
	Prosess og medverknad	s. 5
	Folkehelse som overordna og førande prinsipp	s. 6
3	UTVIKLINGSTREKK	s. 7
3.1	Om Volda	s. 7
4	MÅL OG STRATEGIAR	s. 10
4.1	Attraktivitet (folk, næring, trivsel)	s. 10
4.2	Busetting	s. 12
4.3	Volda i regionen	s. 14
4.4	Volda sentrum	s. 16
4.5	Folkehelse	s. 18
4.6	Klima og miljø	s. 20
4.7	Tenester	s. 22
4.8	Samfunnstryggleik	s. 24
5	KJELDER	s. 26



Kulturlandskap, Årset. Foto: Regine S. Aklestad.

2 BAKGRUNN

2.1 Om kommuneplanen sin samfunnsdel

Om kommuneplan i plan- og bygningslova, § 11-1:
“Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig.”

Om kommuneplanen sin samfunnsdel i plan- og bygningslova, § 11-2 og 11-3:

“Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.

Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.”

Handlingsdelen


Mål og strategier i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Handlingsprogrammet inneheld årlege prioriteringar, og skal reviderast kvart år saman med budsjett og økonomiplan, sjå figur til høgre. Handlingsdelen skal vise kva kommunen skal gjennomføre dei neste fire åra.

2.2 Nasjonale og regionale føringar og forventningar

I planprogrammet for samfunnsdelen er det gjort greie for sentrale nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar til planarbeidet.

Nokre viktige føringar:

- Lovar og forskrifter
- Stortingsmeldingar, rikspolitiske og statlege planretningslinjer
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016
- Regional planstrategi og regionale delplanar
- Kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015
- Kommunedelplanar og fagplanar



Handlingsdelens rolle i kommuneplanen.

2.3 Hovudtema og visjon for prosessen

Dokumentet “Utfordringsnotat for Volda kommune 2015” vart brukt for å diskutere innhald i planprogrammet og hovudtema for vidare kommuneplanarbeid. I planprogrammet vart det vedteken at kommuneplanen sin samfunnsdel skulle innehalde åtte hovudtema;

- Attraktivitet (folk, næring, trivsel)
- Busetting
- Volda i regionen
- Volda sentrum
- Folkehelse
- Klima og miljø
- Tenester
- Samfunnstryggleik

Visjonen “Volda for alle” har vore nytta i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, og fleire av medverknadsprosessane har starta med ein diskusjon om kva som ligg i denne visjonen. Ein visjon kan vere samlande, peike retning, skape energi og gje noko å strekke seg mot. Visjonen “Volda for alle” seier noko om at alle skal føle seg inkludert i Volda, uavhengig til dømes alder, bakgrunn eller ressursar. Visjonen har også fungert som eit mål for medverknadsprosessen; alle skal ha moglegheit til å delta og kunne seie meininga si.

2.4 Prosess og medverknad

Det har vore gjennomført fleire ulike medverknadsprosjekt knytt til kommuneplanarbeidet, med mål om å sikre brei deltaking i prosessen.

Rådmannen sin leiargruppe har, saman med sine sektorar, diskutert utfordringar, mål og strategiar. Det har vore arrangert eige temamøte knytt til bestemte utfordringar, og kommuneplanen har vore tema på fleire plangruppemøte. Framlegg til mål og strategiar er samla i eit dokument “innspel frå administrasjonen til kommuneplanen sin samfunnsdel”.

“Tenketanken” som vart etablert i samband med kommunereformprosessen har også vore nytta i kommuneplanarbeidet. Tenketanken består av representantar frå ungdomsrådet, eldrerådet, kommunalt råd for funksjonshemma, grendelaga, Volda Næringsforum, frivillig sektor, Utdanningsforbundet, Høgskulen i Volda og Volda sjukehus. Det har vore to møter med Tenketanken, og innspela er samla i dokumentet “Innspel frå Tenketanken til kommuneplanen sin samfunnsdel”.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har vore tema på alle møta i ungdomsrådet hausten 2015. På det fyrste møtet fekk representantane utdelt eit oppgavehefte knytt til kommuneplanen. Oppgavehefta vart nytta til å samle innspel frå elevar på skulene i Volda. Innspela vart deretter presentert og diskutert på møta i ungdomsrådet. Ungdomsrådet har laga eit eige hefte “Melding frå dei unge. Innspel frå barn og unge til kommuneplanen for Volda 2016–2028”.

Sommaren og hausten 2015 vart alle leike- og aktivitetsområda i Volda kartlagt. Barn og unge vart invitert til å vere med på kartlegginga. Barna sine teikningar, ynskjer og tilbakemeldingar er samla i rapporten “Kartlegging av leike- og aktivitetsområde for born og unge”.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har vore tema på møte i kommunestyret, driftsstyret, forvaltningsstyret, eldrerådet og kommunalt råd for funksjonshemma (FUNK). 25. februar 2016 hadde kommunestyret eit heildags-arbeidsmøte med kommuneplanen som tema.

I prosjektet “Folk i gata” vart det lagt vekt på å aktivt oppsøke folk, for å samle innspel til kommuneplanen. Eit oppgavehefte med spørsmål henta frå planprogrammet vart delt ut til folk i gata, på kafear, på ferga, på høgskulen og andre stader i Volda. Hefta vart også lagt ut på kommunen sin heimeside. Volda pensjonistlag hadde kommuneplanen som tema på eit av sine møte, og elevar frå Volda læringscenter brukte to skuletimar på å diskutere og svare på spørsmål.

Innsamla innspel og meir informasjon om medverknadsprosessane er tilgjengeleg på Volda kommune sine heimesider.

Informasjon om kommuneplanprosessen har også vore publisert på heimesida til kommunen, på Volda kommune sin facebookside og i lokalavisene Møre og Møre Nytt.



2.5 Folkehelse som overordna og førande prinsipp

Lov om folkehelsearbeid, gjeldande frå 2012, tek føre seg fem viktige prinsipp; medverknad, berekraft, helse i alt vi gjer, føre var og utjamning av sosial ulikskap i helse.

Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å oppretthalde, betre og fremje innbyggjarane si helse, ved å fjerne eller redusere faktorar som fører til sjukdom eller styrke faktorar og aktivitetar som fører til god helse.

Helse er å meistre kvardagens krav. Alle kommunale tenester har eit ansvar for å legge til rette slik at alle innbyggjarane skal kunne meistre liva sine og få nytte ressursane sine til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg. Og når samfunnet er lagt godt til rette, vil folk trivast og oppleve god helse og livskvalitet.

I følge Verdas helseorganisasjon (WHO) er det berre ti prosent av befolkninga sine helseproblem helsetenesta kan gjere noko med. Dei resterande 90 prosentane vert påverka av tilhøve utanfor helsetenesta (oppvekst, barnehage, skule, kultur- og næringsliv, arbeidsliv, frivillig sektor, dvs. generelt i lokalsamfunnet). Difor er det også avgjerande at vi tenkjer "helse i alt vi gjer".

Samhandlingsreforma og behov for retningsending
Samhandlingsreforma har gitt helsetenestene ei retningsending. Målet med samhandlingsreforma er betre folkehelse og betre helse- og omsorgstenester på ein berekraftig måte. For å oppnå dette må fokuset rettast mot tidleg innsats og førebygging framfor reparasjon, og betre samhandling på tvers av tenestene. Ved å styrke folk si kjensle av meistring og bruk av eigne ressursar, vil innbyggjarane oppleve god helse og auka livskvalitet.

Tidleg innsats

Ressursprioriteringa i helsetenesta har historisk vore prega av reparasjon. Dette er dyrt, og over tid gir dette negativ effekt i tenestekjeda. Folkehelselova legg ansvar på kommunane for å ha oversikt over helsetilstanden i kommunen, og å leggje til rette for at folk har god helse.

Vi må tenkje annleis og snu ressursinnsatsen i tenestekjeda til tidleg innsats. Dette gjeld særleg i høve til barn og unge, men også i tenestene retta mot vaksne som treng omsorg. Livskvaliteten aukar ved meistring i alle livsfasar, og når individa er meir sjølvhjelpne vil også behovet for tenester verte redusert.

Tidleg innsats er også viktig for å halde oppe verdien på den menneskelege og materielle innsatsfaktoren i kommunen. Dette handlar om investering i kompetanseutvikling, tid til relasjonsbygging og arbeidsmiljøbygging hjå dei tilsette og vedlikehald av bygningsmassen.

Folkehelse som gjennomgåande tema i kommuneplanen

Volda var, som ein av grunnleggarane av "norsk nettverk av Helse- og Miljøkommuner" (no "Sanne kommuner – WHO's norske nettverk), tidleg ute med å ha helse som tema i kommuneplanen og er nytta som døme av andre kommunar seinare. At Volda blir sett på som ein aktiv kommune i folkehelsearbeid er god omdømmebygging for kommunen. Målretta folkehelsearbeid gjennom mange år kan også ha samanheng med at Volda nå gjer det godt på fleire folkehelsebarometer. Dette viser at folkehelsearbeid nyttar, og det er viktig å halde fram med dette arbeidet.

Volda kommune skal ha eit "frisk-fokus" og meistringsperspektiv i alt vi gjer, og folkehelse skal vere eit gjennomgåande tema i kommuneplanen.



Utfordringar for vonde kne. Foto: Per Ernst Lundberg.

3 UTVIKLINGSTREKK

3.1 Om Volda

Folketal¹


1. januar 2016 hadde Volda kommune 9037 innbyggjarar. I 2000 var det 8322 innbyggjarar i kommunen. I følge SSB sitt mellomalternativ vil folketalet i Volda fortsettje å stige jamt framover. Det er først og framst innvandring frå utlandet som sikrar ei positiv folketalutvikling. I 2028 spår SSB at det vil vere 1281 fleire innbyggjarar i Volda, det vil seie i alt 10 318 innbyggjarar.

I forhold til i 2016 vil det i 2030 vere:

- + 207 i barnealder
- + 98 i barneskulealder
- + 19 i ungdomsskule
- 4 i vidaregåande skule
- + 535 i alderen 20–66 år
- + 264 i alderen 67–79 år
- + 181 i alderen 80–89 år
- 19 eldre enn 90 år

Innbyggjarar i arbeidsfør alder²


Innbyggjarar i arbeidsfør alder (20–66 år) per innbyggjarar 80 år og eldre:



Figuren viser ein reduksjon i forholdstallet mellom dei to aldersgruppene; frå 11,2 i 2015 til 7,3 i 2040. Det betyr at det vert færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggjar 80 år og over.

Kjønnsfordeling³

Kvinner per 100 menn, 20–39 år, 2004–2014:



Flyttemønster⁴


71,6 % av innbyggjarane i Volda bur i område definert som tettbygd strøk. Det er også her folketilveksten er størst. I bygdene går folketalet jamt nedover.

Frå 2006 til 2016 har folketalet:

- i Volda kommune auka med 715 personar.
- i tettstaden Volda auka med 885 personar.
- i spredtbygde krinsar gått tilbake med 170 personar.

Nettoflytting⁵

Møre og Romsdal har innanlandsk flyttetap i aldersgruppa 20–29 år (sjå blå strek i figuren under). Nettoflytting Møre og Romsdal, innanlands, utanlandsk og samla, etter alder 2004–2014:




Pendling⁶

- 4397 arbeidstakarar er busett i Volda
- 2714 arbeidstakarar arbeider og er busett i Volda
- 1683 arbeidstakarar pendlar ut frå Volda
- 1604 arbeidstakarar pendlar inn til Volda
- 4318 arbeidstakarar er sysselsett i Volda

Hovudstraumen av pendlarar går mellom Volda og Ørsta. 798 personar pendlar frå Volda til Ørsta. 945 personar pendlar frå Ørsta til Volda.


Personar som pendlar inn til Volda har først og fremst arbeid i offentlig forvaltning og anna tenesteyting. Dei som pendlar ut arbeidar hovudsakeleg i industrien.

Næringsstruktur, offentlig og privat sektor⁷



Næringsstruktur⁸

Syssette med arbeidsstad i Volda:



Nyetableingar⁹

I 2014 hadde Volda kommune 7 nyetableingar per 1000 innbyggjar. Det er det same som snittet for Møre og Romsdal.

Arbeidsplassdekning og arbeidsløyse¹⁰

Arbeidsplassdekning: 98,2 % (2014).

Det er lågare arbeidsløyse i Volda enn snittet for fylket og landet elles.

Barnehage og skule¹¹

Det er 7 kommunale og 6 private barnehagar i Volda kommune, med til saman 491 barnehageborn.

Volda kommune har 8 grunnskular med omlag 1100 elevar. Fire av skulane er reine barneskular, tre er kombinerte og ein er rein ungdomsskule. I tillegg er det to private barneskular. Kommunen har sju skulefritidstilbod. Det er omlag 250 born i SFO-tiltaka. Volda kulturskule har om lag 340 elevar.

Høgskulen i Volda¹²

Høgskulen i Volda er den største høgskulen i fylket, og har fleire studentar og tilsette enn høgskulane i Molda og Ålesund. Høgskulen i Volda har også høgast grad av vitskapeleg produksjon i fylket.

Folkehelse¹³

Fråfall i vidaregåande skule er lågarere enn landsnivået. Andel med vidaregåande eller høgare utdanning er høgare enn landsnivået. Det er lågare arbeidsløyse i Volda enn snittet for fylket og landet elles.

Færre 7. og 10. klassingar i Volda oppgir at dei vert mobba på skulen, enn i fylket og landet.

17–18 % av 3. klassingane og 21–23 % av 8. klassingane i Volda kommune har utvikla overvekt/fedme. Dette er fleire enn gjennomsnittet i Noreg. Det er aukande bruk av legemiddel knytt til psykisk helse og livsstilssjukdommar. Prosentdel unge jenter som slit med psykisk helse har auka frå 25 % til 34 % på ti år.

1 % av ungdommen i Volda røyker dagleg. 4 % av elevane i 1. klasse på vidaregåande skule snusar dagleg. Unge jenter som snusar er ei aukande gruppe.

Befolkningsframskingane viser at det i framtida vil verte færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggjar 80 år og eldre. Moglege konsekvensar av dette kan vere:

- Ei stadig veksande gruppe med friske eldre.
- Sjukdomsbiletet vert meir prega av kronisk og samansette helseproblem og demens.
- Utfordringar og større press på mellom andre helse- og omsorgstenester.
- Fleire eldre utan pårørande i nærmiljøet kan gi eit større press på innlegging i sjukeheim.



Pleie- og omsorgstenester¹⁴

Det har dei siste åra vore ei auke av brukarar under 67 år som mottek pleie- og omsorgstenester. Tal for Møre og Romsdal:

	2009	2014	Auke
> 67 år	4796	5756	20 %
< 67 år	10215	10087	-1 %

Bustadar¹⁵

(2014)

3056 einebustadar

312 tomannsbustadar

544 rekkehus, kjedehus og andre småhus

163 bustadblokkar

556 bygningar for bufellesskap

104 andre bygningstypar

4735 totalt

Kommunikasjon og samferdsel¹⁶

145 km kommunale vegar

Ca. 100 km vegar med fast dekke

Ca. 45 km grusvegar

4 km gang- og sykkelvegar

58 km kommunal veg med veglys, ca. 2400 lyspunkt

Ca. 30 bruer

102,5 km vassrør

10 vassverk

128 km avløpsrør

8 kloakkbehandlingsanlegg

2015: sju trafikkulukker med null døde, to hardt skadde og fire lettare skadde.

Areal¹⁷

548 km²

Høgaste fjell: Eidskyrkja, 1482,5 m.o.h.

Kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi¹⁸

Austefjord kyrkje; kulturminne, kyrkjestad.

Berkneset; kulturmiljø, krigsminnelokalitet.

Botnen; fornminne, kulturmiljø, rituell-kultisk lokalitet.

Dravlaus; gravrøyser, kulturmiljø, gravminne.

Ekset; kulturmiljø, gårdstun.

Halkjelsvik kyrkjestad; kulturmiljø.

Hunnes; sengjabud, kulturminne, gardstun.

Nedre Rotset; kulturmiljø, gardstun.

Olavskjelde Kile; kulturminne, brønn/kjelde/vannpost.

Oppgangssag, Bjørkedalen; kulturminne, sagbruk.

Rotevatn, gravrøys; kulturminne.

Skinnvika, gravrøyser; kulturmiljø.

Skrivargarden, Skjerva; kulturminne, gardstun.

Stabbur Eikrem; kulturminne, gardstun.

Velsvik røykomnstove; kulturminne, gardstun.

Volda kyrkje; kulturminne, kyrkjestad.

Volda prestegard; kulturmiljø.



Bilete frå Berkneset, krigsminnelokalitet. Foto: Torgeir Stensø.

4 MÅL OG STRATEGIAR

Dette kapittelet inneheld ei kort skildring av situasjonen innanfor dei åtte hovudtema, og definerer mål og strategiar for planperioden. Mål og strategiar skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Kapittelet inneheld også føringar for vidare arbeid med arealdelen.

4.1 Attraktivitet (folk, næring, trivsel)

Attraktiviteten til ein stad kan koplast til staden sin evne til å trekke til seg personar eller miljø som er viktig for utviklinga av staden. Attraktiviteten til ein stad er avhengig av fleire ulike faktorar, mellom anna gode offentlege tenester, kultur og fritidstilbod, arbeidsmarknad og handels og sørvistilbod. Med dette perspektivet kan alle dei åtte hovudtema i samfunnsdelen knyttast til omgrepet attraktivitet. I kapittel 4.1 er det sett søkjelys på område knytt til omgrepa "folk, næring og trivsel", som vil vere spesielt viktige for å styrkje kommunen sine føresetnader for framtidig vekst og utvikling.

Volda kommune har mange offentlege arbeidsplassar og mange miljø med mykje kompetanse (sjukehus, offentleg og privat tenesteyting, høgskule, Møreforsking, vidaregåande skule med fleire). Volda er eit godt supplement til nabokommunane som har fleire arbeidsplassar knytt til industri og maritim verksemd. Landbruket er også ei viktig næring. Sunnmøre kulturnæringshage og Volda Næringsforum er viktige ressursar for nyetableringar.

Volda har ein lang historie som skulestad; frå Volda private millomskule og gymnas som vart starta i 1910 og fram til Høgskulen i Volda som i dag har omtrent 3000 studentar og 300 tilsette. Høgskulen i Volda har ein viktig rolle både regionalt og lokalt som ein utdanningsinstitusjon og arbeidsplass. StudiebygdA er eit partnerskap mellom offentleg, privat og frivillig sektor, med hovudformål å styrke studiestaden Volda.

Volda har også eit høgt aktivitetsnivå i idretts- og kulturlivet. Ein stor del av dette arbeidet vert drive av frivillige lag og organisasjonar. Høgskulen og studentmiljøet bidreg også mykje i kulturlivet, mellom anna ved å arrangere fleire store festivalar. Naturen i Volda innbyr til fysisk aktivitet og naturopplevingar. Natur, kultur, idrettsliv og frivillig arbeid er viktige faktorar for bulyst, attraktivitet og i integreringsarbeid.

Volda sentrum er eit kompakt sentrum med korte avstandar og nær tilknytning til både fjord og fjell. Våren 2015 vart det laga ein Utviklingsplan for sentrumsområdet. Utvikling av Volda sentrum vil vere eit viktig satsingsområde i tida framover for å auke attraktiviteten i kommunen.

Ein viktig målsetting i vidare arbeid er å ta vare på og vidareutvikle dei positive sidene ved voldasamfunnet, og stimulere til ny aktivitet som bidreg til bulyst og trivsel.



Journaliststudentar frå Høgskulen i Volda. Foto: Regine S. Akléstad.

MÅL:

Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda.

STRATEGIAR:

- Sikre full barnehagedekning og godt pedagogisk innhald i alle barnehagar og skular.
- Prioritere standard på barnehage, skulebygg og uteområda.
- Prioritere førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge.
- Tidleg innsats for å førebygge fråfall frå vidaregåande skule.
- Styrke samarbeidet mellom kommunen, høgskulen og næringslivet.

MÅL:

Alle skal ha mulegheit til å delta i eit breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv.

STRATEGIAR:

- Styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for frivillige lag og organisasjonar, kultur og fritidsaktivitetar for alle.
- Utvikle nye arenaer for kultur og idrettsliv, og synleggjere tilboda lokalt og regionalt.
- Ivareta og styrke ildsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid, omsorg, integrering med meir.
- Legge til rette for kommunikasjon og samhandling for å sikre likeverdig deltaking.
- Legge til rette for større breidde i kulturskulen.

MÅL:

Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad.

STRATEGIAR:

- Sikre høgskulen og sjukehuset som viktige arbeidsplassar og institusjonar for framtida.
- Samarbeide med nærliggande kommunar om tilrettelegging av attraktive næringsområde i regionen.
- Legge til rette for bærekraftig utvikling av landbruk, skog og fjordbruk.
- Målretta satsing på innovasjon og gründerverksemd, og utvikling av kompetansearbeidsplassar.
- Styrke Volda sentrum som regionalt handels-, bu- og næringsssentrum.

MÅL:

Alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen.

STRATEGIAR:

- Vidareutvikle gang- og stinettverket og legge til rette for tilgang til natur og friluftslivsområde.
- Realisere utviklingsplanen for Volda sentrum med fokus på grønstruktur og kopling mot strategien "frå fjord til fjell".
- Synleggjere natur- og friluftslivsmoglegheitene.
- Stimulere landbruksnæringa til å halde i hevd kultur- og naturlandskapet.
- Sikre eit mangfaldig naturlandskap gjennom kommunal arealforvaltning.

MÅL:

Volda sentrum skal vere eit levande midtpunkt i kommunen med attraktive møteplassar.

STRATEGIAR:

- Realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum og sikre løysingar med høg vekt på universell utforming.
- Utvikle samarbeid med Volda Næringsforum, høgskulen, lag og organisasjonar om felles strategi for marknadsføring og aktivitetar gjennom året.
- Betre kommunikasjonar og infrastruktur.
- Bruke Volda sentrum for å synleggjere bygdene og kommunens mangfald gjennom arrangement, fysiske installasjonar og informasjon.
- Arbeide for at "Campus HVO" vert ein integrert del av Volda sentrum.

Føringar for vidare arbeid med arealdelen:

- Sikre områder for grønstruktur, natur og friluftsliv.
- Sikre viktige strandsone og sjøareal til natur- og friluftslivformål.
- Sikre areal til utvikling av kultur- og idrettsliv.
- Vidareutvikle gang- og sykkelvegnettet.
- Sikre areal til framtidige barnehagar, skular og andre offentlege funksjonar.
- Sikre viktige jord- og skogbruksareal for framtida.
- Sikre nødvendige areal til næringsformål.
- Sikre god forvaltning av sjøareal og areal til havbruksnæring.
- Sikre areal for vidare utvikling av sjukehus og høgskule.
- Oppdatere veg- og gateplan for Volda sentrum med oppdatert veg- og gatenormal.
- Oppdatere hovudplan for vatn og avløp.

4.2 Busetting

Volda kommune har positiv folketalsutvikling, og det er forventet at denne veksten skal halde fram. Det er først og fremst innvandring som sikrer positiv folketalsutvikling. Både i fylket og i kommunen er det stor utflytting blant unge og unge voksne, særleg i alderen 20–29 år, og det er ei utfordring å få unge som flyttar ut til å kome tilbake etter ferdig utdanning. Volda har eit fortrinn som studiebygd, ved at det er busett omtrent 1500–2000 studentar i kommunen. Det er også eit mål å få fleire studentar til å verte verande i Volda etter studietida. Relevant jobb, tilgang på bustad, fysisk- og sosialt nærmiljø og tilhørsle er faktorar som spelar inn når ein skal velje etableringsstad.

Befolkningsframskrivingane viser at gruppa eldre (70 år eller eldre) vil auke kraftig dei neste åra. Volda kommune har, lik resten av fylket, eit større overskot av menn enn landsgjennomsnittet.

Omtrent 70 % av innbygarane i Volda kommune bur i tettstaden Volda, og det er her arealpresset er størst. I bygdene har folketallet gått jamt nedover.

Volda og Ørsta kommunar ynskjer å arbeide for å verte eit regionalt tyngdepunkt. For å få til dette er det viktig å sikre framtidig befolkningsvekst. Auka folketal vil også kunne påverke og stimulere til næringsutvikling og verdiskaping.

Volda kommune ynskjer å legge til rette for framleis positiv befolkningsvekst i Volda tettstad. Ein samordna areal- og transportplanlegging er viktig for å sikre berekraftig arealbruk, redusere transportmengde og for å endre transportmiddelfordeling slik at den vert betre for miljøet. Samtidig er bustadområde med korte avstandar til handels-, service- og tenestetilbod faktorar mange er ute etter når dei er på jakt etter bustad. Nye bustadfelt, utbyggingsareal og større etableringar bør difor lokalisast i tilknytning til

eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange. I og nær sentrumskjernen vil det vere aktuelt å fortette. I fortettingsprosjekt er det viktig å fortette med kvalitet, og ta vare på naturverdiar og område for lek og opphald.

30 % av innbygarane i kommunen bur utanfor tettstaden Volda. Levande bygdar er avgjerande for å kunne halde kultur- og naturlandskap ved like, for at Volda skal kunne utviklast som ein reise- og opplevingsdestinasjon og for å ha eit alternativ til den meir urbane tettstaden. Bygdene er også viktig for å sikre matproduksjon og berekraftig utvikling. Fyrde, Folkestad og Lauvstad er dei tre lokalsentra i kommunen. I dokumentet “Strategi for busetjing på bygdene” vert det peika på utfordringar og strategiar for busetting på bygdene i Volda. For å utvikle lokalsentra må kommunen aktivt legge til rette for offentleg og privat service, bustadfelt, utleigebygg, kommunikasjonar og universell utforming. Vidareutvikling av tenestetilbodet i kommunen bør bygge på eksisterande strukturar for skular, sjukeheimar og helse.

Mange ynskjer å bu heime og kunne vere aktive og sjølvstendige så lenge som mogleg. Å vere aktiv i kvardagen er avgjerande for å bevare god helse og livskvalitet. Målet med tenesta “kvardagsrehabilitering” er å trene på å igjen kunne gjere daglege gjeremål, og framleis kunne leve eit mest mogleg sjølvstendig og aktivt liv i eigen heim.

For å sikre gjennomstrøyming i kommunale bustadar bør leietakarar hjelpast vidare i bustadmarknaden. “Frå leige til eige” er ein metode som kan gi husstandar med låge inntekter moglegheit til å kunne kjøpe eigen bustad.



Volda tettstad. Foto: Regine S. Aklestad.

MÅL:

Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet.

STRATEGIAR:

- Kunne tilby barnehageplass til alle barn og sunne og inkluderande oppvekst- og opplæringsmiljø med høg kvalitet frå grunnskule til høgskulenivå.
- Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle kompetansearbeidsplassar innanfor privat og offentleg sektor.
- Legge til rette for at innbyggjarar skal oppleve trivsel og tryggleik i kvardagen.
- Styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen.
- Legge til rette for auka innvandring og sjå på innvandring som ein positiv ressurs.

MÅL:

Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18–30 år skal vere positivt.

STRATEGIAR:

- Kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø.
- Ha eit variert utdanningstilbod og tilstrekkeleg med lærlingplassar.
- Utvikle Volda til den beste studiebygda i landet, med stor kulturaktivitet og gode møteplassar med urbane kvalitetar i Volda sentrum.
- Vidareutvikle Volda som ein attraktiv bukommune, i ein mangfaldig arbeidsregion.
- Ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og på bygdene.

MÅL:

Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustadar, og attraktive bumiljø.

STRATEGIAR:

- Ha eit oppdatert plangrunnlag som styringsverktøy for utbygging og sikring av areal.
- Arbeide aktivt for utvikling av attraktive byggeklare bustadtomter og tilrettelegging for varierte bustadtypar og fortetting med kvalitet i sentrumsområdet.
- Heve standarden på leike- og aktivitetsområda.
- Sikre gode trafikale forhold i bustadområda, med vekt på trygg ferdsel for barn og unge.
- Ta vare på eksisterande arkitektoniske kvalitetar og vere bevisst på val av arkitektonisk uttrykk på nybygg.

MÅL:

Redusere den negative folketalutviklinga på bygdene.

STRATEGIAR:

- Legge til rette for bustadbygging i bygdесentra, spreidd utbygging og auka omsetning av gardseigedomar og ledige hus (i samsvar med "Strategi for busetting på bygdene").
- Stimulere til private initiativ og utvikling av bygdесentra.
- Arbeide for gode kommunikasjonar mellom sentrum og bygdene.
- Prøve ut ordning med kommunale bustader i bygdесentra (gjerne i partnerskap med private).
- Sikre at tilbodet til offentlege tenester (t.d. barnehage og skule) stimulerer til busetting.

MÅL:

Folk skal kunne bu heime så lenge dei kan og alle som har krav på det skal få tilbod om bustad.

STRATEGIAR:

- Jobbe førebyggjande, styrke kvardagsrehabilitering og tilby tenestene på lågast mogleg og rett nivå i omsorgstrappa, uansett kvar ein bur i kommunen.
- Vidareutvikle gode dagtilbod der kultur, aktivitet og trivselstiltak har fokus.
- Sikre gjennomstrøyming og framskaffe fleire universelt utforma bustadar og fleksible bueiningar for ulike behov.
- Legge til rette for integrering av ulike grupper med særskilte behov i etablerte og nye bustadområde.
- Legge til rette for at fleire skal kunne eige sin eigen bustad.

Føringar for vidare arbeid med arealdelen:

- Sikre tilstrekkelig areal til framtidig bustadbygging.
- Lokalisering av framtidig bustadområde knytt til skule og anna infrastruktur.
- Legge til rette for spreidd bustadbygging på bygdene.
- Legge til rette for fortetting i sentrum.
- Legge inn føringar for utnyttingsgrad og type bustadutbygging.
- Legge inn føringar for arkitektoniske kvalitetar og uttrykk i nye utbyggingsområde og på nye bygg.
- Sikre nødvendig leike- og uteopphaldsareal og inkludere leikeplassnorm i føresegnene.
- Sikre areal til tilrettelagte bustader/institusjonar.
- Sikre areal til framtidige studentbustadar.

4.3 Volda i regionen

I Møre og Romsdal fungerer dei tre største byane i fylket som regionsenter; medan bu- og arbeidsregionen sør i fylket manglar eit tydeleg regionsenter. Mange regionale funksjonar er samla i Volda og Ørsta, og nye vegsamband har ført til at Volda og Ørsta i enda større grad fungerer som sentrum for ein bu- og arbeidsmarknad sør i fylket, men også for delar av Nordfjord. Regjeringa peiker på at sterke regionsentra er viktig for å skape vekst, både i byane og i omlandet, og Volda ynskjer, saman med Ørsta, å bygge eit tydeleg regionsenter.

I samband med kommunereforma er Volda kommune i gang med utgreiingar og samtalar med grannekommunar om samanslåing. Dersom Volda kommune skal inngå i ein ny og større kommune, vil dette medføre ein utfordrande gjennomføringsprosess. Auka samarbeid med grannekommunar og mellom institusjonar kan vere med på å styrke Volda og Ørsta som eit regionalt knutepunkt.

Volda og Ørsta har fleire enn 1300 statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, mellom anna høgskule, sjukehus, tingrett, jordskifterett, lånekasse, vegvesen, prosti, politi, flyplass, HELFO og NAV. Arbeidsplassane er viktige fordi dei tiltrekkjer seg og bidreg til utvikling av kompetanse i regionen, og utfyller den private arbeidsmarknaden.

Høgskulen i Volda ynskjer å verte Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk. Høgskulen er den største i fylket, og ein viktig utdanningsinstitusjon for heile regionen. Sjukehuset i Volda er med sine rundt 450 tilsette ein av dei største arbeidsplassane i kommunen, og er samtidig ein avgjerande tryggleik for innbyggjarane i regionen. Både høgskulen, sjukehuset og andre regionale funksjonar er utsett for

press og omstruktureringar, og det vil i framtida vere viktig å synleggjere kva rolle desse institusjonane har for regionen.

Ørsta-Volda lufthamn er den fjerde største lokale flyplassen i Noreg og området i Furene–Hovdebygda er eit viktig regionalt trafikkknutepunkt. Saman med Timeekspressen bidreg flyplassen til at Volda har relativt gode kollektivkommunikasjonar. Kollektivtrafikken både lokalt og regionalt har eit potensiale for å vidareutviklast.

Eiksundsambandet og Kvivsvegen har medført auka pendling og nærleik mellom kommunane på Søre Sunnmøre og Nordfjord. Godt utvikla kommunikasjonsliner både i kommunen og ut i regionen er eit viktig tema for både framtidig befolknings- og næringsutvikling. For å fremje utvikling og Volda som ein attraktiv bu-, arbeids- og studentbygd bør ein i regionen kunne tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem.

Det er mange moglegheiter for naturopplevingar i Volda, Ørsta og regionen elles. Friluftsområda trekker til seg både lokale og regionale innbyggjarar både sommar og vinter. Fleire av festivalane i Volda og Ørsta leverer gode kulturopplevingar til eit regionalt publikum. Det er gode moglegheiter for å vidareutvikle Volda og Ørsta som reise- og opplevingsdestinasjon.

Volda kommune har kulturminne og kulturmiljø av både nasjonal, regional og lokal verdi. Bevisstgjerjing og formidling av kulturarven er med på å gje innbyggjarar identitet og tilhørslse. Det å framheve kommunens kulturarv og identitet vil vere eit fortrinn i arbeidet med å bygge regionsenteret.



På veg til Eidskyrkja. Foto: Regine S. Aklestad.

MÅL:

Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar.

STRATEGIAR:

- Vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum med urbane kvalitetar.
- Legge til rette for at Volda og Ørsta skal vere Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.
- Styrke og vidareutvikle bu- og arbeidsregionen, og vidareutvikle samarbeidet med Ørsta.
- Styrke næringslivet med vekt på innovasjon og gründerverksemd, og vidareutvikle utdanningstilbodet i Volda-Ørsta.
- Styrke samarbeidet mellom kommunen, høgskulen, sjukehuset og andre regionale funksjonar.

MÅL:

Styrke kommunikasjonen i og til Volda og Ørsta.

STRATEGIAR:

- Vidareutvikle kommunikasjonen i regionen med mål om ferjefrie fjordkryssingar.
- Utvikle Volda som kollektivknutepunkt og betre offentleg kommunikasjonstilbod.
- Sikre og utvikle Volda-Ørsta lufthavn Hovden som den føretrekte flyplassen.
- Knytte kommunen til hurtigbåtssystemet mellom Ålesund og Bergen i Berkneset/Eiksundområdet.
- Utvikle gang- og sykkelvegnettet i Volda-Ørsta.

MÅL:

Styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur og opplevingsdestinasjon.

STRATEGIAR:

- Auke attraktiviteten til Volda sentrum og realisere tiltak i samsvar med utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Medverke til utvikling og marknadsføring av natur- og reiselivsdestinasjonar.
- Medverke til utvikling og marknadsføring av kultur- og opplevingstilbod.
- Vidareutvikle samarbeidet med Høgskulen i Volda, og vere aktiv i utvikling av campusområdet.
- Legge til rette for næringsareal og medverke til utvikling av samarbeidet mellom Volda Næringsforum, Ørsta Næringskontor og Sunnmøre kulturnæringshage.

MÅL:

Styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

STRATEGIAR:

- Arbeide aktivt for å marknadsføre Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.
- Legge til rette for gode serverings- og overnattingstilbod med fokus på gode opplevingar og lokal matkultur.
- Sikre, utvikle og legge til rette for viktige friluftslivsområde i heile kommunen.
- Utvikle samarbeidet med andre reiselivsdestinasjonar i regionen.

MÅL:

Bruke Volda-Ørsta sin kulturarv og identitet bevisst i arbeidet med å bygge regionsenteret.

STRATEGIAR:

- Kartlegge, formidle og marknadsføre kulturminne og kulturmiljø.
- Formidle og bevisstgjere innbyggjarar om Volda sin kulturarv og identitet gjennom skular, barnehagar og som ein del av integreringsarbeidet.
- Fokuserer på og vidareutvikle Volda og Ørsta sine særskilte kvalitetar.
- Nytte skulestaden Volda og StudiebygdA i omdømebygging og marknadsføring i arbeidet med å vidareutvikle Volda-Ørsta som regionsenter.

Føringar for vidare arbeid med arealdelen:

- Sikre areal til regionale funksjonar.
- Sikre kommunikasjonslinjer og knutepunkt for kollektivtrafikk i eit framtidig vegsystem.
- Vurdere overordna vegsystem knytt til fjordkryssing, flyplass og næringsområde.
- Sikre god trafikal forbindelse til vestsida.
- Vurdere arealbruk i grenseområde som konsekvens av eventuelle kommunesamanslåingar.
- Utarbeide kulturminneplan som grunnlag for kommuneplanens arealdel. Sikre viktige område for kulturminne og kulturmiljø.
- Sikre areal og tilkomst til hurtigbåtterminal.
- Legge til rette for overnattings- og serveringstilbod.

4.4 Volda sentrum


Sentrumsområde har på ulike måtar nøkkelrollar som "motorar", og som nav for omland og mot omverda. Eit velfungerande sentrum er ein nøkkelfaktor for ein attraktiv bu- og arbeidsregion.

Volda kommune ynskjer å utvikle eit tett sentrum som vert attraktivt for handel, tenesteyting og busetnad. Volda sentrum er eit kompakt sentrum med korte avstandar og nær tilknytning til fjorden. Trehusbusetnaden, kyrkja, gardstun og småbåthamna er nokre av elementa som gir Volda særpreg, og som gjer at Volda skil seg frå andre sentrum. Tettstadsanalysen for Volda sentrum peikar på fjorden som viktig element i landskapsbiletet, og at Volda bør betre og vidareutvikle koplinga mellom land og sjø, og grønstrukturar mellom fjord og fjell. Å ta vare på og vidareutvikle slike kvalitetar og viktige koplingar skal vere eit viktig fokus i vidare arbeid. I Volda sentrum er det også utfordringar knytt til næringsutvikling, handel, bustadutvikling, grønstruktur og gode trafikale løysingar.

"Mellom bygningane i Volda" er eit samarbeidsprosjekt mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Volda Næringsforum og Volda

kommune. Sentrumsprosjektet arbeider for å styrke Volda sentrum, og å gjere sentrum til ein attraktiv stad. Utviklingsplanen for Volda sentrum vart utarbeida våren 2015, og det vart arrangert fleire medverknadsprosessar i samband med arbeidet. Prosjektet inneheld visjonar og prinsipp for framtidig utvikling. Utvikling av Volda sentrum vil vere eit viktig satsingsområde i tida framover for å auke attraktiviteten i kommunen.

Figuren under illustrerer avgrensinga av sentrumskjernen, Volda sentrum og Volda tettstad. For å skape eit best mogleg urbant miljø med korte avstandar mellom målpunkt skal hovudtyngda av detaljhandelen skje i sentrumskjernen. Utviklingsplanen for Volda sentrum inneheld fyrst og fremst prosjekt knytt til sentrumskjernen. Fleire offentlege institusjonar, som til dømes sjukehuset, høgskulen og Volda vidaregåande skule, er konsentrert innanfor Volda sentrum. Det er naturleg at offentlege institusjonar vert vidareutvikla innanfor denne sona. Tettstaden inneheld hovudsakeleg bustadområda rundt sentrum. Ein tydelegare avgrensing av dei ulike sonene, funksjonar og grad av fortetting vil verte eit viktig tema i arealdelen.



Avgrensing av sentrumskjernen, Volda sentrum og Volda tettstad.

MÅL:

Volda skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for auka handel og aktivitet.

STRATEGIAR:

- Realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Kunne tilby ryddige, oversiktelege og nok parkeringsplassar.
- Utvikle samarbeid med Volda Næringsforum, høgskulen, lag og organisasjonar om felles strategi for marknadsføring og aktivitetar gjennom året.
- Sikre handel og aktivitet på gateplan, og medverke til at tomme lokale vert tekne i bruk.
- Stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen.

MÅL:

Fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum.

STRATEGIAR:

- Realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum og satse på velstelte grøntanlegg og fleire attraktive møteplassar.
- Legge til rette for auka busetting, aktivitet, trivsel og liv i sentrum.
- Vidareutvikle og styrke viktige sentrumsfunksjonar for å sikre aktivitet i og rundt sentrum.
- Legge til rette for ein heilskapeleg utforming av sentrum med vekt på identitet, kvalitet, estetikk og urbane kvalitetar.
- Ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar, og sikre eit ope sentrum mot fjorden.



Sommarstemning på hamna i Volda. Foto: Regine Aklestad.

MÅL:

Det skal vere trygt, triveleg og attraktivt for trafikantar i Volda sentrum.

STRATEGIAR:

- Realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Sikre eit estetisk og universelt utforma sentrum som inviterer til å gå og sykle.
- Utvikle eit funksjonelt trafikalt køyremønster som er trygt for alle.
- Betre veg, gate og parkeringsstrukturen i sentrumskjernen slik at det vert lett å orientere seg.
- Redusere bilbruken i sentrumskjernen.

MÅL:

Volda kommune skal ta vare på og utvikle element som er viktige for Volda sitt særpreg og identitet.

STRATEGIAR:

- Realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Sikre trehusbusetnaden og anna særprega arkitektur i sentrum, og auke bevisstgjeringsom Volda sitt særpreg og identitet.
- Legge til rette for utvikling av hamneområdet og sjølinja, og sikre kopling mellom fjord og fjell.
- Medverke til at "smau" og områda mellom bygningane i større grad vert nytta.
- Synleggjere studiestaden Volda i sentrumsbiletet.

Føringar for vidare arbeid med arealdelen:

- Gjennomgå, vurdere og sikre viktige bygningsmiljø i sentrum.
- Utarbeide føringar for estetikk i Volda kommune.
- Gjennomgå gjeldande reguleringsplanar for sentrum med tanke på å legge til rette for ønska tettstadsutvikling.
- Legge til rette for gjennomføring av Utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Legge til rette for vidareutvikling av småbåthamn, hamnemiljø og vurdere moglegheit for båtøppteck i sentrum.
- Vurdere alternative parkeringsløyningar i sentrum.
- Vurdere sentrumsavgrensing, fortettingsstrategi, markagrense og grense mot jordbruksareal.

4.5 Folkehelse

Helse er å meistre kvardagens krav. Kommunen skal såleis bidra til å førebygge sjukdom og jamne ut sosiale ulikskapar. Kommunen må fremje folkehelse innafor dei ulike tenestene, og med dei virkemidlar kommunen rår over, mellom anna gjennom gode bu- og oppvekstmiljø, gode barnehagar og skular, trygge arbeidsplassar, varierte tilbod om fritidsaktivitetar og nærleik til natur og friluftslivsområde.

Resultat frå Ungdata-undersøkinga og statusrapporten "Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014" syner at einsemd, angst, rus og livsstilssjukdomar er blant hovudutfordringane i kommunen. Spesielt unge jenter slit med den psykiske helsa og kommunen ligg over landsgjennomsnittet når det gjeld barn og unge med overvekt. Statusrapporten konkluderer med følgjande fokus framover:

- Tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og låg terskel for å førebygge mobbing, psykisk uhelse og rus.
- Tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats for å førebygge overvekt og inaktivitet.

I tråd med FN's barnekonvensjon, vil difor kommunen ha tidleg innsats mot barn og unge som viktigaste innsatsområde.

Barna er vår viktigaste ressurs, og barns helse og livskvalitet bør vere fokus for alle som jobber med samfunnsutvikling. Barn burde ha like muligheter til å leve gode live med god helse (Ole Trygve Stige, Helsedirektoratet).¹⁹

Fleire norske studiar syner negative konsekvensar for barn som veks opp under dårlege levekår. Dei har mellom anna større risiko for psykiske plager og lidingar. Det må difor vere eit mål å redusere dei sosiale forskjellane i helse utan at nokon gruppe får det dårlegare. Ein viktig føresetnad for å lukkast i dette arbeidet er mellom anna at kommunen fører ein ansvarleg rusmiddelpolitikk i tråd med regjeringa sin Opptappingsplan for rusfeltet (2016–2020), med følgjande tre innsatsområde: tidleg innsats, behandling og ettervern/oppfølgingstenester.

Universell utforming handlar om å skape betre føresetnader for å kunne leve eit godt liv for alle menneske, også dei med redusert funksjonsevne. Eit samfunn som er utforma for alle kan også ha betydning for kommunens økonomi, mellom anna i forhold til forventa auke i talet eldre menneske over 80 år.

Volda kommune vil arbeide for at alle innbyggjarane skal kunne meistre eige liv, og bli sett, høyrte og verdsett som ressurs i lokalmiljøet.



Grindaløda i Volda. Foto: Regine S. Aklestad.

MÅL:

Innbyggjarane si helse skal vere betre enn landssnittet på folkehelsebarometeret.

STRATEGIAR:

- Kunne tilby barnehageplass til alle barn og sunne og inkluderande oppvekst- og opplæringsmiljø med høg kvalitet.
- Førebygge meir, behandle tidlegare og sikre betre samhandling både internt i kommunen og eksternt med andre aktørar.
- Sikre rett behandling til rett tid på rett stad, gjennom ei heilskapleg og koordinert helse- og omsorgsteneste som er tilpassa den einskilde brukar nærast der dei bur.
- Styrke kvar enkelt sitt sjølvbilete gjennom gode førebilete, og sikre at alle får delta i samfunnet og ha ein meningsfull og aktiv kvardag.
- Redusere fråfall i skulen, utvide bruken av lærlingordninga og sikre tilbod om arbeid for alle.

MÅL:

Barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livstilssjukdommar.

STRATEGIAR:

- Styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta, og satse på tidleg innsats, førebyggjande og helsefremjande arbeid i barnehage og skule.
- Tilby sunne og inkluderande oppvekstmiljø som gir barn og unge høve til å oppleve meistring, og utvikle sine eigne evner, interesser og sjølvbilete.
- Legge til rette for meir fysisk aktivitet i barnehage, skule og buområda.
- Legge til rette for gode og trygge tilkomstar til skular, fritidsarenaer, natur og friluftslivsområde.
- Ha eit styrka fokus på mobbing frå barnehagealder og heve kompetansen knytt til mobbing, spesielt mobbing via sosiale media.

MÅL:

Volda skal ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale helseforskjellar.

STRATEGIAR:

- Formidle kunnskap om kosthald og ernæring.
- Sikre gode leike- og aktivitetsområde i buområda, og legge til rette for møteplassar i Volda sentrum.
- Stimulere lag og organisasjonar til å legge til rette for inkludering.
- Nytte biblioteket som ein viktig møteplass, arena for inkludering og formidlar av kunnskap og kultur.
- Motverke utanforskap gjennom aktivitet og arbeid.

MÅL:

Ingen skal ta skade av egne eller andre sine rusmiddelvanar.

STRATEGIAR:

- Føre ein konsekvent og ansvarleg rusmiddelpolitikk og bidra til ein trygg og ikkje-skadeleg rusmiddelbruk.
- Styrke og utvide rusfrie møteplassar for ungdom.
- Legge til rette for ein verdig livssituasjon og meningsfull kvardag for alle.
- Sikre og auke kompetanse gjennom samarbeid med kompetansesenter og andre institusjonar.

MÅL:

Kommunen som organisasjon skal vere eit førebilete i folkehelsearbeidet.

STRATEGIAR:

- Vidareutvikle helsefremjande tiltak for tilsette i kommunen i og utanfor arbeidstida.
- Syte for at alle tilsette vert sett, høyrte og føler seg verdsett.
- Ha fokus på det friske mennesket i arbeidskvardagen.
- Synleggjere utfordringar og ansvarleggjere sektorane i eit målretta folkehelsearbeid i organisasjonen.
- Bruke Frisklivssentralen Aktiv i Volda som ein viktig aktør for tilsette og andre som treng hjelp til å legge om levevanar som kan føre til sjukdom og plagar.

Føringar for vidare arbeid med arealdelen:

- Sikre areal for gode uteområde i barnehagar og skular.
- Sikre nære friluftsområde og areal for idrettsaktivitetar.
- Sikre moglegheit for å gå eller sykle til kvardagsaktivitetar (til dømes barnehage, skule, arbeid og fritidstilbod).
- Universell utforming som føring for at alle skal kunne delta i samfunnet og ha ein meningsfull og aktiv kvardag.

4.6 Klima og miljø

Noreg har som mål å redusere utslepp av klimagassar. Volda kommune ynskjer å vere ein aktiv medspelar i dette arbeidet, og å vere ein pådrivar for at innbyggjarar, næringsdrivande og andre skal ta miljøvenlege val. Haldningsskapande arbeid i barnehagar og skuler er ein del av dette arbeidet.

Det er eit tydeleg trekk at trafikken i Møre og Romsdal aukar meir enn i resten av landet. Frå 2013 til 2014 auka vegtrafikken i Møre og Romsdal med 2,9 %, medan snittet for landet var 1,7 %. Årsdøgnstrafikken målt ved Hovden flyplass auka med 4,6 % i same periode. Trafikkmålingane synleggjer aukande aktivitet i eit område, noko som på fleire måtar kan bety god samfunns- og velferdsutvikling. Samtidig fører trafikkauken til utfordringar. Vegtrafikken står for 23 % av klimagassutsleppa i Møre og Romsdal. Trafikkmengda førar også til auka støv- og støypproblem, og trafikktryggleiken vert meir krevjande å ta i vare. Målretta arbeid for å auke sykkel-, gang- og kollektivtrafikken er viktig for å møte desse utfordringane. Til kortare avstandar ein skal reise, til større sjanse er det for at ein sykklar eller går. Difor er det viktig at ein legg til rette for korte avstandar mellom bustadområda og handels-, service og tenestetilbod. I tillegg er det viktig med gode, trygge og attraktive gang- og sykkelnettverk, som inviterer til bruk.

Volda kommune vil arbeide vidare med å energioptimalisere kommunale bygningar. Denne satsinga vil ha trippel effekt; betre inn klima for tilsette og brukarar, økonomisk sparing og positiv effekt for det globale miljøet.

Sortering av avfall bidreg til reduksjon av klimagassutslepp. Difor er det viktig å sikre god avfallshandtering og funksjonelle sorterings- og innsamlingsmoglegheiter for både næringsliv og hushald i kommunen.

Berekraftig naturforvaltning handlar om å forvalte naturen på ein slik måte at dagens bruk ikkje øydelegger moglegheitene for at framtidige generasjonar skal få dekkja sine behov. Berre 4,5 % av landarealet i Møre og Romsdal fylke er jordbruksareal, og sikring av viktige jordbruksareal er viktig for at komande generasjonar skal få høve til å dyrke mat på eiga jord.



Paddestatue i Austeffjorden. Foto: Regine S. Aklestad.

MÅL:

Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport.

STRATEGIAR:

- Nye bustadfelt og utbyggingsområde skal lokaliserast i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
- Stimulere til at fleire går, sykklar og nyttar kollektivtransport til arbeid, skule og andre aktivitetar.
- Utvikle trygge, samanhengande, finmaska og attraktive gang- og sykkelveggar.
- Vidareutvikle kollektivtilbodet og haldeplassane i kommunen.
- Legge til rette for auka bruk av EL-bilar og andre miljøvennlege transportmiddel.

MÅL:

Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 30 %.

STRATEGIAR:

- Energioptimalisere og gjennomføre enøktiltak i kommunale bygg.
- Auke bruken av fornybar energi.
- Styrke kompetansen på energioptimalisering og enøktiltak i kommunen.
- Satse på energileiing og energioppfølging.
- Miljøsertifisere kommunale verksemdar.

MÅL:

Volda kommune skal arbeide for ein berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald.

STRATEGIAR:

- Auke kompetansen til tilsette i kommunen, og tilby informasjon og rådgjeving om berekraftig naturforvaltning.
- Stimulere til bærekraftig næringsutvikling og miljøtiltak innan jordbruk, skogbruk og havbruk.
- Sikre viktige jordbruksareal og naturtyper i kommuneplanen sin arealdel.
- Synleggjere konsekvensar for naturmiljøet i alle plan- og utbyggingssaker.
- Motverke attgroing av kulturlandskapet, og utrydde framande artar i offentlege parkar og anlegg.

MÅL:

Volda kommune skal arbeide for auka attvinning og avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet.

STRATEGIAR:

- Satse på haldningsskapande arbeid og god opplæring i alle barnehagar og skular.
- Tilby gode og lett tilgjengelege sorterings- og innsamlingsmoglegheiter.
- Gi god informasjon til innbyggjarar om renovasjonsordninga i kommunen.
- Vidareutvikle kommunens renovasjonsteneste for å sikre miljømessig og økonomisk forsvarleg oppsamling, transport, attvinning og slutthandsaming av avfall.
- Satse på større attvinning frå kommunale verksemdar.

MÅL:

Volda kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og bevisstheit om rett energibruk.

STRATEGIAR:

- Satse på klimaopplæring i barnehage og skule.
- Endre haldningar gjennom informasjon og rådgjeving.
- Samarbeide med næringslivet og utbyggjarar om å legge til rette for auka bruk av fornybar energi.

Føringar for vidare arbeid med arealdelen:

- Vurdere areal for massedeponi og mottak for masser.
- Lokalisering av framtidig bustadområde knytt til skule og anna infrastruktur.
- Legge til rette for fortetting i sentrum.
- Sikre gode gang- og sykkelveggløysingar.
- Sikre areal til gode kollektivtrafikk-løysingar og eventuelle kollektivknutepunkt.
- Vurdere og sikre område som er viktige å oppretthalde/utvikle ut frå eigenverdi (biologisk mangfald, landskap, naturressurs) og som kjelde til friluftsliv.
- Vurdere behov for føresegnar knytt til energibruk i bygg.
- Sikre areal og gode løysingar for felles renovasjonspunkt i bustad- og næringsområde.
- Sikre viktige jord- og skogbruksareal for framtida.

4.7 Tenester

Volda kommune har ei viktig oppgåve som samfunnsutviklar og arbeider for å tilby innbyggerane gode tenestetilbod. Volda kommune sin økonomi er utsett, med pressa drift, høg lånegjeld og framleis trong om store investeringar. Med befolkningsvekst, fleire eldre, auka krav og større forventningar frå innbyggerane, vil behovet for tenester auke. I tillegg har regjeringa foreslått å overføre nye oppgåver til kommunane i samband med kommunereforma; mellom anna barnevern, familievern, rehabilitering, bustadtilskot og tannhelse. I løpet av kommunereformprosessen vil det verte viktig å avklare behov, moglegheiter og utfordringar for Volda som samfunn. Det er også viktig at politikarar, innbyggjarar og administrasjonen har felles kunnskap om situasjon og utfordringar. Samstundes er det viktig å gje rom for nytenking og alternative løysingar.

Volda kommune er ein stor arbeidsplass med mange tilsette i ulike fagområde. Det er viktig for organisasjonen at dei tilsette opplever eit godt og inkluderande arbeidsmiljø, med rom for nytenking og utvikling. Eit godt omdøme gir motiverte medarbeidarar, kvalifiserte jobbsøkjarar og er sjølvsagt viktig for samspelet mellom organisasjonen og andre offentlege myndigheiter, næringslivet, innbyggjarar og andre samarbeidspartnarar.



MÅL:

Tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.

STRATEGIAR:

- Vere i dialog med brukarane, vurdere behov og kartlegge brukaren sine eigne ressursar.
- Satse på tidleg oppdaging og tidleg innsats.
- Prioritere kompetanseutvikling for tilsette.
- Skape ein kultur for openheit, læring og nytenking i organisasjonen.
- Samarbeide godt på tvers av sektorar i organisasjonen, samordne tenester og kontinuerleg evaluere organisasjonen.

MÅL:

Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene.

STRATEGIAR:

- Arbeide for samsvar mellom oppgåver og ressursar.
- Sikre realistisk budsjettering.
- Arbeide for ein sterkare kopling mellom prioriteringar i kommuneplanen, budsjett, økonomiplan og arbeidsoppgåver.
- Legge til rette for at administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjon og utfordringar.
- Bruke moglegheiter som ligg i digital tenesteproduksjon og legge til rette for innovasjon og nyskaping i tenesteproduksjon.

MÅL:

Volda kommune skal ha eit godt omdøme.

STRATEGIAR:

- Sikre eit godt arbeidsmiljø i organisasjonen.
- Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov.
 - Gi innbyggjarane god informasjon, gi raske tilbakemeldingar og ha oppdaterte, framtidsette og brukarvennlege kommunikasjonsløyser.
 - Legge til rette for involverande prosessar.
 - Nytte StudiebygdA som ein merkevare og ha eit aktivt samarbeid med høgskulen, næringslivet, lag og organisasjonar.

MÅL:

Volda kommune skal arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen.

STRATEGIAR:

- Rekruttere marginaliserte grupper til organisasjonen.
- Tilby praksisplassar på alle kommunale arbeidsplassar så langt det er mogleg.
 - Legge til rette for språkpraksis.
 - Tilby fleksible arbeidsoppgåver og/eller eit godt dagtilbod.
 - Arbeide på tvers av organisasjonen for å sikre samordning av tenester.

MÅL:

Tilsette i Volda kommune skal oppleve eit godt arbeidsmiljø og sjukefråveret skal reduserast.

STRATEGIAR:

- Legge til rette for faglege og sosiale møteplassar på tvers av sektorar.
- Tilby leiarutvikling.
- Sikre nødvendig kompetanseheving og legge til rette for eit utviklande arbeidsmiljø.
- Tilby eit introduksjonsprogram for alle nyttilsette.
- Jobbe med nærver, prioritere sjukefråversoppfølging og vidareutvikle prinsippa i IA-avtalen om eit opent og inkluderande arbeidsliv.

Føringar for vidare arbeid med arealdelen:

- Sikre areal til offentleg tenesteproduksjon.
- Sikre areal til kommunale bustadar.

4.8 Samfunnstryggleik


Volda kommune har eit generelt og grunnleggjande ansvar for ivaretaking av innbyggjarane sin tryggleik innanfor sine geografiske område. Kommunen utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen. Under kriser og katastrofar må kommunen kunne sette i verk tiltak for å verne innbyggjarane og oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar. I Volda kommune sin risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) er ras, flaum, stormflo, forureining og trafikkulykker klassifisert som tema med høg risiko. Klimaendringar er ein sentral del av risikobiletet i kommunen, og ein kan i framtida vente auka nedbør, meir ekstremver, havnivåstigning og andre gradvise endringar som vil få store konsekvensar for helseforhold, jordbruk, fiskeri, samferdsel, bygg, anlegg og naturmangfald.

Sjukehuset i Volda er ein avgjerande tryggleik for innbyggjarane i regionen. Volda kommune vil arbeide målretta for at Volda sjukehus skal halde fram og vidareutvikle sin posisjon som eit velfungerande lokalsjukehus med gode akutfunksjonar, herunder akuttkirurgisk beredskap og fødeavdeling for regionen.

Samferdselsårane i kommunen er viktige både for innbyggjarar, næringsliv og beredskap. Nokre vegar i kommunen er skredutsett, særskilt i vinterhalvåret. Å sikre gode kommunikasjonar i heile kommunen er viktig for innbyggjarane sin tryggleik.

Volda kommune har ti kommunale vassverk som forsyner omtrent 10 000 personar. Resten av innbyggjarane i kommunen vert forsynt gjennom private andelsvassverk og enkeltforsyningar. Det er viktig å sikre eit oppdatert leidningsnett, beredskapsvatn og gode og trygge drikkevasskjelder, også for framtidige generasjonar.

Volda kommune har eit velfungerande brannvern som er dimensjonert for det som kan skje innanfor krav til utrykkingstid. Nye kommunikasjonslinjer og busetnadsmønster er positivt for dei fleste og vil i mange tilfeller kunne vere med på å auke beredskapen i enkelte bygdelag. Det er viktig at det ikkje vert bygd institusjonar med krav til utrykkingstid (ti minutt) utanfor sentrum, heller ikkje høghus som gjer redning eller sløkking vanskeleg utan høgdeutstyr.



Fyrmuseet i Dalsfjorden. Foto: Torgeir Stensø.

MÅL:

Volda kommune skal til einkvar tid ha gode system for beredskap.

STRATEGIAR:

- Ha ein oppdatert og godt kjent beredskapsplan og plan for kriseleiinga, og øve i samsvar med kvalitetssystemet for beredskapsarbeidet.
- Ordne beredskapsarbeidet etter leon-prinsippet (lågast effektive beredskapsnivå).
- Ha ein oppdatert overordna ROS-analyse til ein kvar tid.
- Ha eigne ROS-analyser i alle sektorar og planverk.
- Bevare og utvikle sjukehuset med akutfunksjonar.

MÅL:

Det skal vere gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen.

STRATEGIAR:

- Sikre optimal kommunikasjonsdekning og straumforsyning i heile kommunen.
- Sikre skredutsette vegar i kommunen.
- Sikre beredskapsferge på Voldsfjorden.
- Sikre system for alternativ transport ved krisesituasjonar.

MÅL:

Utbygging skal skje i flaum- og skredsikre område og eksisterande bygningar og infrastruktur skal sikrast.

STRATEGIAR:

- Oppdatere faresonekart for flaum og skred.
- Avklare flaum- og skredfare gjennom oppdaterte arealplanar.
- Sikre bygningar og infrastruktur som ligg i flaum- og skredutsette område.
- Tilpasse infrastruktur til framtidige klimaendringar.

MÅL:

Innbyggjarane skal til ein kvar tid ha godt og trygt drikkevatt.

STRATEGIAR:

- Sikre eksisterande og framtidige vasskjelder i heile kommunen.
- Sikre god kvalitet på drikkevatt.
- Sikre eit oppdatert leidningsnett.
- Sikre beredskapsvatn.

MÅL:

Volda kommune skal ha eit velfungerande brann- og redningsvesen i heile kommunen.

STRATEGIAR:

- Syte for god kompetanse.
- Sikre tilgang på godt og oppdatert utstyr.
- Sikre god rekruttering.
- Arbeide for føreseielege økonomiske rammer.
- Sikre velfungerande og oppdaterte bygdebrannstasjonar.

Føringar for vidare arbeid med arealdelen:

- Vurdere behov for skred- og flaumsikring i busette område og langs vegar i kommunen.
- Sikre eksisterande og framtidige drikkevasskjelder.
- Lage temakart for ulike ROS-tema.
- Utarbeide konsekvensutgreiing og ROS-analyser for alle nye byggeområde.
- Sikre at institusjonar med krav til utrykkingstid (ti minutt) ikkje vert bygd utanfor Volda tettstad.
- Sikre at høgde på hus er i tråd med brannføresegner.

5 KJELDER

- ¹ SSB tabell 06913: Folkemengde 1. januar
SSB tabell 10213: Framskrevet folkemengde
- ² nykommune.no
- ³ SSB tabell 07459: Folkemengde etter kjønn og alder
- ⁴ SSB tabell 04317: Folkemengde etter grunnkrins
- ⁵ Kommunestatistikk 2015
- ⁶ nykommune.no
- ⁷ nykommune.no
- ⁸ Kommunestatistikk 2015
- ⁹ Fylkesstatistikk 2015
- ¹⁰ Møre og Romsdal fylkeskommune: Arbeidsmarknad
- ¹¹ SSB tabell 09169: Barn i barnehager
SSB tabell 09220: Barnehager
volda.kommune.no: Grunnskuleopplæring
- ¹² Fylkesstatistikk 2015
- ¹³ Folkehelseprofil 2015 Volda
Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorer i Volda 2014
- ¹⁴ SSB tabell 06969: Brukarar av pleie- og omsorgstenester
- ¹⁵ SSB tabell 06265: Boliger etter bygningstype
- ¹⁶ SSB tabell 10209: Personer drept eller skadd i veitrafikkulykker
- ¹⁷ Wikipedia: Volda
- ¹⁸ Regional delplan for kulturminne
- ¹⁹ helseinfornett.no

mrfylke.no

Plan- og bygningslova (PBL)

regjeringen.no

ssb.no

Statens vegvesen: ÅDT Møre og Romsdal

Telemarksforskning: "På spor etter programteori om attraktivitet"

Vegleiar "Kommuneplanprosessen" (MDP)

volda.kommune.no

volda.kommune.no: statistikk og oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorer



Volda kommune

Stormyra 2

6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no

Telefon: +47 70 05 87 00

Faks: +47 70 05 87 01

Åpningstider: 08.00–16.00



Foto: Regine S. Aklestad.



PLANPROGRAM SAMFUNNSDELEN

Kommuneplan for Volda kommune


Dato: 7. juli 2015

Vedtøken av Volda kommunestyre

27. august 2015

1 INNHALD

1	INNHALD	s. 2
2	BAKGRUNN	s. 3
2.1	Kva er ein kommuneplan?	s. 3
2.2	Ny kommuneplan for Volda kommune	s. 4
2.3	Om planprogram	s. 5
3	FØRINGAR OG FORVENTNINGAR	s. 6
3.1	Nasjonale føringar	s. 6
3.2	Regionale føringar	s. 7
3.3	Lokale føringar	s. 8
4	UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER	s. 9
4.1	Om Volda	s. 9
4.2	Hovudtema og sentrale problemstillingar	s. 12
5	MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT	s. 16
5.1	Organisering og opplegg for medverknad	s. 16
5.2	Framdriftsplan	s. 17
5.3	Vidare prosess	s. 17
5.4	Utgreiingar	s. 17
5.5	Ressursbehov	s. 17
6	KJELDER	s. 18



2 BAKGRUNN

2.1 Kva er ein kommuneplan?

Om kommuneplan i plan- og bygningslova, § 11-1:
"Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig."

Om kommuneplanens samfunnsdel i plan- og bygningslova, § 11-2 og 11-3:
"Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.


Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer."

Om kommuneplanens arealdel i plan- og bygningsloven § 11-5:
"Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for

hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt."

Om handlingsdelen i Miljøverndepartementets vegleiar "Kommuneplanprosessen":
"Samfunnsdelen skal gi overordnede mål og føringer for utvikling av kommunesamfunnet og for kommunen som organisasjon. Handlingsdelen angir hvordan planene skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. (...) Handlingsdelen og dens eventuelle integrering med kommunenes økonomiske planlegging, har et 4-årsperspektiv. Mange kommuner velger å samordne handlingsdelen med økonomiplanen. Handlingsdelen har også et 1-årsperspektiv i og med at det første året i handlingsdelen (økonomiplanen) kan være identisk med handlingsprogram. Handlingsprogrammet inngår i kommunens årsbudsjett. Handlingsdelen blir dermed et av kommunens viktigste styrings- og rapporteringsverktøy, både i 4-års- og i 1-års-perspektivet. Målet er at handlingsdelen og den årlige revideringen av denne skal være en integrert del av kommuneplanprosessen." 1-års hjulet og 4-års hjulet er illustrert i figur 1.



Figur 1: Handlingsdelens rolle i kommuneplanen.

2.2 Ny kommuneplan for Volda kommune

Arealdelen av Volda kommune sin kommuneplan vart godkjent av kommunestyret 31.05.1990. Det er seinare godkjent fleire kommunedelplanar. Langsiktig del av kommuneplanen (samfunnsdelen) vart godkjent av kommunestyret 24.04.1997.

Gjeldande arealdel, samfunnsdelen og dei fleste av kommunedelplanane er av eldre karakter, og det er behov for ein gjennomgang av kommunen sine strategiske val og prioriteringar. Mange av dei føresetnadane som gjeldande planar baserer seg på er utdatert. Med bakgrunn i plan- og bygningslova er det behov for å revidere planane slik at dei stettar gjeldande krav og standardar for kommuneplanar. I Volda kommune sin planstrategi (vedteken 29.11.2012) vart det vedteken at fullstendig revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel skulle ha høg prioritet i denne planperioden, og kommuneplanen sin arealdel skulle verte prioritert. Mange av dagens tema-, sektor- og kommunedelplanar bør samlast i ein kommuneplan, for å få ei meir heilskapeleg oversikt over kommunen sitt arbeid.

Det er viktig at kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel heng saman. I dette planprogrammet vert det lagt opp til rullering av samfunnsdelen fyrst. Samfunnsdelen skal gje grunnlaget for vidare arbeid med arealdelen. Det er eit mål i denne planprosessen å få til ein sterkare kopling mellom kommuneplan, handlingsdel, budsjett og økonomiplan.

Organisering

Våren 2015 vart det sett ned ei prosjektgruppe med prosjektleiariar for kommuneplanarbeidet. I samarbeid med avdelingsleiarane og andre fagpersonar i kommunen vart det laga eit "Utfordringsnotat for Volda kommune 2015". Kommuneplanen, utfordringsnotatet og innhaldet i planprogrammet har vore tema på planmøte, i leiargruppemøte og i formannskapet denne våren.

Hovudtema

Dokumentet "Utfordringsnotat for Volda kommune 2015" er brukt som grunnlag for å diskutere innhald i planprogrammet og hovudtema for vidare kommuneplanarbeid. Kommuneplanen for Volda 2016–2028 skal innehalde åtte hovudtema:

- Attraktivitet
- Busetting
- Volda i regionen
- Volda sentrum
- Folkehelse
- Klima og miljø
- Tenester
- Samfunnstryggleik

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gjere greie for planen sin rolle og funksjon. Planen skal gje ei kort skildring av situasjonen i Volda innanfor dei åtte hovudtema, og definere hovudmål, resultatmål og strategiar for planperioden. Samfunnsdelen skal også innehalde føringar for vidare arbeid med arealdelen.

Med utgangspunkt i dei åtte hovudtema skal det utarbeidast ein eigen handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra. Handlingsdelen skal rullerast årleg, og utarbeidast som ein del av den årlege budsjett- og økonomiplanprosessen.

Visjon

"En visjon kan defineres som et bilde av en fremtidig, ønsket tilstand. En visjon er altså en slags fremtidsdrøm. I historiebøkene kan vi lese om berømte menn og kvinner som har hatt store visjoner. (...) Det sier seg selv at det ikke er alle drømmer som kan realiseres. Likevel er det viktig å ha en visjon. Den gir et fremtidshåp og er en drivkraft til å gjennomføre noe".¹

Framlegg til visjon for *kommuneplanprosessen*:
"Volda for alle!"





2.3 Om planprogram


For alle kommuneplanar skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, sjå figur 2.

Om planprogram i plan- og bygningslova, § 4-1:

“Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart.”

Planprogrammet si hovudoppgåve er å tydeleggjere kva som skal handsamast i kommuneplanen, avklare kva tema kommuneplanen skal konsentrere seg om og å synleggjere kva kunnskap som er naudsynt for avgjerd om plan. Det er viktig å legge til rette for ein open medverknadsprosess og sikre god politisk forankring av planen slik at den kan bli eit styrande politisk dokument.

Forslag til planprogram skal sendast på høring og leggast ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet skal fastsettast av kommunestyret.



Figur 2: Kommuneplanprosessen.

3 FØRINGAR OG FORVENTNINGAR

I følge plan- og bygningslova § 1.1 skal planlegging bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver. Dette kapittelet inneheld nokre av dei viktigaste føringane for planarbeidet.

3.1 Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga

For å fremje ei berekraftig utvikling skal Kongen kvart fjerde år utarbeide eit dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (PBL §6-1). Dei nasjonale forventningane skal peike på oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunane og kommunane fokuserer på i planlegginga i den kommande perioden, for å bidra til gjennomføring av gjeldande nasjonal politikk. Forventningane skal leggst til grunn for utarbeiding av planar i fylka og kommunane.

Dokumentet "Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging" vart vedteken ved kongelig resolusjon 12. juni 2015.

Med utgangspunkt i at dei nasjonale forventningane skal bidra til ei planlegging som fremjar berekraftig utvikling, fokuserer dei nasjonale forventningane på følgjande tema:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde



Figur 3: Framsida til dokumentet "Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging".

Andre nasjonale føringar

Sentrale lover og retningslinjer som legg føringar for kommunal planlegging:

- Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords. Meld. St. 9 (2011–2012).
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven).
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven).
- Lov om friluftslivet (friluftsloven).
- Lov om jord (jordlova).
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven).
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven).
- Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv.
- Lov om kulturminner (kulturminneloven).
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova).
- Lov om skogbruk (skogbrukslova).
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven).
- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven).
- Forskrift om konsekvensutretningar for planer etter plan- og bygningsloven (FOR 2014-12-19-1726).
- Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR 2008-06-27 nr 742).
- Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner. Meld. St. 14 (2014–2015).
- Nasjonal jordvernstrategi (Prop. 127 S (2014–2015)).
- Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand. St.meld. nr. 26 (2006–2007).
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012).
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming.
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen.
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (Kgl.res. av 25. mars 2011).
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (Kgl. res. av 26.09 2014).

3.2 Regionale føringar

Regional planstrategi

Regionalt planmynde skal i følge plan- og bygningslova utarbeide ein regional planstrategi minst ein gong i kvar valperiode (PBL §7-1). Den regionale planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til kva spørsmål som skal takast opp gjennom regional planlegging. Både statlege og regionale organ og kommunane skal etter lova leggje planstrategien til grunn for vidare planlegging i regionen.

Regional planstrategi 2012–2016 for Møre og Romsdal fylke vart vedteken i april 2012.

”Planstrategien har søkelys på attraktivitet og framtidig bu- og blilyst. Breidde og variasjon i arbeidsmarknaden, offentlege tenester av høg kvalitet, eit mangfaldig kultur- og fritidstilbod, gode handels- og sørvstilbod og effektive kommunikasjonar er difor sentrale satsingsområde i komande planperiode” (forord i planstrategien).

Den regionale planstrategien har gitt omgrepet attraktivitet ein sentral plass og sett søkjelys på tre område som fylkeskommunen trur vil vere med å styrkje fylket sine føresetnader for framtidig vekst og utvikling og som dei ynskjer å prioritere i perioden.

Fylkeskommunens tre nøkkelomgrep:

- Folk
- Næring
- Trivsel

Fylkeskommunen rår kommunane til å lyfte fram desse satsingsområda. Vidare tilrår dei at folkehelse, universell utforming, klima og miljø, samfunns-tryggleik og kultur- og naturverdiar blir sentrale gjennomgåande perspektiv i kommunal planlegging.

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016 vart vedteken av Fylkestinget i desember 2012. Fylkesplanen har til hensikt å gje eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag for mellom anna kommunane i fylket, i spørsmål knytt til samfunnsutvikling. Fylkesplan 2013–2016 har fire satsingsområde og seks gjennomgåande perspektiv. Perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og arbeid på tvers av satsingsområde og sektorar.

Dei fire satsingsområda:


- Kultur
- Kompetanse
- Verdiskaping
- Samferdsel

Dei seks gjennomgåande perspektiva:

- Barn og unge
- Universell utforming
- Folkehelse
- Likestilling og inkludering
- Internasjonalisering
- Miljø og klima

Andre regionale føringar av relevans for Volda kommune:

- Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Vedteken 10. april 2000. T-11/00.
- Regional delplan for attraktive byar og tettstader. Vedteken 15. juni 2015. T-32/15.
- Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi. Vedteken 15. juni 2015. T-33/15.
- Regional delplan for folkehelse 2014-2017. Vedteken 10. desember 2013. T-78/13.
- Regional delplan tannhelse. Vedteken 15. oktober 2013. T-59/13.
- Regional plan for vassregion Møre og Romsdal. Vedteken 12. oktober 2009. T-48/09.
- Regional delplan for klima og energi 2015–2020. Vedteken 15. juni 2015. T-24/15.
- Regional plan for vassforvaltning for Møre- og Romsdal vassregion 2015–2021. Ute til høyring og offentlig ettersyn.
- Regional delplan for samfunnsstryggleik og beredskap. Planprogram ute til høyring og offentlig ettersyn. U-67/12.



Figur 4: Framsida til Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016.

3.3 Lokale føringar

Kommuneplanen

Eksisterande kommuneplan for Volda består av to delar:

- Volda mot år 2000, Kommuneplan 1989–2000 (arealdelen).
- Kommuneplan 1996–2008, Langsiktig del (samfunnsdelen).

Samfunnsdelen inneheld omtale av status, utviklingstrekk og utfordringar innanfor:

- Volda som helse- og miljøkommune
- Naturgrunnlaget
- Folketalsutvikling
- Busettingsmønster/Offentleg service
- Sosiale og kulturelle tilhøve
- Næringsliv og sysselsetjing
- Kommunikasjonar og samferdsel
- Organisasjon og administrasjon
- Kommunal økonomi

For kvart av dei ni tema er det definert hovudmål og retningslinjer kommunen skal arbeide mot og etter.

Kommunedelplanar

Volda kommune har 16 kommunedelplanar for mindre område i kommunen. I tillegg har kommunen fleire tematiske kommunedelplanar:

- Bustadsosial handlingsplan 2010–2014.
- Klimaplan for Volda kommune 2010–2020 med handlingsdel 2013–2016.
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljøtiltak 2014–2018.
- Kommunedelplan for trafikktrygging i Volda kommune 2014–2017 (under arbeid).
- Omsorgsplan 2014–2017.
- Rehabiliteringsplan 2005–2009.

Andre fagplanar og relevante dokument:

- Barnehageplan for Volda kommune 2003–2007.
- Byregionen Volda-Ørsta. Utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet.
- Demensplan 2014–2017.
- Frivillige Volda – ein tilstandsrapport 2012.
- Grunnlagsdokumentet for Sunne kommuner – WHO's norske nettverk.
- Handlingsprogram for busetjing og integrering av flyktingar 2012–2014.
- Hovudplan Avfallsplan 2000–2003.
- Hovudnett for sykkel i Volda og Ørsta med tiltaksplan.


- Kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015.
- Næringsplan 2010–2012.
- Regional analyse for Ørsta og Volda 2014. Attraktivitetsanalyse: Befolkningsutvikling, næringsutvikling og scenarier.
- ROS-analyse, Volda kommune 2014.
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012–2016.
- Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014.
- Strategi for busetjing på bygdene (saksnr. 2012/1314).
- Tettstadsanalyse Volda sentrum.
- Utfordringsnotat for Volda kommune 2015.
- Utviklingsplan Volda sentrum.
- Ørsta og Volda kommunar. Strategiar for regionalt knutepunkt i Furene/Hovdebygda.
- Interne sektorplanar.

Kommunal planstrategi

I kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015 er det lagt opp til ein forenkling av plansystemet. Det er eit mål å samle alle kommunedelplanane i ein samla arealdel.

Barnehageplanen og næringsplanen skal inkludert i samfunnsdelen. Samfunnsdelen skal utarbeidast først, og innehalde føringar for arealdelen.

Handlingsprogrammet bør vere knytt direkte til økonomiplan og årsbudsjett.



Figur 5: Kommuneplan for Volda kommune 1996–2008, Langsiktig del

4 UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

4.1 Om Volda

Folketal²


Folketalet i Volda passerte 9000 innbyggjarar første kvartal 2015. Framskrivningstabellane frå Statistisk sentralbyrå (SSB) tek framleis utgangspunkt i tal for 2014. I 2014 hadde Volda kommune 8909 innbyggjarar. I 2000 var det 8322 innbyggjarar i kommunen. I følge SSB sitt mellomalternativ vil folketalet i Volda fortsettje å stige jamt framover. Det er først og framst innvandring frå utlandet som sikrar ei positiv folketalsutvikling. I 2030 spår SSB at det vil vere 1589 fleire innbyggjarar i Volda, det vil seie i alt 10 498 innbyggjarar.

I forhold til i 2014 vil det i 2030 vere:

- + 163 i barnehagealder
- + 173 i barneskulealder
- + 48 i ungdomsskule
- 65 i vidaregåande skule
- + 683 i alderen 20–66 år
- + 386 i alderen 67–79 år
- + 201 i alderen 80–89 år
- + 0 eldre enn 90 år

Innbyggjarar i arbeidsfør alder³

Innbyggjarar i arbeidsfør alder (20–66 år) per innbyggjarar 80 år og eldre:



Figuren viser ein reduksjon i forholdstallet mellom dei to aldersgruppene; frå 11,3 i 2014 til 7,3 i 2040. Det betyr at det vert færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggjar 80 år og over.

Pleie- og omsorgstenester⁴

Det har dei siste åra vore ei auke av brukarar under 67 år som mottek pleie- og omsorgstenester. Tal for Møre og Romsdal:

	2008	2013	Auke
> 67 år	3342	5507	65 %
< 67 år	8876	10160	14 %

Flyttemønster⁵

71,5 % av innbyggjarane i Volda bur i område definert som tettbygd strøk. Det er også her folketilveksten er størst. I bygdene går folketalet jamt nedover.

Frå 2004 til 2014 har folketalet:

- i Volda kommune auka med 532 personar.
- i tettstaden Volda auka med 803 personar.
- i spredtbygde krinsar gått tilbake med 271 personar.

Innvandring⁶


Det er først og framst innvandring frå utlandet som sikrar ei positiv folketalsutvikling i kommunen.

Innvandrarar etter innvandringsårsak:

	Arbeid	Familie	Flukt	Utdanning	Andre
Fylket	40 %	39 %	15 %	4 %	2 %
Volda	19 %	26 %	40 %	14 %	1 %

Kjønnsfordeling⁷

Kvinner per 100 menn, 20–39 år, 2004–2014:




Pendling⁸

- 4458 arbeidstakarar er busett i Volda
- 2873 arbeidstakarar arbeider og er busett i Volda
- 1585 arbeidstakarar pendlar ut frå Volda
- 1521 arbeidstakarar pendlar inn til Volda
- 4394 arbeidstakarar er sysselsett i Volda

Hovudstraumen av pendlarar går mellom Volda og Ørsta. 779 personar pendlar frå Volda til Ørsta. 953 personar pendlar frå Ørsta til Volda.


Personar som pendlar inn til Volda har først og fremst arbeid i offentleg forvaltning og anna tenesteyting. Dei som pendlar ut arbeidar hovudsakeleg i industrien.

Næringsstruktur, offentlig og privat sektor⁹



Næringsstruktur¹⁰

Syssette med arbeidsstad i Volda



Nyetablelingsgrad¹¹

Volda kommune har fleire nyetablelingar per 1000 innbyggjarar enn snittet for Møre og Romsdal.

Arbeidsplassdekning¹²

Arbeidsplassdekning: 99 % (2013)

Arbeidsløyse¹³

Det er lågare arbeidsløyse i Volda enn snittet for fylket og landet elles.

Barnehage og skule¹⁴

Det er 7 kommunale og 6 private barnehagar i Volda kommune, med til saman 527 barnehageborn.

Volda kommune har 8 grunnskular med omlag 1100 elevar. Fire av skulane er reine barneskular, tre er kombinerte og ein er rein ungdomsskule. I tillegg er det to private barneskular. Kommunen har sju skulefritidstilbod. Det er omlag 250 born i SFO-tiltaka.

Høgskulen i Volda¹⁵

Høgskulen i Volda er den største høgskulen i fylket, og har fleire studentar og tilsette enn høgskulane i Molda og Ålesund. Høgskulen i Volda har også høgast grad av vitskapeleg produksjon i fylket.

Folkehelse¹⁶

Fråfall i vidaregåande skule er lågarere enn landsnivået. Andel med vidaregåande eller høgare utdanning er høgare enn landsnivået. Det er lågare arbeidsløyse i Volda enn snittet for fylket og landet elles.

Færre 7. og 10. klassingar i Volda oppgir at dei vert mobba på skulen, enn i fylket og landet.

17–18 % av 3. klassingane og 21–23 % av 8. klassingane i Volda kommune har utvikla overvekt/fedme. Dette er fleire enn gjennomsnittet i Noreg. Det er aukande bruk av legemiddel knytt til psykisk helse og livsstilssjukdommar. Prosentdel unge jenter som slit med psykisk helse har auka frå 25 % til 34 % på ti år.

1 % av ungdommen i Volda røyker dagleg. 4 % av elevane i 1. klasse på vidaregåande skule snusar dagleg. Unge jenter som snusar er ei aukande gruppe.

Befolkningsframskingane viser at det i framtida vil verte færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggjar 80 år og eldre. Moglege konsekvensar av dette kan vere:

- Ei stadig veksande gruppe med friske eldre.
- Sjukdomsbiletet vert meir prega av kronisk og samansette helseproblem og demens.
- Utfordringar og større press på mellom andre helse- og omsorgstenester.
- Fleire eldre utan pårørande i nærmiljøet kan gi eit større press på innlegging i sjukeheim.



Høgskulen i Volda er den høgskulen med fleist studentar i fylket.

Kommunikasjon og samferdsel¹⁷

145 km kommunale vegar
Ca. 100 km vegar med fast dekke
Ca. 45 km grusvegar
4 km gang- og sykkelvegar
58 km kommunal veg med veglys, ca. 2400 lyspunkt
Ca. 30 bruer
102,5 km vassrøyr
10 vassverk
128 km avløpsrøyr
8 kloakkbehandlingsanlegg

2014: åtte trafikkulukker med null døde, fire hardt skadde og sju lettare skadde.

Areal¹⁸

548 km²
Høgaste fjell: Eidskyrkja, 1482,5 m.o.h.

Bustadar¹⁹

(2013)
3005 einebustadar
305 tomannsbustadar
524 rekkehus, kjedehus og andre småhus
163 bustadblokkar
555 bygningar for bufellesskap
104 andre bygningstypar
4656 totalt

Kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi²⁰

Austefjord kyrkje; kulturminne, kyrkjestad.
Berkneset; kulturmiljø, krigsminnelokalitet.
Botnen; fornminne, kulturmiljø, rituell-kultisk lokalitet.
Dravlaus; gravrøyser, kulturmiljø, gravminne.
Ekset; kulturmiljø, gårdstun.
Halkjelsvik kyrkjestad; kulturmiljø.
Hunnes; sengjabud, kulturminne, gardstun.
Nedre Rotset; kulturmiljø, gardstun.
Olavskjelde Kile; kulturminne, brønn/kjelde/vannpost.
Oppgangssag, Bjørkedalen; kulturminne, sagbruk.
Rotevatn, gravrøys; kulturminne.
Skinnvika, gravrøyser; kulturmiljø.
Skrivargarden, Skjerva; kulturminne, gardstun.
Stabbur Eikrem; kulturminne, gardstun.
Velsvik røykomnstove; kulturminne, gardstun.
Volda kyrkje; kulturminne, kyrkjestad.
Volda prestegard; kulturmiljø.



4.2 Hovudtema og aktuelle problemstillingar

Attraktivitet

Folk – næring – trivsel

Volda kommune har befolkningsvekst, og det er forventa at folkeveksten skal fortsette. Det er først og framst innvandring som sikrer positiv folketalutvikling. Befolkningsframskrivingane viser at gruppa eldre (70 år eller eldre) vil auke kraftig dei neste åra. Volda kommune har, lik resten av fylket, eit større overskot av menn enn landsgjennomsnittet.

Volda kommune har mange offentlege arbeidsplassar og mange miljø med mykje kompetanse (sjukehus, offentleg tenesteyting, høgskule, Møreforskning, vidaregåande skule med fleir). Volda er eit godt supplement til nabokommunane som har fleire arbeidsplassar knytt til industri og maritim verksemd. Landbruket er også ei viktig næring, og det er høg nyetableringsgrad i kommunen. Sunnmøre kulturnæringshage og Volda Næringsforum er ressursar for nyetableringar.

Godt utvikla kommunikasjonslinjer både innad i kommunen og ut i regionen er eit viktig tema både for framtidig befolknings- og næringsutvikling. For å fremje utvikling og Volda som ein attraktiv bu-, arbeids- og studentbygd bør kommunen kunne tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem.

Høgskulen i Volda har ein viktig rolle i kommunen, og er ein del av Voldas særpreg og identitet. StudiebygdA er eit partnerskap mellom offentleg, privat og frivillig sektor, med hovudformål å styrke studiestaden Volda. Ved å synleggjere Volda og regionen sine gode kvalitetar arbeidar StudiebygdA med å auke bulyst og attraktiviteten både for Volda, men også heile regionen.



Naturen i Volda innbyr til fysisk aktivitet og naturopplevingar. Volda har også eit høgt aktivitetsnivå i idretts- og kulturlivet. Ein stor del av dette arbeidet vert drive av frivillige lag og organisasjonar. Høgskulen og studentmiljøet bidreg i mykje av kulturlivet, mellom anna ved å arrangere fleire store festivalar. Biblioteket er ein viktig del av integreringsarbeidet i kommunen.

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis utnytte innvandrarak som ressursar i lokalmiljøet og sikre god integrering?
- Korleis sikre gode oppvekstvilkår?
- Korleis nytte dei eldre som ressursar i samfunnet?
- Kva mål og visjonar har kommunen for næringsutvikling og verdiskaping?
- Kva næringar ynskjer kommunen å legge til rette for og satse på?
- Korleis legge til rette for verdiskaping og arbeidsplassvekst?
- Korleis ta vare på og styrke landbruksnæringa?
- Korleis utvikle transportsystemet?
- Korleis kople ulike kompetansmiljø?
- Korleis nytte naturen som ein ressurs?
- Korleis ta vare på og utvikle gode idretts-, kultur- og fritidstilbod?

Busetting

Omtrent 70 % av innbyggarane i Volda kommune bur i tettstaden Volda, og det er her arealpresset er størst. I bygdene går folketalet jamt nedover. Det er ei utfordring både i fylket og kommunen å få unge som flyttar ut til å kome tilbake etter endt utdanning. Attraktive bumiljø og varierte bustadtypar er viktig for å kunne trekkje til seg tilflyttarar.

Studentane i kommunen bidreg til at konkurransen på leigemarknaden er stor.

Aktuelle problemstillingar:

- Kva slags strategi skal kommunen ha for busetting?
- Kva type bustadar er det behov for, og kvar?
- Korleis sikre god og variert tilgang på bustadar og tomter?
- Korleis legge til rette for gode bumiljø?
- Korleis få unge som flyttar ut til å kome tilbake?
- Korleis få studentar i Volda til å bli verande i regionen?
- Korleis sikre eit godt leigemarknad?



Volda i regionen

Volda samarbeider med Ørsta på mange område, og mange regionale funksjonar er lokalisert her (til dømes flyplass, høgskule, sjukehus og tingretten). Volda og Ørsta har også ein felles arbeidsmarknad. Vidareutvikling av dette samarbeidet vil kunne styrke Volda og Ørsta som eit regionalt knutepunkt.

Ørsta-Volda lufthamn er den fjerde største lokale flyplassen i Noreg og området i Furene–Hovdebygda er eit viktig regionalt trafikknutepunkt. Saman med Timeekspressen bidreg flyplassen til at Volda har relativt gode kollektivkommunikasjonar.

I samband med kommunereforma er Volda kommune i gang med utgreiingar og samtalar med grannekommunar om samanslåing. Dersom Volda kommune skal inngå i ein ny og større kommune, vil dette medføre ein stor gjennomføringsprosess.

Volda kommune har fleire kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi. Fleire av festivalane i Volda leverer gode kulturopplevingar til eit regionalt publikum.

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis styrke Volda og Ørsta som eit regionalt funksjonsknutepunkt?
- Korleis trekkje ut synergjar gjennom aktivt interkommunalt og regionalt samarbeid?
- Korleis trekkje ut synergjar frå kommunereformprosessen?
- Korleis styrke og ta vare på kompetansen i Volda? Korleis rekruttere arbeidskraft?
- Korleis ta vare på, utvikle og utnytte sjukehuset, høgskulen, kommunen og andre institusjonar som ressursar?
- Korleis styrke samarbeidet mellom kompetansearbeidsplassane?
- Korleis styrke og bevare kultur- og naturverdiar?
- Korleis arbeide for eit godt omdøme?

Volda sentrum

I Volda sentrum er det utfordringar knytt til mellom anna næringsutvikling, handel, bustadutvikling, grønstruktur og gode trafikale løysingar. "Mellom bygningane i Volda" er eit samarbeidsprosjekt mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Volda næringsforum og Volda kommune. Sentrumsprosjektet arbeidar for å styrke Volda sentrum, og å gjere sentrum til ein attraktivt stad.

Utviklingsplanen for Volda sentrum vart utarbeida våren 2015, og det vart arrangert fleire

medverknadsprosesser i samband med utarbeidinga. Den ferdige planen inneheld visjonar og prinsipp for framtidig utvikling. Det vil i tida framover vere viktig å arbeide for å gjennomføre ulike prosjekt i planen.

Aktuelle problemstillingar:

- Kva mål og visjonar har vi for Volda sentrum?
- Kva element er viktige for Voldas særpreg og identitet?
- Korleis gjere Volda sentrum attraktivt?
- Kva prosjekt i utviklingsplanen skal prioriterast?
- Korleis få til gode samarbeidsavtalar mellom fylkeskommune, kommune, næringsliv og frivillige?
- Korleis involvere studentar i vidare arbeid?
- Korleis utvikle sentrumsområde med forankring i lokal identitet og tilhøyrse?

Folkehelse

Helse er å meistre kvardagens krav. Kommunen skal såleis bidra til å førebygge sjukdom og jamne ut sosiale ulikskapar. Kommunen må fremje folkehelse innafor dei ulike tenestene, og med dei virkemidlar kommunen rår over, mellom anna gjennom gode bu- og oppvekstmiljø, gode barnehagar og skular, trygge arbeidsplassar, varierte tilbod om fritidsaktivitetar og nærleik til natur og friluftslivsområde.

Volda var tidleg ute med å ha helse som tema i kommuneplanen og er nytta som døme av andre kommunar seinare. At Volda blir sett på som ein aktiv kommune i folkehelsearbeid er god omdømmebygging for kommunen. Målretta folkehelsearbeid gjennom mange år kan også ha samanheng med at Volda nå gjer det godt på fleire folkehelsebarometer. Dette viser at folkehelsearbeid nyttar, og det er viktig å halde fram med dette arbeidet. Sjølv om nokre statistikkar viser gode tal for Volda, har kommunen samstundes fleire folkehelseutfordringar, mellom anna knytt til barn

og unges psykiske helse. Statusrapporten over helsetilstanden i Volda inneheld ei god oversikt over dei største utfordringane i kommunen.

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis førebygge psykisk uhelse, spesielt blant unge jenter?
- Korleis førebygge overvekt, spesielt hos barn og unge?
- Korleis legge til rette for gode oppvekst- og levekår?
- Korleis førebygge mobbing, einsemd, angst, rus og livsstilssjukdomar?
- Korleis legge til rette for fysisk aktivitet i kvardagen?
- Korleis styrke innbyggjarane sin livskvalitet?

Klima og miljø

Noreg har som mål å redusere utslepp av klimagassar. Sidan 1990 har klimagassutslepp frå transportsektoren auka med 27 %. Ladepunkt for elbilar er med på å stimulere bruken av elbilar. Målretta arbeid for å auke sykkel-, gang- og kollektivtrafikken er viktige middel for å redusere utsleppa. Data frå Meteorologisk institutt viser at temperaturen og nedbørsmengda på Vestlandet er blitt vesentleg høgare dei siste 100 åra. Dette kan medføre auka risiko for flom og skred. Det kan også få konsekvensar for matproduksjon og landbruksnæringa.

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis gjennomføre tiltak for å betre miljøet og redusere klimagassutslepp?
- Kva strategi har vi for ein berekraftig arealbruk?
- Korleis legge til rette for miljøvenleg transport?
- Korleis ta vare på naturen som ein ressurs?
- Korleis ta vare på det biologiske mangfaldet?



Detalj på sykkelstativet, biblioteket i Volda.

Tenester

Volda kommune har ei viktig oppgåve som samfunnsutviklar og arbeider for å tilby innbyggjarane gode tenestetilbod. Volda kommune sin økonomi er risikoutsett med pressa drift og store investeringar. Med befolkningsvekst, fleire eldre, auka krav og forventningar frå innbyggjarane vil truleg behovet for tenester auke. I tillegg har regjeringa foreslått å overføre ei rekke oppgåver til kommunane i samband med kommunereforma; mellom anna barnevern, familievern, rehabilitering, bustadtilskot, og tannhelse. I denne kommunereformprosessen vil det verte viktig å avklare behov, moglegheiter og utfordringar for Volda som samfunn.

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis sikre tilfredsstillande dekningsgrad og standard på kommunale velferdstenester innanfor økonomisk handlingsrom?
- Korleis få til ein sterkare kopling mellom kommuneplan, budsjett og økonomiplan og arbeidsoppgåver?
- Korleis sikre kompetanseutvikling og rekruttering, behalde arbeidskraft og redusere sjukefråvær?
- Korleis skape kultur for innovasjon?
- Korleis møte framtidige krav til omstilling og effektivisering?
- Korleis møte forventa auka press på kommunale tenester?
- Korleis utvikle gode kommunikasjonslinjer ut, inn og internt i kommunen?
- Korleis møte kommunereforma?
- Korleis forvalte og utvikle bygningsmassen?

Samfunnstryggleik

Volda kommune har eit generelt og grunnleggjande ansvar for ivaretaking av innbyggjarane sin tryggleik innanfor sine geografiske område. Kommunen utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen. Under kriser og katastrofar må kommunen kunne iverksette tiltak for å verne innbyggjarane og oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar.

I Volda kommunes risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) er ras, flaum, stormflod, forureining og trafikkulykker klassifisert som tema med høg risiko. Klimaendringar er ein sentral del av risikobiletet i kommunen, og ein kan i framtida vente auka nedbør, meir ekstremver, havnivåstigning og andre gradvise endringar som vil få store konsekvensar for helseforhold, jordbruk, fiskeri, samferdsel, bygg, anlegg og naturmangfald.

Aktuelle problemstillingar:


- Kva mål og strategiar skal kommunen ha for arbeidet med samfunnstryggleik?
- Korleis skal kommunen leggje til rette for tryggleik for innbyggjarane?
- Kva skal kommunen prioritere å arbeide med?
- Korleis skal kommunens beredskapsorganisasjon drivast og vedlikehaldast?
- Korleis skal kommunen arbeide for å møte framtidige utfordringar?
- Kva kan kommunen gjere for å begrense framtidige utfordringar?



På veg til Eidskyrkja.

5 MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT

5.1 Organisering og opplegg for medverknad



Figur 6: Organisering av kommuneplanarbeidet.

Figur 6 viser organiseringa av planarbeidet. Kommunestyret skal, i følgje PBL, gjere politiske vedtak vedrørende planarbeidet. Rådmannen er prosjektansvarleg. Prosjektgruppa og prosjektleiar består av seks personar frå administrasjonen, og skal arbeide med den praktiske gjennomføringa av arbeidet.

Kommuneplanen vil vere tema i leiargruppemøte og i plangruppemøte. Desse to gruppene vil fungere som ei administrativ arbeidsgruppe, og består av representantar frå dei ulike sektorane i kommunen (Opplæring og oppvekst, Helse og omsorg, Teknisk, Utvikling, Service og kultur og Ressursstaben), samt landbrukskontoret, folkehelsekoordinator og kommunen sin barne- og ungerepresentant. Den administrative arbeidsgruppa har som oppgåve å kartlegge og drøfte tema innanfor kommunal sektor.

Den politiske rådslagingsgruppa består av Volda formannskap, og skal sikre politisk medverknad i prosessen.

Parallelt med revidering av kommuneplanen vert det arbeida med kommunereforma. Kommunereformprosessen og kommuneplanarbeidet har mange fellestrekk, og der det er teneleg vil ein koordinere og samkjøre dei to prosessane.

”Tenkjetanken” som er etablert i samband med kommunereformprosessen vil også verte nytta i kommuneplanarbeidet. Tenkjetanken består av representantar frå ungdomsrådet, eldrerådet, kommunalt råd for funksjonshemma, grendelaga, Volda Næringsforum, frivillig sektor, Høgskulen i Volda og Volda sjukehus.

Ungdomsrådet i Volda ynskjer å medverke i planarbeidet, og kommuneplanen skal verte tema på alle møta i ungdomsrådet til hausten. Ungdomsrådet skal utarbeide eit eige hefte med innspel frå barn og unge til kommuneplanen.

I tillegg vil vi sikre medverknad ved å invitere utvalde personar, grupper eller samfunnsaktørar til eige temamøte, til dømes med næringslivet, studentorganisasjonar, Volda læringscenter, Volda statlege mottak og NAV. Barn og unge vil inviterast spesielt til å vere med i arbeidet med å kartlegge og utvikle leikeplassar i Volda kommune. Vi vil leggje til rette for at den enkelte kan engasjere seg i planarbeidet gjennom elektroniske media.

Informasjon om arbeidet vil bli publisert på nettstaden til Volda kommune (volda.kommune.no), på Volda kommunes facebookside og gjennom annonser i lokalavisene Møre og Møre Nytt.

5.2 Framdriftsplan

Samfunnsdelen

2015

- Januar–april: Utforming av planprogram for samfunnsdelen.
- April: Varsel om oppstart av planarbeid og vedtak om offentlig ettersyn av planprogram (kommunestyret).
- mai–juni: Høyring av planprogram (min. seks veker).
- Juni–juli: Merknadshandsaming.
- August: Vedtak planprogram (kommunestyret).
- August–februar: Utforming av planforslag for samfunnsdelen (med medverknad).

2016

- Februar: Vedtak om offentlig høyring av samfunnsdel (kommunestyret).
- Februar–mars: Høyring av samfunnsdelen (min. seks veker).
- April: Merknadshandsaming.
- Mai: Vedtak samfunnsdelen (kommunestyret).

5.3 Vidare prosess

Dette planprogrammet gjeld kun for samfunnsdelen. Det er likevel viktig å understreke at samfunnsdelen og arealdelen skal henge saman, og samfunnsdelen skal mellom anna innehalde føringar for arealdelen. Det vert lagt opp til ein overlappende prosess. Ein førebels framdriftsplan for arealdelen er skissert slik:

Arealdelen

2016

- Februar: Utforming av planprogram for arealdelen.
- Februar: Vedtak om offentlig ettersyn av planprogram (kommunestyret).
- Mars–april: Høyring av planprogram (min. seks veker).
- April–mai: Merknadshandsaming.
- Juni: Vedtak planprogram (kommunestyret).
- Juni–desember: Utforming av planforslag for arealdelen (med medverknad).

2017

- Januar: Vedtak om offentlig høyring av arealdelen (kommunestyret).
- Januar–februar: Høyring av arealdelen (min. seks veker).
- Mars: Merknadshandsaming.
- Mai: Vedtak arealdelen (kommunestyret).

5.4 Utgreiingar

Parallelt med kommuneplanarbeidet er det sett i gang anna arbeid som vil kome til nytte i kommuneplanarbeidet:

- Hovudplan for avløp
- Hovudplan for vassforsyning
- Viltkartlegging
- Oversikt leike- og aktivitetsområde i Volda kommune

Planar, rapportar og utredningar som skal utarbeidast:

- Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde
- Utarbeiding av fagrapport om kjerneområde landbruk
- Greie ut behov for gravplassar

Andre planar, rapportar og utredningar som kan verte aktuelle å lage:

- Hovudplan for veg og trafikktrygging, med barnetrakk/sykel- og gangvegregistrering
- Kulturminneplan
- Oppvekstplan

5.5 Ressursbehov

Per i dag er det ikkje identifisert økonomiske behov utover budsjettammene.

Andre planar, rapportar og utredningar som kan verte aktuelle å lage, nemnd i kapittel 5.4, vil krevje midlar til gjennomføring.

6 KJELDER

- ¹ merkur3.cappelendamm.no
- ² SSB tabell 05810: Folkemengde etter kjønn og alder
SSB tabell 10213: Framskrevet folkemengde
- ³ nykommune.no
- ⁴ SSB tabell 06969: Brukarar av pleie- og omsorgstenester
- ⁵ SSB tabell 04317: Folkemengde etter grunnkrins
- ⁶ SSB Innvandrere etter innvandringsgrunn, 2012 (tabell 8)
- ⁷ Kommunestatistikk 2014
- ⁸ nykommune.no
SSB tabell 03333: Sysselsatte
- ⁹ nykommune.no
- ¹⁰ Kommunestatistikk 2014
- ¹¹ Fylkesstatistikk 2014
- ¹² Møre og Romsdal fylkeskommune: Arbeidsmarknad
- ¹³ Møre og Romsdal fylkeskommune: Arbeidsmarknad
- ¹⁴ SSB tabell 09169: Barn i barnehager
SSB tabell 09220: Barnehager
volda.kommune.no: Grunnskuleopplæring
- ¹⁵ Fylkesstatistikk 2014
- ¹⁶ Folkehelseprofil 2015 Volda
Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014
- ¹⁷ SSB tabell 10209: Personer drept eller skadd i veitrafikkulykker
- ¹⁸ Wikipedia: Volda
- ¹⁹ SSB tabell 06265: Boliger etter bygningstype
- ²⁰ Regional delplan for kulturminne

Kommunedelplan for Volda sentrum
Vegleiar "Kommuneplanprosessen" (MDP)

mrfylke.no

nykommune.no

Plan- og bygningslova (PBL)

regjeringen.no

volda.kommune.no



Volda kommune

Stormyra 2

6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no

Telefon: +47 70 05 87 00

Faks: +47 70 05 87 01

Åpningstider: 08.00–16.00





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2013/1263

Arkivkode: 611, &50

Utvallsaksnr

Utval

Møtedato

47/16

Formannskapet

15.03.2016

LERKANE - GODKJENNING AV AVTALE

Administrasjonen si tilråding:

1. Formannskapet godkjenner avtale med eigarane av gnr. 19 bnr. 2 om areal til utviding av Lerkane, jfr. vedlegg 2 i denne saka.
2. Formannskapet vil for sin del også godkjenne følgende påteikning på festekontrakt for gnr. 19 bnr. 433:

"I samband med at vegområdet ved utbygging av Lerkane har kome inn på festetomt gnr. 19 bnr 433 utover det reguleringsplanen legg opp til, er partane samde om at medgått vegareal, samla om lagm² ikkje skal kome til fråtrekk ved verdsetting av tomta ved evt. framtidig overdraging av tomta."

Vedleggsliste:

1. Avtale m/kartskisse

Uprenta saksvedlegg:

F-sak 48/14, møte 4.3.14

Samandrag av saka:

Det vert rådd til at formannskapet godkjenner avtale med eigarane av gnr. 19 bnr. 2 om utvidingsareal til Lerkane i samband med rundkøyringa Lerkane/Storgata/Engesetvegen, jfr. vedlegg 1 i denne saka.

Saksopplysningar:

I 2013/14 starta tingingane med tilstøytande grunneigarar til rundkøyringa krysset Storgata/Lerkane/Engesetvegen. Etter kvart kom det til semje med dei som ligg nærast til rundkøyringa, medan det har stått att å ordne grunntilhøve med eigarane av gnr. 19 bnr. 2 langs Lerkane på austsida av Uppheim.

Langs parsellen Lerkane, frå kryss Stormyra/S.H. Halkjelsviks veg til kryss Porsemyrvegen viser det seg at kommunen har opparbeidd fortau utover eigen eigedom, altså inn på gnr. 19

bnr. 2 på austsida av Lerkane. Det dreier seg her om 261,1 m², arealet merka med grøn og raud farge (209,8 m² + 51,3 m²) på kartet som følgjer avtalen i *vedlegg 1*.

I tillegg er det bygt fortau inn på gnr. 19 bnr. 433; Uppheimstomta. Denne vart bygsla frå eigar av gnr. 19 bnr. 2 av Volda kommune i 1978. I 1979 vart Volda kommune sine rettar og plikter i festekontrakta transportert til Volda kristelege ungdomslag. Men kommunen er framleis ansvarleg overfor bortfestaren at festeavgifta vert betalt i rett tid, og at dei andre pliktene som festekontrakten inneheld blir oppfylt.

Det har vore fleire tingingsmøte med eigarane av gnr. 19 bnr. 2 og 433. I siste møte 22.1.16 sette kommunen fram tilbod om kr. 1350,- pr. m², med tillegg av endring av konsumprisindeksen frå november 2010 til oppgjer. Det er det same andre i området fekk tilbod om, og aksepterte, i 2013/14. Grunneigarane aksepterte ikkje dette tilbodet, men det kom til semje om at prisen vert å fastsetje ved friviljug skjøn, som kommunen skal krevje.

Når det gjeld arealet på gnr. 19 bnr. 433 "Uppheimstomta" var det semje om følgjande påteikning på festekontrakta:

"I samband med at vegområdet ved utbygging av Lerkane har kome inn på festetomt gnr. 19 bnr 433 utover det reguleringsplanen legg opp til, er partane samde om at medgått vegareal, samla om lagm², ikkje skal kome til fråtrekk ved verdsetting av tomte ved eventuell framtidig overdraging av denne".

Cirka-aralet det er referert til kan settast inn i når det er oppmålt, og dette kan først skje når snøen er borte.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen seier seg lei for at anlegget Lerkane har kome inn på gnr. 19 bnr. 2 og 433. Når situasjonen vart slik han vart er rådmannen glad for at grunneigarane går med på at prisen for det arealet som har gått med på austsida av vegen vert å fastsetje ved friviljug skjøn (avtaleskjøn). Vidare at grunneigarane tykkjer det er tilfredstillande for arealet på Uppheimstomta at det vert gjort eit påteikning på festekontrakta som omtalt ovanfor.

Når avtalen er godkjent i formannskapet vil det verte kravd skjøn, og advokat Reidar Andresen vert kommunen sin prosessfullmektig.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det er viktig å få fullført anlegget med gangvegi full breidde på austsida av Lerkane. Alternativet ville vere å tilbakeføre arealet til gjeldande eigedomsgrenser, noko som ville medføre at det berre ville verte fortau på vestsida.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnadane vert å belaste prosjekt 701406

Beredskapsmessige konsekvensar:

Betra beredskap med veg og fortau i full breidde.

Naturmangfaldlova:

Ingen konsekvensar.

Rune Sjugard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Adv. Bjørn Kristian Hove
Boks 315, Sentrum
6001 Ålesund

Adv. Reidar Andresen
Grimmergata 5,
6000 Ålesund

Teknisk sektor, her.



Etter forhandlingar mellom Volda kommune og grunneigarane tilhøyrende Gnr. 19 bnr. 2 i Volda kommune, er det inngått slik:

AVTALE

1. Grunneigarane tilhøyrende Gnr. 19 bnr. 2 i Volda kommune, overdreg til Volda kommune ca 261 m², slik det går fram av vedlagte kartutsnitt der arealet er merka med raud og grøn farge
2. Partane er samde om at vederlaget for grunnavståinga skal fastsetjast ved rettsleg skjøn, jf. skjønsprosslova § 4.

Partane er vidare samde om at erstatninga skal fastsetjast i samsvar med ekspropriasjonsrettslege reglar, og ekspropriasjonsrettslege reglar skal også gjelde i spørsmålet om sakskostnader.

Volda kommune dekkjer grunneigarane sine kostnader til juridisk hjelp i høve avtalen og seinere skjøn.

3. Volda kommune overtek grunnen seinest innan 1. april 2016.
4. Volda kommune pliktar så snart som praktisk mogleg å krevje skjøn for Søre Sunnmøre tingrett. Volda kommune dekkjer kostnaden med skjønnet.
5. Partane er vidare samde om at verdsetjingstidspunktet skal vere avheimlingstidspunktet.
6. Grunneigarane gjev Volda kommune rett og plikt til straks å rekvirere og gjennomføre frådelling av ervervsarealet. Kostnaden ved dette skal dekkjast av Volda kommune.
7. Grunneigarane tilhøyrende Gnr. 19 bnr. 2 plikter mot oppgjer etter rettskraftig skjøn å underteikne skøyte over ervervsarealet, klart for tinglysing og fritt for pengehefte og andre hefte som kan stå i vegen for kommunens bruk. Skøyte blir utarbeidd av Volda kommune.

Volda kommune har og samsvarende plikt til å tilby oppgjer slik fastsatt ved skjønnet, og seinest 1 månad etter at rettskraftig skjøn ligg føre.

8. Partane er samde om påteikning på festekontrakt på gnr. 19 bnr. 433 om at medgått vegareal ikkje skal kome til fråtrekk ved verdsetjing av tomta ved eventuell framtidig overdraging av denne.
9. Denne avtalen er bindande for grunneierne ved underteikning og for Volda kommune ved godkjenning i rette styreorgan.

1 av 3



Volda, 2016

Grunneierne tilhørende Gnr. 19
bnr. 2 i Volda kommune


Jon Inge Halkjelsvik



Korben Halkjelsvik


Helge Halkjelsvik


Ragnar Halkjelsvik

Volda kommune
v/ordføreren



VOLDA KOMMUNE
UTVIKLING
Stavns Trest

	30.04.2015
	Målestokk 1:500



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2015/2475

Arkivkode: 611

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

48/16

Formannskapet

15.03.2016

GBR 20/89 - KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL GBR 20/82

Administrasjonen si tilråding:

1. Alfhild og Olav Kriken får kjøpe deler av kommunen sin eigedom gnr. 20 bnr. 89 i samsvar med søknad av 08.12.15, under føresetnad at det ikkje kjem merknader i samband med frådelingssøknad, jfr. punkt 2.
2. Den nøyaktige storleiken på areala vert bestemt ved kart- og delingsforretning.
3. Prisen for arealet vert sett til kr. 435,- pr. m², og denne skal justerast for endringa i konsumprisindeksen frå 01.01.2016 fram til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet.
4. Kjøpar må bere alle kostnder med arealoverdraginga.

Vedleggsliste:

1. Brev av 08.12.15 frå Alfhild og Olav Kriken
2. Kartskisse

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Alfhild og Olav Kriken søkjer om å få kjøpe ca. 170 m² av kommunen sin eigedom gnr. 20 bnr. 89. Rådmannen rår til at søknaden vert innvilga.

Saksopplysningar:

I brev av 08.12.15 søkjer Alfhild og Olav Kriken om å få kjøpe deler av kommunen sin eigedom gnr. 20 bnr. 89, som tilleggsareal til sin eigedom i Heltnevegen, jfr. *vedlegg1*.

Det omsøkte arealet på gnr. 20 bnr. 89 er i eldre reguleringsplan regulert til "frittliggjande småhusbebyggelse". Noko av arealet er i same planen regulert til felles leikeareal.

Med det som utgangspunkt og at det omsøkte arealet ligg inntil regulert gangveg, har rådmannen ikkje noko å merke til at arealet som er regulert til "frittliggjande småhusbebyggelse" vert solgt til Kriken.

Heile den omtalte kommunale eigeodomen ligg langs Heltnevegen og er samla på 233,7 m², medan arealet som er regulert til "frittliggjande småhusbebyggelse" er på omlag 170 m².

Vurdering og konklusjon:

Søknaden har vore til vurdering hjå teknisk sektor, som konkluderer med at arealet kan seljast.

Rådmannen rår til at Kriken får kjøpe arealet som er regulert til "frittliggjande småhusbebyggelse" slik det er synt på vedlagde kartskisse.

Når det gjeld pris, så er dette innafor bustadareal i kommuneplanen. Arealet er eit "restareal" og er ikkje stort nok til å nyttast til eiga tomt for sjølvstendig utbygging. Det siste arealet som kommunen kjøpte og som ligg nærmast det omsøkte arealet, er avtalen om veggrunn for gjennomføring av reguleringsplanen i Håmyra der kommunen betalte kr. 435,- m².

I samband med den avtalen vart det synt til at det hausten 2014 og hausten 2015 vart betalt kr. 435,- for parsellar regulert til utbygging i Håmyra og grunneigarane kravde ein pris i samsvar med det. Det vert såleis rådd til ein pris på kr. 435,- pr. m², med konsumprisjustering til oppgjerstidspunktet.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Det vert rådd til at salssum på vert tilført kapitalfondet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjugard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgevar


Utskrift av endeleg vedtak:

Alfhild og Olav Kriken Heltnevegen 16, 6103 Volda
Administrasjonen



1:500

10.12.2015



Kart må vere i kurant målestokk og med rutenett for å kunne nyttast i søknader.

Alfhild og Olav Kriken
Heltnevegen 16
6103 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/2475	Avg. RÅD
Løpenr.	PERLUN
9 DES 2015	
Arkivdel:	Emne 2
Klassering P:	611
Klassering S:	

Volda kommune
Stormyra 1
6100 Volda

Volda, 8.12.2015

Vedrørende kjøp av tilleggsareal.

Søker herved å få overta/kjøpe gnr. 20, bnr. 89 i Heltnevegen 16 Volda som tilleggsareal til gnr. 20, bnr. 82, Heltnevegen 16 i Volda.


Vi bed om å få opplyst kva kostnadar dette vil medføre for oss.

Med vennleg helsing

Alfhild Kriken

Olav Kriken

Vedlegg: Kart over området



Kartverket





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2013/821
		Arkivkode:	242

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/16	Formannskapet Kommunestyret	15.03.2016

NÆRINGSFONDET(KRAFT)- ÅRSRAPPORT 2015

Administrasjonen si tilråding:

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2015 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreinga og vedlegga i denne saka.

Vedleggsliste:

1. Status årsrapportering 2015
2. Tilsagnsliste

Uprenta saksvedlegg:

K-sak 6/14, møte 30.1.14, om retningsliner for bruken.

Samandrag av saka:

Rapporten om bruken av Næringsfondet (kraft) for året 2015 vert med dette lagt fram. Eg rår til at rapporten vert teken til vitende, slik det går fram av saksutgreinga og vedlegga i denne saka.

I vedtektene for forvaltning og bruk av Næringsfond(kraft) i Volda kommune § 8 heiter det at skal leggest fram ei melding til kommunestyret om bruken av fondet kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

Tilveksten til fondet:

Kraftfondet hadde i 2015 ein tilvekst på kr. 737.358,-. Av dette utgjorde konsesjonsavgifta frå Tussa Energi AS kr. 607.760,-, og frå Småkraft AS kr. 129.598,-. Renterenteinntektene var kr.32.561 .

Løyvingar frå fondet:

Totalt vart det i 2015 løyvd kr. 720.000,- frå fondet, jfr. *vedlegg 2*. I dette ligg m.a. kr. 350.000,- i tilskot til Volda Næringsforum og kr. 150.000,- til Sunnmøre Kulturnæringshage AS.

Elles er løyvingane i 2015 i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak 163/14, pkt 22

Vurdering og konklusjon:

Når det gjeld retningsliner for bruken av fondet og konkrete løyvingar for 2014 elles vert det vist til K-sak 6/14, møte 30.1.14, der det går fram at kommunestyret ynskjer å prioritere marknadsføring av dei mange ulike festivalane i Volda.

Rådmannen rår til at årsrapporten vert teken til vitende slik den går fram av saksutgreiinga og *vedlegg 1 og 2*

Økonomiske konsekvensar:

Stønad frå næringsfondet(kraft) belastar ikkje kommunen sitt driftsbudsjett. Næringsfond(kraft) vert frå 2015 tilført om lag kr. 735.000,- pr. år i konsesjonsavgifter (frå Tussa Energi AS og Småkraft AS). I tillegg kjem renter.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune
6404 Molde
Rekneskapsseksjonen, her
Revisor

Samleoversikt fondsstatus

Akkumulerte tall for samtlige rapporteringspliktige fond

<i>Beskrivelse</i>	<i>Inn på fond</i>	<i>Ut av fond</i>	<i>Saldo</i>
Inngående saldo på fond pr. 1.1			888.151
Fondsrenter	32.561	0	
Fondstilskudd	737.558	0	
Tilsagnstilskudd	0	720.000	
Saldo ett tilsagnsår	770.119	720.000	50.119
<u>Utgående saldo på fond pr. 31.12</u>			<u>938.270</u>

Tilsagnsliste

Sortering: +Tilsagnsår, +Tilsagnsnummer

År	Tils.nr.	Prosjektnavn	Støttmottaker	Tils.dato Gyldig til	Beløp	Tilbakeført	Utbetalt	HK	UK	TK	Kvinne	Status
2015	001	Sunnmøre kulturnæringshage	Sunnmøre Kulturnæringshage	01.01.15 31.12.17	150.000	0	150.000	3	13		99	Ferdig
2015	002	Volda Næringsforum	Volda Næringsforum	01.01.15 31.12.17	350.000	0	350.000	3	12		99	Ferdig
2015	003	Dei Nynorske Festspela	Aasentunet	01.01.15 31.12.17	75.000	0	75.000	3	12		99	Ferdig
2015	004	Studentveka 2015	Studentveka i Volda	01.01.15 31.12.17	20.000	0	20.000	3	12		99	Ferdig
2015	005	X2 Festivalen	x2	01.01.15 31.12.17	20.000	0	20.000	3	12		99	Ferdig
2015	006	Kammermusikkfestivalen	Kammermusikkfestivalen	01.01.15 31.12.17	20.000	0	20.000	3	12		99	Ferdig
2015	007	Dokumentarfilmfestivalen	Den Norske Dokumentarfilmfestivalen	01.01.15 31.12.17	20.000	0	20.000	3	12		99	Ferdig
2015	008	Animasjonsfilmfestivalen	AniMationVolda	01.01.15 31.12.17	20.000	0	0	3	12		99	Igangsatt
2015	009	Naturfestivalen	Naturfestivalen	01.01.15 31.12.17	10.000	0	10.000	3	12		99	Ferdig
2015	010	StudiebygdA Portal	Høgskulen i Volda	01.01.15 31.12.17	35.000	0	0	3	12		99	Igangsatt
SUM UTVALG:					720.000	0	665.000				ANTALL: 10	



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2013/760
		Arkivkode:	256

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
50/16	Formannskapet Kommunestyret	15.03.2016

KOMMUNAL GARANTI - LÅN TIL KYRKJELEGE INVESTERINGAR 2016

Administrasjonen si tilråding:

Under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning gir Volda kommune Volda kyrkjelege fellesråd ein sjølvskyldnarkausjon for ei låneramme på inntil kr. 5.000.000 -, med tillegg av 10%, med tillegg av inntil 2 år. Låneramma skal nyttast til investeringar slik det går fram av søknaden frå Volda kyrkjelege Fellesråd d.s. 22.02.2016.

Låneramma og garantiane vert fordelt slik:

- Lån kr. 3.250.000,- med tillegg av 10% i 25 år med tillegg av inntil 2 år.
- Lån kr. 1.750.000,- med tillegg av 10% i 38 år med tillegg av inntil 2 år.

Garantiansvaret vert å redusere i takt med nedbetalinga på låna.

Vedleggsliste:

1. Søknad om kausjon d.s. 22.02.2016
2. Sak VKF 37/2015: Investeringsbudsjett 2016
3. Volda kyrkjelege Fellestråd; Investeringslån og tilskot 2016-2019

Samandrag av saka:

Volda kyrkjelege fellestråd syner til sak om kyrkjelege investeringar i Øk.planperioden 2016-2019, og søker om kommunal garanti på kr. 5.000.000,- .

Saksopplysningar:

I samband med at Volda kyrkjelege fellestråd har gjort vedtak om å ta opp lån for å finansiere investeringsprosjekt i 2016, vert det søkt om sjølvskyldnarkausjon for ei låneramme på til saman kr. 5.000.000 med tillegg av 10% med tillegg av inntil 2 år, jfr. vedlegg 1.

Kr. 3.250.000,- er planlagt nytta til investeringstiltak på kyrkjebygga i samsvar med slik fordeling;

Bygg	Bygningsdel	Tiltak	Beløp
Volda kyrkje	Tårn	Forgylling tal og visarar	500 000
Volda kyrkje	Ringeautomatikk	Fornyng ringeautomatikk	125 000
Volda kyrkje	Ytterveggar tårn	Måling og reperasjon	500 000
Austefjord kyrkje	Ytterveggar og tårn	Måling	500 000
Dalsfjord kyrkje	Hovudinngang	Ny tilkomst for brukarar med funksjonshemming	100 000
Kyrkjebygg	Brannalarm	Fornyng alarmanlegg	250 000
Volda kyrkje	Orgel	Rehabilitering hovudorgel- del 1	1 150 000
		Reservepost	125 000
		Totalt	3 250 000

Det er lagt til grunn ei levetid på 25 år for desse investeringane.

Kr.1.750.000,- er planlagt nytta til gravplassane/kyrkjegardane med slik fordeling;

Kyrkjegard	Element	Tiltak	Kapital
Dalsfjord	Omregulering	Restfinansiering og slutføring	970 000
Kyrkjegardar	Planar	Planlegging utviding Leirshaugen gravplass	250 000
Leirshaugen gravplass	Gravplan	Etablere urnelund Leirshaugen gravplass	250 000
Lid Gravplass	Utviding + P-areal	Kjøpe grunn og etablere P-plass	250 000
		Reservepost	30 000
		Totalt	1 750 000

For desse investeringane er det lagt til grunn ei levetid på 40 år.

Vurdering og konklusjon:

Kostnadane ved renter og avdrag på låna til Kyrkjeleg fellestråd vert finansiert gjennom årlege investeringstilskot frå Volda kommune.

I vedtaket frå Kyrkjeleg Fellestråd VKF sak 37/2015 går det fram at ein føresetnad for opptaket er at rådet frå 2016 disponerer inntil kr. 800.000,- pr. år i kommunalt investeringstilskot.

I saka om Årsbudsjett 2016 og Økonomiplanen 2016-2019 (PS 152/15) går det fram at den føresetnaden er fylgt opp for økonomiplanperioden gjennom kommunestyret sitt vedtak.

Det er verdt å merke seg at kompensasjon for rente og avdragsutgiftene på inntil kr. 800.000,- skal utbetalast etter dokumenterte utgifter pr. år i økonomiplanperioden. Fellesrådet er eit sjølvstendig rettssubjekt, og vedtek sjølv sine eigne investeringar. I budsjett og økonomiplan er det lagt opp til at beløpet på inntil kr. 800.000,- er fast uansett korleis renta utviklar seg i perioden. Det er viktig at fellesrådet er merksam på det når investeringsprogrammet vert vedteke. Den flytande renta er låg no, men det er sjølvstendig ikkje ein permanent situasjon. Vedlagde "*Oversikt over Investeringslån og tilskot 2016-2020*" frå VKF syner at det er rom for ei viss renteauke innanfor rente- og avdragskompensasjonen som kommunen gjev (*jfr. vedlegg 3*)

I søknaden går det fram at Volda kommune sin rådgjevar, Kommunal Gjeld AS (KOGAS), vil få oppdraget med å hente inn lånetilbod for fellesrådet. Erfaringsmessig er KLP og Kommunalbanken dei aktuelle långjevarane. Kommunalbanken krev kommunal garanti for å gje lån, men då gjerne til betre vilkår enn KLP. Det er derfor viktig for fellesrådet å få på plass kommunal sjølvskyldnarkausjon for å få best mogleg vilkår på lånet. Kommunalbanken set krav om ein lånegaranti som svarar til lånebeløpet med eit tillegg på 10% i lånet si nedbetalingstid med tillegg av 2 år.

Eg rår til at kommunen stiller omsøkt sjølvskyldnarkausjon, men minner om at dette kan skje berre dersom Fylkesmannen godkjenner det.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det er viktig å ha god regulering og disponering av gravplassar.

Økonomiske konsekvensar:

Tidlegare tok kommunen opp låna i si låneportefølgje til kyrkjelege investeringar. Med endringa i kyrkjelovgjevinga skal Kyrkja som sjølvstendig juridisk og økonomisk eining sjølv stå for låna. Kommunen sitt økonomiske ansvar vert ivareteke gjennom årleg løyving som skal dekkje opp drift og kapitalutgifter knytt til den lovpålagde krav til tenesta. I realiteten er det ikkje endringar i økonomisk risiko for kommunen i høve den gamle ordninga der kommunen tok opp lånet og den nye ordninga der kommunen i staden garanterer for lånet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset,
6404 Molde
Volda kyrkjelege fellesråd
Boks 17, 6101 Volda
Økonomiavdelinga



DEN NORSKE KYRKJA

Volda kyrkjelege fellestråd

Postboks 17
6101Volda
Tlf: 70074090
kyrkjeverjavolda.kyrkja.no

Volda kommune
Stormyra 2
6102 Volda

Volda 22.02.2016
Vår sakshandsamar: JS
Vår ref.: 16/00001-001
Arkivkode: 163

Søknad om kommunal garanti - lån til kyrkjelege investeringar 2016

Volda kyrkjelege fellestråd har gjort vedtak om å ta opp lån for å finansiere investeringar i 2016.

Dei siste åra har fellestrådet sjølv stått for låneopptak og betaling av renter og avdrag medan kommunen har refundert dei faktiske utgiftene med eit investeringstilskot. Kommunestyret fastset ramma for investeringstilskotet i samband med handsaming av årsbudsjettet.

I sitt møte 15. 12.2015 gjorde Fellestrådet følgjande vedtak i sak VKF 37/2015: Investeringstilskot 2016:

- 1. Under føresetnad at vi disponerer inntil kr. 800.000,- pr. år i kommunalt investeringstilskot frå 2016, vert det lånt kr. 5.000.000,- til tiltak på kyrkjer og kyrkjegardar/gravplassar.*
- 2. Investeringane vert fordelt med kr. 3.250.000 på kyrkjebygga og 1.750.000,- på kyrkjegardar/gravplassar, slik saksutgreiinga med vedlegg viser.*
- 3. Lånet vert teke opp under føresetnad av kommunal garanti og bispedømerådet si godkjenning.*

Føresetnaden om ei tilskotsramme på kr. 800.000,- er oppfylt gjennom kommunestyret sitt vedtak i PS 152/15 Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 den 17.12.2015

Fellestrådet har prioritert lånefinansiering av tiltak med ei totalt ramme på 5.000.000,- i 2016.

Kr. 3.250.000,- er planlagt nytta til investeringstiltak på kyrkjebygga med følgjande fordeling:

Bygg	Bygningsdel	Tiltak	Beløp
Volda kyrkje	Tårnur	Forgylling tal og visarar	500 000
Volda kyrkje	Ringeautomatikk	Fornyng ringeautomatikk	125 000
Volda kyrkje	Yttervegger tårn	Måling og reperasjon	500 000
Austefjord kyrkje	Ytterveggar og tårn	Måling	500 000
Dalsfjord kyrkje	Hovudinngang	Ny tilkomst for brukarar med funksjonshemming	100 000
Kyrkjebygg	Brannalarm	Fornyng alarmanlegg	250 000
Volda kyrkje	Orgel	Rehabilitering hovudorgel- del 1	1 150 000
		Reservepost	125 000
		Totalt	3 250 000

Det er lagt til grunn ei snittlevetid på 25 år for investeringstiltaka på kyrkjebygga.

Kr. 1.750.000,- er planlagt nytta til gravplassane/kyrkjegardane med følgjande fordeling:

Kyrkjegard	Element	Tiltak	Kapital
Dalsfjord	Omregulering	Restfinansiering og slutføring	970 000
Kyrkjegardar	Planar	Planlegging utviding Leirshaugen gravplass	250 000
Leirshaugen gravplass	Gravplan	Etablere urnelund Leirshaugen gravplass	250 000
Lid Gravplass	Utviding + P-areal	Kjøpe grunn og etablere P-plass	250 000
		Resevepost	30 000
		Totalt	1 750 000

Det er lagt til grunn ei snittlevetid på 40 år for investeringstiltaka på kyrkjegardar/gravplassar.


Volda kommune sin rådgjevar, Kommunal Gjeld AS (KOGAS), vil få oppdraget med å hente inn lånetilbod for fellestrådet. Erfaringa viser at KLP og Kommunalbanken dei aktuelle långjevarane. Kommunalbanken krev kommunal garanti for å gje lån, men då gjerne til betre vilkår enn KLP. Det er derfor viktig å få på plass kommunal sjølvskyldnargaranti for å få best mogleg vilkår på lånet. Kommunalbanken set krav om ein lånegaranti som svarar til lånebeløpet med eit tillegg på 10% i lånet si nedbetalingstid med tillegg av 2 år.

Volda kyrkjelege fellestråd søker med dette Volda kommune om sjølvskyldnargaranti for to lån:


- Eitt lån på kr. 3.250.000 med tillegg av 10% i 25 år med tillegg av inntil 2 år
- Eitt lån på kr. 1.750.000 med tillegg av 10% i 38 år med tillegg av inntil 2 år

Vedlegg: Saksdokument VKF 37/15 Investeringsbudsjett 2016

Venleg helsing



Jostein Stråbø
kyrkjeverje



Besøksadresse:

Volda kyrkjekontor, Rådhusgata 6, 6100 Volda

Postadresse:

Postboks 17, 6101 Volda

Tlf: 70 07 40 90 48 89 41 47 (kyrkjeverje)

E-post kyrkjevevja@volda.kyrkja.no

Bankkto: 3991.40.31439

Org.nr. NO 976 997 158

VKF 37/2015: Investeringsbudsjett 2016

Under handsaming av sak VKF 28/2015 Budsjett 2016 den 22. oktober gjorde fellesrådet følgjande vedtak om investeringsbehova som innspel til den kommunale budsjettprosessen:

3. *Fellesrådet ber Volda kommune om tilskot til renter og avdrag på investeringslån for å finansiere nye tiltak i 2016 - 2019 jf. Plan for vedlikehald og nyanlegg.*
4. *Det vert søkt Husbanken om rentekompensasjon for kyrkjebygg for dei investeringsprosjekta som kjem inn under denne ordninga.*

Dei siste åra har fellesrådet sjølv stått for låneopptak og betaling av renter og avdrag medan kommunen har refundert dei faktiske utgiftene med eit investeringstilskot. Fellesrådet har i budsjettinnspela sine vist investeringsbehova og bedt om ei tilskotsramme for å kunne ta opp lån til desse.

Etter oktobermøtet har vi fått informasjon om at kommuneadministrasjonen har lagt inn ei tilskotsramme på kr. 800.000,- pr. år til å dekke renter og avdrag på fellesrådet sine investeringslån. Dette skal dekkje utgiftene ved eksisterande og nye lån frå 2016.

Det vil vere opp til fellesrådet å prioritere kva tiltak ein skal finansiere innanfor denne ramma. Pr. 01.01.2015 vil fellesrådet sine eksisterande lån ha ein saldo på kr. 10.667.202. I 2015 var utgiftene til renter og avdrag kr. 583.068,-.

Eg har sett opp ein modell for investeringslån og tilskot i perioden 2016 - 2019 som viser at vi under visse føresetnadar kan låne kr.5.000.000,- til nye investeringar i 2016 innanfor ei tilskotsramme på kr. 800.000,-. Føresetnadane er som følgjer:

- Det vert lånt kr. 3.250.000,- med ei snittløpetid på 25 år til tiltak på kyrkjebygga
- Det vert lånt kr. 1.750.000,- med ei snittløpetid på 40 år til tiltak på gravplassane
- Lånerenta held seg mellom 1,66% og 3%. Modellen legg opp til ei auke og endring til 3% i 2019.
- Mva.-refusjon på kr. 1.100.000 frå investeringar i 2014/2015 vert nytta til ekstraordinær betaling av avdrag i 2016
- Mva.-refusjon på kr. 1.000.000 frå investeringar i 2016 vert nytta til ekstraordinær betaling av avdrag i 2017

Vi ligg under kr. 800.000,- lånekostandar i heile modellperioden og har ein buffer dersom rente aukar.

I tillegg til heilt nye investeringstiltak har vi sluttfinansiering av Dalsfjord kyrkjegard. Dette tiltaket er så langt kr. 1.050.000,- dyrare enn budsjettert. På grunn av utviklinga i Dalsfjord vart eit tiltak med fornying av brannalarmanlegg på kyrkjene utsett i og bør inn att i 2016. Med denne omdisponeringa av investeringsmidlar står Dalsfjord kyrkjegard med ei underdekning på kr. 805.000,- på 31.12.2015. I tillegg er det behov for å gjere nokre endringar i samband med entreprenøren si slutføring våren 2016. Endringane er berekna til kr. 165.250,-. Dette gjer eg framlegg om vert finansiert i 2016 med til saman kr. 970.300,- til Dalsfjord kyrkjegard og 250.000,- til alarmanlegg.

Av nye tiltak vel eg å prioritere følgjande tiltak frå fellesrådet sin Plan for nyanlegg, vedlikehald og fornying 2016 -2019, alle henta frå 2016:

Kyrkjebygg

- Volda kyrkje, Tårnur, Forgylling tal og visarar
- Volda kyrkje, Ringeautomatikk, Fornyng ringeautomatikk
- Volda kyrkje, Ytterveggar tårn, Måling og reperasjon
- Austefjord kyrkje, Ytterveggar og tårn, Måling
- Dalsfjord kyrkje, Hovudinngang, Ny tilkomst for brukarar med funksjonshemming
- Volda kyrkje, Orgel, Rehabilitering hovudorgel- del 1

Kyrkjegardar/gravplassar

- Kyrkjegardar, Planar, Planlegging utviding Leirshaugen gravplass
- Leirshaugen gravplass, Gravplan, Etablere urnelund Leirshaugen gravplass
- Lid Gravplass, Utviding + P-areal, Kjøpe grunn og etablere P-plass

Eg gjer framlegg om at det vert lånt kr. kr. 3.250.000,- til investeringstiltak på kyrkjebygg med følgjande fordeling:

Bygg	Bygningsdel	Tiltak	Beløp
Volda kyrkje	Tårnur	Forgylling tal og visarar	500 000
Volda kyrkje	Ringeautomatikk	Fornyng ringeautomatikk	125 000
Volda kyrkje	Yttervegger tårn	Måling og reperasjon	500 000
Austefjord kyrkje	Ytterveggar og tårn	Måling	500 000
Dalsfjord kyrkje	Hovudinngang	Ny tilkomst for brukarar med funksjonshemming	100 000
Kyrkjebygg	Brannalarm	Fornyng alarmanlegg	250 000
Volda kyrkje	Orgel	Rehabilitering hovudorgel- del 1	1 150 000
		Reservepost	125 000
Totalt			3 250 000

Vidare gjer eg framlegg om at det vert lånt kr. kr. 1.750.000,- til investeringstiltak på gravplassar/kyrkjegardar med følgjande fordeling:

Kyrkjegard	Element	Tiltak	Kapital
Dalsfjord	Omregulering	Restfinansiering og slutføring	970 000
Kyrkjegardar	Planar	Planlegging utviding Leirshaugen gravplass	250 000
Leirshaugen gravplass	Gravplan	Etablere urnelund Leirshaugen gravplass	250 000
Lid Gravplass	Utviding + P-areal	Kjøpe grunn og etablere P-plass	250 000
		Reservepost	30 000
Totalt			1 750 000


Ein føresetnad for å lånefinansieringa er at vi får kommunal garanti og at bispedømerådet godkjenner låneopptaket.

Framlegg til vedtak:

- 1. Under føresetnad at vi disponerer inntil kr. 800.000,- pr. år i kommunalt investeringstilskot frå 2016, vert det lånt kr. 5.000.000,- til tiltak på kyrkjer og kyrkjegardar/gravplassar.**
- 2. Investeringane vert fordelt med kr. 3.250.000 på kyrkjebygga og 1.750.000,-, slik saksutgreiinga med vedlegg viser.**
- 3. Lånet vert teke opp under føresetnad av kommunal garanti og bispedømerådet si godskjenning.**

Vedlegg: *Investeringslån og tilskot 2016-2019*
Plan for nyanlegg, vedlikehald og fornying 2016 -2019

Volda, 11. desember 2015


Jostein Stråbø
kyrkjeverje

2016

Lån	Lånebeløp	Løpetid	Rentesats	Saldo.01.01.	Nye lån	Eks. avdrag	Ord. Avdrag	Saldo 31.12	Renter	Tilskot
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.33001	2 000 000	25	1,85 %	1 789 472		1 100 000	105 264	584 208	22 930	
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.31769	600 000	25	1,85 %	537 930			41 380	496 550	9 952	
KBN lån 20130365	5 898 000	36	1,66 %	5 523 540			155 600	5 367 940	91 691	
KBN-lån 20140404	2 932 000	38	1,71 %	2 816 260			77 160	2 739 100	48 158	
Kyrkjebygg 2016	3 250 000	25	1,85 %		3 250 000		65 000	3 185 000	30 063	
Kyrkjegard 2016	1 750 000	40	1,85 %		1 750 000		21 875	1 728 125	16 188	
Sum				10 667 202	5 000 000	1 100 000	466 279	14 100 923	218 981	685 260

2017

Lån	Lånebeløp	Løpetid	Rentesats	Saldo.01.01.	Nye lån	Eks. avdrag	Ord. Avdrag	Saldo 31.12	Renter	Tilskot
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.33001	2 000 000	25	2,00 %	584 208		531 576	52 632	0	5 842	
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.31769	600 000	25	2,00 %	496 550		468 424	28 126	0	4 966	
KBN lån 20130365	5 898 000	36	2,00 %	5 367 940			155 600	5 212 340	107 359	
KBN-lån 20140404	2 932 000	38	2,00 %	2 739 100			77 160	2 661 940	54 782	
Kyrkjebygg 2016	3 250 000	25	2,00 %	3 185 000			130 000	3 055 000	63 700	
Kyrkjegard 2016	1 750 000	40	2,00 %	1 728 125			43 750	1 684 375	34 563	
Sum				14 100 923	0	1 000 000	487 268	12 613 655	271 211	758 479

2018

Lån	Lånebeløp	Løpetid	Rentesats	Saldo.01.01.	Nye lån	Eks. avdrag	Ord. Avdrag	Saldo 31.12	Renter	Tilskot
KBN lån 20130365	5 898 000	36	2,50 %	5 212 340			155 600	5 056 740	130 309	
KBN-lån 20140404	2 932 000	38	2,50 %	2 661 940			77 160	2 584 780	66 549	
Kyrkjebygg 2016	3 250 000	25	2,50 %	3 055 000			130 000	2 925 000	76 375	
Kyrkjegard 2016	1 750 000	40	2,50 %	1 684 375			43 750	1 640 625	42 109	
Sum				12 613 655	0	0	406 510	12 207 145	315 341	721 851

2019

Lån	Lånebeløp	Løpetid	Rentesats	Saldo.01.01.	Nye lån	Eks. avdrag	Ord. Avdrag	Saldo 31.12	Renter	Tilskot
KBN lån 20130365	5 898 000	36	3,00 %	5 056 740			155 600	4 901 140	151 702	
KBN-lån 20140404	2 932 000	38	3,00 %	2 584 780			77 160	2 507 620	77 543	
Kyrkjebygg 2016	3 250 000	25	3,00 %	2 925 000			130 000	2 795 000	87 750	
Kyrkjegard 2016	1 750 000	40	3,00 %	1 640 625			43 750	1 596 875	49 219	
Sum				12 207 145	0	0	406 510	11 800 635	366 214	772 724



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Henrik Skovly

Arkivsak nr.: 2016/299

Arkivkode: D11

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

51/16

Formannskapet
Kommunestyret

15.03.2016

JUSTERING AV LÅNEGARANTIIAR - VTI FOTBALL

Administrasjonen si tilråding:

1. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 10 000 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- A. Garantien er ein simpel kausjon.
- B. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 30 år.
- C. Garantien erstattar noverande garanti på 13 mill kr, vedtatt av Kommunestyret i PS 113/13.

2. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 1.665.000,- på dei vilkår som framgår av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- D. Garantien er ein simpel kausjon.
- E. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 10 år.
- F. Garantien erstattar noverande garanti på kr 2.830.000, vedtatt av Kommunestyret 19. desember 2006.

Vedleggsliste:

- Brev frå VTI fotball
- Nedbetalingsplan for 2 lån

Saksopplysningar:

Kommunestyre vedtok dette 19.12.2006:

Med atterhald om Fylkesmannen si og under føresetnaden av at prosjektet vert gjennomført etter planane vil Volda kommune gje simpel garanti for eit annuitetslån på kr 2.830.000 som VTI fotball kan ta opp for rehabilitering av Volda stadion til kunstgrasbane. Avdragstida skal vere 15 år og lånet skal ha ei p.t rente innanfor 3 mnd NIBOR + 0,5 %. Garantien fell bort seinast 2 år etter siste forfallsdag for lånet.

Kommunestyret gjorde dette vedtaket 29.08.2013 (PS 113/13) : *Søknad om kommunal garanti for låneopptak til fotballhall*

- 1 Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 13 000 000,- på dei vilkår som framgår av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.

Garantien vil verte gjeven på slike vilkår:

- a. *Garantien er ein simpel kausjon.*
- b. *Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av sponsormidlar, spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget og skissert nedbetalingsplan for lånet, maks. 25 år.*

VTI fotball har tatt kontakt med kommunen, og ynskjer følgjande:

- Konvertering av byggelånet hos Sparebanken Møre til eit langsiktig annuitetslån på 30 år. Lånebeløpet er på 10 mill kr.

Dersom Volda kommune gir garanti i tråd med ønsket frå VTI fotball (jfr punktet ovanfor), så vil garantien (13 mill kr) vedtatt av kommunestyret i PS 113/13 gå ut.

- Godkjenning av å flytte lån på 1,6 mill kr frå Sparebank 1 Søre Sunnmøre til Sparebanken Møre. Nedbetalingstiden er 10 år.

Dersom Volda kommune gir garanti i tråd med ønsket frå VTI fotball (jfr punktet ovanfor), så vil garantien (kr. 2.830.000) vedtatt av kommunestyret i 19. desember 2006 gå ut.

Vi får dermed følgjande endring i høve til dagens situasjon:

- Samla garanti beløp går ned frå 15.830.000 til 11,65 mill kr.
- Gjeldande garanti på det største lånet går ut i 2038. Ny garanti går ut i 2045.
- Gjeldande garanti på det minste lånet går ut i 2022. Ny garanti går ut i 2026.

Økonomiske konsekvensar:

Det er alltid forbunde ein risiko ved å stille garanti for andre sine lån. Garantien er ein såkalla simpel garanti der kreditor skal realisere skyldnar sine verdier før dei går på garantisten. Samla garantibeløp går ned 15.830.000 til 11,65 mill kr. Lengda på dei 2 garantiane går opp.

Rune Sjurgard
Rådmann

Henrik Skovly
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

- VTI fotball
- Rekneskap v/ Marija Ostojic

Klageinstans:



Volda Fotball

- ein breiddeklubb det skal vere lov å bli best i

Volda kommune
Rådmannen
Rådhuset

6100 VOLDA

Deres ref.

Vår ref.

Dato:

27. januar 2016

Vedrørane kommunale lånegarantiar

VTI Fotball har i ei årrekke bygd opp eit flott idrettsanlegg på Øvre Rotset. Dette anlegget gjer at VTI Fotball kan tilby barn og unge eit trygt, ope, inkluderande og støttande miljø der dei kan utvikle seg etter eigne ønske og føresetnader.

Utviklinga av idrettsanlegget har vore gjort i etappar, og ein del av finansieringa har vore gjennom låneopptak i Sparebank1 Søre Sunnmøre. Som tryggleik for desse låna har Volda kommune gjeve kommunale garantiar, og det er per dato kun eitt lån att hos Sparebank1 Søre Sunnmøre med slik garanti (konto: 3991.81.90515).

Ved årsskiftet 2012 skifta VTI Fotball hovudsponsor til Sparebanken Møre, og vi ynskjer difor no å samle låna ved å overføre dette lånet frå Sparebank1 Søre Sunnmøre til noverandre hovudsponsor, Sparebanken Møre.

Vi er og i ferd med å konvertere eit byggelån hos Sparebanken Møre knytt til bygginga av Mørehallen til eit vanleg annuitetslån med ein langsiktig nedbetalingsplan. VTI Fotball har ikkje andre lån enn desse to låna.

Volda kommune har ein garantiforpliktelse på kvart av låna opphaveleg fordelt med 13 mill.kr for lånet i Sparebanken Møre, og 2.83 mill.kr for lånet i Sparebank1 Søre Sunnmøre. Opphaveleg samla garanti var altså totalt 15.83 mill.kr, men denne forpliktelsen er no vesentleg redusert sidan låna vart tatt opp ettersom garantiforpliktelsen reduseres med saldo på låna.

Når vi håpar handsaminga av denne henvendelsen kan vere klar i slutten av februar vil byggjelånet på Mørehallen ha ein saldo på omlag 10.1 mill.kr. Medan saldo for lånet hos Sparebank1 Søre Sunnmøre vil vere 1.6 mill.kr på same tid.

Ved overflytting av lånet frå Sparebank1 Søre Sunnmøre, og konvertering av byggjelånet i Sparebanken Møre til eit ordinært annuitetslån, vil altså kommunen sin forplikta lånegaranti til VTI Fotball vere redusert frå 15.83 mill.kr til 11.7 mill.kr.

Vi håpar at Volda kommune vil kunne godkjenne overføring av vårt lån og lånegaranti frå Sparebank1 Søre Sunnmøre til Sparebanken Møre, og samt konverteringa av byggjelånet hos Sparebanken Møre til eit langsiktig annuitets nedbetalingslån på 30 år, innanfor dei gitte kommunale lånegarantiane. Om det er ynskjeleg frå Volda kommune sin side å oppretthalde to separate kommunale garantiar, ein for kvart lån, eller å samle dette til ein felles garanti som dekkjer begge låna, så tek vi det til etterretning.

Vennleg helsing

Lars-Ove Hammer
Styreleiar

Volda Fotball
Stadionvegen 7
N-6100 VOLDA

Dagleg leiar:
Telefon: 905 65 727
Epost: stadion@vti-fotball.no

Leiar Telenor Xtra FFO:
Telefon: 483 05 083
Epost: ffo@vti-fotball.no

Klubbnr NFF: GR 1519 0028 260
Org. Nr: NO 981 951 921

Nedbetalingsplan NL-Lån, kontonr: 3905.73.51261

Låntaker: Volda Turn og Idrottslag Fotball
 Kundenr: 009819 51921
 Dato: 07.01.2016
 Saksnummer: 2015.26103
 Bevilgningsnummer: 2015.28449

Lånebeløp: 1 655 000 Låneform: Annuitet Rentesats: 3,60% Effektiv rente: 3,75%
 Renteberegning: Etterskudd Kapitalisering: Ved Løpetid: 10 år Innfrielsesdato: 15.12.2025
 forfall
 Første forfall: 15.01.2016 Terminlengde: 1 mnd Terminbeløp: 16 444 Terminomk.: 65

Nedbetalingsplanen forutsetter at alle terminer blir betalt ved forfall. Ved utregning er det ikke tatt hensyn til forsinkelsesrenter, purreomkostninger o.a, samt eventuelle restanser. Lånets øvrige nedbetalingsbetingelser er spesifisert ovenfor.

Dato:	Beskrivelse	Innbetaling	Renter	Omkostn.	Avdrag	Saldo
	Totalsum	1 978 661	315 861	7 800	1 655 000	
29.12.2015	Diskontering					1 655 000
29.12.2015	Etableringsomkostning			0		
29.12.2015	Depotomkostning			0		
31.12.2015	Årssum		0	0	0	1 655 000
15.01.2016	Innbetaling	14 224	2 768	65	11 391	1 643 609
15.02.2016	Innbetaling	16 509	5 011	65	11 433	1 632 176
15.03.2016	Innbetaling	16 509	4 656	65	11 788	1 620 388
15.04.2016	Innbetaling	16 509	4 941	65	11 503	1 608 885
15.05.2016	Innbetaling	16 509	4 748	65	11 696	1 597 189
15.06.2016	Innbetaling	16 509	4 870	65	11 574	1 585 615
15.07.2016	Innbetaling	16 509	4 679	65	11 765	1 573 850
15.08.2016	Innbetaling	16 509	4 798	65	11 646	1 562 204
15.09.2016	Innbetaling	16 509	4 764	65	11 680	1 550 524
15.10.2016	Innbetaling	16 509	4 575	65	11 869	1 538 655
15.11.2016	Innbetaling	16 509	4 692	65	11 752	1 526 903
15.12.2016	Innbetaling	16 509	4 505	65	11 939	1 514 964
31.12.2016	Årssum	195 823	55 007	780	140 036	1 514 964
15.01.2017	Innbetaling	16 509	4 626	65	11 818	1 503 146
15.02.2017	Innbetaling	16 509	4 596	65	11 848	1 491 298
15.03.2017	Innbetaling	16 509	4 118	65	12 326	1 478 972
15.04.2017	Innbetaling	16 509	4 522	65	11 922	1 467 050
15.05.2017	Innbetaling	16 509	4 341	65	12 103	1 454 947
15.06.2017	Innbetaling	16 509	4 449	65	11 995	1 442 952
15.07.2017	Innbetaling	16 509	4 269	65	12 175	1 430 777
15.08.2017	Innbetaling	16 509	4 375	65	12 069	1 418 708
15.09.2017	Innbetaling	16 509	4 338	65	12 106	1 406 602
15.10.2017	Innbetaling	16 509	4 162	65	12 282	1 394 320
15.11.2017	Innbetaling	16 509	4 263	65	12 181	1 382 139
15.12.2017	Innbetaling	16 509	4 090	65	12 354	1 369 785
31.12.2017	Årssum	198 108	52 149	780	145 179	1 369 785

15.01.2018	Innbetaling	16 509	4 188	65	12 256	1 357 529
15.02.2018	Innbetaling	16 509	4 150	65	12 294	1 345 235
15.03.2018	Innbetaling	16 509	3 715	65	12 729	1 332 506
15.04.2018	Innbetaling	16 509	4 075	65	12 369	1 320 137
15.05.2018	Innbetaling	16 509	3 906	65	12 538	1 307 599
15.06.2018	Innbetaling	16 509	3 998	65	12 446	1 295 153
15.07.2018	Innbetaling	16 509	3 832	65	12 612	1 282 541
15.08.2018	Innbetaling	16 509	3 921	65	12 523	1 270 018
15.09.2018	Innbetaling	16 509	3 884	65	12 560	1 257 458
15.10.2018	Innbetaling	16 509	3 720	65	12 724	1 244 734
15.11.2018	Innbetaling	16 509	3 806	65	12 638	1 232 096
15.12.2018	Innbetaling	16 509	3 646	65	12 798	1 219 298
31.12.2018	Årssum	198 108	46 841	780	150 487	1 219 298
31.12.2019	Årssum	198 108	41 333	780	155 995	1 063 303
31.12.2020	Årssum	198 108	35 635	780	161 693	901 610
31.12.2021	Årssum	198 108	29 702	780	167 626	733 984
31.12.2022	Årssum	198 108	23 571	780	173 757	560 227
31.12.2023	Årssum	198 108	17 211	780	180 117	380 110
31.12.2024	Årssum	198 108	10 627	780	186 701	193 409
31.12.2025	Årssum	197 974	3 785	780	193 409	0
15.12.2025	Totalsum	1 978 661	315 861	7 800	1 655 000	0



Nedbetalingsplan NL-Lån, kontonr: 3905.73.51288

Låntaker: Volda Turn og Idrottslag Fotball
 Kundenr: 009819 51921
 Dato: 07.01.2016
 Saksnummer: 2015.26103
 Bevilgningsnummer: 2015.28449

Lånebeløp: 10 000 000 Låneform: Annuitet Rentesats: 3,60% Effektiv rente: 3,67%
 Renteberegning: Etterskudd Kapitalisering: Ved Løpetid: 30 år Innfrielsesdato: 15.12.2045
 Første forfall: 15.01.2016 Terminlengde: 1 mnd Terminbeløp: 45 465 Terminomk.: 65

Nedbetalingsplanen forutsetter at alle terminer blir betalt ved forfall. Ved utregning er det ikke tatt hensyn til forsinkelsesrenter, purreomkostninger o.a, samt eventuelle restanser. Lånets øvrige nedbetalingsbetingelser er spesifisert ovenfor.

Dato:	Beskrivelse	Innbetaling	Renter	Omkostn.	Avdrag	Saldo
	Totalsum	16 376 338	6 352 938	23 400	10 000 000	
29.12.2015	Diskontering					10 000 000
29.12.2015	Etableringsomkostning			0		
29.12.2015	Depotomkostning			0		
31.12.2015	Årssum		0	0	0	10 000 000
15.01.2016	Innbetaling	31 722	16 726	65	14 931	9 985 069
15.02.2016	Innbetaling	45 530	30 446	65	15 019	9 970 050
15.03.2016	Innbetaling	45 530	28 440	65	17 025	9 953 025
15.04.2016	Innbetaling	45 530	30 348	65	15 117	9 937 908
15.05.2016	Innbetaling	45 530	29 325	65	16 140	9 921 768
15.06.2016	Innbetaling	45 530	30 253	65	15 212	9 906 556
15.07.2016	Innbetaling	45 530	29 233	65	16 232	9 890 324
15.08.2016	Innbetaling	45 530	30 157	65	15 308	9 875 016
15.09.2016	Innbetaling	45 530	30 111	65	15 354	9 859 662
15.10.2016	Innbetaling	45 530	29 094	65	16 371	9 843 291
15.11.2016	Innbetaling	45 530	30 014	65	15 451	9 827 840
15.12.2016	Innbetaling	45 530	29 000	65	16 465	9 811 375
31.12.2016	Årssum	532 552	343 147	780	188 625	9 811 375
15.01.2017	Innbetaling	45 530	29 957	65	15 508	9 795 867
15.02.2017	Innbetaling	45 530	29 951	65	15 514	9 780 353
15.03.2017	Innbetaling	45 530	27 010	65	18 455	9 761 898
15.04.2017	Innbetaling	45 530	29 847	65	15 618	9 746 280
15.05.2017	Innbetaling	45 530	28 838	65	16 627	9 729 653
15.06.2017	Innbetaling	45 530	29 749	65	15 716	9 713 937
15.07.2017	Innbetaling	45 530	28 743	65	16 722	9 697 215
15.08.2017	Innbetaling	45 530	29 649	65	15 816	9 681 399
15.09.2017	Innbetaling	45 530	29 601	65	15 864	9 665 535
15.10.2017	Innbetaling	45 530	28 600	65	16 865	9 648 670
15.11.2017	Innbetaling	45 530	29 501	65	15 964	9 632 706
15.12.2017	Innbetaling	45 530	28 502	65	16 963	9 615 743
31.12.2017	Årssum	546 360	349 948	780	195 632	9 615 743

15.01.2018	Innbetaling	45 530	29 401	65	16 064	9 599 679
15.02.2018	Innbetaling	45 530	29 351	65	16 114	9 583 565
15.03.2018	Innbetaling	45 530	26 466	65	18 999	9 564 566
15.04.2018	Innbetaling	45 530	29 244	65	16 221	9 548 345
15.05.2018	Innbetaling	45 530	28 253	65	17 212	9 531 133
15.06.2018	Innbetaling	45 530	29 142	65	16 323	9 514 810
15.07.2018	Innbetaling	45 530	28 153	65	17 312	9 497 498
15.08.2018	Innbetaling	45 530	29 039	65	16 426	9 481 072
15.09.2018	Innbetaling	45 530	28 989	65	16 476	9 464 596
15.10.2018	Innbetaling	45 530	28 005	65	17 460	9 447 136
15.11.2018	Innbetaling	45 530	28 885	65	16 580	9 430 556
15.12.2018	Innbetaling	45 530	27 904	65	17 561	9 412 995
31.12.2018	Årssum	546 360	342 832	780	202 748	9 412 995
31.12.2019	Årssum	546 360	335 411	780	210 169	9 202 826
31.12.2020	Årssum	546 360	327 775	780	217 805	8 985 021
31.12.2021	Årssum	546 360	319 708	780	225 872	8 759 149
31.12.2022	Årssum	546 360	311 480	780	234 100	8 525 049
31.12.2023	Årssum	546 360	302 912	780	242 668	8 282 381
31.12.2024	Årssum	546 360	294 083	780	251 497	8 030 884
31.12.2025	Årssum	546 360	284 790	780	260 790	7 770 094
31.12.2026	Årssum	546 360	275 281	780	270 299	7 499 795
31.12.2027	Årssum	546 360	265 388	780	280 192	7 219 603
31.12.2028	Årssum	546 360	255 182	780	290 398	6 929 205
31.12.2029	Årssum	546 360	244 473	780	301 107	6 628 098
31.12.2030	Årssum	546 360	233 484	780	312 096	6 316 002
31.12.2031	Årssum	546 360	222 061	780	323 519	5 992 483
31.12.2032	Årssum	546 360	210 263	780	335 317	5 657 166
31.12.2033	Årssum	546 360	197 923	780	347 657	5 309 509
31.12.2034	Årssum	546 360	185 224	780	360 356	4 949 153
31.12.2035	Årssum	546 360	172 034	780	373 546	4 575 607
31.12.2036	Årssum	546 360	158 399	780	387 181	4 188 426
31.12.2037	Årssum	546 360	144 174	780	401 406	3 787 020
31.12.2038	Årssum	546 360	129 500	780	416 080	3 370 940
31.12.2039	Årssum	546 360	114 273	780	431 307	2 939 633
31.12.2040	Årssum	546 360	98 515	780	447 065	2 492 568
31.12.2041	Årssum	546 360	82 113	780	463 467	2 029 101
31.12.2042	Årssum	546 360	65 161	780	480 419	1 548 682
31.12.2043	Årssum	546 360	47 577	780	498 003	1 050 679
31.12.2044	Årssum	546 360	29 371	780	516 209	534 470
31.12.2045	Årssum	545 706	10 456	780	534 470	0
15.12.2045	Totalsum	16 376 338	6 352 938	23 400	10 000 000	0





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2014/218

Arkivkode: 223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
52/16	Formannskapet Kommunestyret	15.03.2016

KLAGE PÅ VEDTAK - AVSLAG OM FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT, STUDENTSAMSKIPNADEN

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som gir grunn til endra konklusjon i saka. Kommunestyret held såleis fast på vedtak i sak PS 6/16 og gir ikkje fritak for eigedomsskatt til Studentsamskipnaden for Sunnmøre.

Vedleggsliste:

Klage på vedtak, datert 17.02.2016
Vedtak i sak PS 6/16 i Kommunestyret den 28.01.2016
Saksframlegg m/vedlegg til sak PS 6/16

Uprenta saksvedlegg:

Søknad om fritak frå 2014
Forvaltningslova

Saksopplysningar:

Deloitte Advokatfirma AS har på vegne av Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS) klaga på vedtaket om og ikkje gi dei fritak frå eigedomsskatt.

Klagen er grunngjeve med følgjande, jfr utdrag/sitat:

"Kort oppsummert anfører SfS at de skal innrømmes fritak for eiendomsskatt etter eiendomsskatteloven §7 a). Kommunestyret i Volda sitt vedtak må kjennes ugyldig som en følge av at det er lagt vekt på utenforliggende hensyn, videre som en følge av usaklig forskjellsbehandling."

Vurdering og konklusjon:

Vedtaket om og ikkje gi SfS fritak frå eigedomsskatt er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Jamfør Forvaltningslova § 28 så er departementet (Fylkesmannen) klageinstans, men kommunestyret skal først handsama klagen før den evt vert sendt vidare.

Kommunestyret har i si handsaming ikkje oppgjeve grunngeving utover det som framgår av administrasjonen si saksutgreiing, og kommunestyret må ved klagehandsaminga vurdere om avgjerda byggjer på utanforliggjande omsyn. Rådmannen har ikkje noko hald for å tolke eit fleirtalsvedtak om avslag utover det som går fram av saksutgreiinga til saka. Spørsmålet om SfS skal ha fritak i eigedomsskatt ligg til kommunestyret sitt frie skjøn. Eigedomsskatt er innført fordi kommunen treng auka inntekter, og fritak på eigedomar som kan vurderast frivillig vil gi tap av inntekter til kommunen. Kommunestyret kan vurdere å vektleggje andre omsyn, og likevel gi fritak og dekkje inn inntektstapet. Når det gjeld klagen, så kan ikkje rådmannen sjå at det kjem fram nye opplysningar i klaga som gir grunn til endra konklusjon i saka.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege.

Økonomiske konsekvensar:

Takstane for 2016 er no klare og SfS betalar kr 230 924 i eigedomsskatt for sine studenthyblar. (Talet er auka frå 2015 fordi det i samband med takseringa i år vart oppdaga nokon studenthyblar som ikkje har vore taksert tidlegare). Dersom det vert gitt fritak, så må dette inntektstapet budsjettkorrigerast.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Deloitte Advokatfirma AS
Samskipnaden for Sunnmøre

Volda kommune
v/ Eigedomsskattekontoret
Stormyra 2
6100 Volda

Tlf.: +47 35 91 36 10
Fax: +47 35 91 36 36
www.deloitte.no

Ansvarlig partner: Bjørn-Olav Johansen

17. februar 2016

Klage over avslag på fritak for eiendomsskatt – Studentsamskipnaden for Sunnmøre

1. Innledning

Deloitte Advokatfirma AS bistår Studentsamskipnaden for Sunnmøre i forbindelse med klage vedrørende eiendomsskatt i Volda kommune.

Det vises til kommunestyret i Volda sitt vedtak av 28.01.2016 om ikke å fritta Studentsamskipnaden for Sunnmøre, avdeling Volda, for eiendomsskatt.

Klagefristen er tre uker, jf. forvaltningsloven § 29, jf. eiendomsskatteloven § 29. Klagen er dermed inngitt rettidig.

Studentsamskipnaden for Sunnmøre, i det videre omtalt som SfS, ønsker med dette å klage over kommunestyret i Volda sitt vedtak. Klagen gjelder det forhold at kommunestyret vedtok å ikke fritta SfS for eiendomsskatt etter eiendomsskatteloven § 7a).

Dette begrunnes med det forhold at vedtaket ikke har saklig grunnlag.

- Det er lagt vekt på utenforliggende hensyn.
- Det foreligger usaklig forskjellsbehandling.

2. Formelle forhold

SfS søkte om fritak for eiendomsskatt i både 2014 og 2015, jf. søknad av henholdsvis 11.04.2014 og 11.12.2015. I begge tilfeller har kommunestyret i Volda avslått søknaden, jf. vedtak av 24.04.2014 og 28.01.2016.

Det er i begge søknader presisert at det kun søkes om fritak for studentboligene og andre lokaler som benyttes til studentvelferd. Det fremgår av forskrift om studentsamskipnader (FOR-2008-07-22-828) § 8 at «*Studentvelferdstjenester er velferdstjenester til studenter hvor formålet er å støtte opp om de særskilte behov studentene har i kraft av sin livssituasjon som studenter.*» Herunder faller boliger som tilbys studenter, jf. § 8.

Det er ikke bestridt av kommunen i Volda at SfS omfattes av eiendomsskatteloven § 7 a), «*Vår faglege vurdering er at SfS kjem under denne § 7 a i eskl. I dette høve har ein da lovheimelen til å gi fritak for eigedomsskatt, men det er opp til kommunestyret om ein ønskjer det.*» jf. Saksnr. PS 6/16 s.51 (2016).

Kommunestyret har imidlertid valgt å ikke fritta SfS for eiendomsskatt vedrørende studentboligene. Det er sistnevnte som er kjernen i uenigheten mellom SfS og kommunestyret i Volda.

På bakgrunn av foreliggende dokumentasjon synes den konkrete begrunnelse for hvorfor SfS ikke gis fritak etter eskl. § 7 a) å være svært kort. Det vises her til administrasjonen sin vurdering hvor det kun kort anføres at kommunestyret tidligere har gitt avslag og at en ikke kan se at situasjonen har endret seg, jf. Saksnr. PS 6/16 s. 50-51 (2016). I det hele synes det ikke å foreligge noen konkret vurdering av grunnlaget for ikke å fritta SfS for eiendomsskatt etter § 7a).

SfS har imidlertid fått opplyst fra debatten i formannskapet og kommunestyret i 2014 at det var skepsis til å gi SfS fritak for eiendomsskatt, fordi private huseiere må betale denne skatten. I det følgende vil det redegjøres for at dette er et hensyn uten relevans for spørsmålet om SfS skal gis fritak for eiendomsskatt.

3. Merknader til eiendomsskatteloven § 7 a)

Det følger av eiendomsskatteloven § 7 at kommunestyret har kompetanse til å fritta visse eiendommer for eiendomsskatt. Herunder «*eigedom åt stiftningar eller institusjoner som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten*», jf. § 7 a).

At det er opp til kommunestyrets skjønn å avgjøre hvilke eiendommer innen den enkelte kategori som omfattes, må ikke forveksles med at kommunestyret står helt fritt når det gjelder den konkrete skjønnsutøvelsen. Kommunestyret sin kompetanse er undergitt krav om at de vedtak som fattes skal være saklige.

Det følger av alminnelig forvaltningsrettslige prinsipper at det ikke skal legges vekt på utenforliggende hensyn ved vurderingen av om fritak skal gis. Videre er det ikke adgang for usaklig forskjellsbehandling ved utøvelsen av den myndighet som ligger til kommunestyret.

I den foreliggende sak innebærer det overfor nevnte at ulik behandling av eiendommer som omfattes av § 7 a), må ha saklig grunn.

4. Utenforliggende hensyn

SfS hevder at kommunestyret i Volda har lagt vekt på utenforliggende eller usaklige hensyn.

Vi er som nevnt opplyst om at det var skepsis i kommunestyret til å gi SfS fritak for eiendomsskatt i 2014. I administrasjonen sin tilrådning vises det til at situasjonen ikke har endret seg siden 2014, hvor kommunestyret avslo søknaden om fritak for eiendomsskatt for SfS. Den samme skepsis synes da fortsatt å være rådende.

SfS anfører at hensynet til at andre huseiere i kommunen betaler eiendomsskatt, ikke er et hensyn som er relevant for saken. Det foreligger ingen konkurransevridding ved å fritta SfS for eiendomsskatt. Dette skal begrunnes i det følgende.

SfS har som formål å tilby rimelige boliger til studenter og har ikke som formål å generere noen økonomisk utdeling til eier, som tilfellet gjerne er med andre aktører i bransjen. Alt som SfS tjener kommer studentene til gode, både nå og i fremtiden. Det følger av studentsamskipnadsloven § 3 første ledd at en studentsamskipnad har «*til oppgave å ta seg av studentenes velferdsbehov ved det enkelt lærested*». Videre fremgår det av forskrift om studentsamskipnader § 8 at studentvelferdstjenester, herunder studentboliger, skal være åpne for alle studenter på forhåndsfastsatte vilkår. SfS er altså bundet til å tilby boligene til studenter, andre boligeiere kan fritt velge hvem de vil leie ut til. SfS og andre boligeiere operer således på helt ulike vilkår, følgelig er SfS ikke i konkurranse med andre aktører.

At kommunestyret velger å ta i betraktning konkurransehensyn er således ikke et moment av betydning, all den stund SfS ikke konkurrerer på samme vilkår som eiendomsspekulanter som leier ut med sikte på profitt og overskudd i sin private virksomhet.

Det skal for øvrig bemerkes at studentsamskipnader som utgangspunkt er fritatt fra skatteplikt etter skatteloven § 2-32. SfS betaler altså ikke inntektsskatt for sine aktiviteter. Nettopp fordi en studentsamskipnad har til formål å ivare studenters velferd og driver en allmenntilgitt aktivitet som ikke har erverv til formål. Dette fremgår nå uttrykkelig av Lignings ABC 2016 «*Skattefrie institusjoner mv.*» på side 1151.

«Studentsamskipnad som har til formål å sørge for studenters velferd mv. anses i utgangspunktet å drive en allmenntilgitt aktivitet som ikke har erverv til formål ... Eksempelvis er Studentsamskipnadens drift av studentboliger ansett å ha et ikke-erhvervsmessig formål».

Gjennom bestemmelsen i skatteloven § 2-32 har altså lovgiver ansett det for hensiktsmessig å frita visse institusjoner som ikke har erverv til formål for skatteplikt, herunder studentsamskipnader. Hensynet til konkurransevridning er riktignok anført som et støttemoment i Lignings ABC 2016 på side 1146. Likevel er studentsamskipnader fritatt for skatteplikt etter § 2-32, det illustrerer for det første at det ikke innebærer noen konkurransevridning og for det andre at dette er et hensyn uten betydning for spørsmålet om studentsamskipnader er fritatt for skatteplikt etter § 2-32.

Den beslektede tematikken i skatteloven underbygger med dette anførselen om at hensynet til andre boligeiere ikke er relevant ved spørsmålet om fritak etter eskl § 7 a). Det er ikke bestridt i den foreliggende sak at SfS omfattes av eiendomsskatteloven § 7 a), jf. kommunestyrets vedtak av 28.01.2016. På tross av dette finner altså kommunestyret i Volda at SfS er i konkurranse med private aktør og vedtar at SfS ikke innrømmes fritak for eiendomsskatt etter eiendomsskatteloven § 7 a).

Etter dette må det fremstå som klart at fritak etter eiendomsskatteloven § 7 a) ikke innebærer noen konkurransevridning og at dette uansett er et hensyn som er å anse som usaklig ved vurderingen av om fritak skal innrømmes.

Det ovenfor anførte innebærer at SfS må gis fritak for eiendomsskatt.

5. Det foreligger usaklig forskjellsbehandling

Videre anføres det at det foreligger usaklig forskjellsbehandling.

Det fremgår av foreliggende saksdokumenter at kommunen har gitt visse eiendommer fritak for eiendomsskatt etter eskl. § 7 a). Dersom andre eiendommer innen denne kategori ikke skal gis fritak må det foreligge saklig grunn for denne forskjellsbehandling.

Eskl. § 7 fremmer det formål at visse eiendommer som ivaretar allmenntilgitt interesser kan fritas for eiendomsskatt. På denne måte får den aktuelle institusjon eller stiftelse større handlingsrom til å fremme nettopp det nevnte formål. Tatt i betraktning av at kommunen kategorisk unntar en rekke eiendommer som fremmer dette formål, men unnlater SfS, fremstår da som svært urimelig og ikke minst tilfeldig.

Som det fremgår av den vedlagte liste er det gitt fritak for barnehager, herunder studentbarnehage.

En studentbarnehage anses som et velferdsgode som tilbys til studenter. Følgene av å inneha dette tilbudet er at studenter i Volda har adgang til et rimelig alternativ for barnehageplass. Kommunestyrets

vedtak om å frita barnehager og studentbarnehager er utelukkende positivt. Det bidrar til at de aktuelle institusjoner kan bedre sitt tilbud, som også er til det beste for Volda kommune.

På samme måte bidrar Sfs sitt tilbud av studentboliger at studenter har et rimelig botilbud i Volda kommune, følgelig innebærer dette at Volda som studiested blir mer attraktivt. Påleggelse av eiendomsskatt innebærer at studentsamskipnaden sine muligheter for å opprettholde et rimelig botilbud blir redusert. Fremfor å ha ressurser til å bedre botilbudet og øvrige velferdstjenester bidrar eiendomsskatten til at dette vanskeliggjøre.

Det skal igjen bemerkes at skatteloven § 2-32 fritar studentsamskipnader for skatt av inntekt, noe som er naturlig all den stund inntektene uavkortet går til realisering av det ideelle og allmenntilgode formål. At kommunen likevel velger å belaste Sfs med eiendomsskatt, samtidig som tilsvarende eiendommer er fritatt, styrker anførselen om at dette er vilkårlig behandling.

Etter dette synes det klart at den forskjellsbehandling Sfs er utsatt for, ikke har saklig grunn.

6. Oppsummert

Kort oppsummert anfører Sfs at de skal innrømmes fritak for eiendomsskatt etter eiendomsskatteloven § 7 a). Kommunestyret i Volda sitt vedtak må kjennes ugyldig som en følge av at det er lagt vekt på utenforliggende hensyn, videre som en følge av usaklig forskjellsbehandling.

Dersom det er spørsmål om det ovenfor nevnte eller det er behov for ytterligere opplysninger, kan undertegnede kontaktes på telefon 975 92 531 eller e-post ffalbach@deloitte.no

Det bes om at utkast til innstilling oversendes undertegnede før det fattes vedtak.

Med vennlig hilsen
Deloitte Advokatfirma AS



Fredrik Falbach
Advokat

Kopi: Studentsamskipnaden for Sunnmøre v/Bjørnar Osnes



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Studentsamskipnaden for Sunnmøre

Boks 278
6101 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2014/218	1230/2016	223	SVK/ UNNISTRA	02.02.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT ETTER § 7 A, STUDENTSAMSKIPNADEN

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 28.01.16, hadde føre ovannemnde som sak PS 6/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Studentsamskipnaden for Sunnmøre får ikkje fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a i lov om eigedomsskatt.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Utviklingssjef Jørgen Vestgarden
Økonomistaben v/Eli Øye Vassbotn

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2014/218

Arkivkode: 223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/16	Formannskapet	19.01.2016
6/16	Kommunestyret	28.01.2016

FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT ETTER § 7 A, STUDENTSAMSKIPNADEN

Handsaming i kommunestyret:

Sindre Rotevatn, H, kom med fylgjande framlegg som var lik administrasjonen si tilråding:

Studentsamskipnaden for Sunnmøre får ikkje fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a i lov om eigedomsskatt.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom Sindre Rotevatn sitt framlegg og formannskapet si tilråding, fekk Rotevatn sitt framlegg 14 røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå formannskapet fekk 13 røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Studentsamskipnaden for Sunnmøre får ikkje fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a i lov om eigedomsskatt.

Handsaming i formannskapet:

Sølvi Dimmen, SP, kom med slikt framlegg:

Kommunestyret viser til Eigedomsskattelova 7a og gjev studentsamskipnaden i Volda fritak for eigedomsskatt. Dette vert dekt ved bruk av ubundne disposisjonsfond.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Sølvi Dimmen og tilrådinga frå administrasjonen. Framlegget til Sølvi Dimmen fekk fem røyster og vart vedteke. Fire røysta mot (Dan Helge Bjørneset, Roald Espset, Margrethe Bjerkvik og Anders Egil Straume).

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret viser til Eigedomsskattelova 7a og gjev studentsamskipnaden i Volda fritak for eigedomsskatt. Dette vert dekt ved bruk av ubundne disposisjonsfond.

Administrasjonen si tilråding:

Studentsamskipnaden for Sunnmøre får ikkje fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a i lov om eigedomsskatt.

Vedleggsliste:

Søknad om fritak, datert 11.12.2015

Vedtak om fritak for eigedomsskatt etter § 7 a i sak PS 51/14 i kommunestyret

Uprenta saksvedlegg:

Søknad om fritak frå 2014

Samandrag av saka:

Studentsamskipnaden for Sunnmøre søker om fritak for eigedomsskatt for sine studentbustadar. Ein rår til at dei ikkje vert gjeve fritak.

Saksopplysningar:

Når eigedomsskatt vart innført i 2014 søkte Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS) om fritak for sine studentbustadar, men fekk avslag. Dei har no søkt på nytt i samband med at dei frå 01.01.2016 vart ein rein samskipnad for Volda, da aktiviteten deira i Ålesund vart overført til Studentsamskipnaden i Trondheim. Dette på grunn av at Høyskolen i Ålesund vart slått saman med NTNU.

Vurdering og konklusjon:

I § 7 i eigedomsskattelova står det:

Kommunestyret kan fritake desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:

a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.

Vår faglege vurdering er at SfS kjem under denne § 7 a i eskl. I dette høve har ein da lovheimelen til å gi fritak for eigedomsskatt, men det er opp til kommunestyret om ein ønskjer det.

Kommunestyret ga ikkje fritak til SfS i 2014. Det at dei frå nyttår vart ein samskipnad berre for Volda vurderar vi ei mindre vesentleg endring. Ettersom kommunestyret ved tidlegare handsaming av spørsmålet har gjeve avslag, og ein ikkje kan sjå at situasjonen har endra seg på ein slik måte at det er grunnlag for anna vurdering, så vil rådmannen derfor rå til å helde fast på tidlegare vedtak om og ikkje gi fritak til SfS.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege.

Økonomiske konsekvensar:

I 2015 betalte SfS kr 125 980 i eigedomsskatt for sine studenthyblar. Inntektstapet for å gi fritak i 2016 vil vere tilnærma likt dette talet. Dersom det vert gitt fritak, så må dette inntektstapet budsjettkorrigerast.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Samskipnaden for Sunnmøre

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2014/218	Ansatt Uthv
Løpnr.	S. Jones
16 DES 2015	
Arkivnr.	Emned
Klassering P	223
Klassering S	

Volda kommune
Rådhuset
Stormyra 2
6100 VOLDA

DYKKAR REF.:
DYKKAR DATO:
VÅR REF.:
VÅR DATO:



11.12.2015

Fritak for eigedomsskatt for studentbustader

Vi viser til vår søknad om fritak for eigedomsskatt på studentbustader av 11.4.2014. Vi fekk avslag på denne søknaden, men gjer oss no så fri at vi søker på nytt.

Frå 1.1.2016 vert vi ein rein samskipnad for Volda, då aktiviteten vår i Ålesund vert overført til Studentsamskipnaden i Trondheim. Dette på grunn av at Høgskolen i Ålesund vert slått saman med NTNU.

Frå 1.1.2016 vert vi ein mindre og meir sårbar samskipnad. Samstundes vert det auka kamp om studentane framover. Og vi, saman med Høgskulen i Volda, må gjere det vi kan for at Volda skal vere ein attraktiv studiestad. Rimelege studenthyblar og ein samskipnad som har økonomi til å drive gode studentvelferdstenester vil vere avgjerande. Vi vonar difor Volda kommune no ser med andre auge på denne saka og innvilgar fritak for eigedomsskatt på studentbustadene til samskipnaden.

Vi tek elles med noko av argumentasjonen frå førre søknad, sidan framleis er den same:

Grunnlag for fritak av eigedomsskatt

Det juridiske grunnlaget

I «Lov om eigedomsskatt til kommunane» §7 a) heiter det at kommunestyret kan frita «eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten». Vi viser i den samanheng til boka «Eigedomsskatt» (Stavang, 1994) side 59-60, når det gjeld tydinga av §7: «Bygningar til å gje rom for skuleungdom og studentar eller andre med bustadvanskar kjem i same stode. Studentbyar kan difor fritakast når eigar er eit sjølvstendig privat eller offentleg rettssubjekt, men ikkje bustader til vanleg privatutleie». Studentsamskipnaden for Sunnmøre er eit sjølvstendig rettssubjekt (eigd av studentane som til ei kvar tid betalar semesteravgift til SfS) som ikkje har erverv som føremål, men skal gagne offentlege interesser.

HOVUDKONTOR
Elvegata 24 - Boks 278
N-6101 Volda
Tlf. 70 07 52 40
Fax. 70 07 52 41

STUDENTSAMSKIPNADEN FOR SUNNMØRE
e-post: sfs@hivolda.no
ORGNR.: NO 950948728 MVA
Bankkonto: 3991.05.02003
internett: www.studentsamskipnaden.no

AVD. ÅLESUND
Boks 5196, Larsgården
N-6021 Ålesund
Tlf. 70 16 15 70
Fax. 70 16 15 71



Gagnar Sfs Volda kommune, fylket eller staten?

Dersom Volda kommune meiner Sfs, med dei 423 studentbustadene, vi har i Volda gagnar kommunen og statlege målsettingar, meiner vi kommunestyret må frita studentbustadene våre for eigedomsskatt.

Studentsamskipnaden er ein sjølveigd organisasjon som vert driven på «non-profit» basis og eventuelt overskot vert brukt til studentvelferd. Studentsamskipnadene er oppretta av staten som eit viktig utdanningspolitisk virkemiddel, der nettopp rimelege studentbustader er eit viktig hjelpemiddel for stimulering til høgare utdanning. Det har i Noreg vore brei politisk semje om samskipnadsordninga.

Samskipnaden gagnar på same måten kommunen, sidan god tilgang på rimelege studentbustader er ein viktig grunn til at Volda klarer å rekruttere det store talet på studentar kvart år (3855 i dette semesteret). Sfs har i dag 423 hyblar i Volda. Vi viser også til prosjektet StudiebygdA, der Sfs, HVO og Volda kommune (og andre) er partnerar i prosjektet, med tanke på å halde oppe eit høgt studenttal i Volda. Vi meiner rimelege studentbustader er ein svært viktig faktor i så måte.

Dei mange studentane ved Høgskulen i Volda utgjør ein stor del av innbyggjarane i Volda, og er ein svært viktig del av lokalsamfunnet. Forskingsinstituttet NIBR anslår at kvar student har eit forbruk på om lag 100.000,- pr år. Om ein reknar med at om lag 2000 studentar bur i Volda, vert dette 200 millionar kroner i året. Høgskulen i Volda og Sfs sitt felles arbeid for å gjere Volda attraktivt som studiestad har difor også svært stor positiv effekt på lokalt næringsliv og Volda kommune.

Vi kan ikkje sjå anna enn at Sfs, med sine studentbustader, klart er til gagn for staten og kommunen, og at Sfs ivaretek lovgjevares intensjon om fritak for eigedomsskatt til almennyttige institusjonar.

Konkurrans med private

Vi har fått referert frå debatten i formannskapet og kommunestyret i 2014 at enkelte var skeptisk til å gi samskipnaden fritak for eigedomsskatt, sidan private huseigarar må betale denne skatten.

Til dette vil vi hevde at det nettopp er meininga at samskipnadene skal ha ein konkurransefordel. Samskipnaden mottok difor statsstøtte til bygging av studentbustader for å kunne holde ei rimelegare husleige enn dei private. Av same grunn betaler heller ikkje samskipnadene inntektsskatt.

Samskipnadsordninga har vore vurdert av EØS i høve konkurranseomsyn, og den er godteken der, så lenge ikkje andre enn studentar nyt godt av ordninga.

Sfs leiger ikkje ut til andre enn studentar.

Vi kan difor ikkje sjå at argument knytt til konkurransefordelar kan tillegast vekt.

HOVUDKONTOR
Elvegata 24 - Boks 278
N-6101 Volda
Tlf. 70 07 52 40
Fax. 70 07 52 41

STUDENTSAMSKIPNADEN FOR SUNNMØRE
e-post: sfs@hivolda.no
ORGNR.: NO 950948728 MVA
Bankkonto: 3991.05.02003
internett: www.studentsamskipnaden.no

AVD. ÅLESUND
Boks 5196, Larsgården
N-6021 Ålesund
Tlf. 70 16 15 70
Fax. 70 16 15 71



Volda som studiestad - StudiebygdA


Vi meiner Volda kommune bør vere svært opptekne av at Volda som studiestad er attraktiv og konkurransedyktig for å tiltrekke seg nye studentar. I den samanheng siteter vi frå «StudiebygdA – hovudprosjekt 2012-14. Revidert prosjekttale januar 2013», side 3: «Vi vil peike på tre store utfordringar for regionen og kommunen: 1. Sviktande rekruttering av studentar til dei studietilboda ved Høgskulen i Volda som skal kvalifisere personale til yrke for velferdssamfunnet, til liks med mange andre høgskular i distrikta./../ Dette betyr at det er svært viktig å ha høg kvalitet i utdanningane, eit godt studentmiljø og stor vekt på rekruttering av fulltidsstudentar.»


Eit av dei aller viktigaste tiltaka for å få nye fulltidsstudentar til Volda, er tilgang på rimelege studentbustader ved semesterstart. Dette er for mange avgjerande når dei takkar ja til ein studieplass. Her har studentsamskipnaden ei svært viktig rolle i rekrutteringa av nye studentar til Volda. Om studenthyblane til Sfs i Volda vert dyrare pga eignedomsskatt, vil dette svekke Volda som studiestad i høve konkurrerande studiestader.

Vi presiserer at ønsket vårt om fritak for eignedomsskatt ikkje gjeld næringsareal, som t.d. 4. etasje i Industrigata 12, men studentbustadene vi har i Volda, samt andre lokale som vert nytta til studentvelferd.

Det vil vere svært uheldig for Volda som studiestad dersom studentbustadene til Sfs må betale eignedomsskatt.

Med helsing
Studentsamskipnaden for Sunnmøre


Jan Henning Egset
Adm. direktør


Bjørnar Osnes
Økonomisjef



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Svein Berg-Rusten

Arkivsak nr.: 2016/206

Arkivkode: 153

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
53/16	Formannskapet Kommunestyret	15.03.2016

STYRK ARBEID - NY BIL

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å løyve 350.000,- til bil for STYRK arbeid. Løyvinga vert å finansiere ved bruk av ubundet investeringsfond.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

STYRK arbeid, heretter berre Styrk, er eit arbeidstreningstilbod knytt til sektor helse- og omsorg, rus- og psykisk helseteneste. Dei har allsidige oppdrag, nokre er faste gjeremål medan andre er ad-hoc baserte. Dei fleste oppgåvene medfører forflytning, både av personell og utstyr. Dei har hatt bil gjennom mange år, siste bilen vert no levert inn til vrakpant. For at dei skal oppretthalde aktiviteten må dei ha bil disponibel.

Saksopplysningar:

Styrk har sidan dei vart etablerte utført arbeid på mange arenaer. Dei har faste oppdrag på Haualeitet, dei utfører arbeid på gravplassane i kommunen, dei driv no og maler innvendig på Folkestadtun, dei tek bosset på omsorgssenteret og Fjordsyn, dei tek på seg mindre flytteoppdrag lokalt, dei bistår med flytteoppdrag for at forvaltning av kommunale utleigebustader skal gå raskt og smidig, rydding av skog på kommunalt areal, dei kan utføre små graveoppdrag anten for kommunen eller private, dei samlar inn bjørkeris til Saniteten og elles mykje anna forefallande. Oppgåvene og utfordringane er allsidige og passar til ulike deltakarar. Men det krev at dei kan forflytte seg til der oppdraga er, både med folk og utstyr.

Dei har hatt ein Opel Frontera nokre år. Denne skrantta svært utover hausten 2015 og var ikkje i god form då påkrevd EU kontroll vart gjennomført. Resultatet vart ei lang liste og stipulerte reparaskostnader for over 50.000,- kroner. Frå 01.11.2015 var den ikkje i bruk og skilta innlevert. Den vert innlevert for vrakpant så snart veret tillet det.

Det vart før nyttår teke ei runde for å vurdere evt. sambruk av bilar. Bilane som sektor helse- og omsorg elles disponerer, er allereie hardt pressa på bruk. På dagtid har vi ikkje tilstrekkeleg bilar tilgjengeleg, dessutan er ingen av bilane vi har eigna til den bruken Styrk har behov for. Kommunalteknisk har periodevis hatt ledig bil grunna sjukefråvær. I nokre periodar har Styrk fått låne ledig bil der, men ein kan ikkje basere seg på dette. Som ei midlertidig løysing har ein inngått kortsiktig leigeavtale med lokalt bilfirma om leige av bil. Dette er praktisk (nesten) greitt nok, men ikkje økonomisk fornuftig på lang sikt. Styrk bør kjøpe bil. Å leige bil til det behovet dei har, gir høg leigepris. Tanken er å kjøpe brukt bil med dei kvalitetar som stettar deira behov. Det er ikkje tenkt eit bestemt bilmerke/ type ein vil kjøpe. Det er to løysingar. Anten vert det kjøpt ein personbil som kan frakte både personell og (tung) hengar, eller alternativt ein varebil med grøne skilt og ein rimelegare personbil. Dersom det vert kjøpt varebil med grøne skilt, vert det gitt momskompensasjon på kjøpesummen.

Sentralt er det vedteke å innføre plikt for kommunane til å stille vilkår for sosialhjelp. Ordninga er førebels ikkje innført, og det er varsla at dette vil kome i løpet av året, og at regjeringa vil sjå på kompensasjon til kommunane i samband med innføringa. I Volda kommune vil det verte vurdert ulike tiltak for å tilby sosialhjelpsmottakarar aktivitet. Styrk vil vere eit av desse, og det kan vere aktuelt at Styrk vert ein base for denne ordninga. Dersom ordninga med vilkår vert vellykka med raskare overgang til arbeid, så vil det få effekt på sosialhjelpsutbetalingane.

Vurdering og konklusjon:

For at Styrk skal kunne drive vidare med det allsidige spekteret av oppgåver dei tek på seg, er dei heilt avhengige av å kunne forflytte seg med bil. Dei har tilhengar som ofte vert nytta, av og til med gravemaskin på, for å utføre mindre tenester rundt omkring. Det har vist seg umogleg å basere seg på å låne bil med andre og ein kan ikkje forvente arbeidsleiarane skal nytte eigne bilar til det røffe behovet dei har. Det vil vere fornuftig å kjøpe bil, framfor å leige bil.

Helse og miljøkonsekvensar:

Arbeidsleiarane må kunne planlegge aktiviteten til deltakaren utan å måtte forholde seg til om ein har bil eller ikkje. Deltakarane kan vere sårbare i høve endringar og manglande forutsigbarheit. Dei fleste oppdraga til Styrk krev forflytting, så dei må ha bil tilgjengeleg som er eigna for deira behov.

Økonomiske konsekvensar:

Leigeutgiftene på bilen dei disponerer i dag, er på 6.200,- pr./ mnd. eks.mva. Styrk hadde bruttoutgifter på om lag 1,3 mill. i 2015. Inntektene vart omlag 960.000,-. Det meste av inntekter var statlege, utløyst gjennom NAV samt inntekter gjennom internsal. Nettoutgifta vart altså ca. 350.000,-. For denne summen har ein kunne gi ei god base og tilhørslse for mange personar. Det er knytt verdigheit og respekt for arbeidet som vert utført av deltakarane, ein viktig ballast for å oppleve livskvalitet. Det er viktig å dyrke livskvalitet for målgruppa av dette tilbodet. Styrk er eit viktig tilbod i den kommunale tilbodsmassa og kostnaden med å gi dette tilbodet må seiast å ikkje vere stor.

På litt sikt kan ein sjå føre seg at arenaen Styrk vert base også for innføring av arbeidskrav knytt til sosiale ytingar frå NAV. Behovet for bil vert ikkje mindre.

I statlege verksemdar må investeringar dels finansierast over driftsrammene. Dette gjer at bilar til dømes må dekkjast ved vakansar i stillingar mv. I kommunane vert investeringar budsjettert og finansiert over investeringsbudsjettet og ikkje kopla til drifta på andre måtar enn ved dekning av renter og avdrag, og ev overføring av driftsmidlar til eigenkapital over drifta. Drifta i helse og omsorg går med til å dekkje opp lovfesta tenester, og dersom Styrk framleis skal ha tilgang på bil for å halde oppe drifta, så må det skje ved kjøp eller leige. Rådmannen rår til kjøp, og at dette vert finansiert ved låneopptak. Rådmannen ser at utvikling av Styrk si verksemd i samanheng med potensialet for å tilby aktivitet for sosialhjelp, kan gi raskare overgang til arbeid og andre tilbod med tilsvarande effekt på sosialhjelpsutbetalingane.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje nærmare vurdert.

Naturmangfaldlova:

Kan ikkje sjå at aktiviteten til Styrk kjem i konflikt med intensjonen i lova.

Rune Sjugard
Rådmann

Jorunn Anne Tomasgard
Helse- og omsorgssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Driftsstyret

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Henrik Skovly	Arkivsak nr.:	2016/404
		Arkivkode:	209

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
54/16	Formannskapet Kommunestyret	15.03.2016

FINANSRAPPORT 2015 (PASSIVA)

Administrasjonen si tilråding:

Finansrapport 2015 (passiva) vert teken til vitende.

Saksopplysningar:

Finansrapport 2015 (Passiva)

Det vert vist til rapport utarbeidd av vår rådgjevar (Kommunal Gjeld AS). Rapporten er med som vedlegg til saka.

Startlåna frå Husbanken (som vi lånar vidare ut til publikum) er ikkje ein del av denne rapporten. Startlåna utgjorde ca 55,6 mill kr ved utgangen av 2015 (9,8 mill kr mindre enn på same tid året før). Nedgangen har si forklaring i ekstraordinære innbetalingar frå låntakarane (som Volda kommune i sin tur har brukt til å betale ned på låna kommunen har i Husbanken).

Det vert også vist til Volda kommune si årsmelding for 2015 (vert handsama av kommunestyret i 2. kvartal) for omtale av Volda kommune si låneportefølje.

Finansrapport 2015 (Aktiva)

Dette vert ein del av Volda kommune si årsmelding for 2015

Vedleggsliste:

- Rapport låneporteføljen 31. desember 2015 (utarbeidd av Kommunal Gjeld AS)

Rune Sjurgard
Rådmann

Henrik Skovly
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

Volda kommune.

Låneporteføljen

Rapport 31. desember 2015.

Forklaring av ord og uttrykk finnes på siste side i rapporten.

Innhold:

- Kort sammendrag.
- Rapportering i hht. krav i forskrift og eget finansreglement.

Kort sammendrag:

I USA hevet Sentralbanken styringsrenten i desember, mens i Europa og Norge er modus fortsatt ned på renten. Norges Bank holdt styringsrenten uendret på siste møte i desember, selv om mange analytikere ventet et rentekutt. Oljeprisen har fortsatt å falle. Norske kroner har svekket seg mot de aller fleste valutaer også i 3. tertial. Volumet i låneporteføljen er ved årsskiftet 724 millioner, herav utgjør fast rente 14%. Lånene er skaffet til veie fra Kommunalbanken og via verdipapirmarkedet. Fastrentene er etablert ved bruk av rentebytteavtaler. Det meste av lånemassen har lang løpetid (82%) mens verdipapirisert kort lån, med forfall i juni 2016, utgjør 18%. Gjennomsnittlig porteføljerente er lav og ligger på 2,04%. Basert på fremtidsprising av den korte renten (FRA-markedet), vil porteføljerenten falle i 2016.

Rapportering i hht. krav i forskrift og eget finansreglement.


Markedet for lån med kommunal risiko.

Den amerikanske sentralbanken hevet styringsrenten med 0,25 prosentpoeng i desember. At det ville komme en renteøkning var tydeliggjort gjennom kommunikasjonen i forkant, så beslutningen kom ikke overraskende på markedene. I Europa og Norge er det fortsatt et press ned på renten og mange analytikere ventet at Norges Bank ville senke styringsrenten i desember - noe de ikke gjorde. Oljeprisen har fortsatt å falle i 3. tertial og dette skyldes at den globale produksjonen er større enn forbruket. Usikkerhet rundt den økonomiske utviklingen i Kina, og frykt for svak vekst her, har preget markedene rundt årsskiftet og dette har medført børsfall og spreadutgang (dyrere lån) for mange låntagergrupper.


Spreadutgangen har også påvirket lån med kommunal- og fylkeskommunal risiko. Kommunalbanken hevet sine marginer på niborlån (flytende margin) med 0,15 prosentpoeng i desember (fra 0,40% til 0,55%). Også for verdipapiriserte lån har det vært en spreadutgang.

Finansdepartementet har bedt Finanstilsynet foreta en tilpasning av kapitalkravet for eksponeringer mot uratede kommuner og fylkeskommuner. Tilpasningen innebærer at eksponeringer mot uratede norske kommuner og fylkeskommuner (gjelder alle unntatt Oslo kommune) skal behandles som eksponeringer mot AA-ratede motparter. Kapitalkravet for slike eksponeringer blir dermed vesentlig lavere enn for eksponeringer mot ordinære foretak. Denne tilpasningen har stor betydning for lånerenten (marginpåslaget) til kommuner og fylkeskommuner.

Forwardkurven (nedenfor) illustrerer hvordan markedsaktørene priser den korte renten, 3M nibor, på tidspunkter frem i tid. Selv om det legges til grunn at renten skal noe opp etter hvert, forventes det at korte renter vil være lav i hele økonomiplanperioden.



Prisen på - og endringen av - fastrente, illustreres i kurven under:



Sammensetning av låneporteføljen.

Låneporteføljens samlede volum er 724 millioner ved utløpet av året. Lånene er etablert via Kommunalbanken og verdipapirmarkedet.

Långiver	31.des.15	andel
Verdipapirmarkedet	130	0,18
Kommunalbanken	594	0,82
(tall i mill.)	724	1,00

Endringer i låneporteføljen/risikoeksponering i perioden (september - desember).

Avdrag.

Det er pr IMM desember betalt avdrag på lån i Kommunalbanken slik:

- lån 20070515 med kr. 6.857.500 og
- lån 20100864 med kr. 10.428.148

Løpetid på lånene.

Alle lån i Kommunalbanken har lang løpetid. Endelig forfallsdato ligger 10 år eller mer frem i tid. Samlet utgjør disse lange lånene 82% av lånemassen. I tillegg har kommunen et sertifikatlån som skal refinansieres i juni 2016. Dette utgjør ca 18% av lånemassen.

Kortsiktige lån har lavere margintillegg enn langsiktige lån (lavere rente) og det blir en avveining hvordan kommunen skal tilpasse forholdet mellom lang og kort finansiering for å få lavere rente. Kommunens sertifikatlån har en margin på pluss 0,19 prosentpoeng.

Sammensetningen av låneporteføljen er innenfor begrensningene i finansreglementet og anses som akseptabel. Tabellen nedenfor illustrerer alle lån med volum og endelig utløpsdato:

Långiver	saldo 31.12.2015	utløps- dato
Sertifikatlån FRN +19 ff 06/16	130 136 000	juni 2016
Kommunalbanken flytende margin	175 725 521	desember 2025
Kommunalbanken flytende margin	170 000 000	desember 2025
Kommunalbanken flytende margin	79 621 790	desember 2025
Kommunalbanken flytende margin	87 683 000	juni 2030
Kommunalbanken flytende margin	40 000 000	mars 2031
Kommunalbanken flytende margin	21 525 000	desember 2036
Kommunalbanken flytende margin	19 370 000	september 2037

Om kommunens låneportefølje.


Lånene i Kommunalbanken har flytende rente basert på 3M nitor og de rentereguleres hver 3. måned på IMM. I tillegg til nitorrenten kommer et margintillegg som er økt til 0,55 prosentpoeng fra desember 2015. Margintillegget kan endres på kort varsel.

Ved renteregulering i desember var 3M nitor på 1,1% og med tillegg på 0,55% i margin gir dette en flytende rente på 1,65% for lånene i Kommunalbanken.

Kommunens fastrenteposisjoner er etablert ved bruk av rentebytteavtaler. Disse sikrer kontantstrømmen for det etablerte volumet og gjør porteføljerenten mer stabil.


Rentebytteavtalene alene utgjør kommunens totale rentesikring. Totalt utgjør faste renter 14% av den samlede lånemassen. Rentebytteavtalene er etablert for flere år siden, på helt andre

nivåer enn dagens fastrente. Fastrentene er med på å prege gjennomsnittrenten, slik de er tenkt å gjøre. I grafen nedenfor er fastrenteandelen fremskrevet for økonomiplanperioden:



Finansreglementet åpner for at andel flytende lån kan være ned i 0%. Kommunens lave fastrenteandel faller ut over i planperioden som en funksjon av at fastrenter kommer til forfall og at det etableres nye lån til flytende rente.

Tabellen nedenfor viser alle fastrenteposisjoner og illustrerer at de er etablert på tidspunkter da nivåene var høyere. Utløpstidspunkt, volum og rentenivå fremgår av tabellen:



Låneporteføljen har en gjennomsnittlig durasjon (varighet) på 0,72 år, mens rentefølsomheten ligger på 0,71 %.

Strategi for rentesikringer.

Kommunens finansreglement inneholder regler og rammer for bruk av rentesikring. Rentesikringer tas i bruk for å skape forutsigbarhet og stabilitet i kontantstrømmen knyttet til renteutgifter. Etablering av rentesikring skjer i hht. intern strategi for innlån og rentesikring.

Rentesikringene foretas under forutsetning om lang tidshorisont og at de vil bli holdt til forfall.

Verdi på låneporteføljen og rentesikringer.

Fastrentenes verdi (kurs) endres når markedsrentene endres. Jo lengre en rentebinding er, jo større vil kursutslagene bli ved renteendringer. I og med at kommunens fastrenter er etablert på tidspunkter da markedsrentene var høyere enn nå, er det en overkurs på sikringene. Overkursen utgjorde på porteføljenivå 2,1% ved årsskiftet. Dette er omtrent uendret siden forrige tertialsifte.

Flytende lån rentereguleres fortløpende til riktig markedsrente og det vil derfor ikke oppstå nevneverdig kursutslag på denne delen av lånemassen.

Tabellen under viser løpende renteswapper med motpart, hvilken fastrente som betales på disse, sluttdato for fastrenten og markedskursen på rentesikringen. Endringer i markedskursen på rentesikringer skal ikke regnskapsføres så lenge påkrevd dokumentasjon for slik regnskapsføring er etablert. Kommunen har etablert slik dokumentasjon.

Verdivurdering renteswapper

Renteswapper - motpart, kupong, kurs og verdi.

Anvendt sikringsinstrument: renteswap/rentebytteavtale.

Type risiko: variabilitet i kontantstrøm.

Sikringsobjekt: portefølje av flytende lånemasse.

Sikringseffektivitet: Meget høy.

Formål med sikringen: sikring av kontantstrøm.

motpart	kupongrente	sluttdato	volum	markedskurs	markedsverdi	startdato	type sikring
SMN1	4,3300	imm des 18	50 000 000	110,10	55 050 000	løpende	kontantstrøm
DNB	4,4700	imm jun 21	50 000 000	118,75	59 375 000	løpende	kontantstrøm

Ved utløpet av rentebindingsperioden ("sluttdato") vil markedsverdien være lik pålydende ("volum").


Avvik mellom faktisk forvaltning og krav i finansreglementet.

Ingen bestemmelser i finansreglementet er overtrådt og det har ikke funnet sted avvik fra dette i perioden. I denne sammenheng vises til vedlegget "Avviksanalyse" lengre bak i rapporten.

Markedsrenter og egne betingelser.


Gjennomsnittrenten i kommunens låneportefølje er 2,04% og dette er 0,13 prosentpoeng lavere enn ved utløpet av 2. tertial. Hovedårsaken til at porteføljerenten ikke har kommet mer ned i denne perioden er marginøkningen på lån i Kommunalbanken.

I grafen nedenfor er porteføljerenten fremskrevet for økonomiplanperioden. I bunn ligger markedets forventninger til den flytende renten (FRA-renten), forventede låneopptak og avdrag samt fastrenter som kommer til forfall. Framskrivningen er gjort eksklusiv margin, da denne kan endres på kort varsel på lånene i kommunalbanken. I budsjettssammenheng er dagens gjeldende margin på 0,55 prosentpoeng lagt til grunn for hele økonomiplanperioden.



Sammenligning av renteutgifter (benchmarking).

Benchmarking av lånerenten foretas mot en referanserente som er sammensatt av 3M nibor (34% vekt) og 4 års fastrente (66% vekt). Gapet som oppstår mellom porteføljerenten og referanserenten i grafen skyldes at porteføljerenten inkluderer den kredittmargin som betales, mens referanserenten er oppgitt uten kredittmargin. Kredittmarginen har vært økende de siste årene, fra nivåer på minus 0,15 prosentpoeng og opp til dagens nivå på pluss 0,55 prosentpoeng. I tillegg betyr det svært mye at referanserenten hele tiden får inn i seg de nye lave fastrentene som er gjeldende, mens porteføljerenten beholder de gamle fastrentene som etablert på høye nivåer:




Vurdering og håndtering av finansiell risiko.

Kommunen vurderer den finansielle risikoen i henhold til interne rutiner for finansforvaltning. Dette innebærer periodiske vurderinger, i tillegg til vurderinger i forkant av risikotilpasninger og låneopptak. Vurderingene som gjennomføres blir arkivert.

Samlet vurderes den finansielle risikoen å være tilfredsstillende, ønsket og innenfor rammene i vedtatt finansreglement, intern låne-/sikringsstrategi, forskrift og gjeldende lov.

Rentesjokk.

Nedenfor illustreres prognosen på kommunens brutto renteutgifter for økonomiplanperioden. I tillegg er det beregnet hvordan en umiddelbar renteoppgang på 2 prosentpoeng vil slå ut. En slik beregning kalles ofte for "stresstest" og har som formål å vise effekten av et (forhåndsdefinert) markedssjokk.



En eventuell renteoppgang vil også ha betydning for kommunens selvfinansierende lån og aktivaside. Det ikke tatt høyde for dette i beregningen ovenfor.

Levanger, januar 2016.
Einar Bangstad

Avviksanalyse låneporteføljen - nøkkeltallsrapport.

Volda kommune

jfr. forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning, vedtatt finansreglement og intern rutinebeskrivelse for finansområdet.

Rapport "Nå" : IMM desember 2015

Rapport "Forrige" : IMM september 2015

Sammensetning av passiva:	Nå	Forrige		Krav/limit
Andel lån med fast rente:	14 %	13 %	Minimumskrav:	
Andel lån med flytende rente:	86 %	87 %	Minimumskrav:	
herav rentesikret for (resten av) 2016	0 %	0 %		
herav rentesikret for 2017	0 %	0 %		
Gjennomsnittsdurasjon (år):	0,72	0,79	Min./makskrav:	0-4 år
Rentefølsomhet (%)	0,71	0,78		
Utløp lengste rentebinding (år)	2021	2021		
Andel største enkeltlån i porteføljen:	24 %	24 %	Maksimalgrense:	35 %
Gjennomsnittlig porteføljerente:	2,04 %	1,99 %		
Anslag renteutgift 2015 (mill. kroner)	15,5	15,57	Budsj. renteutg.	
Anslag renteutgift 2016 (mill. kroner)	16,17	16,71		
Innløsningsverdi passiva (i prosent). Negativ verdi kommer i tillegg til pari kurs, mens positiv verdi kommer til fradrag til pari kurs.	-2,10 %	-2,00 %		
Innløsningsverdi passiva (i mill kroner). Negativ verdi kommer i tillegg til pålydende gjeld, mens positiv verdi kommer til fradrag til pålydende gjeld	-15	-15		
Innløsningsverdi FRA-sikring (mill. kr)	0	0		
Lån som skal refinansieres innen 1 år (%)	18 %	18 %	Maksgrense	40 %

Kommentar til "vesentlige markedsendringer":

Litt lavere niborrente, ned med 0,09 prosentpoeng til 1,10%.

Høyere margin på lån i Kommunalbanken, opp med 0,15 prosentpoeng til 0,55 prosentpoeng.

Begrensningene i Finansreglementet er overholdt.

Dato:

signatur

Volda kommune

Vurdering og håndtering av finansiell risiko.

Kontrollskjema

Risiko	Beskrivelse	ja	nei	merknad
Kredittrisiko	Plassering: egen beskrivelse. Lån/sikring: Finansreglement kap 5, avsnitt 1. Stikkord: kvalitet på motpart.	X		
Markedsrisiko	Plassering: egen beskrivelse. Lån/sikring: Finansreglement kap 5, avsnitt 1 / kap 7, avsnitt 2, 3 + kulepkt 1, 2. Stikkord: verdisingninger i markedet.	X		
Renterisiko	Plassering: egen beskrivelse. Lån/sikring: Finansreglement kap 7, avsnitt 2, 3 kulepkt 6, 7, 8. Stikkord: stabil finansiering av kommunens virksomhet.	X		
Likviditetsrisiko	Plassering: egen beskrivelse. Lån/sikring: Finansreglement kap 7, avsnitt 1, 3 kulepkt 1, 2. Stikkord: mulighet for realisering på kort varsel.	X		
Valutarisiko	Plassering: egen beskrivelse. Lån/sikring: Finansreglementet kap 6 avsnitt 1. Stikkord: kun norske kroner.	X		
Systematisk/ generell markedsrisiko	Plassering: egen beskrivelse. Lån/sikring: Finansreglement kap 7 avsnitt 3 kulepkt 6,7,8. Stikkord: sannsynlighet for verdiendring i et marked.	X		
Usystematisk/ spesifikk risiko	Plassering: egen beskrivelse. Lån/sikring: Finansreglementet kap 7, avsnitt 2 (liten mulighet for denne risikoen her, gitt samme låntager). Stikkord: sannsynlighet for at avkastning på objektet avviker fra den generelle markedsutviklingen.	X		
Finansiell risiko samlet	Plassering: egen beskrivelse. Lån/sikring: Finansreglementet kap 5, avsnitt 1. Stikkord: stabil finansiering, samt betalingsdyktig og lite eksponert for risiko.	X		
Rapportering/ rutiner	Finansreglementet kap 10. Er finansreglementets bestemmelser om rapportering oppfylt ?	X		

Ja = i samsvar med finansreglement

Nei = avvik fra finansreglement

Dato:

signatur

ORDLISTE - forklaring til ord og uttrykk.

Niborrente: interbankrente, en rente som bankene kan låne til seg imellom. Mer presist: hva de største bankene i kronemarkedet i utgangspunktet er villig til å tilby likviditet til gjennom valutabytte. Priser stilles for ulike perioder. Mest brukt er 3 mndr.

IMM: internasjonale oppgjørsdatoer - 3. onsdag i hhv. mars, juni, september og desember.

FRA (forward rate agreement): En FRA-kontrakt er en avtale mellom to parter om å låse rentesatsen for et lån eller en plassering for et gitt volum og en gitt periode på et fremtidig tidspunkt. Avtalen gjøres opp til gjeldende Niborrente på tidspunktet for avtalens begynnelse. Mest brukt er 3M-perioder. Det utveksles kun rentebeløp (netto) ved avregning, ingen hovedstol. Kontraktene avregnes på IMM (lik tidspunktet for renteregulering av underliggende lån). Prisen (renten) på kontrakten styres av balansepunktet der låntagere og långivere finner det attraktivt å handle. Dette balansepunktet styres igjen ut fra aktørenes forventninger til økonomisk utvikling og bl.a. Sentralbankens rentebane (prognose). Ved å sette de ulike kontraktene etter hverandre kan man finne **forwardkurven** - som blir markedets prising av fremtidig kortrente. Forwardkurven benyttes i budsjettssammenheng for å finne kostnaden på den flytende delen av låneporteføljen for fremtidige perioder (f.eks. økonomiplanperioden).

Durasjon: Lån (og plasseringer) tilbakebetales ved forfall - og renter underveis betales på avtalte termindatoer frem til forfall. Til sammen utgjør dette lånets/plasseringens kontantstrømmer. Durasjon er den gjennomsnittlige tid (antall år) det tar før disse kontantstrømmene utveksles. Kontantstrømmene veies med størrelsen. Mer folkelig (men ikke korrekt) kan man si at durasjonen er et uttrykk for gjennomsnittlig rentebinding.

Rentefølsomhet: et uttrykk som henger nært sammen med durasjon (modifisert durasjon) og gir uttrykk for hvor stor kurssvingningen (verdiendringen) på et lån (eller en plassering) blir ved renteendringer. Følsomheten oppgis i prosent. En rentefølsomhet på 2% betyr at et lån (eller en plassering) vil endre seg i kurs (verdi) med 2% dersom renten endres med ett prosentpoeng.

Obligasjon: En obligasjon er et rentebærende, omsettelig verdipapir, gjerne lagt ut som et standardisert lån i et organisert marked, med lengre løpetid enn ett år ved utleggelse.

Sertifikat: som obligasjon, men med løpetid under ett år ved utleggelse.

Renteswap: (også kalt rentebytteavtale) er en kontrakt mellom to parter (f.eks en bank og kommunen) om bytte av rente. En slik avtale innebærer bytte av fast rente mot flytende/kort rente (for eksempel 3M nibor). Kommunen benytter renteswapper for å få en ønsket struktur med fast-/flytende rente i sin låneportefølje. Det utveksles ingen hovedstol i en renteswap men kun rentedifferansen (mellom fast- og flytende rente) for det avtalte volum. Nåverdien av renteswappen er null ved inngåelse. Senere vil verdien av den svinge i takt med utviklingen for markedsrenten for den avtalte perioden. Ved utløpet av perioden vil nåverdien igjen være null.

Referanserente: en rente det er naturlig å sammenligne egne resultater (porteføljerenten) med (også kalt benchmarking).

Stresstest: Test for å måle effekten av et forhåndsdefinert markedssjokk. Eksempler på mulige stresstestscenarier er 30 prosents aksjekursfall og 2 prosent renteøkning.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard	Arkivsak nr.:	2016/29
		Arkivkode:	034

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
10/16	Formannskapet	19.01.2016
11/16	Kommunestyret	28.01.2016
25/16	Formannskapet	09.02.2016
36/16	Formannskapet	23.02.2016
55/16	Formannskapet	15.03.2016

OPPFØLGING VEDTAK PUNKT 22 I BUDSJETT 2016 - ORGANISERING AV PROSESSAR FOR FRIGJERING AV RESSURSAR

Handsaming:

Odd Harald Sundal, Volda SP, kom med slikt framlegg:

Arbeidsgruppa vert organisert med 7 personar som fylgjer:

*1 frå KrF.....
1 frå Frp.....
1 frå Høgre.....
1 frå SP, Rebecca Bjerknes, leiar i driftsstyret.
1 frå A, Jørgen Amdam, ordførar
1 frå Venstre, Fride Sortehaug
1 frå SV, Gunnar Strøm*

Odd Harald Sundal trekte framlegget sitt.

Formannskapet drøfta saka og det var semje om fem representantar i arbeidsgruppa.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting:

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 23.02.2016:

Saka vert utsett.

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

1. *Formannskapet vedtek å starte opp med arbeidet med budsjett 2017 og økonomiplan 2017*

-

2020 så raskt som råd og oppnemner ei arbeidsgruppe til å drøfte strategiar og tiltak saman med administrasjonen, samansett slik:

- 3 representantar frå formannskapet: _____ / _____ / _____*
- leiar av driftsstyret*
- leiar av forvaltningsstyret*

Dei hovudtillitsvalte vert invitert til å møte med 2 representantar med talerett i møta i arbeidsgruppa.

2. *Arbeidsgruppa skal etter førebuaende innspel frå administrasjonen, og utvida KOSTRA-analyse, identifisere strategiar og tiltak som kan frigjere ressursar etter dei føringar og målsettingar som er i gjeldande budsjett og økonomiplan.*

3. *Formannskapet vedtek slike føringar for arbeidet:*

a. Strategiar og tiltak for å redusere driftsnivået, samt utvikle kommunen, skal sjåast i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv opp mot mål, strategiar og handlingsprogram i kommunepleanen, samt ev konsekvens av kommunereforma.

b. Drifta skal vurderast i høve til normert utgiftsnivå i inntektssystemet, og tiltak skal også vurderast ut frå kva nivå drifta i Volda kommune ligg i høve samanliknbare kommunar.

c. Tidleg innsats og førebygging i alle livsfasar er retningsgjevande. Strategiar og tiltak skal stimulere til meistring der ein byggjer på folk sine ressursar for å auke livskvaliteten og redusere behovet for ressurskrevjande tenester.

d. Ingen strategiar eller tiltak vert skjerma for utgreiing i denne fasen. Tiltak som kan frigjere ressursar der tilbodet likevel vert oppretthalde skal synleggjerast (til dømes endra organisering og struktur på tenestene).

e. Investering og tiltak i nyskapande måtar å organisere og gjere ting på for å drive smartare og rimelegare skal vurderast.

f. Arbeidsgruppa skal ha kontinuerleg dialog med formannskapet. Leiar for driftsstyret og for forvaltningsstyret vert bedne om å ha løpande dialog med sine utval.

4. *Rapport frå arbeidsgruppa skal vere ferdig til 10. august og inngå som grunnlag for ev brukarinnspel og ei sak som rådmannen legg fram til politisk handsaming i kommunestyret i september.*

Status og framdrift i arbeidsgruppa sitt arbeid vert å leggje fram for kommunestyret under

vegs.

5. Det etablerte trepartssamarbeidet vert bedt om å kome med framlegg til strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.

Formannskapet drøfta saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting:

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 09.02.2016:

Saka vert utsett.

Handsaming:

Erlend Krumsvik, KRF, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Kommunestyret ber rådmannen om å starte opp arbeidet med budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 så raskt som råd.

- a) *Rådmannen skal identifisere strategiar og tiltak som frigjer ressursar etter dei føringar og målsettingar som er i gjeldande økonomiplan. Utgreiingsarbeidet ligg til administrasjonen.*
- b) *Det står sentralt å realisere kortsiktige tiltak og langsiktige strategiar for å nå dei mål, strategiar og handlingsprogram som er vedtatt i kommuneplanen.*
- c) *Utfallet av kommunereforma skal prege arbeidet når kommunale vedtak er klare.*
- d) *Ingen strategiar, tiltak eller etablerte arbeidsmåtar er skjerma for utgreiing.*
- e) *Rådmannen skal ha ein kontinuerlig dialog med Driftsstyret fram til og med august 2016, for å orientere og drøfte ulike tiltak og strategiar som er formålstenleg for arbeidet.*
 - a. *Det skal førast møtebok frå dialogmøta med Driftsstyret.*
 - b. *Medlemmane i Driftsstyret kan få tilbod om særleg opplæring i samband med dette arbeidet.*
- f) *Frå august 2016 blir den politiske forankringa overført til Formannskapet, som vidarefører arbeidet også i lys av utfallet i kommunereforma.*
- g) *Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.*

Kommunestyret ber om å få referatsaker frå framdrifta i arbeidet, og elles orientert som ved ein normal budsjettprosess.

Ordføreren kom med fylgjande framlegg som blir å rekne som eit utsettingsframlegg:

Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå Krf og debatten

Odd A. Folkestad, Jenny Venås og Margrete Trovåg fekk permisjon og gjekk. Det var 24 røysteføre til stades i framhald av møtet.

Røysting over utsettingsframlegget:

Framlegget frå ordføreren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå Krf og debatten

Handsaming:

Formannskapet drøfta saka og var samde om at oppnemning av politiske medlemmer i arbeidsgruppene, vert sendt vidare til handsaming i valnemnda.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, men unntak frå oppnemning av medlemmer i arbeidsgruppene, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner prosess med organisering, mandat og framdriftsplan slik det er skissert i saksutgreiinga.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemmer i arbeidsgruppene

- oppvekst 1).....2) 3).....
- helse og omsorg 1).....2) 3).....
- tekniske tenester 1).....2) 3).....
- eigedomsforvaltning 1).....2) 3).....

Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner prosess med organisering, mandat og framdriftsplan slik det er skissert i saksutgreiinga.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemmer i arbeidsgruppene

- oppvekst 1).....2) 3).....
- helse og omsorg 1).....2) 3).....
- tekniske tenester 1).....2) 3).....
- eigedomsforvaltning 1).....2) 3).....

Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.

Samandrag av saka:

Med bakgrunn i vedteken økonomiplan og kommunestyret sin intensjon om å fjerne eigedomsskatten i 2019, så må Volda kommune ut frå dei overslag som ligg i økonomiplanen redusere budsjettet med 57 mill i 2019. I 2017 skisserer økonomiplanen at budsjettet må reduserast med 11 mill.

Rådmannen kjem med framlegg til prosess bygt på partnerskap for å utgreie løysing på dette utfordringsbildet.

Samtidig som det vert invitert til prosessar for å identifisere strategiar og tiltak for å redusere drifta, skal prosessen også koplast mot langsiktige og heilskaplege strategiar kopla til kommuneplanen.

Saksopplysningar:

I samband med budsjetthandsaminga i K-sak 152/15 vedtok kommunestyret følgjande:
"Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjerung av ressursar, slik det skissert behov for i 2017 - 19."

I budsjettdokumentet er behovet skissert med kr 11 mill i 2017, 19,8 mill i 2018 og 25,4 mill i 2019. Desse tiltaka er ikkje konkretisert, og intensjonen med å be om ei sak om organisering av prosessar var å finne løysingar på korleis dette skal realiserast, og at dette skal vere eit grunnlag for komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.

I tillegg har kommunestyret som intensjon å avvikle eigedomsskatten i 2019, jfr K-sak 112/13 og sist i ovannemnde sak i punkt 34 a i vedtaket:

"Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8 2013, sak ps 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."

Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak."

I økonomiplanen for 2015 - 18 la kommunestyret til grunn eigedomsskatt på 4 promille. I budsjettet for 2016 er eigedomsskatten likevel vidareført med 2 promille ved balansering med bruk av fond og inntektsføring av premieavvik pensjon. Også i gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn auke til 4 promille eigedomsskatt i perioden 2017 - 2019. I 2016 er eigedomsskatten inntektsført med 16 mill. Ved 4 promille (kvart av åra i perioden 2017 - 19) er eigedomsskatten inntektsført med 32 mill.

Når ein tek omsyn til behovet for frigjering av ressursar i økonomiplanen, eigedomsskatt på 4 promille i 2017 og 2018 saman med kommunestyret sin intensjon om å fjerne eigedomsskatten i 2019, så vert behovet for frigjering av ressursar følgjande:

År	Økonomiplan	Fjerna eigedomsskatt 2019	Sum frigjering
2017	11 000 000		11 000 000
2018	19 800 000		19 800 000
2019	25 400 000	32 000 000	57 400 000

Tabellen skal tolkast slik at det er 11 mill i 2017, ytterlegare 8,8 mill i 2018 og ytterlegare 37,6 mill i 2019.

Oversikta viser overslag over manglande dekning basert på dagens svært låge rentenivå. Volda kommune har pr tidspunkt 87 % av gjelda til flytande rente. Dersom renta stig med 1 prosentpoeng vil det utgjere brutto om lag kr 8 mill på drifta ut frå dagens gjeld.

Budsjett 2017 er nærast foreståande og det er nødvendig å utgreie konkrete strategiar og tiltak. For resten av åra i økonomiplanen må det også trekkjast opp retning for å frigjere så store ressursar. Det er viktig å kome i gang tidleg med budsjettarbeidet, og prosessen vert å sjå på som oppstart av dette for 2017. Kommunelova stiller krav til at tiltak i budsjettet skal konsekvensutgreiast, og skal kommunestyret kunne gjere drastiske omleggingar eller reduksjon i tenestetilbodet, så er ein avhengig av å få utgreidd dette allereie før formannskapet legg fram si innstilling.

I prosessen er det viktig med brei og aktiv involvering. Prosessen bør koplust til kommuneplanarbeidet for at det ein gjer på kort sikt vert sett i samanheng med overordna mål og strategiar. Samtidig er det viktig å tenkje heilskapleg. Den kortsiktige horisonten tvingar ein ofte inn i reine utgiftskutt og inntektsauke utan å ha skapt rom for grunnleggjande omleggingar som krev heilskapleg og langsiktig tenking. Det er nødvendig å sjå på strukturelle tiltak i organiseringa av tenestene der ein ser korleis ein kan frigjere ressursar samtidig behalde gode nok tenester.

Utfordringsbildet er formidabelt. Det er viktig at politikarane kjem tidleg på bane i definering av dette utfordringsbildet, og ta den politiske leiarskapen i involverande prosessar, som til slutt gir løysingar som både er gjennomførbare og berekraftige. Samtidig er det viktig å ha med seg brukarinteressene og dei tilsette.

Vurdering og konklusjon:

Når ein går i gang med ein slik prosess er det vesentleg at alle har felles situasjons- og utfordringsbilde. Rådmannen legg derfor opp til å tinge ei utvida KOSTRA-analyse for Volda kommune basert på sist avlagte rekneskap (2014) og som samtidig skodar til førebels KOSTRA-rapportering for 2015. Dette vert sett bort til konsulentfirma som også vil få

oppdrag om å presentere og gi opplæring til dei som skal arbeide med prosessen for driftsreduksjon.

Rådmannen vil foreslå at det vert sett ned ei arbeidsgruppe med 3 politikarar oppnemnt av kommunestyret, 1 frå administrasjonen og 1 tillitsvalt for kvart av desse områda:

- oppvekst (barnehage/skule/helsestasjon/læringscenter)
- helse og omsorg
- tekniske tenester (veg/vatn/avløp)
- eigedomsforvaltning
- arbeidsmiljø

Når det gjeld arbeidsmiljø vil rådmannen foreslå at oppdraget vert lagt til trepartssamarbeidet der ei gruppe allereie er etablert. Kommunen har store verdiar og kostnader knytt til eigedom, og strategiske vurderingar knytt til kva eigedomar skal kommunen ha og drive framover må også sjåast i samanheng med gruppene for oppvekst og helse-/omsorg når det gjeld tenestestruktur.

For at prosessen ikkje skal verte for omfattande foreslår rådmannen å avgrense det til dei ovannemnde temaene. Dette er dei tyngste tenesteområda. Samtidig vil KOSTRA-analysen dekkje heile den kommunale verksemda og vere eit godt verkty for budsjettprosessen.

Rådmannen vil foreslå følgjande felles mandat for alle gruppene:

a. Arbeidsgruppene arbeider etter dei prinsipp, strategiar og føringar som framgår av vedteke budsjett for 2016. Målsettinga er å identifisere strategiar og tiltak for å frigjere ressursar tilsvarende skissert behov i økonomiplanen. Arbeidsgruppene vert bedne om også å sjå på tidlegare utgreiingar og forslag om endringar i drifta.

b. Strategiar og tiltak for å redusere driftsnivået skal sjåast i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv opp mot mål, strategiar og handlingsprogram i kommuneplanen, samt kommunereforma.

Drifta skal søkjast tilpassa maksimalt normert utgiftsnivå i inntektssystemet, og tiltak skal også vurderast ut frå kva nivå drifta i Volda kommune ligg i høve samanliknbare kommunar.

c. Tidleg innsats og førebygging i alle livsfasar er retningsgjevande. Strategiar og tiltak skal stimulere til meistring der ein byggjer på folk sine ressursar for å auke livskvaliteten og redusere behovet for ressurskrevjande tenester.

d. Ingen strategiar eller tiltak vert skjerma for utgreiing i denne fasen. Tiltak som kan frigjere ressursar der tilbodet likevel vert oppretthalde skal synleggjerast (til dømes endra organisering og struktur på tenestene).

e. Investering og tiltak i nyskapande måtar å organisere og gjere ting på for å drive smartare og rimelegare skal vurderast.

e. Arbeidsgruppene kan oppnemne undergrupper for å utgreie særskilte problemstillingar.

f. Strategiar og tiltak som er relatert til 2017 skal vere realistiske og overordna vurdert i høve til konsekvensar.

Rådmannen foreslår følgjande prosess og framdriftsplan:

Aktivitet	Periode	Kommentar/avklaring
Arbeidsgruppene vert oppnemnt	Innan 10. februar	Kommunestyret oppnemner politiske representantar 28.01.16
Folkevaltopplæring i økonomi	Mars	Kommunestyret og arbeidsgruppene
Presentasjon av utvida KOSTRA-analyse	April	Kommunestyret og arbeidsgruppene
Arbeidsgruppene legg fram rapport som vert sydd saman til ein felles rapport for formannskapet	10. august (frist arb.gruppene)	Formannskapet går gjennom rapportane og gir føringar til politisk sak.
Rådmannen legg fram sak for kommunestyret (sak via formannskapet)	20. september	Bygt på resultatane av prosessen i arbeidsgruppene, formannskapet sine føringar og ny kommuneplan. Dette vert bygt inn i ein første versjon handlingsprogram (forenkla) som vert eit grunnlag for utarbeiding av budsjett og økonomiplan.
Kunngjering og invitasjon til innspel frå innbyggjarar og organiserte brukarråd	September	Innspela vert tekne med i administrasjonen sitt vidare arbeid med utarbeiding av budsjett og økonomiplan.

Arbeidsgruppene legg sin eigen framdriftsplan for å følgje opp arbeidet fram til fristen for levering av skriftleg rapport. Administrasjonen stiller med sekretær/utgreiingsressurs til gruppene.

Rådmannen vil presisere at dette vert ein omfattande og krevjande prosess. Ambisjonsnivået vert derfor avgrensa til å identifisere strategiar og konkrete tiltak. Når kommunestyret ev har slutta seg til strategiane og tiltaka, så må det i samband med budsjettarbeidet og/eller eigne saker gjerast grundigare utgreiingar med høyringar og etterfølgjande politisk handsaming mv. Det vert stort press både på politikarane og administrasjonen å gjennomføre denne prosessen parallelt med arbeidet med kommunereform og revisjon av kommuneplanen. Alternativet kunne vore å kjøpe seg kapasitet ved å leige inn eit konsulentfirma som gjekk gjennom drifta og kom med forslag til strategiar og tiltak. Svakheita med det er at dei vil måtte sjå dette på avstand og mangle lokal kunnskap, og det vil i alle høve liggje mykje arbeid på både administrasjonen og politikarane å omsetje konsulentrapporten til gjennomførbare råd og vidare oppfølging.

Rune Sjugard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Oppnemnde medlemmer i arbeidsgruppene
Medlemmene i rådmannen sitt leiarteam
Alle hovudtillitsvalte
Hovudverneombodet
Ref arbeidsmiljøutvalet

PS 56/16 Orienteringssaker

OS 32/16 Kommunereform



VOLDA KOMMUNE

Ordføraren

Statens Vegvesen
Ferjeseksjonen
Fylkeshuset,
6404 Molde

Møre og Romsdal fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Fylkeshuset,
6404 Molde

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/352	2272/2016	Q74	ADM/ PERLUN	24.02.2016

KRAV OM BETRE RESERVEMATERIELL PÅ STREKNINGA VOLDA - FOLKESTAD

Det vart den 14.6.13 halde eit videomøte mellom kommunen, repr frå vegvesen og fylkeskommune, der det i agendaen punkt 4 vart drøfta ”Standard og kapasitet på reservemateriell på Voldsfjorden”

I referat frå møtet går følgjande fram:

”Arild Iversen orienterte om dei problem som har råda i den tida reservemateriell har vore i bruk på sambanda på Voldsfjorden; dårleg kapasitet og ferjer med lite komfort osv.

Det vart orientert om at frå 24. juni vil stoda vere attende til normalen på Voldsfjorden, då vil dei ordinære ferjene vere på plass. Repr. frå både fylkeskommunen og vegvesen beklaga det situasjonen som har råda på Voldsfjorden den perioden reservemateriell har vore i bruk. Dette skuldast manglande kravspesifikasjonar i den førre anbudsperioden. Dette er retta opp i det den nye anbudsperioden frå 1.7.13.”

Stoda no er at på strekninga Volda-Folkestad er den ordinære ferja ”Folkestad” på vøling, og det er sett inn ei reserveferje; ”Ølen”. Denne har dårlegare lastekapasitet og klarer heller ikkje å følgje oppsett rutetabell, med dei problem dette medfører for trafikkantane. Det vert her vist til oppslag i m.a. Sunnmørsposten 23.2.13, jfr. vedlegg.

Kan det vere tilfelle at kravsspesifikasjonane som omtalt i møte 12.6.13 likevel ikkje er betra, slik at det kan setjast inn ferjer med dårlegare kapasitet framleis, snart tre år etter at det vart lovd bot og betring??

Volda formannskap drøfta stoda i møte 23.2.16, og det er eit unisont krav frå kommunen at det vert sett inn reservemateriell som har same kapasitet som "Folkestad", og som den kan halde rutefrekvensen.

Med helsing

Jørgen Amdam
ordfører

Per Ernst Lundberg
rådgjevar

Vedlegg: Artikkel Sunmørspostn 23.2.16



Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlende enhet:
Region midt

Saksbehandler/telefon:
Siri Rennestraum Raknes /
98837582

Vår referanse:
16/15665-9

Deres referanse:
2016/352
2272/2016

Vår dato:
01.03.2016

Krav om bedre reservemateriell på ferjestrekninga Volda-Folkestad

Vi viser til deres brev datert 24.2.16.

Inneværende kontrakt for Voldsfjorden ble inngått den 21. februar 2013. Kravene som stilles til reservefartøy fremkommer i kontraktens punkt 4.7.13. Her fremkommer det at reservefartøy skal være på plass *innen 8 timer* etter driftsstans. Videre stilles det krav til at fartøyet skal være *minimum 50 Pbe*. Kontrakten tillater reservefartøy i sambandet i inntil 21 dager pr. år.

MF Ølen er har en kapasitet på 51 Pbe og tilfredsstiller dermed kontraktens krav til kapasitet. Ved kontraktsinngåelsen ble MF Ølen godkjent som reservefartøy på sambandet. Fartøyet kan seile på sambandet i inntil 21 dager pr. år, før det kreves at operatør stiller med fartøy som samsvarer med kravene til hovedfartøyet.

Det er beklagelig at MF Ølen har vansker med å holde rutetabellen på Volda-Folkestad. Statens vegvesen vil ta opp denne problemstillingen med operatør.

Ferjeseksjonen
Med hilsen

Victor Størdal
Seksjonsleder

Raknes Siri Rennestraum

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081



Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø



Mange får jobb trass aukande arbeidsløyse

Trass i ei ny auke i arbeidsløysa på rundt 100, når en tek omsyn til normale sesongsvingningar, er det framleis mange som kjem i arbeid. I februar fekk me i Møre og Romsdal over 1200 nye arbeidslause, samstundes som det faktiske talet på ledige gjekk ned over 100 frå januar til februar. Det betyr at 1 300 har gått ut av det som var januararbeidsløysa, og vi antek at over 60 prosent av desse går over til arbeid. Det siste året er det heller ikkje vore noko dramatisk auke i langtidsledige(over 6 mnd), der vi det siste året har ei auke på 293 opp til 1044. Dette er auke på linje med den generelle auka i arbeidsløysa og utgjer knapt 23 prosent av dei ledige , seier fylkesdirektør Stein Veland.

Utvikling av sesongjustert arbeidsløyse:



Utvikling av faktisk arbeidsløyse:



I februar 2016 er det 4 612 personar heilt utan arbeid i Møre og Romsdal. Det utgjer til 3,3 prosent av arbeidsstokken og er ei auke i arbeidsløysa på 34,2 prosent frå same månad i fjor.

I februar 2016 har vi 781 arbeidssøkjarar i ulike arbeidsmarknadstiltak, 197 fleire enn i februar 2015. Til saman gjev dette ei brutto arbeidsløyse på 5 393 personar i fylke. Arbeidsløysa i Møre og Romsdal er no 2,4 prosent for kvinner og 4,1 prosent for menn.

I landet er det 90 903 heilt arbeidslause. Dette er 3,3 prosent av arbeidsstokken, og er ei auke på 11,5 prosent samanlikna med same periode i fjor.

**Talet på helt ledige –
Februar 2016**

Fylke	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstokken	Endring siste mnd	Endring siste år
01 Østfold	3 035	2 113	5 148	3,6 %	-27	-168
02 Akershus	4 714	3 549	8 263	2,7 %	-179	42
03 Oslo	7 429	5 480	12 909	3,5 %	-336	-219
04 Hedmark	1 488	960	2 448	2,5 %	-113	-328
05 Oppland	1 343	879	2 222	2,3 %	-105	-54
06 Buskerud	2 631	1 787	4 418	3,0 %	-108	157
07 Vestfold	2 463	1 613	4 076	3,3 %	-44	64
08 Telemark	2 198	1 140	3 338	3,8 %	-143	-33
09 Aust-Agder	1 720	848	2 568	4,5 %	-145	410
10 Vest-Agder	2 489	1 225	3 714	4,0 %	-232	670
11 Rogaland	8 447	4 003	12 450	4,9 %	-171	5 017
12 Hordaland	6 306	3 372	9 678	3,5 %	38	2 485
14 Sogn og Fjordane	892	434	1 326	2,3 %	-90	127
15 Møre og Romsdal	3 105	1 507	4 612	3,3 %	-108	1 175
16 Sør-Trøndelag	3 052	1 823	4 875	2,9 %	-201	431
17 Nord-Trøndelag	1 251	660	1 911	2,8 %	-90	-87
18 Nordland	2 292	1 204	3 496	2,8 %	-165	-172
19 Troms	1 323	674	1 997	2,3 %	-49	52
20 Finnmark	1 036	390	1 426	3,6 %	-113	-31
99 Ikkje i et fylkesdistrikt	20	8	28		0	-169
Riket	57 234	33 669	90 903	3,3 %	-2 381	9 369

I tabellen under inngår Eide i Romsdal og Sandøy i Sunnmøre

Region	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstokken	Endring siste mnd	Endring siste år
Sunnmøre	1642	847	2489	3,3 %	-79	640
Romsdal	684	322	1006	3,0 %	-41	223
Nordmøre	779	338	1117	3,7 %	12	312
Fylket	3 105	1 507	4 612	3,3 %	108	1 175

**Talet på helt ledige –
Februar 2016**

Kommune	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstokken	Endring siste mnd	Endring siste år
1502 Molde	258	125	383	2,7 %	-22	58
1504 Ålesund	584	315	899	3,5 %	21	137
1505 Kristiansund	484	208	692	5,4 %	26	245
1511 Vanylven	34	9	43	2,7 %	-5	15
1514 Sande	30	17	47	3,4 %	-5	20
1515 Herøy	121	59	180	3,9 %	-33	74
1516 Ulstein	134	57	191	4,3 %	-1	113
1517 Hareid	85	44	129	4,8 %	-7	26
1519 Volda	92	30	122	2,7 %	-8	41
1520 Ørsta	122	59	181	3,3 %	-1	61
1523 Ørskog	24	12	36	2,9 %	-9	3
1524 Norddal	17	5	22	2,5 %	1	8
1525 Stranda	40	22	62	2,5 %	-7	0
1526 Stordal	9	7	16	3,1 %	-1	-4
1528 Sykkylven	56	21	77	1,8 %	1	-14
1529 Skodje	47	26	73	3,0 %	3	13
1531 Sula	68	44	112	2,4 %	-14	5
1532 Giske	72	48	120	2,9 %	-3	48
1534 Haram	100	69	169	3,6 %	-12	94
1535 Vestnes	60	30	90	2,5 %	-20	18
1539 Rauma	101	42	143	3,7 %	2	57
1543 Nesset	34	12	46	3,0 %	-9	-7
1545 Midsund	17	11	28	2,7 %	-1	9
1546 Sandøy	7	3	10	1,5 %	1	0
1547 Aukra	34	13	47	2,7 %	-9	23
1548 Fræna	135	72	207	3,9 %	16	51
1551 Eide	45	17	62	3,4 %	2	14
1554 Averøy	57	28	85	2,9 %	4	20
1557 Gjemnes	31	8	39	2,9 %	-1	19
1560 Tingvoll	23	11	34	2,3 %	-3	-1
1563 Sunndal	70	30	100	2,8 %	2	13
1566 Surnadal	42	17	59	1,9 %	-5	3
1567 Rindal	13	4	17	1,6 %	-1	-1
1571 Halså	15	9	24	3,1 %	4	2
1573 Smøla	14	11	25	2,3 %	-13	3
1576 Aure	30	12	42	2,3 %	-1	9
Sum	3 105	1 507	4 612	3,3 %	-108	1 175

Samhandlingsreform, nye stortingsmeldinger... Hvor er vi og hvor går vi?

**KomUT-samling
Molde 1. mars 2016
Samhandlingsdirektør Tor Åm
St. Olavs Hospital HF**



Velferdsstaten under press – Alternativ til kutt i lønn og velferdsgoder?



- Vi trenger mer arbeidskraft

NAV-reformen
Pensjonsreformen

- Vi må dempe veksten i behov for helsetjenester

Samhandlings-
reformen =

- Vi må utnytte ressursene i helsevesenet bedre

En folkehelsereform
+
en helsetjenestereform

- Vi må sikre kvalitet på våre tjenester, nærhet til tjenester, valgmuligheter og mestringsorientering

Pasientenes
helsetjeneste



Samhandlingsreformen - Mål og følge-evaluering



- Målet for reformen var «Bedre folkehelse og bærekraftige, koordinerte helsetjenester av god kvalitet»
- Regjeringen var tydelig på at samhandlingsreformen var en «retningsreform» som måtte følges nøye for å kunne korrigere kursen undervegs
- Nasjonalt nettverk for implementering av reformen har fulgt utviklingen løpende og gitt innspill til behov for endringer

Norges forskningsråd - oppsummering

Nr	Tema	Effekt
1	Kommunal medfinansiering	Ingen effekt
2	Reinnleggelser	Gått opp
3	Utskrivningsklare pasienter	Tas ut tidligere
4	KAD-senger	2-3% effekt. «The jury is still out»
5	Rehabilitering	Mindre rehabilitering på sykehus enn før
6	Avtalene	Avtalene i seg selv har ikke hatt noen effekt, men de har skapt arenaer for samhandling
7	Bedre pasientforløp	Neppe endring, mer oppstykket?
8	Endring for eldre	Neppe endring
9	Er helsefremming lenger fremme på agendaen i kommunene?	Ja, men ingen målbar effekt
10	IKT (e-meldinger)	Fungerer godt og tilfører verdi 😊

Nasjonalt nettverks sluttrapport desember 2015; **Råd for vegen videre - Oppsummering**



1. Helsefremmende og forebyggende arbeid - Læringsnettverk på tvers, eierkrav til sykehusene om aktivitet
2. Økt kommunalt ansvar - finansiering/ økonomiske insentiv?
3. Spesialisthelsetjenesten; desentral aktivitet og ambulant virksomhet + samarbeid om «rett pasient på rett sted til rett tid»
4. Helhetlige pasientforløp for pasientsikkerhet og kvalitet
5. Brukermedvirkning på tvers; Brukerråd & bruker-undersøkelser
6. Felles kompetansebygging og strategisk planlegging
7. En innbygger – en journal; Felles IKT-system!
8. Likt ansvar for veiledning, utdanning og forskning
9. Grunn- og videreutdanning i tråd med praksisfeltets behov
10. Opprettholde dialogen mellom 1. og 2. linje nasjonalt

Pasientenes helsetjeneste;



- **Mål;**
 - Kvalitet (opplevd av pasientene og vurdert av fagfolk)
 - Nærhet til tjenester
 - Påvirkningsmulighet mht hvilken tjeneste og hvordan
 - Valgmulighet mht hvem som skal yte tjenester og hvor
 - Gode forløp
 - Kort ventetid
 - Skal legge til rette for mestring
- **Virkemidler;**
 - Kommunereform
 - Universitets- og høyskolereform
 - Stortingsmeldinger
 - Opptrappingsplaner (Rus og rehabilitering)
 - Fritt behandlingsvalg
 - Krav til reduserte ventetider og null fristbrudd





St. Olavs Hospital og lokale samarbeidstiltak

1. Styresak 2013; Reformens betydning for sykehuset
2. Revisjon av samarbeidsavtale + retningslinjer 2016
3. Mottaksfunksjoner 2016
4. Felles elektronisk pasientjournal i Midt-Norge
5. Strategi 2030; Hvordan dempe veksten i behov for helsetjenester?

Ny retningslinje inn/ ut 2016;

Kommunikasjon;

- All kommunikasjon skal skje elektronisk

Inn;

- Når sykehuset har sendt «Melding om innlagt pasient» skal kommunen innen 4 timer sende «Innleggelsesrapport»

Ut;

- Kommunene har som ambisjon å øke tilgjengeligheten herunder motta varsel og øke mottak av pasienter på ettermiddag og helg
- Pasienten er «utreiseklar» først når;
 - *Vi har sendt «Varsel om utskrivningsklar pasient»*
 - *Vi har sendt «Helseopplysning - Oppdatert sykepleierrapport , evt rapport fra andre faggrupper*
 - *Vi har sendt overflyttingsnotat eller epikrise*
 - *Vi har mottatt elektronisk svar fra kommunen om og når pasienten kan mottas, hvilket tilbud som skal gis og beskjed om hva vi evt må sende med pasienten (medikament, nødvendig utstyr, hjelpemidler...)*

Fra samhandlingsreform til «Pasientenes helsetjeneste»

- Arbeidet med «Pasientenes helsetjeneste» er en videreføring av samhandlingsreformen - mot samme mål
- Satsing på folkehelse, bærekraft og kvalitet er viktigere enn noensinne
- Dialogen mellom 1. og 2 linje på individnivå og systemnivå sammen med pasientene må forsterkes





Takk for oppmerksomheten!

SLUTT



HELSEPLATTFORMEN
for pasientens helsetjeneste

Status på arbeidet med anskaffelse av et nytt felles
pasientjournalssystem i helse Midt-Norge

Hva er Helseplattformen?

- Helseplattformen er et samarbeidsprosjekt mellom Helse-Midt RHF og et utvalg kommuner om å gå til anskaffelse av et felles pasientjournalssystem, inkl. fastlegene.
 - ⦿ Sykehusene MÅ bytte nåværende system, de er de eneste gjenværende brukerne i verden, noe som betyr at det er full brems på utvikling, noe som igjen gjøre det dårlig og potensielt dyrt, samt at kompetansen fra leverandørsiden gradvis forvitrer.
 - ⦿ Samtidig har styret i Helse-Midt RHF gjort vedtak på at i arbeidet med anskaffelse av nytt pasientjournalssystem må det jobbes med at kommuner og fastleger blir med i en felles anskaffelse.
 - ⦿ Vinter, vår og på seinsommeren 2015 jobbet en gruppe mennesker fra RHFet, St. Olav, noen kommuner samt KS, frem et utkast til avtale som skulle regulere et slikt samarbeid.



*Helseplattformen skal gi økt **kvalitet** i pasientbehandling, bedre **pasientsikkerhet**, mer **brukervennlige** systemer og dermed sette helsepersonell i stand til å utføre sine oppgaver på en bedre og mer **effektiv** måte.*

Hvordan ser fremtidens helsevesen ut?

Hva med det vi selv måler og deler?

...hvordan, hvor og hvor lenge vi trener
...hva vi spiser, hvor og hvordan vi sover
...allergier, medikamenter, symptomer

- **Du vil sannsynligvis ha din egen helsestasjon på mobilen**
- Kan og skal ny journal kunne samhandle med dette?



Ambisjon og mål

- Felles helsejournaløsning i Midt-Norge
 - mål om at alle kommuner inkluderes
 - dekker 95% av alle pasientforløp
- Fellesløsningen i Midt-Norge som plattform for nasjonal kommuneløsning

Kommunal nasjonal løsning
Alle norske kommuner

Regional helseløsning

Helse Møre og Romsdal HF
St. Olavs Hospital HF
Helse Nord-Trøndelag HF
Sykehusapotekene HF



86 kommuner
i Midt-Norge

Samarbeidsavtalen.

⦿ Den gir kommunene stor påvirkning i kravspekk.

- ⦿ Vi har rekruttert ansatte fra kommuner på heltid i programmet.
- ⦿ Vi rekrutterer deltakere til workshops fra deltakerkommuner.

⦿ HMN RHF dekker alle programkostnader knyttet til etablering og drift av programorganisasjonen

- ⦿ Dette gjelder både frikjøp av kommunalt ansatte på heltid samt til de som blir benyttet til workshops.

Samarbeidsavtalen forts.


🕒 Nasjonal forankring er et viktig tema!

- 🕒 Programmet må selvsagt forholde seg til sentrale myndigheter.
- 🕒 Det kan se ut som om dette programmet er på kollisjonskurs med anbefalingen fra styringsgruppen for «Én innbygger – én journal», som antyder at en felles løsning for alle kommunene i Norge kan være en fornuftig måte å starte med. Her anbefales ikke ett konsept, men peker nå på målbilde og utviklingsretning.
- 🕒 Vi i programmet er av den oppfatning at vårt prosjekt uansett vil gi svært tiltrengt kompetanse og erfaring som kan brukes videre i et nasjonalt løp, uavhengig av hva den endelige beslutningen blir.
- 🕒 Det foreligger ingen avklaring på nåværende tidspunkt, men det pågår møter og samtaler i ulike fora på høyeste nivå, både politisk og administrativt.


🕒 Det er opprettet et eget programstyre

- 🕒 Øverste organ i selve programmet, men som rapporterer til styret i HMN RHF
- 🕒 RHF HMN, HFene og kommunene er likestilte

Styringsmodell og programorganisering



Programstyret:




- Leder Nils Kvernmo Adm. direktør, St.Olavs Hospital HF
- Medlem Espen Remme Adm. direktør, Helse Møre og Romsdal HF
- Medlem Arne Flaas Adm. direktør, Helse Nord-Trøndelag HF
- Medlem Helge Garåsen Kommunaldirektør helse og velferd, Trondheim kommune
- Medlem Berit Wiklund Driftssjef, Fosen Helse IKS
- Medlem Kjell Fosse Stjørdal/Værnesregionen
- Medlem Atle Betten Rådgiver, IKT Orkidé
- Medlem Britt Rakvåg Roald Daglig leder, ROR (Romsdal regionråd),
- Medlem Daniel Haga Samhandlingsdirektør, Helse Midt-Norge RHF
- Medlem Anne-Marie Barane Økonomidirektør, Helse Midt-Norge RHF
- Medlem Kjell Åsmund Salvesen Fagdirektør, Helse Midt-Norge RHF
- Medlem Snorre Ness Leder, Regionalt brukerutvalg i HMN RHF
- Medlem Lindy Jarosch-Von Schweder Representant for tillitsvalgte i Helse Midt-Norge
- Medlem Bjarne Storset Representant for tillitsvalgte i kommunene
- Vara Inger Lise Kaldhol Kommuneoverlege i Hareid og Ulstein kommune
- Vara Leif Edvard Muruvik Vonen Kommuneoverlege Stjørdal kommune
- Vara Trude Wikdahl Melhus kommune
- Observatør Paul Gundersen Leder, Hemit

Helseplattform under bygging



Tre workshopserier med betydelig klinisk/faglig involvering




Arbeid med kravspesifikasjonen

🕒 Inspirasjon under arbeidet:

- 🕒 Onsdag 27. januar og 3. februar presenterte i alt 11 leverandører sine eksisterende løsninger til deltakerne i workshoppene, over 220 tilhørere meldte seg på hver av disse dagene. Dette inspirerte oss til å tenke nytt og heve oss over dagens problematikk

Programorganisasjonen håndterer selve anskaffelsen



Dette må helsetjenesten håndtere

1. Utvikle helsetjenesten som ny teknologi skal understøtte
2. Utvikle organisasjoner som kan ta i mot og utnytte ny teknologi
3. Bli i stand til å ta ut gevinster i form av kvalitet og effektivitet

Fullmakt

☉ Mange kommuner har ikke fått tilbud om å skrive under samarbeidsavtalen.

- ☉ Det ble tidlig vurdert at det ikke var praktisk mulig eller ønskelig at 85 kommuner skulle skrive under på en samarbeidsavtale, noen kommuner skulle bidra på vegne av alle.
- ☉ Samtidig er det et viktig poeng at disse kommunene skal få en mulighet til å kunne ta del i den nye felles pasientjournalen den dagen dette er aktuelt.
- ☉ For disse er det laget en **Fullmakt** som ble sendt ut til alle rådmennene i Midt-Norge i slutten av uke 4. Denne ble det purret på torsdag 25.2
- ☉ Fullmakten gir kommunene mulighet til å kjøpe seg inn i løsningen «Helseplattformen» i etterkant av at den er innført, *uten å måtte gå ut i et offentlig anbud*. Samtidig forplikter ikke dette kommunen på noen som helst måte, den vil fortsatt stå fritt til selv å velge fremgangsmåte når den tid kommer.
- ☉ Fristen er satt til 1. mars!

Status pr. 1. mars for M&R:

- 17 kommuner har skrevet under samarbeidsavtalen.
- 11 kommuner har skrevet under fullmakten.
- 8 kommuner gjenstår i Møre og Romsdal:
 - Giske, Haram, Norddal, Sande, Stordal, Stranda, Vestnes, Ørstad.
- Totalt har 69 av 85 kommuner i Midt-Norge skrevet under samarbeidsavtalen/fullmakten.

Dersom vi lykkes med dette..

- Vil de kommuner og fastleger som kobler seg på i etterkant kjøpte seg inn i et helhetlig konsept, det vil si at man ikke «bare» tilslutter seg et felles pasientjournalssystem, men i tillegg aksepterer å innføre medfølgende felles pasientforløp, rutiner og prosedyrer. Med andre ord vil kommunene, sykehusene og fastlegene etter hvert fremstå som én samlet helsetjeneste for innbyggerne i Midt-Norge.

Takk for oppmerksomheten!

Spørsmål?

Eg syner til e-post til kommunar i Midt-Norge om uforpliktande fullmakt i samband med opsjon i samband med nytt felles pasientjournalssystem mellom sjukehus, kommunar og fastlegar.

Volda kommune har underteikna fullmakta og knytt på eit nytt punkt 10 som viser til vedlegg som peikar på sentrale punkt i prosessen. Fullmakta er scanna og vert sendt på e-post ettersom at de har godteke det som tilfredsstillande.

Volda kommune har respekt for at det er eit formidabelt prosjekt Helse Midt-Norge har teke på seg anvaret for, parallelt med at dette vert jobba med nasjonalt. Det vert brukt forholdsvis store ressursar frå Helseforetaket til dette prosjektet, og det er viktig at de lykkast og at ressursbruken til dette prosjektet ikkje får konsekvensar for drifta ved sjukehusa. Volda kommune vil følgje utviklinga av dette prosjektet nøye, samtidig som vi også vil følgje med korleis ein nasjonalt vel å finne løysingar for ei felles elektronisk pasientjournalssystem.

Mvh

Rune Sjurgard
rådmann

Kopi:

Helse- og omsorgssjefen

Ass helse- og omsorgssjef

Leiar for førebyggjande avdeling

Kommuneoverlegen

KS v/ innovasjons- og digitaliseringsdirektør

KS v/ regiondirektøren for Midt-Norge

Fra: Evjen, Tor Erling [mailto:Tor.Erling.Evjen@helse-midt.no]

Sendt: 25. februar 2016 14:35

Til: Rune Sjurgard

Kopi: V-Postmottak

Emne: Tilbud til kommuner i MidtNorge om å underskrive en fullmakt knyttet til nytt felles pasientjournalssystem mellom sykehus, kommuner og fastleger. Påminnelse

Viktighet: Høy

Hei igjen.

Minner om fristen for underskrevet fullmakt nærmer seg, 1 mars.

Det er ok. at den scannes og sendes til undertegnede på epost.

Så langt har følgende kommuner i Midt-Norge skrevet under på samarbeidsavtalen/fullmakten:

Møre og Romsdal:

Aukra, Aure, Averøy, Eide, Fræna, Gjemnes, Halså, Hareid, Kristiansund, Midsund, Molde, Nesset, Rauma, Rindal, Smøla, Sula, Sunndal, Surnadal, Sykkulven, Tingvoll, Ulstein, Ørskog og Ålesund.

Nord-Trøndelag:

Bindal, Fosnes, Frosta, Grong, Høylandet, Leka, Meråker, Namsos, Overhalla og Stjørdal.

Sør-Trøndelag:

Bjugn, Frøya, Hemne, Hitra, Klæbu, Malvik, Meldal, Melhus, Osen, Rennebu, Rissa, Roan, Røros, Selbu, Snillfjord, Trondheim, Tydal, Ørland og Åfjord.

Mvh.

Tor E.

From: Evjen, Tor Erling
Sent: Saturday, January 30, 2016 4:45 PM
To: 'rune.sjurgard@volda.kommune.no'
Cc: Volda kommune
Subject: Tilbud til kommuner i MidtNorge om å underskrive en fullmakt knyttet til nytt felles pasientjournalssystem mellom sykehus, kommuner og fastleger.

Hei.

Til Rådmann.

I forbindelse med planleggingen av kommunal deltakelse i program Helseplattformen, var det bred enighet om, også fra KS regionalt, at det ikke var hensiktsmessig at alle kommunene i Midt-Norge ble direkte involvert i dette samarbeidet. Samtidig skulle programmet medvirke til at de som ikke har skrevet under på samarbeidsavtalen, skulle få muligheten til å koble seg på den endelige løsningen i etterkant av at den er innført.

Vedlagte fullmakt vil gi kommunen denne muligheten den dagen man ønsker å skifte ut dagens kommunale pasientjournalssystem, uten å måtte gå ut på et offentlig anbud. Det gjøres samtidig oppmerksom på at dette selvsagt ikke forplikter kommunen på noen som helst måte, dere vil fortsatt stå fritt til selv å velge fremgangsmåte når den tid kommer.

2 vedlegg:

- Følgerev fullmakt kommuner
- Fullmakt Helseplattformen kommuner

Frist for undertegnet fullmakt er **1 mars 2016**.

Ta endelig kontakt dersom du har spørsmål!

Se for øvrig: <https://helse-midt.no/vart-oppdrag/prosjekter/ehelse/helseplattformen.aspx>

Med vennlig hilsen

Tor Erling Evjen

Helseplattformen – prosjektleder kommune
Helse Midt-Norge RHF



- +47 911 12 506
- tor.erling.evjen@helse-midt.no
- helse-midt.no



FULLMAKT TIL INNGÅELSE AV RAMMEAFTALER FOR KJØP AV PAS/EPJ

1. Kommuner og spesialisthelsetjenesten i Midt Norge (Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag – heretter "Helseregionen") går sammen om å anskaffe en ny felles løsning for PAS/EPJ (pasientadministrativt system og elektronisk pasientjournal). De nye systemene skal gi vesentlig mer og ny funksjonalitet i forhold til dagens systemer. De regionale systemene skal være i samsvar med evt. nasjonale føringer og standarder/regler som utvikles.
2. For å ivareta pasientenes behov på best mulig måte, med en mest mulig effektiv bruk av ressurser er det en målsetting at anskaffelsen, og tilretteleggingen for fremtidig pasientbehandling, omfatter de ulike behandlingsnivåene i Helseregionen. Tilsvarende antas det at det er synergier og stordriftsfordeler ved å gå sammen i Helseregionen om anskaffelse av PAS/EPJ.
3. Anskaffelsen vil bli gjennomført i henhold til lov og forskrift om offentlige anskaffelser.
4. Et representativt utvalg kommuner i Helseregionen har undertegnet en samarbeidsavtale om deltakelse i anskaffelsesprogrammet, herunder definering av kommunenes behov, utarbeidelse av konkurransegrunnlag og gjennomføring av en anskaffelseskonkurranse. Disse kommunene er å anse som en del av oppdragsgiver.
5. For at andre kommuner etter kunngjøringsstidspunktet for konkurransen skal kunne tiltre anskaffelsen og/eller de kontrakter som inngås med valgte leverandører i samsvar med regelverket for offentlige anskaffelser må kommunen ha gitt fullmakt slik at kommunen er innenfor den kretsen som anses som oppdragsgivere. Gjennom å gi denne fullmakten vil kommunen anses å oppfylle kravet til å ha gjennomført anskaffelsen iht. anskaffelsesregelverket.
6. Denne fullmakten binder ikke kommunen til å stille med ressurser i, eller finansiere, anskaffelsesprogrammet for PAS/EPJ, eller til å foreta investering i/avrop på avtaler som inngås. Den enkelte kommune vil bli forelagt forhandlingsresultatet, og kan ut fra dette og vilkårene heri for gjennomføring av avrop, på fritt og selvstendig grunnlag fatte beslutning om investering i ny PAS/EPJ.



7. Anskaffelsen gjennomføres i tidsrommet september 2015 til mars 2018.
8. På ovennevnte bakgrunn gir **Ulstein** kommune (heretter kalt Fullmaktsgiver) Helse Midt-Norge RHF fullmakt til å gjennomføre anskaffelsesprosessen og velge leverandør for PAS/EPJ på vegne av Fullmaktsgiver.
9. Fullmakten er gyldig frem til 31.12.2021.
10. Kommunen syner til vedlegg 1 (vedteke i Strategigruppa for SSIKT 22.02.16) og ber om at desse synspunkta vert lagt til grunn i den vidare prosessen

Sted og dato: Volda 29.02.16
Navn: PUNE SJURGARD
Stilling/Tittel: RÅDMAN
Underskrift: Pune Sjurgaard

Fullmaktsskjemaet bes returnert innen 1. mars 2016 til:

Helse Midt-Norge RHF
v/Mads Einar Berg Postboks
464
7501 Stjørdal

Merkes med saksnr. 2015/208

Dokumentet er frå: Strategigruppa for søre Sunnmøre IKT.
Vedteke: 22.februar 2016
Formål: Skal presisere nokre punkt kommunane ynskjer å sikre seg ved anbudsrunde.

Strategigruppa for søre Sunnmøre IKT handsama tilsendt fullmaktsbrev vedkomande HF Midt Norge sitt prosjekt « Helseplattformen» i møte den 22.2.2016. Kommunane er svært usikre på prosjektet. Likevel valde gruppa å anbefale å signere fullmakta, men legg til eit nytt punkt 10, samt eit vedlegg, som forklarar kva kommunane vil ha presisert i saka.

Kommunane har fått **svært lite informasjon i denne saka** etter at runda med opsjonsavtaler våren 2015. Informasjon som følgde fullmaktsbrevet no svarte på få av dei mange spørsmåla våre kommunar har. Nasjonalt prosjekt « **1 pasient, 1 journal**», publiserte tidleg i februar sine anbefalingar for vidare arbeid. Der vert vidare veg skissert som annleis enn i « Helseplattformen».

Det vi er særleg uroa over er om kommunal helse og omsorgssektor vert ivareteken godt nok i høve til dei **lovkrav, rapporteringskrav og forvaltningskrav kommunane har**. IPLOS-forskrifta t.d skisserer ganske strengt minimumsløysing for kommunale tenester, knytt til forvaltning, lovverk, søknadsfristar, tenestestader mv. Ei ny felles løysing **må vere i takt med nasjonale krav**, anten det er til sakshandsaming, rapporteringar og pasientlogistikk, eller vårt fakturagrunnlag over mot andre fagsystem, velferdsteknologi og mobil pleie, som alt er i bruk hos alle våre 7 kommunar.

Kommunal sektor har i dag mange **fleire tenester** enn det som er skissert opp som IPLOS-tenester. For kommunane er også dette helsehjelp og handtert med sak/ tenester og dokumentasjon i same dataløysing. Vi er usikker på korleis dette er tenkt handtert i « Helseplattformen». Uansett kan ikkje oppgåver som **sakshandsaming og vedtak** fjernast frå løysinga, då det er nært knytt til forvaltning og dokumentasjon av tenesteytinga og er grunnlag for forvaltning, ressursbruk mv.

Ny løysing må kunne ha **filuttrekk** el.l i høve til rapportering IPLOS, vidareføre ulike oppgjersformer mot HELFO (legar, legevakt, jordmor mv), trekk via NAV (vederlag institusjonsopphald) mv. Ny løysing må **IKKJE** medføre at kommunar i tillegg må behalde sine eksisterande system i redusert utgåve for enkeltoppgåver/ deloppgåver, eller dei må tilpassast t.d sak/ arkivsystemet for å overta oppgåver som ikkje blir lagt til rette for i « Helseplattformen».


Våre kommunar har lagt mykje arbeid i NORMEN sine krav og laga rutinar og system tilpassa god **forvaltning, tildeling av roller og tilgongar, samt overvaking av system og bruk**, samt alt som har med elektronisk meldingsutveksling å gjere. Dersom « Helseplattformen» blir ein realitet, vil den uansett ikkje femne alle aktuelle instansar i Norge frå start, og det må vere system for andre partar. Kven og korleis forvaltning og kontroll skal utførast ved « Helseplattformen» blir ein kritisk faktor slik vi ser det. Pr i dag er det kvar aktør som er ansvarleg for dette, i kommunar ligg ansvaret hos rådmann. Kven har dette i ny løysing? Her må lovverk endrast og ansvar tydeleggjerast. Når det gjeld kven som tildeler og stoppar tilgongar til løysinga, fryktar kommunar at dette kan bli tungrodd og usikkert, då det blir ein stor organisasjon.

Pakkeforløp vil ha vegleiande verdi for kommunal sektor, men må ikkje bli styrande for korleis pasientar vert følgt opp i kommunane. Her har vi ofte mange «løp», og må sjå meir på totalbehova for den einskilde pasient. Det er også viktig å ha dialog med kommunar om korleis ein tenkjer **føring av journalinformasjon**, av kven og korleis ein tenkjer gradering av journalinformasjon.

Prosjektet har ikkje informert om korleis ein tenkjer vidare samarbeid med signerande partar i høve til korleis ein via lokal representasjon frå vår region eller frå nasjonalt hald kan ha **påverknad og innspel i vidare prosess før anbod ligg føre**. Her meiner vi at alle som signerer fullmakta bør få

fortløpande informasjon slik at dei representantar som er medlemmer i programstyret eller arbeidsgrupper, kan vere bindeledd og formidle innspel frå kommunane.

På vegne av strategigruppa



Verner Larsen,
Leiar



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dei Nynorsk Festspela v/Nynorsk kultursentrum
Indrehovdevegen 176
6160 HOVDEBYGDA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	15.10.2015	12077/2016/243	Hilde Hernes Hovland, 71 25 88 62	24.02.2016

Kulturtilskot 2016 – Treårig driftstilskot til regionale kulturorganisasjonar og –institusjonar

Viser til brev datert 08.10.15 om «endra praksis for tildeling av fylkeskommunale driftstilskot».

Kultur- og folkehelseutvalet vedtok fordelinga av driftstilskot, sak KF 2/16 Kulturtilskot 2016 – treårig driftstilskot til regionale kulturorganisasjonar og –institusjonar, i møte 03. februar 2016.

For Dykkar verksemd er driftstilskotet for 2016 på **kr 135.000**. Beløpet er justert for generell prisvekst med 3,1%, og delt opp i to terminar.

75% av driftstilskotet blir overført så snart som mogleg. Sluttutbetaling, 25%, blir overført når vi har motteke rapportering.

Treårig driftstilskot betyr at Dykkar organisasjon mottar årlege driftstilskot for åra 2016, 2017 og 2018 med føresetnad om løyving på budsjett. Neste søknadsrunde for Dykkar organisasjon vil skje i løpet av 2018. Fylkeskultursjefen vil invitere til kontaktmøte våren 2018.

Tilskotsmottakar aksepterer vedtekne føresetnader for Kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune ved mottak av tilskotet.

Informasjon om føresetnader, rapportering, klageadgang og kontroll står **på side 2 i tilsegnsbrevet**. Vi ber tilskotsmottakar lese dette nøye. Dersom føresetnader og rapportering ikkje blir følgd opp, blir ikkje tilskot for 2. termin utbetalt, eventuelt kan tilskotet bli kravd attendebetal.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Hilde Hernes Hovland
kontorsjef

Brevet er elektronisk godkjent og signert.

Gjenpart:

- For utbetaling av kr 101.000 (75%)/kr 34.000 (25%). Beløpet skal rekneskapsførast på budsjettpost 14701.50000.57.7712 (KG - 23250555)og overførast til bankkonto nr 3991.40.21530, org. nr. 976 013 263.
- Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda
- Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Føresetnader for mottak av Kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune

- Det er stilt krav til føring og revisjon av rekneskap i organisasjonar og institusjonar som mottok tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Det skal gå fram av årsmelding og **eigen post i rekneskapen** av det er motteke tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Ved tilsegn over kr 50.000 er det stilt krav om autorisert revisor ved innsending av rekneskap/rapport.
- Det skal gå fram av program, informasjonsdokument, rapportar og liknande at verksemda har motteke tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Rapportering frå året før (2015) må leverast kulturavdelinga innan 30. juni 2016 for sluttutbetaling av tilskot.
- Som prinsipp skal ein følgje fordeling mellom kommune/kommunar og fylkeskommune som er avtalt ved oppstart av eit tiltak. I særskilte tilfelle kan det gjerast ei anna vurdering.
- Ordninga med følgjekort for funksjonshemma brukarar skal gjelde for dei opne kulturtilboda som tilskotsmottakarane står som arrangør av.
- Prosjekt/drift skal så langt som råd vere tilgjengeleg for alle, og byggje på prinsippet om universell utforming
- Kulturinstitusjonar og frivillige organisasjonar gjer bruk av Kulturnett Møre og Romsdal sine tenester, www.mr.kulturnett.no
- Tilskotsmottakarar skal legge til rette for bruk av ordninga «Kulturrabatt for ungdom».
- Institusjonar og organisasjonar m.v. skal gi opplysning om organisasjonsnummer for å få tilskot utbetalt.

Rapportering

- Årsmelding og rekneskap skal årleg sendast Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, så snart dette ligg føre. Årsmelding og revidert rekneskap skal vere vedteke av årsmøte/generalforsamling.
- Siste frist for rapportering er **30.06.2016**.
- 2. termin (sluttutbetaling) blir ikkje utbetalt før **godkjent rapportering** er motteke (sjå føresetnader over).
- Rapportering skal sendast i eiga sending til kulturavdelinga pr post eller på e-post: post@mrfylke.no og merkast sak **15/6358**.

Om klageadgang

Vedtak om Kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune til institusjonar og frivillige organisasjonar er ikkje enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Dette betyr at det ikkje er klageadgang i Forvaltningslovas forstand etter at vedtak er gjort i slike saker.

Kontroll

Fylkeskulturavdelinga eller fylkesrevisjonen skal ha høve til å sette i verk kontroll med at midlane er/blir brukt etter føresetnadene (sak T/79/15, punkt 8).



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Fylkeskommunene
Kommunene

Deres ref

Vår ref

Dato

15/5265

29.02.2016

Tilskudd til veier, bredbånd og andre digitaliseringstiltak i kommuner som skal slå seg sammen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet kunngjør med dette at det er mulig å søke om støtte til veier, bredbånd og andre digitaliseringstiltak i kommuner som har fattet vedtak om sammenslåing innen 1. juli 2016. Det er satt av 50 millioner kroner til ordningen i 2016.

Mål for ordningen

Ved behandling av statsbudsjettet for 2016 vedtok Stortinget å opprette en bevilgning til fylkesveier og andre infrastrukturtiltak i kommuner som søker om sammenslåing. Det ble lagt vekt på at bedre infrastruktur kan legge til rette for og forsterke effekten av en ny og mer hensiktsmessig kommunestruktur.

Hvem kan søke?

Fylkeskommuner og kommuner kan søke i samråd med hverandre. Dette innebærer at både fylkeskommuner og kommuner kan være prosjekteier, men begge parter må stå som søkere. Unntak gjøres for rene kommunale tiltak (tiltak som bare berører kommunen), der kommunen kan søke alene. Kommunen skal da orientere fylkeskommunen om søknaden.

Hva kan det søkes om støtte til?

Det kan søkes om støtte til etablering eller forbedring av veier, bredbånd og andre digitaliseringstiltak. Med veier menes for det første ulike typer veier som for eksempel bilveier, gang- og sykkelveier, sjøveier, fergeforbindelser mv., for det andre infrastruktur

Postadresse
Postboks 8112 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Jørgen Teslo
22247260

knyttet til disse veiene som for eksempel avkjøringer, rundkjøringer, gatelys, sikringstiltak mv., og for det tredje ulike forvaltningsoppgaver knyttet til disse tiltakene som for eksempel planlegging mv. Med bredbånd menes det støtte til tiltak i forbindelse med kommunenes og fylkeskommunenes egen infrastruktur, og da til tiltak som har betydning for byggingen av den nye kommunen. Med andre digitaliseringstiltak menes for eksempel utvikling av digitale tjenester.

Hva skal søknaden inneholde?

Søknaden må inneholde en beskrivelse av tiltaket og hvordan det vil gagne sammenslåingsprosessen. Videre må søknaden inneholde en kort plan for gjennomføring av tiltaket, summen det søkes om og en finansieringsplan. Ved tiltak der fylkeskommunen og kommunen søker sammen må det også fremgå hvem som er prosjekteier og hvordan partene skal forholde seg til hverandre i gjennomføringen av prosjektet.

Tildelingskriterier

Det vil bli gjort en helhetsvurdering av søknadene opp mot målet for ordningen. Totalbevilgningen for ordningen er begrenset, så søkerne kan ikke regne med å få fullfinansiert prosjektene. Om en søker har flere tiltak kan det ikke regnes med å få støtte til samtlige.

Videre må følgende kriterier være oppfylt:

- Tiltaket må befinne seg fysisk i en kommune som har fattet vedtak om å slå seg sammen innen 1. juli 2016.
- Tiltaket må være planlagt iverksatt innen 31.12.2018.

Søknadsfrist

Søknadsfristen for ordningen er **11. april 2016**. Dette innebærer at det kan søkes om midler til prosjekter i kommuner som er i prosess i kommunereformen *før* det er fattet lokale vedtak om at kommunene skal slå seg sammen. Søknadene blir behandlet etter at det er fattet formelle vedtak lokalt om sammenslåing.

Oppfølging og kontroll

Midlene skal brukes i tråd med søknaden. Det skal gis bekreftelse av at tiltaket er iverksatt innen 31.12.2018. Det skal framlegges bekreftelse fra kommunerevisjonen om at midlene er brukt i henhold til formålet og framlagt finansieringsplan når tiltaket er gjennomført. Ubrukte midler (midlene er ikke brukt i henhold til formålet eller utgiftene er lavere enn antatt) kan bli krevd tilbakebetalt til departementet.

Kontaktinformasjon

Søknader sendes:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Elektronisk: postmottak@kmd.dep.no

Ved spørsmål om ordningen, kontakt:

Jørgen Teslo, seniorrådgiver, jorgen.teslo@kmd.dep.no, 22 24 72 60

Hanne Thonstad, seniorrådgiver, hanne.thonstad@kmd.dep.no, 22 24 72 18

Med hilsen

Hans Petter F. Gravdahl (e.f.)
avdelingsdirektør

Jørgen Teslo
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.